

*Cato Hernes Jensen (red.)*

# Kulturstatistikk 2013





*Cato Hernes Jensen (red.)*

**Kulturstatistikk 2013**

## Statistiske analyser

I denne serien blir det publisert analysar av statistikk om sosiale, demografiske og økonomiske forhold til ein breiare lesarkrins. Framstillingsforma er slik at publikasjonane også kan lesast av personar utan spesialkunnskapar om statistikk eller bearbeidingsmetodar.

© Statistisk sentralbyrå Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen skal Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde. Publisert desember 2014	Standardteikn i tabellar	Symbol
ISBN 978-82-537-9040-4 (trykt)	Tal er umogleg	.
ISBN 978-82-537-9041-1 (elektronisk)	Oppgåve manglar	..
ISSN 0804-3321	Oppgåve manglar førebels	...
Emne: Kultur og fritid	Tal kan ikkje offentleggjerast	:
Trykk: 07 AS	Null	-
	Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
	Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
	Førebels tal	*
	Brot i den loddrette serien	—
	Brot i den vassrette serien	
	Desimalskiljeteikn	,

## Forord

Kulturstatistikk 2013 gir i tekst, figurar og tabellar eit hovudbilete frå ulike kulturområde, tal for offentlege utgifter, informasjon om sysselsetjing og føretaksdemografi i kulturnærings samt oversikt over deltaking i ulike kulturelle aktivitetar. Hovudformålet med publikasjonen er å beskrive og gi ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike kulturområde i Noreg.

Kulturstatistikk er ein årleg publikasjon som frå 1975 til 2008 har vore publisert i serien Noregs offisielle statistikk, bortsett frå åra 2004 og 2005 da den var i serien Statistiske analysar. Frå 2009 har publikasjonen Kulturstatistikk blitt publisert i serien Statistiske analysar, og den er tilgjengeleg i pdf-format på Statistisk sentralbyrå si nettadresse, ssb.no.

Publikasjonen er utarbeidd ved Seksjon for utdanningsstatistikk. Cato Hernes Jensen har vore redaktør for publikasjonen. Liv Taule, Hossein Moafi, Asle Rolland og Odd Frank Vaage har vore medarbeidar og medforfattar. Bente B. Fjeldbo og Toril Sønsterudbråten har vore med på utarbeiding og innhenting av datagrunnlaget.

Statistisk sentralbyrå har eit godt samarbeid med fleire offentlege institusjonar og interesseorganisasjonar som leverer datagrunnlag. Talmaterialet byggjer også på tal frå Statistisk sentralbyrå.

Publikasjonen er finansiert av Kulturdepartementet.

Statistisk sentralbyrå, 18. november 2014

Hans Henrik Scheel

## Samandrag – oversikt over publikasjonen

I denne publikasjonen presenterer vi oppdaterte tal og statistikk for ulike område relatert til kultur. Hovudformålet med publikasjonen er å beskrive og gi ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike kulturområde i Noreg. Nokre hovudresultat innanfor temaområda i publikasjonen:

### Offentlege utgifter til kultur

Dei statlege utgiftene til kultur over Kulturdepartementets budsjett i 2013 var over 9,8 milliardar kroner, dei fylkeskommunale kulturutgiftene var på 1,3 milliardar kroner, og dei kommunale utgiftene var på 9,8 milliardar kroner.

### Sysselsetjing og føretak i kulturnæring

3 prosent av dei sysselsette i Noreg hadde hovudjobben sin i kulturnæring i 2013, det utgjer nær 79 000 personar. Jobbane i kulturnæringa er geografisk ujamt fordelt, over halvdelen av alle jobbane samla i kulturnæring er i Oslo, Bergen, Trondheim eller Stavanger. Oslo er klart størst med 39,1 prosent av alle sysselsette i kulturnæring. 38 000 føretak i kulturnæring, unntekje offentlege selskap, var registrert aktive per 1. januar 2013.

### Kunstpolitiske tiltak

I 2013 blei det delt ut 577 millionar kroner frå Norsk kulturfond til ulike kulturformål. Beløpet auka med 37 millionar, eller om lag 7 prosent, frå året før. Musikk, litteratur og scenekunst er dei hovudområda som fekk mest, høvesvis 187,5, 164,3 og 112,6 millionar kronar kvar.

### Scenekunst, musikk og festivalar

Til saman var det 2,3 millionar besök på scenekunstinstitusjonane og det frie scenekunstfeltet i 2013. Til saman var om lag 511 000 til stades på konsertane til medlemmene i Norsk teater- og orkesterforening i 2013. Besøka var fordelt på nær 1 200 konsertar. Nær 1,1 millionar besøkte ein festival i 2013 arrangert av medlemmer i Norske Festivaler. Festivaltilskotsordninga for musikkfestivalar var på til saman 46,9 millionar kroner dette året.

### Museum

I 2013 var det totalt 10,9 millionar besök i musea i Noreg. Det er ein auke på nær 280 000 besök, eller 2,6 prosent, siste året. Frå 2004 til 2013 har talet på museumsbesök auka med 2,3 millionar, eller 28 prosent. Samlingane i dei norske musea utgjorde om lag 51 millionar gjenstandar eller objekt i 2013.

### Bibliotek

For fjerde året på rad gjekk talet på førstegongslån av bøker frå folkebiblioteka ned, medan talet på fornyingar auka. Det totale utlånet av bøker har også gått noko ned sidan 2010. Folkebiblioteka opplevde ein svak auke, nær 1 prosent, i talet på besök på landsbasis i 2013.

### Bøker

I 2013 blei det utgitt om lag 11 400 titlar i alt. Tal frå Norsk mediebarometer 2013 syner at kvar nordmann i gjennomsnitt brukte 13 minutt på boklesing på fritida ein gjennomsnittsdag.

### Aviser

Den fallande trenden i opplagstala for papiravisene held fram. Samla avisopplag i 2013 var på 2,2 millionar, ein nedgang på 192 000, 7,9 prosent frå året før. Fallande opplagstal for papiravisene har vore i gang i mange år.

### Film og kino

I alt var det 11,8 millionar besök på kino i 2013. Det er ein liten nedgang i kinobesøket mot førra året da det var 320 000 fleire besökande på norske kinoar. Norsk films del av kinobesøket har auka noko over tid. I 2013 var det 2,7 millionar besök på norske filmar, medan det i 1999 var registrert 1 million besök. Dette viser tal frå Film og Kino.

### Radio og TV

Delen radiolyttarar i befolkninga ligg på 59 prosent i 2013, medan delen TV-sjåarar ligg på 74 prosent.

### Idrett

Ved utgangen av 2013 var det nær 1,9 millionar ordinære medlemskapar i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, ein auke på 4 800 medlemskapar frå året før. Talet på ordinære idrettslaglag har auka noe og var på 7 967 lag ved utgangen av 2013.

## Abstract

This publication provides updated figures and information about cultural statistics. The main purpose of this publication is to present an overview of available statistics in various cultural fields in Norway.

A selection of some main results within cultural fields in this publication:

### **Public expenditure**

Governmental expenditure on cultural purposes in the Ministry of Culture's budget for 2013 was just above NOK 9.8 billion, county authorities' net operating expenditure on cultural purposes was NOK 1.3 billion, and local authorities' net operating expenditure on cultural purposes was NOK 9.8 billion.

### **Employment and enterprises in cultural industry**

3 per cent of all employed in Norway had their main job within cultural industry in 2013, a total of 79 000 people. More than half of all employed in the cultural industries have their workplace in Oslo, Bergen, Trondheim and Stavanger, the four largest cities in Norway. 39.1 per cent of the cultural industry jobs are in Oslo. The cultural industry consisted of 38 000 active enterprises on January 1st 2013.

### **Art policy measures**

In 2013, The Art Council of Norway distributed NOK 577 million from the Norwegian Cultural Fund to several cultural purposes. The sum has increased by NOK 37 million, or more than seven percent in one year. Music, literature and theatre received most; NOK 187.5 million, NOK 164.3 million, and NOK 112.6 million respectively.

### **Theatre, music and festivals**

Combined, members of Association of Norwegian Theatres and Orchestras (NTO) and independent theatre and dance groups had about 2.3 million attenders to their performances in 2013. An accumulated audience of 511 000 attended concerts held by members of NTO in 2013. Close to 1.1 million festival goers went to one of the festivals arranged by members of Norwegian Festivals. The total allocations from The Art Council to music festivals amounted to NOK 46.9 million in 2013.

### **Museums**

In 2013, about 10.9 million people visited Norwegian museums. This is an increase of 280 000 visits since 2012. The number of museum visits has increased by 2.3 million or 28 percent since 2004. The museums hold collections of 51 million registered objects by 2013.

### **Libraries**

Lending of books in public libraries had decreased for four years in a row, whereas the number for renewals has increased. The combination of both, lending and renewals has decreased somewhat since 2010. The number of visits to public libraries has gone slightly up by 1 percent in 2013.

### **Books**

A total of 11 400 titles were published in 2013. Norwegians spent in average 13 minutes on reading a book in their spare time in 2013, this is according to the Norwegian media barometer.

### **Newspapers**

The trend of decline in circulation numbers for paper editions of newspapers continues. The total circulation number for 2013 was 2.2 million, a decrease by 192 000, or 7.9 percent from the year before. There has been a long term decline in paper circulation for newspapers.

### **Films and cinemas**

Cinema attendance has decreased somewhat in 2013, though more attended Norwegian films. In total 11.8 million cinema attendances was registered, of these 2.7 million was for Norwegian films. This is according to ticket sales reported by Film & Kino.

### **Radio and television**

59 percent of the population listened to radio on a typical day in 2013, while 74 percent watched television.

### **Sports**

At the end of 2013 close to 1.9 million members were registered by the Norwegian Olympic and Paralympic Confederation of Sports. The number of teams has gone up and is now counting to 7 967 teams.

## Innhold

<b>Forord .....</b>	<b>3</b>
<b>Samandrag – oversikt over publikasjonen .....</b>	<b>4</b>
<b>Abstract .....</b>	<b>5</b>
<b>1. Offentlege utgifter .....</b>	<b>7</b>
1.1. Nokre resultat .....	7
1.2. Om statistikken for dei offentlege utgiftene .....	13
1.3. Omgrep og definisjonar .....	14
1.4. Samanlikningar .....	15
<b>2. Privat forbruk .....</b>	<b>24</b>
2.1. Nokre resultat .....	24
2.2. Om statistikken – privat forbruk .....	26
<b>3. Sysselsetjing og føretak i kulturnæring .....</b>	<b>29</b>
3.1. Nokre resultat .....	29
3.2. Sysselsetjing i kulturnæringa .....	30
3.3. Om statistikken – sysselsetjing og føretak i kulturnæringsane .....	41
3.4. Omgrep og definisjonar .....	45
<b>4. Kunstpolitiske tiltak .....</b>	<b>56</b>
4.1. Nokre resultat .....	56
4.2. Om dei ulike organisasjonane og ordningane .....	59
<b>5. Scenekunst .....</b>	<b>68</b>
5.1. Nokre resultat .....	68
5.2. Om statistikken og dei ulike scenekunstorganisasjonane .....	72
<b>6. Musikk .....</b>	<b>77</b>
6.1. Nokre resultat .....	77
6.2. Om statistikken – ulike organisasjonar i musikklivet .....	82
<b>7. Festivalar .....</b>	<b>90</b>
7.1. Nokre resultat .....	90
7.2. Om statistikken – festivalar .....	92
<b>8. Museum og samlingar .....</b>	<b>94</b>
8.1. Nokre resultat .....	94
8.2. Om museumsstatistikken .....	100
8.3. Kulturbuksundersøkingane .....	102
<b>9. Bibliotek .....</b>	<b>110</b>
9.1. Nokre resultat .....	110
9.2. Om bibliotekstatistikken .....	114
9.3. Pliktavlevering .....	116
9.4. Kulturbuksundersøkingane .....	116
<b>10. Arkiv .....</b>	<b>126</b>
10.1. Arkiverket, arkiv og nokre resultat .....	126
10.2. Om statistikken – arkivstatistikk .....	128
<b>11. Bøker .....</b>	<b>133</b>
11.1. Nokre resultat .....	133
11.2. Om bokstatistikken .....	136
11.3. Omgrep .....	137
11.4. Feilkjelder og uvisse .....	137
<b>12. Aviser, vekepresse og fagpresse .....</b>	<b>145</b>
12.1. Nokre resultat .....	145
12.2. Om statistikken – avisar, vekepresse og fagpresse .....	149
12.3. Omgrep .....	150
<b>13. Film og kino .....</b>	<b>155</b>
13.1. Kinobesøk og kinodrift .....	155
13.2. Produksjon og forvaltning av film .....	160
13.3. Om statistikken og dei ulike organisasjonane .....	161
13.4. Omfang, publisering og samanlikningar .....	162
<b>14. Radio og TV .....</b>	<b>169</b>
14.1. Allmennkringkastarar .....	169
14.2. Radiolyttarar og fjernsynssjåarar .....	173
14.3. Om radio- og TV-statistikken .....	175
<b>15. Idrett og friluftsliv .....</b>	<b>184</b>
15.1. Nokre resultat .....	184
15.2. Om statistikken og organisasjonane .....	187
<b>16. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja .....</b>	<b>194</b>
16.1. Nokre resultat .....	194
16.2. Om statistikken – trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja .....	200
<b>Figurregister .....</b>	<b>209</b>
<b>Tabellregister .....</b>	<b>211</b>

# 1. Offentlege utgifter


## 1.1. Nokre resultat

### Offentlege utgifter til kultur

Rekneskapane for 2013 syner at:

- Dei statlege utgiftene til kultur var nær 9,8 milliardar kroner over budsjettet til Kulturdepartementet (KUD) – 1 932 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt.
- Fylkeskommunanes netto driftsutgifter til kulturformål var over 1,3 milliardar kroner – 260 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt.
- Kommunanes netto driftsutgifter til kultur var 9,8 milliardar kroner – 1 921 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt.

**Figur 1.1. Offentlege utgifter til kultur. 2008-2013. Millionar kroner**



Kjelde: Kulturdepartementet og KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Statlege utgifter til kultur – 0,6 prosent av tildelingane over statsbudsjettet

### 1.1.1. Offentlege utgifter – stat

Rekneskapstala til KUD viser at det totalt blei løyvd 9,8 milliardar kroner til ulike formål departementet hadde i 2013. Det var ein auke på 0,8 milliardar kroner, eller 9 prosent, sidan 2012. Sidan 2009 har auken vore på 2,3 milliardar, eller 25 prosent, dette føreset at ein held utgifter til Den norske kyrkja utanfor. KUDs samla utgifter i 2013 var 0,6 prosent av dei samla statlege utgiftene. Dei fleste enkeltpostane i rekneskapen for 2013 auka.

Scenekunstformål fekk 19,2 prosent av midlane frå KUDs tildelingar i 2013, samla over 1 874 millionar kroner. Av desse pengane gjekk nær 1 milliard til nasjonale institusjonar som gjeld scenekunst: Den Norske Opera & Ballett fekk 557 millionar, Nationaltheatret fekk 174 millionar, Det Norske Teatret fekk 155 millionar og Den Nationale Scene fekk 106 millionar kroner. Region- og landsdelsinstitusjonar fekk over 433 millionar kroner. Norsk kulturfond fekk nær 113 millionar til utdeling til scenekunstformål (KUD Prop 1. S). Scenekunsttildelinga samla har auka med 36 prosent sidan 2009. Sjå også kapittel 4 om Kulturfondet.

Musikkformål står for 10,4 prosent av KUDs tildelingar for 2013, nær 1 015 millionar kroner. Av desse midlane gjekk 254 millionar til dei nasjonale institusjonane: Oslo-Filharmonien fekk 138 millionar kroner, og Stiftelsen Harmonien fekk 116 millionar kroner. Kulturfondet fekk nær 188 millionar kroner til utdeling til ulike musikkformål. Musikkformål har fått auka tildelinga med 25 prosent sidan 2009.

Museums- og andre kulturvernformål, språk-, litteratur- og bibliotekformål og arkivformål fekk samla 23,3 prosent av tildelingane frå KUD. Det nasjonale museumsnettverket fekk 959 millionar kroner å fordele på ulike museum som er med i ordninga. På området språk–litteratur og bibliotekformål er Nasjonalbiblioteket største mottakar med nær 430 millionar kroner. Og på området arkivformål skulle 316 millionar kroner gå til drift av Arkivverket. Arkivverket består av Riksarkivet, åtte statsarkiv, Samisk arkiv og Norsk helsearkiv. Samla har dei tre formåla fått auka tildelinga med nær 17 prosent sidan 2009.

Film og media tok opp 12,4 prosent av tilskota frå KUD i 2013. Filmfondet fekk nær 437 millionar kroner av dette til produksjon og distribusjon av film, dokumentarar, TV-seriar og dataspel. Under film og media ligg også mediestøtte på totalt 348 millionar kroner. Av mediestøtta går 308 millionar til produksjonstilskot til avisar. Litt over 24 millionar blei fordelt til samiske avisar i 2013. Film og media har fått auka tildelinga med over 27 prosent sidan 2009.

Frivillighetsformål (ein post på statsbudsjettet) står for den største auken i utgiftene via budsjettet til Kulturdepartementet siste året, det meste av desse midlane gjekk til momskompensasjon til frivillige organisasjonar. Det opphavlege budsjettforslaget til auke i midlar til denne kompensasjonen var på over 300 millionar ifølgje Prop. 1 S for 2012-2013. Denne satsinga på momskompensasjonen forklarar det meste av auken frå 2012 til 2013 på 399 millionar kroner til frivillige formål i alt, slik det går fram i tabell 1.1.1. Lotteri- og stiftelsestilsynet, som forvaltar ordninga, betalte ut 941 millionar kroner i momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar i 2013 (Lotteri- og stiftelsestilsynet 2014).

Momskompensasjonen blei innført som ordning etter ei endring i regelverket for moms i 2001. Fleire tenester blei avgiftspliktige, og frivillige organisasjonar fekk ved endringa høgare utgifter (NOU 2008:7). Ei ny ordning for momskompensasjon til frivillige organisasjonar blei etablerte i 2010. Formålet med tilskotsordninga er å kompensere for kostnader som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester. Ordninga var i 2013 om lag ein tiendedel av Kulturdepartementet sine utgifter. Dei frivillige organisasjonane må søkje om midlar og oppfylle krav til kompensasjon definert i forskrift om ordninga. Organisasjonane som søker må vere registrert i frivilligregisteret. Ifølgje Lotteri- og stiftelsestilsynet fekk nær 17 900 lag og organisasjonar kompensasjon i 2013. Av totalsummen organisasjonane sökte om, fekk dei 70 prosent, avkortinga var dermed 30 prosent. Det var første gongen avkortinga låg under 50 prosent ifølgje tilsynet, dette var mogleg på grunn av auka ramme på momskompensasjonen, skriv Lotteri- og stiftelsestilsynet i årsmeldinga for 2013.

*1 641 millionar kroner frå spelemidlane til idrett*

Speleoverskotet frå Norsk Tipping AS blir fordelt til kultur- og idrettsformål, og til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Hovudfordelinga av spelemidlane i 2013 syner at 1 641 millionar kroner gjekk til idrettsformål. Idrettsanlegga fekk størst tilskot i 2013, 801 millionar. Noregs Idrettsforbund og Olympiske Komité (NIF) fekk 580 millionar kroner i 2013. Tilskotet til NIF har gått opp med 226 millionar sidan 2009. Tilskot til lokale lag og foreiningar var på 164 millionar kroner. Midlar til forskings- og utviklingsarbeid var på 21 millionar kroner i 2013. Sjå tabell 1.1.2.

*500 millionar kroner frå spelemidlane til kultur*

Tildelingane frå spelemidlane til kulturformål var på 500 millionar kroner i 2013, etter å ha vore stabilt på 417 millionar kroner sidan 2007. Av midlane i 2013 fekk Den kulturelle skolesekken (DKS) 200 millionar kroner. Av dette gjekk litt over 142 millionar kroner til DKS-tiltak i grunnskolen, medan nær 56 millionar kroner gjekk til DKS-tiltak i vidaregåande skole. Frifond fekk 150 millionar kroner til fordeling, etter å ha fått 125 millionar sidan 2007. Kulturbygg fekk litt over 135 millionar kroner frå spelemidlane til kultur. Sjå tabell 1.1.3.

Totale rekneskapstal for DKS i grunnskolen og vidaregåande skole syner at inntektene for rekneskapsåret 2013 var på nær 351 millionar kroner og utgiftene var på 299 millionar kroner. Inndelinga i rekneskapsår og ei felles oversikt der utgifter til både grunnskolen og vidaregåande skole er samla, er ny frå 2013, derfor er ikkje tala samanliknbare med tidlegare skoleår. Sjå tabell 1.1.4.


*1,2 milliardar kroner til  
kulturformål i  
fylkeskommunane*

### 1.1.2. Offentlege utgifter – fylkeskommunar

Rapporteringa i KOSTRA viser at netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane var på over 1,3 milliardar kroner i 2013. Auken i netto driftsutgifter til kulturformål frå 2012 var 70 millionar kroner, eller 6 prosent.

I gjennomsnitt gjekk det 260 kroner per innbyggjar i netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane i 2013, Oslo inkludert. Sør-Trøndelag fylkeskommune brukte 523 kroner per innbyggjar til kulturformål i 2013, mot 356 kroner i 2012. I Sør-Trøndelag fylkeskommune gjekk 4,6 prosent av netto driftsutgifter til kulturformål. I Aust-Agder fylkeskommune gjekk 4,2 prosent av totale netto driftsutgifter til kulturformål i 2013. Tala for Oslo som fylkeskommune viser berre ein liten del av utgifter til kultur da Oslo både er kommune og fylkeskommune og rapporterer både som kommune og fylkeskommune. Sjølv om det kan vere uvisse knytt til kva som er kommunale og fylkeskommunale utgifter, er ikkje tala dobbelt-rapporterte. For å få fram dei totale netto driftsutgiftene for Oslo kan det vere nyttig å leggje saman dei kommunale og dei fylkeskommunale netto driftsutgiftene.

**Figur 1.2. Netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane. 2013. Kroner per innbyggjar**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Funksjonen museum har høgst del av utgiftene til kultur i fylkeskommunane, 28 prosent, deretter følgjer kunstformidling med 27 prosent. Netto driftsutgifter til

museum var på 375 millionar kroner i 2013. Netto driftsutgifter til kunstformidling, som mellom anna dekkjer DKS, utgjorde 362 millionar kroner same året. Idrett hadde størst prosentvis auke med 26 prosent, eller 21 millionar kroner. 104 millionar kroner gjekk til idrett i 2013. Dette beløpet utgjør 8 prosent av utgiftene til kulturformål i fylkeskommunane. Kunstformidling hadde den største attende-gangen i pengesum, med 4 millionar kroner. Netto driftsutgifter til museum i fylkeskommunane sine rekneskapar auka med 21 millionar. Viss ein ser på utviklinga dei siste fem åra (2009-2013), har netto driftsutgifter i alt auka med 30 prosent. Nettoutgiftene til idrett dei siste fem åra har gått frå negativ driftsutgift på 8 millionar kroner i 2009 til ei utgift på 104 millionar i 2013, truleg på grunn av at fleire fylkeskommunar har hatt store inntekter på denne funksjonen. Sjå figur 1.3 og tabellane 1.2.1 og 1.2.2.

**Figur 1.3. Netto driftsutgifter til ulike kulturformål i fylkeskommunane. 2013. Prosent**



Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Fordelinga for dei ulike funksjonane i fylkeskommunane varierer ein del. Dei største avvika var at netto driftsutgifter til idrett i fire fylke var på minussida. Det vil seie at desse fylkeskommunane hadde større inntekter i høve til utgifter på denne funksjonen. Sør-Trøndelag, Hordaland, Rogaland og Nordland hadde dei største netto driftsutgiftene til kultur, med respektive 160, 144, 116 og 105 millionar kroner. Akershus hadde dei høgaste nettoutgiftene på bibliotek med nær 16 millionar. Hordaland hadde dei største netto driftsutgiftene til museum, med 48 millionar kroner i 2013. Sør-Trøndelag brukte 40 millionar på kunstformidling i 2013. Troms hadde 33 millionar i netto driftsutgifter til kunstdproduksjon, 3 millionar meir samanlikna med i 2012. Sør Trøndelag la ned 67 millionar på idrett, medan Rogaland hadde høgast netto driftsutgift til andre kulturaktivitetar, 39 millionar. Sjå tabellane 1.2.1 og 1.2.2.


Brutto investeringsutgifter som fylkeskommunane hadde til kulturformål i 2013, var 65 millionar kroner. Investeringsnivå for 2009 og 2012 skil seg ut som særskilt høge mot normalt nivå. Etter det høge investeringsnivået i 2009 var investeringane både i 2010 og 2011 på same nivået som i 2008, og auken i 2012 til 114 millionar var eit unntak. Ser ein på gjennomsnittet for dei tre åra i perioden 2011-2013, har fylkeskommunane brukt 81 millionar kroner til brutto investeringsutgifter. Aust-Agder og Sogn og Fjordane fylkeskommunar står i denne perioden for den største delen av dei investerte kronene i den siste treårsperioden, med høvesvis 32 og 19 millionar kroner. Sjå tabell 1.2.3.

*3,7 prosent til kultur i kommunane*

### 1.1.3. Offentlege utgifter – kommunar

Tala for kommunane sine utgifter er henta frå KOSTRA-rapporteringa. Rekneskapsåret 2013 syner at kommunane sine netto driftsutgifter til kultur låg på 9,8 milliardar kroner, eller 3,7 prosent, av totale netto driftsutgifter, Oslo inkludert. Tala gjeld kommunen som konsern, sjå kapittel 1.3 om omgrep og definisjonar, rekneskapsomfang. Sjølv om det har vore ein auke i utgiftene til kultur på 4 prosent frå 2012, har delen av utgiftene som går til kultur, gått ned frå 3,8 prosent i 2012 til 3,7 prosent i 2013. I 2010 var det ein meir markant nedgang; da var hovudforklaringa til ein lågare del til kultur endra finansiering til barnehagar, frå øyremarka tilskot til rammetilskot. Endringa frå 2012 til 2013 har ikkje ei tydleg årsak. Alle kulturområda, bortsett frå kino og kunstformidling, har auke i netto driftsutgifter.

**Figur 1.4. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern. 2013. Prosent**



Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.


Netto driftsutgifter til idrett utgjer 31 prosent av utgiftene til kultur. Dette kulturområdet hadde høgast prosentvis auke frå året før, 8 prosent, eller 218 millionar kroner. Idrett var som i åra før den høgaste kulturutgifta i kommunane samla. Kommunane brukte totalt 3 milliardar kroner til idrett i 2013.

Posten andre kulturaktivitetar var på 2 milliardar kroner i 2013, ein auke på 101 millionar, eller 5 prosent frå 2012. 1,4 milliardar kulturkroner gjekk til folkebibliotek, ein auke på 26 millionar, eller 2 prosent samanlikna med året før. Sjå figur 1.6 og tabellane 1.3.1- 1.3.4.

Kommunane i Akershus hadde til saman høgast vekst i netto driftsutgifter til kultur med 96 millionar kroner eller 10 prosent. Mest nedgang i kulturutgiftene hadde kommunane i Telemark og kommunane i Aust-Agder, ein nedgang i kulturutgiftene på respektive 2 og 1 prosent (sjå tabell 1.3.1).

Som nemnt over brukte kommunane i Noreg 3,7 prosent av totale utgifter til kulturformål i 2013. Kommunane i åtte fylke brukte over gjennomsnittet til kultur: Rogaland, Finnmark, Vest-Agder, Telemark, Sør-Trøndelag, Akershus, Oslo og Hordaland, desse fylka prioriterte kultur meir samanlikna med gjennomsnittet på 3,7 prosent. Oslo brukte mest pengar på kultur i 2013, 1,4 milliardar, medan Rogaland brukte mest pengar på kultur målt i prosent av totale netto driftsutgifter – 4,6 prosent (sjå tabell 1.3.1).

**Figur 1.5. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern, etter fylke. 2013. Kroner per innbyggjar**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

*1 921 kroner per innbyggjar  
til kultur*

I gjennomsnitt brukte kommunane 1 921 kroner per innbyggjar til kulturformål i 2013, 61 kroner meir i høve til året før. For sjuande året på rad er det kommunane i Finnmark som bruker mest til kultur per innbyggjar med 2 802 kroner, ein nedgang på 36 kroner samanlikna med året før.

Kommunane i Vestfold og Østfold bruker minst, med respektive 1 467 og 1 485 kroner per innbyggjar. For Vestfold er det ein auke på 20 kroner, eller 1 prosent, og for Østfold er det ein auke på 76 kroner, eller 5 prosent, samanlikna med året før.

**Figur 1.6. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern, etter fylke. 2011-2013. Prosent av totale netto driftsutgifter**



Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

## 1.2. Om statistikken for dei offentlege utgiftene

Dei statlege utgiftene syner i hovudsak utgifter over Kulturdepartementet<sup>1</sup> sitt budsjett slik det går fram av Prop. 1 S frå oktober kvart år. Fylkeskommunale og kommunale utgifter baserer seg på rekneskapane deira som kvart år blir handsama av KOSTRA-systemet. Tala blir publiserte hos SSB på ssb.no, KOSTRA-sidene og i Statistikkbanken.

**KOSTRA (kommune-stat-rapportering)**

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om fylkeskommunal og kommunal verksemrd. Informasjon om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og samanstilt for å gi relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål er oppnådde. KOSTRA skal forenkle rapporteringa frå kommunane til staten ved at data berre blir rapporterte ein gong, sjølv om dei skal brukast til ulike formål. All rapportering frå kommunane til SSB skjer ved elektronisk datautveksling. SSB publiserer ureviderte tal for kommunane 15. mars, og retta tal 15. juni. I nøkkeltala blir data sette sammen, både tal som blir rapporterte direkte frå kommunane til SSB, og tal henta frå nasjonale register utanfor SSB. Før publiseringa 15. juni har kommunane hatt høve til å rette feil og manglar i dataa sine, og SSB har gjennomført kvalitetskontroller og revisjon av datamaterialet. Dei ureviderte nøkkeltala per 15. mars kan innehalde feil.

<sup>1</sup> Før 1. januar 2010 Kultur- og kyrkjedepartementet.

### 1.3. Omgrep og definisjonar

#### *Spelemidlane*

Kvarter sidan 1948 har overskotet i Norsk Tipping AS gått til samfunnsnyttige formål. Frå 2009 til 2011 gjaldt følgjande fordelingsnøkkelen for speleoverskotet frå Norsk Tipping: 45,5 prosent går til idrettsformål, 36,5 prosent går til kulturformål og 18 prosent til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som ikkje er knytte til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). I 2012 gjaldt: 47,9 prosent til idrettsformål, 14,6 prosent til kulturformål utanfor statsbudsjettet, 18 prosent til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar og 19,5 prosent til kulturformål inntektsført på statsbudsjettet (i alt 668 millionar kroner inkludert i KUDs utgifter for 2013). Tippemidla frå 2012 blir fordele i 2013. Midlane til idrettsformål og samfunnsnyttige formål blir fordele av Kongen. Av midlane til kulturformål skal 2/3 fordelast av Stortinget og 1/3 av Kongen. Av midlane som fordelast av Kongen, skal om lag 40 prosent gå til å realisere Den kulturelle skolesekken over heile landet, om lag 30 prosent til Frifond og om lag 30 prosent til investeringar og vedlikehald av lokale/regionale kulturelle møteplassar (Prop 1 S, 2011-2012 og 2013-2014, Kulturdepartementet).

#### *Rekneskapsomfang og om konsern i KOSTRA*

Formålet med publiseringa i KOSTRA er å vise ressursbruk og tenesteproduksjon uavhengig av korleis denne er organisert i den enkelte (fylkes)kommune. I tillegg til å produsere tenesta sjølv kan (fylkes)kommunen velje å organisere heile eller delar av tenesteproduksjonen innanfor dei enkelte sektorane/tenesteområda i eigne organisatoriske einingar (særbedrifter). Desse særbedriftene fører eigne rekneskapar og dette inneber at tala i KOSTRA i dei opphavlege faktaarka ikkje inkluderer ressursbruken/tenesteproduksjonen i særverksemndene. For å rette seg etter den aukande graden av utskiljing av tenesteproduksjonen i eigne einingar, er det derfor nødvendig å etablere faktaark for konsern for alle tenesteområda i KOSTRA-publiseringa.

Konsern i KOSTRA omfattar dei organisatoriske einingane som juridisk sett er definerte innanfor (fylkes)kommunen som juridisk person, det vil seie (fylkes)kommunerekneskapen, (fylkes)kommunale føretak (KF/FKF), og i tillegg desse som ikkje er ein del av (fylkes)kommunen: inter(fylkes)kommunale selskap (IKS) og inter(fylkes)kommunale samarbeid etter kommuneloven § 27, som fører særrekneskap.

Særrekneskapane blir rapporterte enkeltvis til SSB, og konsolideringa til konsern blir gjort av SSB. Mellom (fylke)kommunen og KF/FKF er eigarforholdet alltid ein-til-ein, mens fleire kommunar/fylkeskommunar eig IKS saman. Den enkelte (fylkes)kommunes eigardel i IKS blir fordelt etter registrerte eigardelar i Føretaksregistret i Brønnøysund. § 27-einingane blir behandla likt med kommunale føretak. (Fylkes)kommunal verksemd organisert som aksjeselskap og stiftningar inngår ikkje i konsernomgrepet. Effektuering av konsernfaktaark for dei enkelte tenesteområda skjer etter kvart.

Ved utgangen av 2011 var det registrert 240 interkommunale selskap med nær 1 800 eigarsamband. Talet på kommunale og fylkeskommunale føretak var 226, og dessutan 35 interkommunale samarbeid.

#### *Netto driftsutgifter totalt*

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene medrekna avskrivinger etter at driftsinntektene, som blant anna inneheld øyremerkte tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekte frå. Resten av utgiftene må dekkjast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringer frå staten med vidare. Netto driftsutgifter vil vise fylkets eller kommunens prioritering av dei frie inntektene i forhold til målgruppa for tenesta.

#### *Brutto driftsutgifter*

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene medrekna avskrivinger korrigerte for dobbeltføringer som kjem av vidarefordeling av utgifter/internkjøp med vidare. Brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter skal ikkje vere lik netto driftsutgifter. På funksjon/tenesteområde kjem dette av at brutto driftsutgifter blir

korrigerte for artane 710 sjukelønnsrefusjon og 729 kompensasjon mva. tillagde i driftsrekneskapen. Tilsvarande korreksjonar blir ikkje gjorde i brutto driftsinntekter. Netto driftsutgifter blir korrigerte for art 728 kompensasjon mva. tillagde i investeringsrekneskapen. For nærmere informasjon, sjå fagleg rettleiing på <http://www.ssb.no/kostra/>.

#### *Brutto investeringsutgifter*

Brutto investeringsutgifter syner investeringsutgifter korrigerte for fordelte utgifter og internsal. For å vise prioritering av nybygging, større utviklingstiltak og andre investeringar blir det brukt brutto investeringsutgifter per innbyggjar.

For fleire definisjonar brukt i KOSTRA, sjå fagleg rettleiing på <http://www.ssb.no/kostra/>.

#### *Rekneskapsfunksjonar til kulturformål – fylkeskommunar*

- 740 Bibliotek
- 760 Museum
- 771 Kunstformidling
- 722 Kunstproduksjon
- 775 Idrett
- 790 Andre kulturaktivitetar<sup>2</sup>

#### *Rekneskapsfunksjonar til kulturformål – kommunar*

- 231 Aktivitetstilbod til barn og unge
- 370 Bibliotek
- 373 Kino
- 375 Museum
- 377 Kunstformidling
- 380 Idrett
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (ny i 2008)
- 383 Kommunale musikk- og kulturskolar
- 385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg<sup>3</sup>
- 386 Kommunale kulturbygg (ny i 2008)

I tabellane er funksjon 381 slått saman med funksjon 380 idrett, og funksjon 386 er slått saman med funksjon 385 andre kulturaktivitetar. Årsaka til samanslåinga er at det har vore dårlig rapportering på desse funksjonane etter at dei blei innførte i kommunerekneskapen frå 2008.

## 1.4. Samanlikningar

#### *Samanlikningar over tid og stad*

KOSTRA-tala omfattar tal frå 1999, da kommunane kom med i KOSTRA. Frå og med 2001 er alle kommunane pålagde rapportering til KOSTRA. Både i sjølve prosjektperioden og i ettertid har det vore ein god del endringar i statistikkopplegget. Ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift innført frå 1. januar 2004 kan føre til brot i tidsserien frå 2003 til 2004. Ordninga vil kunne innebere brot i nokre sentrale rekneskapsomgrep. For nærmere forklaring viser ein til fagleg rettleiing til KOSTRA, kapitla 2B–2E. Større brot i tidsseriar kan finnast. Tala i tabellane frå 2007 gjeld kommunekonsern. Tal i Statistikkbanken på ssb.no kan avvike frå eldre tal i tabellar i kapitlet, dette har si årsak i oppdateringar av eldre tal i Statistikkbanken. Tabellane for kapittel 3.3 omfattar utgiftene som kommunane har til kulturformål.

#### *Samanheng med annan statistikk*

Eventuell samanheng mellom førebelse og endelege tal, korttidsstatistikk og årsstatistikk innanfor same emne, og høve til å samanlikne med annan statistikk innanfor same område, vil det bli gitt informasjon om for kvart enkelt område.

<sup>2</sup> Andre kulturaktivitetar (f790 fylke) omfattar funksjonar som i hovudsak arbeider utoverretta mot kulturorganisasjonar og kulturtiltak i kommunane. Omfattar samfunnshus/allaktivitetshus, støtte til nærroringkasting eller anna lokal medieverksamhet.

<sup>3</sup> Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg (f 385 kommune) omfattar i hovudsak tilskot til organisasjonar, aktivitetar, markeringar, kulturdagar og hendingar som blir drivne av eller er baserte på frivillig medverknad.

**Referansar**

Lotteri- og stiftelsestilsynet (2014): Årsmelding 2013.

Norsk Tipping: Års- og samfunnsrapport 2009

NOU (2008:7): *Kulturmomsutvalget. Utvidelse av merverdiavgiftsgrunnlaget på kultur- og idrettsområdet.*

Prop. 1 S. Kulturdepartementet

**Meir informasjon**

Norsk Tipping: Spelemidlane (<http://www.spillemidlene.no>). Kostra. (<http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>)

Lovdata. Forskrift om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner  
Lotteri og stiftelsestilsynet: (<http://lottstift.no>).

Frivilligregisteret: (<http://www.brreg.no/frivillighet/>).

Medietilsynet: (<http://www.medietilsynet.no>)

**Tabell 1.1.1. Utgifter over Kulturdepartementets budsjett 2008-2013. Rekneskapstal 2008-2013. Løyvingar. Millionar kroner og prosent**

	Absolutte tal						Prosent					
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2008	2009	2010	2011	2012	2013
<b>I alt</b>	<b>7 934,4</b>	<b>9 090,9</b>	<b>7 911,3</b>	<b>8 566,0</b>	<b>8 950,4</b>	<b>9 759,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
Administrasjon m.m. <sup>1</sup>	179,7	195,4	182,8	116,5	122,6	120,3	2,3	2,1	2,3	1,4	1,4	1,2
<b>Frivillighetsformål i alt</b>	<b>465,7</b>	<b>800,5</b>	<b>794,0</b>	<b>1 131,7</b>	<b>1 140,9</b>	<b>1 539,6</b>	<b>5,9</b>	<b>8,8</b>	<b>10,0</b>	<b>13,2</b>	<b>12,7</b>	<b>15,8</b>
Frivillighetsformål	309,2	596,6	574,5	852,3	877,1	1 230,7	3,4	6,6	7,3	9,9	9,8	12,6
Kultur og samfunn	-	25,9	34,2	64,1	42,6	63,1	-	0,3	0,4	0,7	0,5	0,6
Tilskot til trussamfunn m.m.	156,4	178,0	185,3	215,3	221,2	245,8	2,0	2,0	2,3	2,5	2,5	2,5
<b>Kulturformål i alt</b>	<b>4 954,4</b>	<b>5 536,9</b>	<b>5 943,7</b>	<b>6 220,3</b>	<b>6 538,4</b>	<b>6 892,0</b>	<b>62,4</b>	<b>60,9</b>	<b>75,1</b>	<b>72,6</b>	<b>73,1</b>	<b>70,6</b>
Allmenne kulturformål <sup>2</sup>	394,3	411,9	410,0	546,6	582,0	600,1	4,9	4,5	5,2	6,4	6,5	6,1
Kulturbrygg <sup>3</sup>	80,0	207,4	174,8	169,8	171,6	199,0	1,0	2,3	2,2	2,0	1,9	2,0
Norsk kulturfond <sup>4</sup>	39,6	39,9	43,2	66,7	68,7	69,5	0,5	0,4	0,5	0,8	0,8	0,7
Kunstnarformål	345,1	364,9	378,6	393,4	406,6	423,5	4,3	4,0	4,8	4,6	4,5	4,3
Biletkunst mv.	343,2	378,0	409,7	420,6	405,2	436,5	4,3	4,2	5,2	4,9	4,5	4,5
Musikkformål	708,5	811,5	904,3	959,8	1 027,0	1 014,9	8,9	8,9	11,4	11,2	11,5	10,4
Scenekunstformål	1 254,7	1 374,9	1 521,6	1 631,4	1 716,2	1 873,7	15,8	15,1	19,2	19,0	19,2	19,2
Samordningstiltak for arkiv, bibliotek og museum	128,7	136,3	145,8	-	-	-	1,6	1,5	1,8	-	-	-
Språk-, literatur- og bibliotekformål	651,3	723,5	775,7	818,6	862,5	881,6	8,2	8,0	9,8	9,6	9,6	9,0
Museumsformål og andre kultureriformål	756,5	808,4	871,0	891,9	949,0	1 020,9	9,5	8,9	11,0	10,4	10,6	10,5
Arkivformål	252,7	280,2	309,0	321,6	349,6	372,3	3,2	3,1	3,9	3,8	3,9	3,8
<b>Film og media</b>	<b>900,4</b>	<b>946,8</b>	<b>990,8</b>	<b>1 097,6</b>	<b>1 148,4</b>	<b>1 207,1</b>	<b>11,3</b>	<b>10,4</b>	<b>12,5</b>	<b>12,8</b>	<b>12,8</b>	<b>12,4</b>
<b>Den norske kyrkja<sup>5</sup></b>	<b>1 434,1</b>	<b>1 611,5</b>	..	..	..	..	<b>18,1</b>	<b>17,7</b>	..	..	..	..
Prosent av statlege midlar i alt <sup>6</sup> .	0,6	0,6	0,6	0,6	0,6	0,6	.	.	.	.	.	.
Prosent av BNP i alt	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	.	.	.	.	.	.

<sup>1</sup>Gjeld drift av Kulturdepartementet og Lotteri- og stiftelsestilsynet. <sup>2</sup>Ikkje inkl. løyvingar til kulturbrygg og midlar frå Norsk kulturfond. <sup>3</sup>Inkl. nasjonale, regionale og lokale kulturbrygg. Midlar frå Norsk kulturfond er ikkje medrekna. <sup>4</sup>Inkl. berre Norsk kulturfond frå og med 2008, inkluderte tal frå Norsk kulturråd tidlegare i tidsserien. <sup>5</sup>Frå 1. januar 2010 hører Den norske kyrkja til Fornings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. <sup>6</sup>Prosenten er rekna av statsbudsjettets samla utgifter i alt medrekna folketrygda.

Kjelde: Kulturdepartementet.

**Tabell 1.1.2. Hovudfordeling av spelemedialar til idrettssektoren. 2003-2013. Millionar kroner**

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012 <sup>1</sup>	2013
<b>I alt</b>	<b>1 050,0</b>	<b>1 200,0</b>	<b>1 200,0</b>	<b>1 200,0</b>	<b>1 250,0</b>	<b>1 418,0</b>	<b>1 558,4</b>	<b>1 558,5</b>	<b>1 558,6</b>	<b>1 564,1</b>	<b>1 640,6</b>
Idrettsanlegg	546,5	656,2	665,5	664,4	695,0	690,0	687,6	749,6	735,7	756,5	801,3
Nasjonalanlegg/spesielle anlegg	26,0	22,6	5,2	1,5	13,1	19,6	26,4	27,1	29,4	13,2	17,0
Forsknings- og utviklingsarbeid	24,7	23,4	23,6	22,8	24,0	20,4	9,6	20,1	20,1	20,1	21,1
Spesielle aktivitetar	33,4	37,9	36,7	42,3	40,9	41,0	47,8	49,7	51,4	52,4	57,2
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité	314,4	340,0	349,0	349,0	352,0	354,0	354,0	556,0	566,0	566,0	580,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	105,0	120,0	120,0	120,0	125,0	125,0	125,0	156,0	156,0	156,0	164,0
Overgangsmidlar	-	-	-	-	-	168,0	308,0	-	-	-	-

<sup>1</sup>Meldt del av overskot frå 2012 til fordeling 2013 frå Norsk tipping, av totalt 3 425 millionar kroner. <http://2012.norsk-tipping.no/rapport/overskuddsmottakere/>.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 1.1.3. Hovedfordeling av spelemedialar til kultur. 2003-2013. Millionar kroner

	2003	2004	2005	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013 <sup>3</sup>
I alt .....	150,0	300,0	400,0	400,0	400,0	416,7	416,7	416,7	416,7	416,7	416,7	500,1
<b>Den kulturelle skolesekken (DKS)</b>												
DKS i alt .....	60,0	120,0	160,0	160,0	161,0	167,0	167,0	167,0	167,0	167,0	167,0	200,0
<b>Lokale DKS-tiltak i alt (fylke og kommune) .....</b>	<b>36,0</b>	<b>84,0</b>	<b>128,0</b>	<b>128,0</b>	<b>128,0</b>	<b>134,0</b>	<b>147,5</b>	<b>147,5</b>	<b>157,5</b>	<b>162,3</b>	<b>164,0</b>	<b>198,3</b>
Grunnskolen .....	-	-	-	-	-	128,0	122,0	122,0	122,5	122,5	122,5	142,4
Vidaregående skole .....	-	-	-	-	-	6,0	25,5	25,5	35,0	39,8	41,5	55,9
Sentrale DKS-tiltak .....	24,0	36,0	32,0	32,0	33,0	33,0	19,5	19,5	9,5	4,7	3,0	1,7
<b>Frifond<sup>1</sup> .....</b>	<b>45,0</b>	<b>90,0</b>	<b>120,0</b>	<b>120,0</b>	<b>120,0</b>	<b>125,0</b>	<b>125,0</b>	<b>125,0</b>	<b>125,0</b>	<b>125,0</b>	<b>125,0</b>	<b>150,0</b>
<b>Kulturbrygg i alt .....</b>	<b>45,0</b>	<b>90,0</b>	<b>120,0</b>	<b>120,0</b>	<b>119,0</b>	<b>124,7</b>	<b>124,7</b>	<b>124,7</b>	<b>124,7</b>	<b>124,7</b>	<b>124,7</b>	<b>135,1</b>
Regionale kulturbrygg .....	16,3	26,0	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Lokale kulturbrygg .....	28,7	29,0	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Desentralisert ordning for tilskot til kulturhus .....	-	-	48,0	48,0	48,0	49,7	49,7	49,7	49,7	49,7	99,7	128,1
Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur .....	-	35,0	72,0	72,0	71,0	75,0	75,0	75,0	75,0	75,0	25,0	7,0
Den kulturelle spaserstokken .....	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	14,9

<sup>1</sup> Frifond er midlar frå overskotet i Norsk Tipping AS og gitt til barn og ungdom som driv med frivillige aktivitetar innanfor kultur eller andre fritidsaktivitetar.

<sup>2</sup> Prosjektmidlar for bruk til utviding av vidaregående skole i utvalde kommunar <sup>3</sup>Tal frå budsjett.

Kjelde: Frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Kulturdepartementet Prop. 1 S (2013-2014).

Tabell 1.1.4. Den kulturelle skolesekken i grunnskolen<sup>1</sup> og vidaregående skole. Inntekter og utgifter. 2009/2010-2013<sup>2</sup>. 1 000 kroner

	Grunnskolen				Vidaregående skole		Felles grunnskolen og vidaregående skole 2013
	2009/10	2010/11	2011/12	2013	2011/12	2013	
	<b>214 592</b>	<b>232 401</b>	<b>238 211</b>	<b>221 017</b>	<b>58 512</b>	<b>55 408</b>	<b>74 344</b>
<b>Inntekter totalt .....</b>	<b>214 592</b>	<b>232 401</b>	<b>238 211</b>	<b>221 017</b>	<b>58 512</b>	<b>55 408</b>	<b>74 344</b>
Spelemedialar .....	122 015	122 300	122 503	137 429	36 654	47 523	9 723
Eigne midlar/eigeninnsats .....	34 606	44 979	47 149	16 223	18 633	4 709	47 928
Refusjonar <sup>3</sup> .....	38 123	48 067	51 662	49 915	1 346	793	5 512
Eigendalar frå kommunane .....	14 505	12 807	13 119	13 612	-	-	192
Anna <sup>4</sup> .....	5 343	4 248	3 775	3 838	1 878	2 383	10 989
<b>Utgifter totalt .....</b>	<b>190 577</b>	<b>209 596</b>	<b>210 029</b>	<b>170 584</b>	<b>54 362</b>	<b>42 920</b>	<b>85 221</b>
Formidling/innhald .....	103 615	101 716	98 824	84 995	33 907	35 867	19 841
Administrasjon .....	22 084	41 926	46 910	21 225	18 747	4 802	46 230
Nettverk og kompetanseutvikling .....	4 078	3 788	3 794	1 236	1 401	815	2 819
Overføringer til kommunane ....	59 084	58 400	55 139	60 619	-	-	3 736
Anna .....	1 716	3 766	2 567	2 706	307	1 436	12 595

<sup>1</sup> Basert på rapportar frå fylkeskommunane. <sup>2</sup> Frå 2013 blir tal for rekneskapsåret samla med nytt skjema. Kolonna for felles utgifter og inntekter er frå 2013 med i tabellen her for å sikre ei total oversikt over midlane for DKS. <sup>3</sup> Frå Riksconsertene og Norsk scenekunstbruk. <sup>4</sup> Inkludert renteinntekter.

Kjelde: Den kulturelle skolesekken, Norsk kulturråd.

**Tabell 1.2.1. Netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane, etter fylke. 2006-2013. Millionar kroner**

	Netto driftsutgifter i alt	Bibliotek	Museum	Kunst-formidling	Kunst-produksjon	Idrett	Andre kulturaktiviteter
2006 .....	873,8	116,5	230,1	262,8	47,0	85,9	131,5
2007 .....	943,7	124,4	264,9	268,7	56,0	59,9	169,8
2008 .....	972,6	118,5	242,2	249,5	62,9	89,1	210,5
2009 <sup>1</sup> .....	1 022,3	126,6	306,7	280,8	59,0	-8,3	257,5
2010 .....	1 127,2	132,3	316,9	325,0	70,0	60,4	222,7
2011 .....	1 218,6	164,3	328,6	334,2	95,0	67,0	229,4
2012 .....	1 257,5	142,7	354,3	365,7	94,0	82,4	218,3
2013 .....	1 327,9	148,5	375,1	361,9	104,6	103,8	234,1
<b>2013</b>							
Østfold .....	71,3	5,9	23,3	16,1	11,0	8,9	6,2
Akershus .....	74,0	15,5	22,3	25,9	4,3	-3,0	9,0
Oslo .....	3,1	3,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hedmark .....	78,6	4,7	17,5	29,9	0,4	16,5	9,4
Oppland .....	52,5	6,8	12,6	7,0	12,1	1,5	12,5
Buskerud .....	62,9	10,6	21,5	14,9	0,2	6,2	9,6
Vestfold .....	63,9	8,1	30,4	8,7	1,8	-1,6	16,6
Telemark .....	35,2	6,3	9,7	8,2	2,0	4,0	5,0
Aust-Agder .....	50,1	5,5	13,3	9,3	4,0	11,7	6,2
Vest-Agder .....	34,2	3,7	13,4	28,4	0,0	-10,8	-0,5
Rogaland .....	116,1	2,9	37,2	32,7	3,9	0,0	39,3
Hordaland .....	144,1	8,3	48,0	38,7	0,0	16,4	32,7
Sogn og Fjordane .....	51,7	6,9	14,4	9,5	10,3	-6,0	16,6
Møre og Romsdal .....	66,8	9,8	25,5	35,2	-0,2	-6,1	2,5
Sør-Trøndelag .....	160,0	9,9	27,7	39,7	0,4	66,7	15,7
Nord-Trøndelag .....	47,6	7,3	19,1	24,3	0,3	-11,4	8,0
Nordland .....	104,5	14,5	21,9	22,3	8,8	-0,9	37,9
Troms Romsa .....	79,7	9,9	12,7	11,0	33,1	9,3	3,8
Finnmark Finnmark .....	31,7	8,8	4,6	0,0	12,1	2,4	3,8

<sup>1</sup> Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOESTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 07799.

**Tabell 1.2.2. Netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane, etter fylke. 2006-2013. Prosent**

	Bibliotek	Museum	Kunst-formidling	Kunst-produksjon	Idrett	Andre kulturaktiviteter
2006 .....	13,3	26,3	30,1	5,4	9,8	15,0
2007 .....	13,2	28,1	28,5	5,9	6,3	18,0
2008 .....	12,2	24,9	25,7	6,5	9,2	21,6
2009 <sup>1</sup> .....	12,4	30,0	27,5	5,8	-0,8	25,2
2010 .....	11,7	28,1	28,8	6,2	5,4	19,8
2011 .....	13,5	27,0	27,4	7,8	5,5	18,8
2012 .....	11,3	28,2	29,1	7,5	6,6	17,4
2013 .....	11,2	28,2	27,3	7,9	7,8	17,6
<b>2013</b>						
Østfold .....	8,2	32,7	22,6	15,4	12,4	8,6
Akershus .....	21,0	30,1	35,0	5,9	-4,1	12,1
Oslo .....	100,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hedmark .....	6,0	22,3	38,1	0,6	21,0	12,0
Oppland .....	13,0	23,9	13,4	23,1	2,8	23,8
Buskerud .....	16,8	34,1	23,7	0,3	9,8	15,2
Vestfold .....	12,6	47,5	13,6	2,8	-2,6	26,0
Telemark .....	17,9	27,5	23,4	5,8	11,4	14,1
Aust-Agder .....	11,0	26,6	18,6	8,0	23,3	12,4
Vest-Agder .....	10,9	39,2	82,9	0,0	-31,5	-1,6
Rogaland .....	2,5	32,1	28,2	3,4	0,0	33,9
Hordaland .....	5,8	33,3	26,9	0,0	11,4	22,7
Sogn og Fjordane .....	13,3	27,9	18,3	20,0	-11,6	32,2
Møre og Romsdal .....	14,7	38,1	52,8	-0,3	-9,1	3,8
Sør-Trøndelag .....	6,2	17,3	24,8	0,2	41,7	9,8
Nord-Trøndelag .....	15,4	40,1	51,1	0,6	-24,0	16,7
Nordland .....	13,9	20,9	21,4	8,4	-0,9	36,3
Troms Romsa .....	12,4	16,0	13,7	41,5	11,6	4,7
Finnmark Finnmark .....	27,8	14,5	0,0	38,2	7,6	11,9

<sup>1</sup> Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOESTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 07799 omrekna til prosent av totale netto utgifter til kulturformål.

**Tabell 1.2.3. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter til kulturformål. 2003-2013. Fylkeskommunar.**  
Millionar kroner

	Netto driftsutgifter	Brutto driftsutgifter	Brutto investeringsutgifter
2003 .....	781,7	1 639,3	38,4
2004 .....	788,8	1 624,3	44,0
2005 .....	735,1	1 625,5	56,7
2006 .....	873,8	1 772,2	38,4
2007 .....	943,7	1 856,9	15,5
2008 .....	972,6	1 920,0	64,5
2009 <sup>1</sup> .....	1 022,3	2 290,0	168,3
2010 .....	1 127,2	2 271,0	64,3
2011 .....	1 218,6	2 362,5	62,1
2012 .....	1 257,5	2 477,1	114,2
2013 .....	1 327,9	2 663,7	65,4
<b>Gjennomsnitt 2011-2013</b>			
<b>Heile landet</b> .....	<b>1 268,0</b>	<b>2 501,1</b>	<b>80,6</b>
Østfold .....	59,6	132,1	5,1
Akershus .....	85,5	190,0	0,0
Oslo .....	-12,0	38,7	0,0
Hedmark .....	71,2	113,2	0,6
Oppland .....	51,6	99,3	0,2
Buskerud .....	61,3	116,1	0,0
Vestfold .....	68,0	118,5	11,0
Telemark .....	46,3	88,7	0,0
Aust-Agder .....	43,4	91,2	31,8
Vest-Agder .....	47,3	89,9	0,0
Rogaland .....	113,2	210,1	0,0
Hordaland .....	126,8	228,1	0,0
Sogn og Fjordane .....	51,0	96,0	18,7
Møre og Romsdal .....	71,2	142,8	0,0
Sør-Trøndelag .....	116,9	198,1	1,4
Nord-Trøndelag .....	49,6	104,6	0,1
Nordland .....	94,5	190,8	8,7
Troms Romsa .....	77,3	161,3	0,1
Finnmark Finnmark .....	45,5	91,6	2,9

<sup>1</sup>Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken, tabell 07799.

**Tabell 1.2.4. Netto driftsutgifter til kulturformål i prosent av totale netto driftsutgifter. Fylkeskommunar. 2005-2013**

	2005	2006	2007	2008	2009 <sup>1</sup>	2010	2011	2012	2013
<b>Heile landet</b> .....	<b>1,6</b>	<b>1,8</b>	<b>1,8</b>	<b>1,7</b>	<b>1,7</b>	<b>1,7</b>	<b>1,6</b>	<b>1,6</b>	<b>1,6</b>
Østfold .....	2,1	2,7	2,1	2,1	1,8	2,9	2,3	2,1	2,7
Akershus .....	2,0	2,0	1,9	1,8	2,0	0,0	2,1	1,6	1,4
Oslo .....	0,1	0,0	0,1	0,0	0,0	0,0	-0,1	-0,1	0,0
Hedmark .....	3,4	3,1	3,2	3,0	3,1	2,9	3,1	3,5	3,8
Oppland .....	2,2	2,2	2,5	2,8	3,5	3,6	2,7	2,6	2,5
Buskerud .....	2,8	2,7	2,9	2,6	2,7	2,5	2,7	2,6	2,5
Vestfold .....	2,6	3,6	2,8	2,9	4,1	3,5	3,5	3,7	3,1
Telemark .....	1,7	2,5	2,3	2,5	1,3	3,0	3,2	3,1	2,0
Aust-Agder .....	2,5	2,6	3,8	4,4	2,3	3,4	3,9	3,6	4,2
Vest-Agder .....	4,1	8,1	5,0	2,2	2,4	3,1	2,9	3,3	1,8
Rogaland .....	2,9	3,3	3,6	3,7	3,1	2,6	2,8	2,7	2,7
Hordaland .....	2,5	2,9	3,3	2,7	2,8	2,8	2,2	2,5	2,7
Sogn og Fjordane .....	2,9	3,1	3,9	3,8	4,2	3,5	2,7	2,5	2,5
Møre og Romsdal .....	2,4	2,0	2,8	2,7	2,5	2,3	2,5	2,1	1,9
Sør-Trøndelag .....	2,4	3,3	3,5	3,7	3,4	3,3	2,9	3,5	4,6
Nord-Trøndelag .....	3,6	3,2	0,6	3,3	3,1	3,3	3,2	2,1	2,4
Nordland .....	2,8	2,7	3,6	2,6	3,3	2,7	2,2	2,6	2,7
Troms Romsa .....	2,8	3,2	3,7	3,5	3,1	3,4	3,2	3,1	3,0
Finnmark Finnmark .....	2,5	3,5	3,4	4,4	3,9	3,7	4,1	4,5	2,5

<sup>1</sup>Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken, tabell 07795.

Tabell 1.3.1. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kultur, etter fylke. 2012-2013

	Netto driftsutgifter. Millionar kroner		Kroner per innbyggjar		Endring 2012/2013. Kroner per innbyggjar	Netto driftsutgifter til kultur i prosent av totale netto driftsutgifter. Prosent	
	2012	2013	2012	2013		2012	2013
I alt .....	<b>9 394</b>	<b>9 814</b>	<b>1 860</b>	<b>1 921</b>	<b>61</b>	<b>3,8</b>	<b>3,7</b>
Østfold .....	397	423	1 409	1 485	76	3,1	3,1
Akershus .....	929	1 025	1 640	1 780	140	3,7	3,9
Oslo .....	1 285	1 376	2 060	2 169	109	3,8	3,9
Hedmark .....	324	322	1 671	1 658	-13	3,4	3,2
Oppland .....	370	371	1 977	1 977	0	3,9	3,7
Buskerud .....	449	448	1 671	1 644	-27	3,6	3,4
Vestfold .....	346	353	1 447	1 467	20	3,3	3,2
Telemark .....	389	382	2 274	2 230	-44	4,3	4,1
Aust-Agder .....	213	211	1 887	1 856	-31	3,8	3,6
Vest-Agder .....	368	383	2 088	2 147	59	4,3	4,2
Rogaland .....	1 008	1 069	2 230	2 327	97	4,7	4,6
Hordaland .....	905	947	1 817	1 875	58	3,8	3,8
Sogn og Fjordane .....	192	208	1 768	1 912	144	3,2	3,3
Møre og Romsdal .....	428	437	1 649	1 672	23	3,3	3,2
Sør-Trøndelag .....	572	599	1 889	1 957	68	4,1	4,0
Nord-Trøndelag .....	245	251	1 826	1 855	29	3,6	3,5
Nordland .....	462	470	1 929	1 951	22	3,5	3,4
Troms Romsa .....	299	326	1 864	2 010	146	3,6	3,7
Finnmark Finnmark .....	212	211	2 838	2 802	-36	4,6	4,5

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.2. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kulturfomål, etter fylke. 2008-2013. Millionar kroner

	Kultur i alt	Aktivitets- tilbod for barn og unge	Folke- bibliotek <sup>1</sup>	Kino	Museum	Kunst- formidling	Idrett <sup>2</sup>	Kultur- og musikk- skolar	Andre kultur- aktivitetar <sup>3</sup>
2008 .....	7 452,0	861,1	1 177,5	60,6	273,0	423,2	2 035,5	1 022,7	1 598,4
2009 .....	7 694,9	895,0	1 188,2	48,8	290,4	416,6	2 155,6	1 071,9	1 628,4
2010 .....	8 517,1	948,9	1 237,9	77,7	299,1	422,9	2 598,1	1 105,5	1 827,0
2011 .....	8 916,6	962,7	1 291,4	76,5	344,4	446,6	2 664,4	1 154,5	1 976,1
2012 .....	9 393,8	983,2	1 364,5	49,8	383,1	510,6	2 864,0	1 241,7	1 996,8
2013 .....	9 814,1	1 009,1	1 390,6	38,9	392,0	469,7	3 081,8	1 334,0	2 097,9
<b>2013</b>									
Østfold .....	423,2	37,8	63,0	1,3	16,5	13,9	131,0	42,2	117,5
Akershus .....	1 024,7	112,1	148,3	-2,0	13,7	24,8	382,3	144,1	201,4
Oslo .....	1 376,4	273,3	191,9	0,0	99,6	-7,7	503,7	46,7	269,1
Hedmark .....	322,3	32,6	55,7	2,2	5,0	13,3	90,4	58,1	65,1
Oppland .....	371,3	27,6	61,2	-0,7	11,3	6,6	118,9	63,4	83,0
Buskerud .....	447,5	37,0	73,7	5,2	14,5	9,0	118,6	62,2	127,3
Vestfold .....	353,4	25,1	64,4	-0,4	15,3	23,0	103,6	42,0	80,4
Telemark .....	382,4	28,0	54,9	3,6	10,2	12,6	111,8	62,3	98,9
Aust-Agder .....	211,2	12,8	30,3	2,0	11,7	4,9	53,6	25,5	70,5
Vest-Agder .....	383,3	33,9	52,1	3,3	22,8	54,0	80,4	43,3	93,5
Rogaland .....	1 069,4	97,2	117,9	3,1	41,6	80,3	355,0	145,6	228,7
Hordaland .....	947,2	86,5	125,8	1,9	46,5	101,3	290,3	137,7	157,0
Sogn og Fjordane .....	208,4	10,8	37,3	2,6	3,4	6,6	55,7	43,5	48,6
Møre og Romsdal .....	437,2	22,5	64,5	4,3	12,0	16,7	121,0	97,9	98,3
Sør-Trøndelag .....	599,1	62,7	69,1	0,6	18,5	54,3	198,7	105,4	89,9
Nord-Trøndelag .....	250,7	20,0	37,4	16,0	4,1	7,5	68,0	48,6	49,1
Nordland .....	469,9	39,9	65,2	3,8	22,4	18,1	130,0	82,6	108,0
Troms Romsa .....	325,7	32,0	45,7	-12,1	12,4	27,7	102,5	54,5	63,2
Finnmark Finnmark .....	210,8	17,3	32,4	4,3	10,6	2,8	66,6	28,3	48,4

<sup>1</sup> Gjeld funksjon 370 Bibliotek. Folkebibliotek er den største utgifa totalt, men også andre typer bibliotek som er lovheimla blir inkluderte. Nokre kommunar har ansvar for fengselsbibliotek i kommunen. <sup>2</sup> Gjeld funksjonane 380 og 381. <sup>3</sup> Gjeld funksjonane 385 og 386.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.3. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kulturformål, etter fylke. 2008-2013. Prosent

	Aktivitets-tilbod for barn og unge	Folkebibliotek <sup>1</sup>	Kino	Museum	Kunstformidling	Idrett <sup>2</sup>	Kultur- og musikk-skolar	Andre kulturaraktivitetar <sup>3</sup>
2008 .....	11,6	15,8	0,8	3,7	5,7	27,3	13,7	21,4
2009 .....	11,6	15,4	0,6	3,8	5,4	28,0	13,9	21,2
2010 .....	11,1	14,5	0,9	3,5	5,0	30,5	13,0	21,5
2011 .....	10,8	14,5	0,9	3,9	5,0	29,9	12,9	22,1
2012 .....	10,5	14,5	0,5	4,1	5,4	30,5	13,2	21,3
2013 .....	10,3	14,2	0,4	4,0	4,8	31,4	13,6	21,4
<b>2013</b>								
Østfold .....	8,9	14,9	0,3	3,9	3,3	30,9	10,0	27,7
Akershus .....	10,9	14,5	-0,2	1,3	2,4	37,3	14,1	19,7
Oslo .....	19,9	13,9	0,0	7,2	-0,6	36,6	3,4	19,6
Hedmark .....	10,1	17,3	0,7	1,6	4,1	28,0	18,0	20,2
Oppland .....	7,4	16,5	-0,2	3,0	1,8	32,0	17,1	22,3
Buskerud .....	8,3	16,5	1,2	3,2	2,0	26,5	13,9	28,4
Vestfold .....	7,1	18,2	-0,1	4,3	6,5	29,3	11,9	22,7
Telemark .....	7,3	14,4	1,0	2,7	3,3	29,3	16,3	25,9
Aust-Agder .....	6,0	14,3	0,9	5,5	2,3	25,4	12,1	33,4
Vest-Agder .....	8,9	13,6	0,9	5,9	14,1	21,0	11,3	24,4
Rogaland .....	9,1	11,0	0,3	3,9	7,5	33,2	13,6	21,4
Hordaland .....	9,1	13,3	0,2	4,9	10,7	30,6	14,5	16,5
Sogn og Fjordane .....	5,2	17,9	1,3	1,6	3,2	26,7	20,9	23,4
Møre og Romsdal .....	5,1	14,8	1,0	2,8	3,8	27,7	22,4	22,5
Sør-Trøndelag .....	10,5	11,5	0,1	3,1	9,1	33,1	17,6	15,0
Nord-Trøndelag .....	8,0	14,9	6,4	1,6	3,0	27,2	19,4	19,6
Nordland .....	8,5	13,9	0,8	4,8	3,8	27,7	17,6	23,0
Troms Romsa .....	9,8	14,0	-3,7	3,8	8,5	31,4	16,7	19,4
Finnmark Finnmark .....	8,2	15,4	2,1	5,0	1,3	31,6	13,4	23,0

<sup>1</sup>Gjeld funksjon 370 Bibliotek. Folkebibliotek er største utgift totalt, men også andre typar bibliotek som er lovheimla blir inkludert. Nokre kommunar har ansvar for fengselsbibliotek i kommunen.

<sup>2</sup>Gjeld funksjon 380 og 381.

<sup>3</sup>Gjeld funksjon 385 og 386.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.4. Brutto investeringsutgifter for kommunekonsern, etter rekneskapsfunksjon for kultur. 2006-2013. 1 000 kroner

	Aktivitets-tilbod for barn og unge	Folkebibliotek	Kino	Museum	Kunstformidling	Idrett <sup>1</sup>	Kultur- og musikk-skolar	Andre kulturaraktivitetar <sup>2</sup>
2006 .....	50 576	55 080	10 154	71 625	16 924	1 486 843	11 047	405 562
2007 .....	87 958	75 997	35 821	99 715	28 723	2 038 808	11 421	852 732
2008 .....	111 870	61 259	14 949	142 593	36 253	2 523 518	20 656	1 043 012
2009 .....	35 202	72 654	11 286	115 625	79 462	3 308 660	7 610	1 695 872
2010 .....	22 721	65 102	64 092	105 759	108 632	3 435 366	14 454	1 522 979
2011 .....	24 657	64 242	71 346	95 042	123 158	3 124 642	18 521	1 384 456
2012 .....	22 143	127 940	20 451	66 244	41 432	2 894 172	56 760	1 286 443
2013 .....	21 361	166 598	38 217	55 869	27 664	2 671 739	67 959	1 499 223
Gjennomsnitt 2011-2013 ...	22 720	119 593	43 338	72 385	64 085	2 896 851	47 747	1 390 041
Østfold .....	583	572	1 695	259	1 771	122 092	438	23 052
Akershus .....	1 754	3 621	1 267	16 220	3 815	453 457	2 333	52 485
Oslo .....	1 708	3 112	3 316	14 978	5 600	132 036	-755	127 717
Hedmark .....	1 880	422	4 403	184	1 088	190 304	439	197 793
Oppland .....	1 226	842	773	27	1 010	96 225	490	83 070
Buskerud .....	6 103	9 885	4 110	174	274	55 264	5 439	21 905
Vestfold .....	219	1 818	454	532	2 476	53 462	92	15 619
Telemark .....	51	19 565	9 575	36	343	15 639	26 980	94 149
Aust-Agder .....	703	867	518	864	251	89 031	240	32 632
Vest-Agder .....	970	853	617	1 206	2 572	264 376	359	195 704
Rogaland .....	1 618	4 246	969	2 910	742	284 363	498	75 587
Hordaland .....	769	2 384	1 978	769	34 353	402 199	6 202	54 693
Sogn og Fjordane .....	705	565	1 265	6 597	7 136	80 711	314	45 001
Møre og Romsdal .....	1 028	643	3 206	7 092	5	125 470	567	57 715
Sør-Trøndelag .....	2 230	3 838	1 671	307	728	141 080	3 193	34 737
Nord-Trøndelag .....	17	188	2 120	86	421	98 228	36	17 356
Nordland .....	659	62 942	1 387	6 537	124	130 432	597	244 037
Troms Romsa .....	440	1 890	2 018	0	1 050	80 250	2	7 118
Finnmark Finnmark .....	55	1 340	1 997	13 606	326	82 231	284	9 670

<sup>1</sup>Gjeld funksjonene 380 og 381. <sup>2</sup>Gjeld funksjonene 385 og 386.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 1.3.5. Frivillige lag og foreiningar som får driftstilskot frå kommunane. KOSTRA-skjema 17<sup>2</sup>. 2008-2013**

Lag/foreining	Talet på lag/ foreiningar						Samla driftstilskot. 1 000 kroner					
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>19 850</b>	<b>20 481</b>	<b>21 099</b>	<b>21 255</b>	<b>20 155</b>	<b>19 614</b>	<b>535 374</b>	<b>582 606</b>	<b>615 959</b>	<b>586 890</b>	<b>676 573</b>	<b>643 889</b>
Frivillige barne- og ungdomsforeiningar ...	5 979	5 759	5 947	5 870	5 279	4 867	143 973	156 947	158 830	157 079	156 567	148 741
Idrettslag/skytтарlag ...	4 605	5 138	5 232	5 527	4 916	5 019	255 531	288 809	299 836	276 841	313 623	325 679
Andre foreiningar <sup>1</sup> .....	9 266	9 584	9 830	9 858	9 960	9 728	135 870	136 850	157 293	152 970	206 383	169 469

<sup>1</sup> Frå 2008 er song- og musikkforeiningar, teater- og danseforeiningar og andre frivillige lag med i summen. <sup>2</sup> Barne- og ungdomstiltak og tilskot til frivillige lag og foreiningar.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.


## 2. Privat forbruk

### 2.1. Nokre resultat

Nasjonalrekneskapen –  
Konsum i hushald til ulike  
kulturgode og fritidstenester

Førebelse tal frå nasjonalrekneskapen (sjå del 2.2) syner at dei norske hushalda brukte til saman nær 137 milliardar kroner i 2013 til ulike typar kulturgode og fritidstenester. Dette er ein auke på 3,3 milliardar kroner, eller 2,5 prosent, frå 2012. I 2013 utgjorde fritidstenester 58,3 milliardar kroner, eller 43 prosent, av det totale kulturkonsumet. Aviser, blomstrar og andre ikkje-varige fritidsvarer kom på 26,4 milliardar kroner, eller 19 prosent. Foto- og IT-utstyr utgjorde 23,1 milliardar, eller 17 prosent, og sportsutstyr, hobbyartiklar, leiker med meir utgjorde 21,0 milliardar, eller 15 prosent. Sjå tabell 2.1 og figur 2.1.


**Figur 2.1. Konsum i hushald, etter type kulturgode. 2013. Prosent**



Kjelde: Nasjonalrekneskapen, Statistisk sentralbyrå.

Konsumet til fritidstenester auka med 2,5 milliardar kroner, eller 4 prosent, frå 2012 til 2013. Konsumet til fritidstenester stod for den største delen av auken i kulturkonsumet, også frå 2010 til 2011, da auken i dei fire andre hovudgruppene låg mellom 0 og 3 prosent. Sjå figur 2.2.

**Figur 2.2. Konsum i hushald, hovudgrupper, gjeldande priser. 2000–2013. Millionar kroner**




Kjelde: Nasjonalrekneskapen, Statistisk sentralbyrå.

*10 prosent av  
hushaldsbudsjettet til kultur  
og fritid*

Forbruksundersøkinga 2012 viste at utgiftene til kultur og fritid var den fjerde største utgelta, med 43 300 kroner, og utgjorde 10 prosent av dei årlege utgiftene til hushalda. Til samanlikning gjekk 31 prosent av hushaldsbudsjettet til bustad, lys og brensel, 19 prosent til transport og 12 prosent til matvarer og alkoholfri drikke.

**Figur 2.3. Del til kultur og fritid per hushald av total forbruksutgift. Frå 1999-2001 til 2012.**  
**Prosent**




Kjelde: Forbruksundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Innanfor tenestegruppa kultur og fritid var dei årlege utgiftene for 2012 følgjande på dei ulike grupperingane:

- Audiovisuelt utstyr – 7 500 kroner
- Andre varer, kultur og fritid – 3 900 kroner
- Anna utstyr, fritid og hage – 8 600 kroner
- Tenester, kultur og fritid – 10 100 kroner
- Aviser, bøker og skrivemateriell – 4 900 kroner
- Feriereiser, pakketurar – 8 400 kroner

Ser ein på dei ulike typane hushald, var det til dels store skilnader. Hushald som består av par med barn, der yngste barnet er mellom 7 og 19 år, brukte mest pengar på kultur og fritid, 76 200 kroner, eller 11,3 prosent av totale forbruksutgifter. Dei som brukte minst på kultur og fritid i forhold til totalt forbruk, var einperson-hushald, med 26 600 eller 9 prosent. Sjå tabell 2.2 og figur 2.4.

**Figur 2.4. Årlege utgifter per hushald til tenester, kultur og fritid, etter type hushald. 2012.**  
Kroner



Kjelde: Forbruksundersøkinga, Statistisk sentralbyrå..

## 2.2. Om statistikken – privat forbruk

Statistisk sentralbyrå (SSB) nyttar to ulike metodar for å kunne syne det private forbruket til ulike kulturgode og tenester i det norske samfunnet. Den eine er forbruksundersøkinga, den andre er nasjonalrekneskapen. Inndelinga i hovudgrupper er noko ulik i desse to kjeldene, men undergruppene er nær heilt like.

### Nasjonalrekneskapen

Nasjonalrekneskapen viser utviklinga i norsk økonomi. Utviklinga blir målt ved bruttonasjonalproduktet og andre hovedstørleikar. Rekneskapen inneheld også mange tal for ulike delar av samfunnsøkonomien, mellom anna om næringer, hushald, arbeidsmarknad og utanrikshandel. Nasjonalrekneskapen byggjer på tal frå dei fleste av SSBs økonomiske statistikkar. Det finst tal frå nasjonalrekneskapen heilt tilbake til 1865. Nasjonalrekneskapen er viktig for utforminga av den økonomiske politikken.

### Forbruksundersøkinga

Statistisk sentralbyrås forbruksundersøking er lagt om frå å vere ei årleg til ei periodisk undersøking. Dei siste tala er frå 2012.

### Meir informasjon

Temaside - forbruket i hushalda. (<http://www.ssb.no/inntekt-og-forbruk>)

Temaside – nasjonalrekneskap. (<http://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer>)

Tabell 2.1. Konsum i hushald, gjeldande prisar. 2004-2013. Millionar kroner

Type kulturgode	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010 <sup>1</sup>	2011 <sup>2</sup>	2012 <sup>2</sup>	2013 <sup>2</sup>
I alt .....	<b>95 489</b>	<b>99 840</b>	<b>106 681</b>	<b>114 519</b>	<b>117 551</b>	<b>119 178</b>	<b>124 469</b>	<b>128 344</b>	<b>133 398</b>	<b>136 770</b>
Foto- og IT-utstyr .....	16 401	17 231	19 478	21 521	22 374	21 313	22 518	22 456	23 110	23 100
Utstyr for mottaking, opptak og reproduksjon av lyd og bilet .....	8 862	9 339	10 737	11 853	11 830	10 956	10 913	10 749	..	..
Fotoutstyr, kikkertar mv. ....	914	962	1 020	1 121	1 158	1 220	1 298	1 360	..	..
IT-utstyr .....	6 625	6 930	7 721	8 547	9 386	9 137	10 307	10 347	..	..
Sportsutstyr, hobbyartiklar, leiker mv ...	14 889	15 822	17 222	19 245	19 753	20 127	20 449	20 781	20 782	21 046
Film, CD, kassettar og liknande .....	3 921	4 135	4 617	5 125	5 344	5 079	4 593	4 533	..	..
Leiketøy og hobbyartiklar .....	3 627	3 782	3 989	4 256	4 371	4 660	4 701	4 802	..	..
Utstyr til sport og camping .....	3 141	3 305	3 805	4 209	4 242	4 430	4 607	4 700	..	..
Bøker .....	4 200	4 600	4 811	5 655	5 796	5 958	6 548	6 744	..	..
Varig kultur- og fritidsutstyr .....	5 387	5 588	5 881	7 138	7 091	7 258	7 611	7 576	7 648	7 945
Større gjenstandar for utandørs rekreasjon .....	4 659	4 846	5 094	6 301	6 216	6 343	6 537	6 462	..	..
Musikkinstrument, større gjenstandar for innandørs rekreasjon .....	728	742	787	837	875	915	1 074	1 114	..	..
Aviser, blomstrar og anna ikkje-varige fritidsvarer .....	18 949	19 762	20 760	22 492	23 314	24 126	24 754	25 680	25 995	26 355
Blomstrar og hage .....	6 713	7 043	7 348	8 007	8 371	8 670	8 809	9 093	..	..
Kjæledyr .....	1 741	1 827	2 042	2 226	2 331	2 419	2 460	2 048	..	..
Aviser, vekeblad og tidsskrift mv. ....	9 375	9 716	10 152	11 004	11 362	11 714	12 113	12 634	..	..
Papirvarer .....	1 120	1 176	1 218	1 255	1 250	1 323	1 372	1 405	..	..
Fritidstenester .....	39 863	41 437	43 340	44 123	45 019	46 354	49 137	51 851	55 862	58 324
Reparasjon av audiovisuelt, foto og IT-utstyr .....	275	267	227	200	201	207	187	183	..	..
Reparasjon av fritidsutstyr .....	211	205	186	174	193	182	187	136	..	..
Veterinærtenester og andre tenester som gjeld kjæledyr .....	433	469	516	532	692	738	712	812	..	..
Sport og fritidstenester .....	7 704	7 020	6 534	6 922	7 085	7 514	7 563	8 412	..	..
Kulturelle tenester, underhaldning .....	9 847	11 067	12 656	15 077	15 530	16 746	18 108	..	..	..
Lotteri- og totalisatorspel .....	11 650	12 353	12 161	9 695	8 344	8 349	8 646	8 826	..	..
Pakketurar .....	9 743	10 056	11 060	11 523	12 974	12 618	13 734	14 964	..	..

<sup>1</sup> Fleire av tala er korrigerte. <sup>2</sup> Førerbelse tal.

Kjelde: Nasjonalrekneskapen, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 2.2. Utgift per hushald, etter type hushald og etter vare- og tenestegruppe. 2012. Kroner**

09 Vare- og tenestegruppe	Alle hus-hald	Einperson-hushald	Par utan barn	Par med barn, yngste barn 0-6 år	Par med barn, yngste barn 7-19 år	Mor eller far med barn, yngste barn 0-19 år	Andre hushald
<b>Forbruksutgift i alt .....</b>	<b>435 507</b>	<b>295 397</b>	<b>486 844</b>	<b>569 989</b>	<b>671 907</b>	<b>387 937</b>	<b>493 542</b>
<b>Kultur og fritid i alt .....</b>	<b>43 347</b>	<b>26 614</b>	<b>50 823</b>	<b>56 821</b>	<b>76 159</b>	<b>36 384</b>	<b>40 883</b>
Personar per hushald .....	2,12	1,00	2,00	4,01	3,96	2,34	2,94
091 Audiovisuelt utstyr .....	7 515	5 502	6 688	10 956	12 653	7 406	8 154
Utstyr for mottaking, opptak og reproduksjon av lyd og bilet .....	3 364	2 513	3 197	5 191	5 147	2 854	3 201
Fotoutstyr, kikkertar mv. ....	805	576	974	1 050	1 138	886	461
IT-utstyr .....	2 496	1 615	2 000	3 502	5 144	2 690	3 414
Film, CD, kassettar og liknande .....	826	799	452	1 152	1 225	975	1 077
Reparasjon av audiovisuelt, foto og IT-utstyr .....	24	..	65	62	..	..	..
092 Andre varer, kultur og fritid .....	3 888	2 852	4 446	5 771	7 280	201	699
Større gjenstandar for utandørs rekreasjon .....	3 291	2 710	3 630	4 691	5 665	44	572
Musikkinstrument, større gjenstandar for innandørs rekreasjon .....	382	50	453	914	1 107	78	98
Reparasjon av større gjenstandar for kultur og fritid .....	215	93	364	166	508	79	29
093 Anna utstyr, fritid og hage .....	8 570	3 686	9 402	14 634	17 739	8 109	9 154
Spel, leikar og hobby .....	1 591	418	1 220	5 587	2 422	2 468	1 136
Utstyr til sport og camping .....	1 890	415	1 796	4 196	4 929	977	2 651
Blomstrar og hage .....	2 965	1 776	4 217	3 490	4 178	2 208	2 991
Kjæledyr .....	2 124	1 076	2 169	1 361	6 210	2 456	2 376
094 Tenester, kultur og fritid .....	10 103	6 391	12 024	11 631	16 819	11 199	10 617
Sport og fritidstjenester .....	2 896	1 150	2 743	4 247	7 330	4 501	3 071
Kulturelle tenester, underhaldning .....	4 933	3 147	5 744	6 354	7 525	5 732	5 391
Spel og lotteri .....	2 274	2 093	3 537	1 031	1 964	965	2 154
095 Aviser, bøker og skrivemateriell .....	4 884	3 184	6 503	5 078	7 289	3 357	5 810
Bøker .....	1 638	1 198	1 691	1 956	2 698	1 444	1 899
Aviser og tidsskrift .....	2 649	1 633	4 308	2 101	3 555	1 055	3 096
Diverse trykksaker .....	288	176	252	497	470	368	404
Papirvarer .....	309	177	252	524	566	490	411
096 Feriereiser, pakketurar .....	8 387	5 000	11 761	8 751	14 379	6 113	6 450

Kjelde: Forbruksundersøkinga, Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken, tabell 10236.

### 3. Sysselsetjing og føretak i kulturnæring

Tal om kulturnæring i Noreg har tidligare ikkje vore samanliknbare med kulturstatistikk frå andre land i Europa. Det har vore eit ønskje, spesielt frå europeisk hald, om å få ein felles statistikk om kultur for å kunne sjå på den økonomiske og sosiale rolla kulturen har. Løysinga har vore ein europeisk standard som definerer kva kultur er når vi studerer arbeid, økonomi og andre forhold relaterte til kultur (ESSnet-Culture 2012). Med ESSnett-Kultur-standarden viser vi utviklinga for kulturnæring i Noreg frå 2008 til 2013 målt i sysselsetjing. Dette har vore ei dramatisk tid for alle næringar og det har si årsak i finanskrisa i 2008. Det har også vore ei tid med store endringar for kulturnæringsane, som kjem av globalisering og digitalisering. Kapittelet er delt opp i fleire avsnitt, først avsnitt om sysselsetjing og deretter om føretak.

#### 3.1. Nokre resultat

Nær 79 000 personar hadde hovudjobben sin i ei kulturnæring i 2013

I dette kapittelet om sysselsetjing finn vi at 3 prosent av dei sysselsette i Noreg i 2013 har hovudjobben sin i kulturnæringa. Jobbane i kulturnæringa er geografisk ujamt fordelt, over halvdelen av alle jobbane samla i kulturnæring er i Oslo, Bergen, Trondheim eller Stavanger. Oslo er klart størst med 39,1 prosent av alle sysselsette i kulturnæring. Sysselsetjingsinformasjonen er supplert med informasjon om føretak. Offentlige føretak leverar ikkje rekneskap og manglar derfor i tabellane om omsetnad og så vidare. Men opplysningane om føretaka som har levert rekneskap, fortel at det er mange kulturføretak samla, 38 000 føretak i kulturnæringa var registrerte aktive per 1. januar 2013. Mange av dei er nyetablerte, etableringsraten for kulturnæringa var på 1,8 i 2012. Etableringsraten er talet på nyetableringar i kulturnæringa uttrykt som ein prosentandel av alle aktive føretak i alle næringar same året. Med mange føretak blir det få sysselsette i kvart føretak. Samla er omsetninga låg for mange kulturnæringsane, med unntak av dei som tradisjonelt er knytte til offentlege ordningar.

#### Introduksjon

Kultur blir definert som produktiv aktivitet som hovudsakleg er sentrert om produksjon eller distribusjon av kulturelle varer eller tenester. Denne definisjonen er grunnlaget for alle tabellane i dette kapittelet. Kulturnæringsane er svært ulike, og det er behov for inndeling i ulike typar kulturnæringsgrupper. I alt blir åtte kulturdomene nytta der næringar med liknande produkt er samla i same kulturdomene. Kulturnæring kan vere driven av frivillige eller løna. Idrett, interesseorganisasjonar generelt og religion er ikkje inkluderte i kulturnæring. Populasjonen, dei verksamdene vi kallar kulturnæring, er knytte til denne definisjonen og registreringa av verksemndene i verksemdsregisteret.

Definisjonen av kulturnæring er basert på ein europeisk standard og gir derfor samanliknbare resultat med andre land som nyttar same inndelinga (ESSnet-Culture 2012). Tala om sysselsetjing er henta frå sysselsetjingsregisteret, og opplysningar om føretaksdemografi er frå føretaksregistret. Sjå kapittel 3.3 for informasjon om kulturnæring, registera og populasjonane. Yrker er ikkje undersøkte, i eller utanfor kulturnæring.

Formålet med å telje opp talet på sysselsette er å kunne seie noko om kor mange som er involverte i produksjonen av kultur i Noreg. Dei sysselsette vi studerer, har sitt hovudarbeid i kulturnæring, og det betyr at dei er avhengige av kulturnæring for å forsørge familien. Samstundes er det nyttig å sjå på kultur som ein produktiv aktivitet, mykje av aktiviteten er tilført offentlege midlar, men svært mykje har også si årsak i vanlege økonomiske høve både med og utan stønad, der produksjon og arbeid blir gjort mot betaling i ein open global marknad.

Interessa for kulturnæringa har auka frå politisk hald i Europa ettersom kulturnæringsane har skapt forventingar om vekst (European Commission 2012). Men i

Noreg har sysselsetjinga i kulturnæringa hatt varierande vekst eller tilbakegang, som resultata i dette kapittelet vil vise. For enkelte av kulturdomena har perioden 2008-2013 vore negativ, målt i sysselsetjing.

### 3.2. Sysselsetjing i kulturnæringa

I og med at vi i år har tal på sysselsetjinga i kulturnæring frå 2008, er det mogleg å sjå på både utviklinga etter finanskrisa og på utviklinga for kulturnæringa i ei tid prega av globalisering og digitalisering. Først ser vi på kulturnæringa i samanheng med alle næringane i Noreg, før vi ser på dei ulike kulturdomena og meir detaljerte forhold knytte til sysselsetjing og føretak i kulturnæringa.

*Om lag 3 prosent av dei sysselsette i Noreg i 2008-2013 hadde hovudjobben sin i kulturnæringa*

#### Utvikling av kulturnæringane

År for år er det ulik utvikling på aggregert nivå for kulturnæringer og alle næringar målt i talet på sysselsette, men differansen i storleikstilhøve er omtrent på same nivå over tid i perioden 2008-2013. Det er eit generelt fall i sysselsetjing i alle næringar i perioden 2008-2009, medan kulturnæringer hadde tilsynelatande nok vekst. I perioden etter, 2009-2010 hadde kulturnæringer tilbakegang målt i sysselsetjing, medan alle næringar samla hadde vekst. Frå 2010-2011 hadde alle næringar høgare vekst enn kulturnæringer, medan kulturnæringer hadde eit hopp i perioden 2011-2012, medan alle næringar hadde meir moderat vekst. I den siste perioden, i 2012-2013, hadde kulturnæringer ein lågare vekst i høve til alle næringar. Alle næringar samla hadde ein vekst i sysselsetjing på 1,2 prosent, medan kulturnæringer hadde vekst på 0,6 prosent i 2012-2013. Frå tabellane 3.1 og 3.2 kan ein sjå korleis kulturnæringer over tid har hatt vekst eller tilbakegang, og i rykk og napp og med eit større hopp i 2011-2012 har halde eit storleikstilhøve til sysselsetjing i alle næringar på om lag 3 prosent. Unntaket var i 2009, da hadde 3,1 prosent av dei sysselsette hovudarbeidet sitt i kulturnæring.

**Tabell 3.1. Sysselsetjingsvekst i kulturnæring og alle næringar, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Kulturnæringer .....	76 124	76 165	75 361	75 983	78 557	79 035
Aller næringar .....	2 525 000	2 497 000	2 517 000	2 562 000	2 589 000	2 619 000

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakkarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

I kulturnæringane samla i perioden 2008-2013 auka talet på sysselsette med litt over 2 900 personar. I 2008 var 76 100 sysselsette i kulturnæringane. Utviklinga over tid er svingande for kulturnæringane samla, det er ingen jamn vekst. Svinginga mellom framgang, stagnasjon og tilbakegang veksler hyppig, spesielt gjeld det når vi ser på sysselsetjing i kulturnæring fordelt på fylke, men det gjeld også kulturnæringa generelt, som tabell 3.2 fortel, at stagnasjon i periodar blir erstatta av tilbakegang eller stor framgang. Det var nesten inga endring frå 2008 til 2009 i sysselsetjingstala. Så var det eit fall i 2010 i sysselsetjinga i kulturnæringane, til nær 75 400. Deretter auka sysselsetjinga i 2011 til nesten same nivået som i byrjinga på tidsserien, 2008 og 2009. Så var det eit byks i 2012 i sysselsetjinga i kulturnæringane, til nesten 78 600. Siste året er det ei utflating, da nær 79 000 personar hadde hovudjobben sin i ei kulturnæring i 2013. Det er noko usikkerheit knytt til tala fordi det er mange sjølvstendige i kulturnæringane. Men over tid er det mogleg å stadfeste at det har vore vekst i kulturnæringane dei siste åra.

**Tabell 3.2. Sysselsettingsvekst i kulturnæringer og alle næringar<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013. Prosent**

	2008-2009	2009-2010	2010-2011	2011-2012	2012-2013
Kulturnæringer .....	0,1	-1,1	0,8	3,4	0,6
Aller næringar .....	-1,1	0,8	1,8	1,1	1,2

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakkarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

## Kulturdomene 2008-2013

Kulturnæringane er inndelte i kulturdomene for å kunne følgje ulike typar kulturnæringer. Kulturnæringane har til felles at dei produserer eller distribuerer kultur, men dei opererer samstundes ikkje under same vilkår. Nokre næringar har global konkurranse, slik som aviser som konkurrerer med globale nettavisar, eller forleggarar som konkurrerer med utanlandske forlag og distributørar. Andre næringar, slik som folkebibliotek eller arkiv, er ikkje utsett for same type global konkurranse da ingen erstattar besøk på lokalt bibliotek med besøk på bibliotek i ein storby utanlands. Finansieringa av verksemndene er ulik i dei forskjellige kulturdomena, nokre føretaksgrupper er i stor grad finansierte av det offentlege, slik som institusjonsteater, nokre museum, alle folkebibliotek. Andre føretaksgrupper får ikkje overføringar frå det offentlege, slik som reklamebyrå, arkitektfirma, eller TV-produsentar som leverar til kommersielle kringkastarar. Nokre føretak kan likevel få tilskot ved produksjon av film eller eit anna kulturprodukt der det er produksjonsstøtte å få. Dette fører til ulik eksponering for kommersielle strukturelle endringar. Derfor er det hensiktsmessig å sjå på den ulike utviklinga for dei ulike kulturdomena sjølv om vi i detalj ikkje kan følgje den ulike interne eksponeringa for risiko eller tilgang til offentleg støtte. Som tidlegare nemnt er kulturnæringane inndelt i åtte kulturdomene i Noreg, inndelinga i spesifikk næring på kulturdomene er dokumentert i del 3.3.

**Tabell 3.3. Sysselsette i kulturnæring, etter kulturdomene<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>76 124</b>	<b>76 165</b>	<b>75 361</b>	<b>75 983</b>	<b>78 557</b>	<b>79 035</b>
Arkitektur .....	5 540	5 311	5 325	5 539	5 843	5 959
Bøker og aviser .....	23 303	21 851	21 089	21 105	20 714	19 953
Fleirdisiplinarbeid .....	1 366	1 461	1 427	1 422	1 398	1 441
Kulturarv, arkiv og bibliotek .....	7 942	8 554	8 191	8 300	8 261	8 595
Media .....	12 528	12 134	12 316	12 354	12 547	12 370
Reklame .....	6 324	5 595	5 794	5 982	5 953	6 119
Utøvande kulturformer .....	11 634	13 312	13 686	13 769	15 079	15 487
Visuelle kulturformer .....	7 487	7 947	7 533	7 512	8 762	9 111

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakrar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.4. Sysselsetningsvekst i kulturnæring, etter kulturdomene<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2009 til 2012-2013. Prosent**

	2008-2009	2009-2010	2010-2011	2011-2012	2012-2013
I alt .....	<b>0,1</b>	<b>-1,1</b>	<b>0,8</b>	<b>3,4</b>	<b>0,6</b>
Arkitektur .....	-4,1	0,3	4,0	5,5	2,0
Bøker og aviser .....	-6,2	-3,5	0,1	-1,9	-3,7
Fleirdisiplinarbeid .....	7,0	-2,3	-0,4	-1,7	3,1
Kulturarv, arkiv og bibliotek .....	7,7	-4,2	1,3	-0,5	4,0
Media .....	-3,1	1,5	0,3	1,6	-1,4
Reklame .....	-11,5	3,6	3,2	-0,5	2,8
Utøvande kulturformer .....	14,4	2,8	0,6	9,5	2,7
Visuelle kulturformer .....	6,1	-5,2	-0,3	16,6	4,0

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakrar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Arkitektur er eit kulturdome som samlar næringar som er knytte til arkitektur, det kan vere føretak som driv med planlegging av byar eller landskap og teikning av bygg. I domenet arkitektur er tendensen frå 2008 at sysselsetjinga aukar, over 400 fleire var sysselsette i 2013 samanlikna med 2008. I 2013 var nær 6 000 personar sysselsette i domenet arkitektur.

Bøker og aviser er føretak som gir ut bøker, aviser eller blad av ulik art. Det er også føretak som forfattar litteratur av ulik art inkludert sjølvstendige næringsdrivande forfattarar, og dei butikkane som er spesialiserte på sal av bøker, blad og aviser. I perioden 2008-2013 hadde kulturdomenet bøker og aviser ein tilbakegang på om lag 3 400 sysselsette. Frå 2008 til 2009 fall sysselsetjinga for bøker og aviser med nær 1 500 personar. Den følgjande årsperioden fall det vidare med nesten 800. Mellom 2010 og 2011 er det ikkje noko utvikling for bøker og aviser. Så fall

sysselsetjinga ytterlegare i perioden 2011-2012 med nær 400, før det i 2012 til 2013 forsvinn nærmere 800 sysselsette. Finanskrisa kan ha påverka til eit sterkt fall i sysselsetjinga i 2009 og 2010 for domenet bøker og aviser. Men i og med at den negative utviklinga held på også inn i 2013, må fallet over lengre tid bli forklart med noko anna enn finanskrisa. At aviser og bøker har konkurranse frå globale aktørar, er kjent, og kombinasjonen global handel og digitale verktøy er ein bakgrunn som kan forklare fallet for bøker og aviser over tid. Digitaliseringa av aviser og bøker endrar ikkje berre produktet, men også distribusjonen og forbruket. Nå er konkurransen om eit avisabonnement meir regional og global enn han var før, og ei bok, om ho er i papirversjon eller elektronisk utgåve, kan ho kjøpast over Internett med ein datamaskin eller mobiltelefon utan at ein er innom ein butikk eller nettbutikk i Noreg. I 2013 var nær 20 000 personar sysselsette i domenet bøker og aviser.

Fleirdisiplinarbeid er ein kategori konstruert for å halda næringar som går over mange ulike typar produkt. Her er berre næringa omsetjing- og tolketenester. Næringa kan inkludere både reine tolketenester av tale og omsetjing av tekst, som litteratur, nettsider eller brev, så vel som omsetjing av film og TV-program, desse er ulike typar produkt og derfor blir omsetjings- og tolketenester rekna som fleirdisiplinarbeid i kulturnæring. Fleirdisiplindomenet står også, med ein auke frå 2008, på under 100 sysselsette. Det har i fleirdisiplinarbeid vore ei ganske stabil sysselsetjing gjennom desse åra, sjølv om det for den enkelte sysselsette kan ha vore store endringar. I 2013 var over 1 400 personar sysselsette i domenet fleirdisiplinarbeid.

Kulturarv, arkiv og bibliotek samlar ulike typar næringar som har til felles at dei alle er nært knytte til kulturarv. Her er museum, arkiv og ulike typar bibliotek som står registrert som eigne føretak. Kulturarv, arkiv og bibliotek hadde også ein auke i sysselsetjinga i perioden 2008-2013. Om vi rundar av til nærmeste hundre, auka kulturarvdomenet med 700 sysselsette i perioden. I 2013 var nær 8 600 personar sysselsett i domena kulturarv, arkiv og bibliotek.

Media som kulturdomene samlar kringkastarar av radio og fjernsyn, kinoar, produsentar av musikk, dataspel, film og fjernsynsprogram, og butikkar som sel musikk, video, film eller dataspel. Media er eit kommersielt kulturområde som leverar varer og tenester til befolkninga og andre næringar. Media er i global konkurranse med tilbydarar som opererer og leverer varer digitalt, eller som leverer tradisjonelle kulturvarer til låg pris frå utlandet. Media har nær 200 færre sysselsette i 2013 samanlikna med 2008, utan at det er på grunn av ein eintydig negativ utvikling slik som for bøker og aviser. Media er avhengig av viljen annonsørar har til å betale for reklameplass, og domene er avhengig av velviljen bankane har til å gi lån til produksjonar eller ved omstillingar. Tilbakegangen i talet på sysselsette er mest eit fall i sysselsetjinga i 2009, det var året etter starten på finanskrisa, og media fall med 400 sysselsette. I tida etter er sysselsetjinga omrent på same nivå, med ein svak auke frem til og med 2012, og deretter var det eit fall på 200 sysselsette til 2013. I 2013 var nær 12 400 personar sysselsette i domenet media.

Reklame er reklamebyrå. Reklame er som media eit kommersielt kulturområde. Reklamemarknaden er global, og annonseklass og produksjon kan leverast av utanlandske selskap til norske annonsørar. Det er eit par hundre færre sysselsette i reklame i 2013 samanlikna med 2008. Men dette verkar å ha si årsak i finanskrisa. På starten av finanskrisa fall sysselsetjinga i reklame med 900, deretter auka sysselsetjinga alle år unntatt for 2012. Over 6 000 var sysselsett i domenet reklame i 2013.

I domenet utøvande kulturformer finn vi føretak som driv kulturskolar i dei tilfella kulturskolen er registrert som føretak, vidare er i domenet orkester, band, teater og liknande, og utøvande artist-verksemder. Utøvande kulturformer hadde i perioden ein vekst på nær 3 900 sysselsette. Midt i finanskrisa, i årsperioden 2008-2009,

auka sysselsetjinga med nær 1 700, den største auken i perioden fram til 2013. I 2013 var nær 15 500 personar sysselsette i domenet utøvande kulturformer.

I domenet visuelle kulturformer finn vi næringar som driv med grafisk design, fotografi, kunstproduksjon og liknande, inkludert kunstnarar med eigen verksem. Visuelle kulturformer har ei brokete utvikling frå år til år, med tilbakegang i perioden 2009-2011. Stor vekst før og etter nedgangen gir ein auke i sysselsetjing i perioden 2008-2013 på noko over 1 600 sysselsette. I 2013 var meir enn 9 000 personar sysselsette i domenet visuelle kulturformer.

Tala frå dei ulike kulturdomena fortel at finanskrisa kan ha hatt innverknad på fleire av kulturdomena, spesielt i 2009. Ei finanskrisje er temporær medan globalisering og digitalisering vil være over lengre tid, derfor er omfanget av innverknaden uklar under finanskrisa da kulturnæringane svinga i storleik og er utsett for større endringar som allereie kan gi negativ utvikling.

Finanskrisa var først og fremst ei finansieringskrise, det ble vanskeleg å få lån fordi bankane sjølv hadde vanskar med å låne pengar. Kulturnæringane har ulike behov for lån, ved kjøp eller oppføring av bygg, eller før store produksjonar har gitt nødvendig inntening, eller ved store innkjøp av produksjonsmateriale og teknologi. I tillegg er delar av kulturnæringa avhengig av annonsørar eller oppdrag frå andre næringar utanfor kulturnæringa, desse næringane kan på si side ha vore ramma av finanskrisa.

Samstundes som ei finanskrisje kan hindre tilgjenge til lån, er det likevel mykje aktivitet som ikkje er avhengig av lån. Til dømes treng ein ikkje lån for å gå på kino. Det vil seie at dei som i 2009 ønskte å gå for å sjå ein film, gjorde det utan å måtte diskutere med ein bank. Kinobesøk, museumsbesøk og anna kulturforbruk tyder på at folk hadde midlar til innkjøp av kulturelle varer og tenester. Mange av kulturnæringane har offentleg finansiering, frå kommune, fylkeskommune eller frå stat. Derfor er det ulik utvikling over tid for dei ulike kulturdomena under finanskrisa.

### Årsverk i kulturnæringane

Dei sysselsette i kulturnæringane i 2013 utførte om lag 65 400 årsverk, ein auke på 1 200 årsverk sidan 2008, sjå tabell 3.5 etter tekstdelen. Auken er lågare i høve til sysselsetjinga som voks med 2 900 personar i same perioden. Det indikerer at det fanst fleire jobbar med noko mindre arbeidsmengd i perioden. Dette gjeld spesielt nokre kulturdomene. For å forenkle framstillinga av utviklinga uttrykkjer vi her arbeidsmengda per sysselsett som ein rate, der talet på årsverk er delt på talet sysselsette. Eit årsverk er om lag 1 950 timer inkludert ferietid. For sjølvstendige blir årsverk berekna utifrå lønnene deira, medan det for tilsette er basert på avtalt arbeidstid i året. Eit årsverk per sysselsett ville gitt ein rate på 1. I 2008 var raten for årsverk per sysselsatt i kulturnæring samla på 0,84. Raten auka til 0,85 i 2009, og går tilbake til 0,84 i 2010. I 2011 går raten årsverk per sysselsett ned til 0,83, der han blir i 2012 og 2013 for kulturnæringane samla. Dei store endringane skjer internt i dei ulike kulturdomena.

For arkitektur er endringa i årsverk-per-sysselsett-rata opp til 0,94 i 2013 frå 0,93 i 2008, som reflekterer noko meir arbeidsmengde per sysselsett i 2013 mot 2008. Reklame har same rate, 0,89, i 2013 som i 2008. Media hadde ein rate årsverk til sysselsett på 0,85 i 2013, mot 0,83 i 2012. Visuelle kulturformer hadde ein rate på 0,84 i 2013, mot 0,91 i 2008, noko som tyder på at veksten i sysselsette i domenet visuelle kulturformer ikkje har kome med ein like stor vekst i arbeidsmengd. Bøker og aviser hadde ein rate på 0,82 i 2013, mot 0,83 i 2008. Fleirdisiplinarbeid hadde ein rate på 0,81 årsverk per sysselsett i 2013, mot 0,86 i 2008. Kulturarv, arkiv og bibliotek hadde ein rate på 0,78 i 2013, mot 0,77 i 2008. Utøvande kulturformer endar med den lågaste raten årsverk per sysselsett i 2013, på 0,77, ei endring frå 0,82 i 2008.


Fleirdisiplinarbeid, visulle kulturformer og utøvande kulturformer hadde vekst i talet på sysselsette i perioden 2008-2013, men veksten i årsverk er markant mindre eller negativ i same periode, derfor fall ratane på årsverk per sysselsett. Her kan det vere at dei sjølvstendige har lite inntening, og tar ut lite løn, og det kan reflekterast i lågare tal årsverk mot tal sysselsette. Det kan vere at statistikk over lønsutvikling kan gi meir informasjon om dette.

### Fylkesvis fordeling av sysselsetjing i kulturnæringerne

I Oslo arbeider 17,3 prosent av alle sysselsette i alle næringar i landet, medan heile 39,1 prosent av alle sysselsette i kulturnæring arbeider der. Berre i fylket Oslo gjeld det at det arbeider fleire i kulturnæringa i høve til det ein ville ha forventa om kulturnæringa var jamt fordelt. Det betyr at når vi seier at 3 prosent av dei sysselsette har hovudarbeidet sitt i kulturnæring i Noreg, seier vi ikkje at dei er jamt fordelte i landet, vi antyder berre omfanget totalt i landet.

For å antyde kor ujamt fordelt over fylka sysselsetjinga i kulturnæringerne er, kan vi slå saman Oslo og Akershus, med Hordaland, Rogaland og Sør-Trøndelag, da ser vi at desse fem fylka står samla for 67,3 prosent av sysselsetjinga i kulturnæringerne i 2013, dei andre fylka står for 32,6 prosent, fordelinga er vist i figur 3.1. I Oslo har nær 31 000 personar hovudarbeidet sitt i ei kulturnæring i 2013, medan det er 48 000 sysselsette i kulturnæring same året samla for resten av fylka. For alle fylka unntatt Oslo gjeld det at delen sysselsette i kulturnæring er under 3 prosent av alle sysselsette i alle næringar der.


**Figur 3.1. Del av sysselsetjing i kulturnæringer, etter fylke. 2011-2013. Prosent**



Kjelde: Registerbasert sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Ved å samanlikne sysselsetjinga i kulturnæringane i fylket med omfanget av sysselsetjinga generelt i fylket får vi eit bilete på kulturnærings innverknad og omfang i dei enkelte fylka, dette gjer vi i figur 3.2. I Oslo er omfanget av kulturnæringa stort, der har 6,9 prosent av dei sysselsette hovudjobben sin i ei kulturnæring. Oslo, Sør-Trøndelag og Finnmark er tre fylke der sysselsetjinga har større innverknad for den totale sysselsetjinga i fylka. Oslo skil seg ut frå alle, Sør-Trøndelag og Finnmark har kultursysselsetjing målt i næring nær gjennomsnittet på 3 prosent. Det betyr at medan alle andre fylke har lågare sysselsetjing i kulturnæring i forhold til forventinga, var kulturnæring jamt fordelt. Men vi forventar ikkje jamn fordeling. Kulturnæring er ofte samla i delar av ein by, og distribusjonen er dominert av eit fåtal av byar i verda (Pratt 2007). Globalt er visse stader kjend for å vere knytte til enkelte kulturprodukt på grunn av konsentrasjonen av produksjon der. Døme historisk vil vere Fleet Street i London kjent for aviser og anna trykkjerie relatert verksemder, Hollywood kjent for film, Nashville kjent for musikk, Paris kjent for kunst. Betydinga stadene har for produksjon, vil variere over tid. Som i andre land forventar vi å finne lokalisering av kulturnæringsverksemder i Noreg nær andre verksemder i same eller komplimenterande næring, spesielt i storby, der verksemdene er nær kundar, finansiering og relevant arbeidskraft.

**Figur 3.2. Del av alle sysselsette i fylket sysselsatt i kulturnæring. 2011-2013. Prosent**



Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

## Sysselsetjing i storbyar


I Oslo er ein god del av dei sysselsette i kulturnæring. Oslo er både by og fylke og er derfor enkel å skilje ut i denne statistikken. I fylka vil det vere tendensar til lokalisering av kulturnæring i dei større byane. Dei fire byane Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger kan tene som illustrasjon på lokalisering av kulturnæring i by, sjølv om det ikkje er heilt presist. Det vil vere tendensar til lokalisering rett utanfor bygrenser også. I Oslo i 2013 hadde 31 000 hovudarbeidet sitt i kulturnæringa, i Bergen 5 400, i Trondheim 4000 og i Stavanger 2 500. For landet vil det seie at i 2013 var om lag 42 800 av dei sysselsette i kulturnæringa i desse fire byane. Det utgjorde 54 prosent av sysselsetjinga i kulturnæring. Oslo er klart den største byen for kulturnæring.

Bergen, Trondheim og Stavanger er ikkje heilt like. Trondheim har av desse størst del av dei sysselsette i fylket byen høyrer til, Bergen er ganske likt med Trondheim i del, og Stavanger har minst del. Poenget her er at by ikkje er det same som tettstad, eller lokaliseringssenter for kulturnæring. Forholdet mellom sysselsette i kulturnæring i byen uttrykt som prosent av dei sysselsette i kulturnæring i fylket kan illustrere ei ulik fordeling av kulturnæring i desse byane. Av over 7 000 sysselsette i kulturnæring i Hordaland var 77 prosent knytt til verksemder i Bergen, i Sør-Trøndelag var 4 700 sysselsette i kulturnæring, og av dei var 84 prosent knytt til verksemder i Trondheim, og i Rogaland var det av 4 800 i kulturnæring om lag 52 prosent i arbeid knytt til verksemder i Stavanger. Det kan vere at Stavanger er nært knytt til Sandnes, og at Sandnes i realiteten er ei forlenging av konsentrasjonen av kulturnæring i Rogaland i eit område som dekkjer Stavanger og Sandnes. Og vi må tru at det vil vere kulturnæring nær dei andre byane også. Derfor kan vi samanfatte og seie at fylke og by ikkje fullt ut fortel om lokalisering av kulturnæring, men samtidig er det ein enkel illustrasjon over tendensen til lokalisering rundt få stader.

## Svingingar i sysselsetjingstala

Kulturnæring kan svinga frå vekst til tilbakegang på kort tid, sjølv om næringar generelt går godt. Dette slår ulikt ut i dei ulike fylka, mykje fordi kulturnæringsane er små i nokre fylker. Det illustrerer to forhold verd å sjå nærmare på i seinare publikasjonar, det er ulik utvikling i dei ulike fylka, nokre har tilbakegang medan andre har framgang same året, og dei små forholda nokre stader kan gi utfordring i å få nyt arbeid dersom ein må finne ny arbeidsplass i kulturnæringa. Sjå figur 3.3, der svingingar i kulturnæring frå år til år er geografisk fordelt på fylke.

**Figur 3.3. Sysselsetjingsendring i alle næringer og kulturnæring. 2011-2012 og 2012-2013. Prosent**



Kjelde: Registerbasert sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

I figur 3.3 kan vi sjå at fylka Østfold, Telemark, Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag er vekst i kulturnæring målt i talet på sysselsette i 2011-2012, medan dei har negativ utvikling i perioden 2012-2013. Det illustrerer korleis kulturnæring svingar når ein vurderer utviklinga på fylkesnivå.

### Sysselsetjingsstraum og kontinuitet i kulturnæring

Dei fleste blir i same kulturnæring i ein periode målt over to år. For dei som er sysselsett i ei kulturnæring eitt år, gjeld det at dei ved byte av næring til neste år som regel går heilt ut av alle kulturnæringer, og sjeldnare går til ei anna kulturnæring. Vi vet ikkje kva som ligg bak byte av næring, og derfor heller ikkje kva som gjer at kulturnæring mistar mange til andre næringar ved byte av næring.

Sysselsette kan byte næring av eige ønskje, eller dei kan vere nøydde til å finne nytt arbeid på grunn av nedlegging av arbeidsplassen, eller andre forhold som gjer at dei må gå. Uansett årsak ser vi på endring av næring for å få overblikk over straumen av sysselsette for kulturnæringerane. Slik kan vi sjå kva for ei kulturnæring som er mest stabil, det kulturdomene der flest blir i same kulturnæring, og kva kulturnæring som oftast mistar sysselsette til andre kulturnæringer, eller til næringar utanfor kulturnæring. Denne løysinga er ein variant av sysselsetjingsstraumstudiane. Det er vanleg å følgje bevegelsane til dei sysselsette gjennom organisasjonar, gjennom opprettinga eller nedlegginga av stillingar som verksamheden gjer, eller kombinasjonar av begge (Burgess 2000). Årsaka til at vi ser på

byte av næring, er for å kunne stadfeste eit tal på kontinuiteten i sysselsetjinga i kulturnæring, da kulturnæring står fram som usikkert arbeid for mange.

I denne framstillinga av sysselsetningsstraumen nyttar vi informasjon om dei som er sysselsett to år på rad. Dersom dei er sysselsett to år på rad, ser vi på om dei er i same kulturnæring, om dei har gått til ei anna kulturnæring, eller om dei har gått ut av kulturnæring. Dei som ikkje er sysselsett på andre året, er ikkje med i denne statistikken, heller ikkje dei som ikkje var sysselsett første året i tidsserien.


*Av dei sysselsette i kulturnæring var 84 prosent i same næring 2012-2013*

Kulturnæringa hadde i 2012 nesten 78 600 sysselsette, og året etter var det 79 000. Av desse ser vi på om lag 72 200 som var sysselsett begge åra. I figur 3.4 viser vi tal på sysselsetningsstraumen frå 2012 og 2013. Dei sysselsette har alle vore sysselsett begge åra. Kontinuerleg i same kulturnæring begge åra var 84 prosent av utvalet. Til anna kulturnæring gjekk 4 prosent, og til anna næring utanfor kulturnæring forsvann heile 12 prosent. At så mange gjekk ut av kulturnæring, er litt overraskande da vi kunne tru at mange verkeleg ønskjer å arbeide i kulturnæring. Det kan vere at det handlar om spesialisering, at kulturnæring er ein kompleks aktivitet, og det kan bli vurdert at mange års spesialisering krevst for å bli vurdert som aktuell kandidat, og derfor kan spesialisering i ei kulturnæring vere eit hinder for arbeid i ei anna kulturnæring. I og med at kulturnæringa er geografisk ujamm, og sysselsetjinga svingar i dei enkelte fylka, kan det gi opphav til behov for å bytte til næring utanfor kulturnæring om flytting ikkje er mogleg. Likevel kan det vere grunn til å vente med å konkludere, da det vil vere mykje arbeidsstadsbytte i storbyane. Vi kartlegg berre kontinuiteten, vi får ikkje studert årsaker. At sysselsette byter næring, er ikkje så spesielt i seg sjølv, det kan handle om alder og karriere eller økonomi. Dei unge byter arbeid ofte (Johansen 2013), slike jobbskifte kan vere eit ledd i karriereutviklinga deira, og det kan vere at dei som byter arbeid, søker seg til arbeid med betre eller tryggare løn. Uansett årsak kan straumen av sysselsette ut av kulturnæring til andre typar næringar gi eit tap av kompetanse frå kulturnæringa. Ferdigheiter i eit arbeid blir opparbeida over tid på jobben, og når 12 prosent går ut av kulturnæring til anna næring, inneber det eit tap i kontinuitet for kulturnæringa, sjølv om det kanskje for den enkelte vil vere til anna relevant kulturrelatert arbeid.

Svært lange og svært korte karrierar kan vi ikkje vurdere når vi ser på to tidspunkt med eit års mellomrom. Men gitt avgrensande vilkår i informasjon om den enkelte over tid kan vi likevel frå stolpene i figuren observere dei kulturnæringsdomena som i størst grad gjer ein karriære i kulturnæring, det gjeld kulturnæringer innanfor kulturdomena arkitektur og kulturarv, arkiv og bibliotek. Desse to domena har lågast prosentdel sysselsette som går ut av kulturnæring andre året i den observerte perioden 2012-2013. Dei er også dei mest stabile kulturdomena, 93 prosent av dei i domenet arkitektur i 2012 blir i same næring 2013, og 89 prosent av dei i domenet kulturarv, arkiv og bibliotek blir i same næring 2013.

Kulturdomena utøvande kulturformer, media og bøker og aviser har høgast prosentdelar av dei som etter å ha vore sysselsett i næringa i 2012, ved byte av næring gjekk til anna kulturnæring i 2013. Over 6 prosent av dei i domenet utøvande kulturformer gjekk til anna kulturnæring i 2013, 5 prosent av dei i media gjorde også det, og nær 5 prosent av dei i kulturdomenet bøker og aviser gjekk til anna kulturnæring ved byte av næring.

**Figur 3.4. Sysselsetningsstraum, byte av næring blant sysselsette i kulturnæring, etter kulturdomene. 2012 og 2013. Prosent**



Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

### Stabile kjønnsskilnader i kulturdoma

#### Kjønnssfordeling

Det er stabile kjønnsskilnader mellom dei ulike kulturdoma. 49,6 prosent av dei med hovudjobb i kulturnæringsane samla i 2013 er kvinner. Det er store skilnader i kjønnssfordelinga i dei ulike kulturdoma som betyr at ei total prosentfordeling ikkje bør nyttast som indikator. I kulturarv, arkiv og bibliotek er 65,2 prosent av dei sysselsette kvinner, fordelinga vidare er 63,6 prosent i fleirdisplinarbeid, 53,5 prosent i bøker og aviser, 50,5 prosent i visuelle kulturformer, 47,1 prosent i utøvande kulturformer, 45,4 prosent i arkitektur, 40,3 prosent i media, og lågast del finn ein i reklame der 39,9 prosent er kvinner.

Berre visuelle kulturformer har liknande kjønnssfordeling som for alle kulturnæringer kombinert. I visuelle kulturformer var 50,5 prosent av dei sysselsette i 2013 kvinner, mot 49,6 prosent totalt for alle kulturnæringsane. Forskjellane mellom dei ulike domena er tydelege og stabile over tid. For kulturarv, arkiv og bibliotek var 66,9 prosent av dei sysselsette med hovudarbeid der i 2009 kvinner, medan det var 65,2 prosent kvinner i 2013. Og for domenet reklame var 42,2 prosent av dei sysselsette i 2009 kvinner, mot 39,9 prosent i 2013.

Over tid er fordelinga mellom kjønna med hovudarbeid i kulturnæringsa stabil på nær 50 prosent dei siste tre åra. Utviklinga for dei ulike kulturområda er at dei ikkje beveger seg raskt mot 50 prosent fordeling, avstanden frå 50 prosent er stabil. Inndelinga av kulturnæringsa i kulturdoma viser seg nyttig da det verkar som ulike typar næringer når vi vurderer den kjønnssfordelte sysselsetjinga. Sjå tabell 3.14 og 3.15 om kjønn i kulturnæringsa.

#### Innvandrargar i nokre kulturnæringer

8,3 prosent av dei sysselsette i utvalde kulturnæringer hadde innvandrarbakgrunn i 2013. Det er til samanlikning 6,3 prosentpoeng færre enn for alle næringer.

Av dei sysselsette med innvandrarbakgrunn i utvalde kulturnæringer var 5,5 prosent frå landgruppe 1 (EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand), og 2,8 prosent var frå landgruppe 2 (Europa utanom EU/EFTA. Asia inkludert Tyrkia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Oseania utanom Australia og New Zealand). Sjå tabell 3.16 og del 3.3 i Om statistikken.

**Føretaka i kulturnæring - 89 milliardar kroner i omsetnad 2012**

### Føretak i kulturnæring og omsetnad

Omsetnaden i kulturnæring i 2012 var på 89 milliardar kroner, unntatt offentlege selskap som ikkje er med i føretaksstatistikken. Omsetnaden det året var 1,7 prosent av den totale omsetnaden for alle aktive føretak same år. Den største omsetnaden er i domenet bøker og aviser, som omsette for 32 milliardar i 2012, sjå tabell 3.17.

Det er ikkje enkelt å vurdere kulturnæringa opp mot andre næringar. Kulturnæring har i 2013 færre enn to sysselsette per føretak i statistikken i tabell 3.17. Gjennomsnitt er ikkje den beste måten å vurdere føretak på, men det er ein indikasjon om forholda. Kulturnæring har slik sett mange små føretak målt i sysselsett per føretak. I SSBs statistikk for føretak 2012 kan vi lese at dei større føretaka, dei med 100 eller fleire sysselsette, er berre 0,5 prosent av alle føretaka, men står for 50 prosent av omsetnaden (SSB 2014). Å samanlikne kulturnæring med næringar som har mange store og mellomstore føretak, verkar derfor ikkje uproblematisk.

Ei mogleg samanlikning for kulturnæring er med føretak med verksemd i telekommunikasjon og informasjonsteknologi, næringsgrupper 61, 62 og 63 (SSB 2008). I 2012 var det i desse næringane 9 607 føretak, med nær 57 500 sysselsette, og ein omsetnad på nær 146 milliardar kroner. I telekommunikasjons- og informasjonsteknologiføretaka var det i 2012 nær seks sysselsette per føretak, og dei omsette for om lag 2,5 millionar kroner per sysselsett. Kulturnæringane, derimot, omsette for 1,3 millionar kroner per sysselsett same året. Dermed må kulturnæringane doble omsetnaden for å likne på telekommunikasjons- og informasjonsføretaka, når vi vurderer dette på generelt nivå, ikkje føretak mot føretak. Som nemnt har kulturnæringane ein noko anna føretaksprofil, med mange føretak samla og få sysselsette per føretak. Eit kulturdome skil seg ut i 2012, for kulturarv, arkiv og bibliotek gjeld det at det var litt fleire enn sju sysselsette per føretak, og omsetnaden i domenet var da 2,6 millionar per sysselsett. Denne typen føretak i kulturarv har ansvar for store bygg og omfattande samlingar, og derfor blir store summar tilførte denne typen institusjonar, men desse summane har ikkje vore synlege før i 2012, etter det vi antar er ei registreringssendring som har auka omsetnaden for føretaka i domene for kulturarv. Det som gjeld for kulturarv, er ikkje ein typisk situasjon for kulturnæring, ikkje alle får midlar frå det offentlege. Lågaste omsetnaden per sysselsett har domenet utvande kulturformer, med 631 000 kroner per sysselsett i 2012. Vi kan generelt konkludere med at det er låg omsetnad per sysselsett i kulturnæringane, når vi samanliknar med telekommunikasjons- og informasjonsnæringar. Men det er ikkje sikkert at det er ei god samanlikning.

Veksten i omsetnad etter 2010 kjem av ein vekst innanfor kulturdomenet kulturarv, arkiv og bibliotek. Det kan vere at det er tilført midlar til området, men meir sannsynleg er det eit resultat av endringar i registrering, eller forbetra rapportering. Utan kulturarv, arkiv og bibliotek er det vekst i omsetnad frå 2011 til 2012 på om lag 1 prosent. Media og bøker og aviser har negativ utvikling i omsetnad, media har 2,7 prosent mindre omsetnad i 2012 mot året før, medan bøker og aviser har ein tilbakegang på 1,5 prosent i omsetnad. Arkitektur går mest fram, med 7,5 prosent auke i omsetnad, reklame går fram med 5,0 prosent frå 2011 til 2012.

Omsetnaden for kulturnæringane var på 76 milliardar i 2010, mens han for 2009 var på omrent 75 milliardar kroner. For 2010 manglar registrering av omsetnaden for drift av kulturhistoriske museum. Kva dette kjem av er ikkje godt å seie, det kan vere ei endring i føretaksforma frå privat til offentleg, eller anna relatert til

konsolidering. Dette kan sjåast på som eit problem knytt til datatilgangen frå rekneskapane for aktuelle museum.

### Aktive føretak og nyetableringar

I alt var det 38 000 aktive føretak per 1. januar 2013 i kulturnæringa. 8,8 prosent av alle aktive føretak var kulturnæringsføretak i 2012. Flest føretak er i utøvande kulturformer, 12 900 føretak i 2013, sjå tabell 3.18.

Utøvande kulturformer hadde nær 2 800 nyetableringar i 2013, mens visuelle kulturformer hadde 2 400. Av i alt 7 900 nyetableringar i kulturnæringerne utgjer visuelle og utøvande kulturformer til saman 65 prosent av alle nyetableringane. Kulturnæringerne hadde ein etableringsrate på 1,8 i 2012, medan den var på 1,7 i 2009 til og med 2011. Etableringsraten er berekna ved å dele talet på nyetablerte kulturføretak på det totale talet for aktive føretak same året, og gonge med 100. Dei nyaste tilgjengelege tala for alle føretak er for 2012, derfor har vi ikkje nyare tal. Det var omtrent 7 700 nyetableringar i kulturnæringer i 2012 og totalt nær 435 000 aktive føretak i Noreg same året. Etableringsraten er ikkje ofte brukt som indikator for nyetableringar, men sjølv om det ikkje er vanleg, er det raskt å forstå og viser mykje informasjon i eit tal.

Formålet med å følgje nyetableringar er å kunne vurdere om tapte arbeidsplassar kan bli erstatta av jobbar som blir skapte ved nyetableringar i kulturnæringa. Med tala i tabellane kan vi førebels berre seie noko om graden av nyetableringar, vi har ikkje informasjon om sysselsetjinga i nyetablerte føretak. Men generelt er nyetablerte føretak viktige for å få opp sysselsetjinga etter nedgangstid (Schrör 2008).

### Oppsummering

Sysselsetjinga i kulturnæringerne var 3 prosent av den totale sysselsetjinga i 2013. Det betyr at arbeidsplassane har innverknad på den totale sysselsetjinga i Noreg. Arbeidsplassane i kulturnæring er ikkje geografisk jamt fordelt. I Oslo arbeider 17,3 prosent av alle sysselsette i alle næringar i landet, medan heile 39,1 prosent av alle sysselsette i kulturnæring arbeider der 2013. Omsetnaden i kulturnæringerne 2012 var 1,7 prosent av den totale omsetnaden for alle aktive føretak det året. Det betyr at det er mange sysselsette i kulturnæringerne, men det er relativt lite pengar. Både sysselsetjinga og omsetnaden er fordelt på svært mange føretak.

Kulturnæringerne har potensial til å bidra til sysselsetjinga i Noreg. Stabil sysselsetjing er avhengig av gode økonomiske høve. Den låge omsetnaden kan bety at det finansielt ikkje er økonomisk enkelt å drive i kulturnæringa. Indikasjonen av stabilitet fortel at det er vanleg ved endring av næring å gå ut av kulturnæring for dei sysselsette. Det kan ha konsekvensar for kulturnæringa som tapar kompetanse til andre næringar. Det kan også vere at det er vanskeleg å etablere ein karriere for dei som arbeider i kulturnæring. Etter finanskrisa er vi statistikkprodusentar oppfordra til å gå nærmare på individua i statistikken nettopp for å fange aspekt knytte til grunnlaget for eit godt liv, og det å ha arbeid er eit av fleire grunnlag (Stiglitz mfl. 2011). Å ha ein jobb å gå til blir rekna som viktig for den enkelte, og vesentleg for samfunnet. Ei mogleg forbetriring av statistikken vil vere å sjå nærmare på individua som er involverte, og inntekta dei har, spesielt bør vi sjå på dei med mindre inntening. Dette og anna utvikling i sysselsetjinga og dei føretaksdemografiske forholda kan ein følgje opp over tid gjennom kulturnæringsstandarden som er presentert her med aktuelle resultat.

### 3.3. Om statistikken – sysselsetjing og føretak i kulturnæringerne

#### Sysselsetjing

*Populasjonar som blir nytta*

Registerbasert sysselsetningsstatistikk er organisert rundt personen som identifiserande eining. Personane er identifiserte med fødselsnummer og er i alderen 15-74

år. Dei har, for å bli med i statistikken som sysselsette, utført arbeid som varer minst ein time. Gjennom hovudarbeidet blir personar plasserte berre i ei verksemد. Dei med to eller fleire arbeidsforhold blir plasserte der dei har hovudarbeidet sitt. Avtalt arbeidstid indikerer hovudarbeidet for desse personane. Ved arbeidsinnvandring blir ein med i statistikken dersom ein har bustad i Noreg. Korte arbeidsopphald er ikkje inkluderte.

Måletidspunktet i sysselsetjingsstatistikken er 3. veka i november, og står oppført som 4. kvartal i Statistikkbanken.

Kulturnæringer er identifisert gjennom arbeid i næring kategorisert som kulturnæringer etter SN2007 standard (SSB 2008). Ein serie på den same standarden kan konstruerast tilbake til 2008. For 2007 og tidlegare må ei kulturnæringer kategoriserast etter tidlegare næringsgruppestandard.

I tabellane for sysselsetjing i kulturnæringer blir variablane talet på personar, årsverk, kjønn og fordeling på fylke nytta. Talet på personar er enkelt å få fram, da personar er identifiserande eining i datasettet, og talet på personar blir ein enkel sum av dei som har hovudarbeid i kulturnæringer. Årsverk blir laga av ei kalkulering der arbeidstida blir rekna om til årsverk der 37,5 timer arbeid i veka blir sett som utgangspunkt. Dei faktiske årsverka slik dei blir talde i verksemda, kan avvike noko frå utrekninga. Men årsverk indikerer likevel arbeidsmengda for næringsgruppa. Kjønn er henta frå personnummeret. Fordelinga av person på fylke går via adressa til verksemda. Mange kan bu ein annan stad enn der dei arbeider og pendlar til arbeid. Det vil også vere nokre verksemder med ei adresse, som har turnear eller aktivitetar fleire stader, som står plassert på berre ein stad.


Dokumentasjon av statistikken er å finne på [www.ssb.no/regsys](http://www.ssb.no/regsys) under feltet Om statistikken. Samanliknbare tabellar er å finne i Statistikkbanken, både tabellane 07984 og 03877 inneheld den same populasjonen som blir nytta for sysselsetjings-tabellar for kulturnæringer, fleire tabellar er å finne med same populasjon. Totaltala for registerbasert sysselsetjing er avstemde mot arbeidskraftundersøkinga (AKU) som nyttar heile tusental på høgste nivå.

Fylkesvis fordeling av sysselsetjing i kulturnæringer kan samanliknast med fylkesvis fordeling av sysselsetjing i alle næringar. Om ein forventar at alle næringar er omtrentleg gjennomsnittleg eller jamt fordelte, og at dei ulike kulturnæringerane også er omtrentleg gjennomsnittleg fordelt, kan ein bruke balassaindeks for å sjå på fordelinga. Sjølv om vi veit at næringar ofte ikkje er gjennomsnittleg fordelte, og vi veit at kulturnæringer heller ikkje er jamt fordelte, nyttar vi likevel balassaindeks for å illustrere på enkelt vis den ujamne fordelinga over fylke. Ei betre geografisk inndeling ville ha vore inndeling i tettstader, men det er samtidig eit poeng at tettstader ikkje har ei politisk eining. Derfor er det relevant å sjå på fylke, da kommunar og fylkeskommunar kan relatere til desse inndelingane om dei vil forstå korleis kulturnæringer er fordelt over fylka.

Balassaindeksen tar som utgangspunkt (sysselsetjinga i kulturnæringer i fylket / sysselsetjinga i alle næringar i fylket) / (sysselsetjinga i kulturnæringer i landet / sysselsetjinga i alle næringar i landet). Dersom alle fylke hadde jamn fordeling av kulturnæringer og jamn fordeling av alle næringar, ville vi sjå verdian på 1 for dei ulike fylka i balassaindeksen for kulturnæringer over fylker i Norge 2013. Det er lagt inn ein referanseverdistolpe i figuren, med verdi 1. Oslo har 2,26 gonger referanseverdien. Oslo er det einaste fylket med verdi over 1, medan Sør-Trøndelag har 0,96 og Finnmark har 0,95. Verdiane nær 1 kan ha si årsak i fråvær av mange andre næringar enn kulturnæringer i fylket, og det kan ha si årsak i noko høgare nærvær av kulturnæringer. Vi forventar at samisk språk og organisasjonar med språkspesialisert produksjon kan vere noko av grunnen til høg førekommst av kulturnæringer i Finnmark, medan fråvær av høgkompetansenæringar også kan vere med på å gi kulturnæringer ein stor innverknad på sysselsetjinga i Finnmark. Sjå også Menons

publikasjon Kulturnæringens betydning for norsk økonomi der balassaindeks blir nytta på kulturnæring (Menon 2011).

**Figur 3.5. Balassaindeks for kulturnæring, etter fylker i Norge. 2013**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå, registerbasert sysselsetningsstatistikk.

### Innvandrarar i arbeid i kulturnæring

#### Kategoriar

- A Fødd i Noreg med to norskefødde foreldre
- B Innvandrarar: Utanlandsfødde med utanlandske foreldre (tidlegare «førstegongsinnvandrarar»)
- C Norskefødde med innvandrarforeldre (tidlegare «etterkomarar»)
- D Utanlandsfødde med ein utanlandsfødd forelder
- E Fødd i Noreg med ein utanlandsfødd forelder
- F Fødd i utlandet av norskefødde foreldre og utanlandsadopterte

Totalt 2 465 000 er registrerte sysselsette i Noreg i 2013 i ein samanliknande populasjon for innvandrarar i arbeid i kulturnæringa. Av desse er 360 000 sysselsette innvandrarar. Denne totalpopulasjonen avvik noko frå populasjonen for sysselsette, talet er mindre da dei sjølvstendig næringsdrivande er utanfor populasjonen.

Sysselsette i registerbasert sysselsetningsstatistikk er personar mellom 15 og 74 år som har utført minst ein times arbeid i registreringsveka. Innvandrarar er her utanlandsfødde med utanlandske foreldre (kategori B, tidlegare «førstegongsinnvandrarar») og norskefødde med innvandrarforeldre (kategori C, tidlegare «etterkomarar»). Norskefødde med innvandrarforeldre er ennå ei lita gruppe og utgjer 20 000 sysselsette totalt i 2013. Desse er registrerte på bakgrunn av landbakgrunnen til mora. Nærare halvparten av desse er under 21 år gamle. Utan innvandarbakgrunn er dei som er fødde i Noreg med to norskefødde foreldre, utanlandsfødde med ein utanlandsfødd forelder, fødd i Noreg med ein utanlandsfødd forelder, fødd i utlandet av norskefødde foreldre og utanlandsadopterte.

For dei med innvandrarbakgrunn blir det nytta to kategoriar. I landgruppe 1 er dei frå EU-/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. I landgruppe 2 er dei frå Europa utan EU/EFTA, Asia (med Tyrkia), Afrika, Sør og Mellom-Amerika og Oseania utan Australia og New Zealand. Innvandrarar vert plasserte i ei av desse to kategoriane. Dersom foreldra er frå forskjellige land, blir personen plassert i landgruppa for moras fødeland.

## Føretak

Føretaksstatistikken tek utgangspunkt i aktive føretak. Totalen for alle aktive føretak i alle næringar i føretakstabellane er den same som kan finnast i tabell 08228 i Statistikkbanken, ein tabell over føretak med tal på omsetnad og sysselsetjing unntatt for offentleg forvaltning. Omrent 435 000 føretak er registrerte aktive i denne tabellen for referanseåret 2012. Ved å trekke etter dei same kriteria som for tabellen over alle aktive føretak, og velje ut berre føretak i kulturnæringer, blir det skapa ein populasjon over kulturnæringer for føretakstabellar. Alle føretaka er hovudpopulasjonen, som vi ikkje nyttar da dei inkluderer svært mange juridiske einingar utan aktivitet; alle aktive føretak blir her ein føretakspopulasjon (på 435 000 i 2012, sjå tabell 08228 i Statistikkbanken), alle aktive føretak i kulturnærings per 1. januar er ein trekkpopulasjon vi nyttar i tabell om nyetableringar og nedleggingar (på 36 000 i 2012), alle aktive føretak som er målt eit gitt tidspunkt gjennom året, er ein annan trekkpopulasjon vi nyttar her om omsetnad og føretaksdemografi (på 34 000 i 2012). Nyetablerte føretak i kulturnærings (på 7 700 i 2012) kan samanliknast med totalen på alle aktive føretak (på 435 000 i 2012) eller med alle kulturnæringsføretak (på 34 000 i 2012). Fylke er i føretaksstatistikken basert på adressa til føretaket.

Informasjon om nyetablering er henta frå juridisk registrering i Einingsregisteret. Tre krav må vere oppfylte for at eit føretak skal bli rekna som nyetablering: 1. Det skal ikkje vere eit allereie eksisterande føretak som har vore inaktivt, som er aktivisert og blir med i statistikken; 2. Det skal ikkje vere eit resultat av ei samanslåing til eit nytt føretak; 3. Det skal ikkje vere ei næringsgruppeendring, der aktivitetsendringa i føretaket gir tilvekst i kulturnæringsa. Registreringsfeil kan slumpe til som i all annan statistikk, men desse krava blir rekna som oppfylte i variabelen nyetablering i føretaksdemografien for kulturnærings.

Nokre av næringane høyrer i stor grad til offentleg sektor, slik som folkebibliotek eller kulturskolar. I føretaksstatistikken blir det ikkje publisert tal på omsetnad for kulturskolane eller kunstfagundervisning. Omsetnaden er vanskeleg å kalkulere da mykje av aktiviteten deira er underlagd andre verksemder. Derfor er omsetnaden deira ikkje med i totalen for omsetnaden for domenet utøvande kulturformer.

## Næringsklassifisering internasjonalt

Den norske standarden for næringsgrupper SN2007 baserer seg på den europeiske næringsklassifisinga NACE rev. 2 (Eurostat 2008). SN2007 er tilpassa norske forhold, men er samanliknbar med andre europeiske standardar baserte på NACE rev. 2. Derfor kan ESSnett-Kultur nytte NACE for å definere kulturnæringer i ulike land i Europa. Vi kan også nytte ESSnett-Kultur-definisjonen for å lage ei kulturnærings i Noreg. Det europeiske systemet for næring er basert på den internasjonale standarden for klassifisering av produktive aktivitetar, ISIC rev. 4. ISIC blir nytta for klassifisering etter økonomisk aktivitet i statistikkar om nasjonalrekneskap, føretaksdemografi, sysselsetjing og anna (UN Statistics Division 2008). ISIC har eksistert sidan 1948. Gjennom å ta i bruk eit heilt igjennom internasjonalt system for produktiv aktivitet kan dei norske tala i stor grad samanliknast med tal frå andre nasjonar om dei brukar lik definisjon av kulturnærings.

### 3.4. Omgrep og definisjonar

#### Kulturnæringsstandarden

Ein standard for kulturnæringsstandarden kan nyttast til å sortere ut kultur frå annan økonomisk aktivitet i Noreg. Kulturnæringsstandarden tek utgangspunkt i eit allereie eksisterande system for næring. I det statistiske systemet for næring som SSB nyttar, blir næringar delte inn etter innsats, tilverking og produkt. Grunnlaget for inkludering av ei næring som kulturnæringsstandarden er ei total eller hovudsakeleg tilknyting til kultur i deira tilverking med vekt på sluttproduktet. Kva som skal vere kultur i næring, kan diskuterast. Men nokre næringar er enklare å bli einig om som kulturnæringsstandarden, desse næringane er med i kulturnæringsstandarden her. Systemet for kulturnæringsstandarden er henta frå eit europeisk samarbeid for kulturstatistikk, Europeisk statistisk systemnettverk for kultur, ESSnett-Kultur (ESSnet-Culture 2012). ESSnett-Kultursystemet er kompatibelt med UNESCOs system for kulturstatistikk (UNESCO 2009). Meir informasjon om kulturnæringsstandarden vil vere å finne i ESSnett-Kultur-rapporten og avsnittet om definisjonar bakarst i dette kapittelet.

Det er tre tilfelle av kultursysselsetjing etter ESSnett-Kultur-standarden:

1. Dei som har eit kulturyrke og er sysselsett i kulturnæringsstandarden, for eksempel ein ballettdansar i ein ballettinstitusjon, ein tekstforfattar i eit reklamebyrå, eller ein produsent i ein TV-kanal.
2. Dei som har eit kulturyrke og er sysselsett utanfor kulturnæringsstandarden, for eksempel ein produktdesignar i industrien, ein webdesignar i ei ingeniørverksemnd, eller ein fotograf i ein interesseorganisasjon.
3. Dei som er sysselsett i kulturnæringsstandarden utan å ha eit kulturyrke, for eksempel ein rekneskapsførar hos ein forleggjar, ein IT-ansvarleg på eit museum, eller ein kioskansatt på kino.

Yrke	Næring	
	Kulturnæringsstandarden	Andre næringar
Kulturyrke	1	2
Andre yrker	3	

I kulturnæringsstatistikken har vi berre med tilfella 1 og 3, dei som uansett yrke er sysselsett i kulturnæringsstandarden.

I kulturnæringsstandarden i Noreg blir det nytta åtte område for å identifisere kultur i økonomisk aktivitet: 1. Arkitektur; 2. Bøker og aviser; 3. Fleirdisiplinarbeid; 4. Kulturarv, arkiv og bibliotek; 5. Media; 6. Reklame; 7. Utøvande kulturformer; og 8. Visuelle kulturformer<sup>4</sup>. Ei oversikt over alle næringane følgjer.

#### Kulturnæringsstandarden fordelt på kulturelle domene og næringssgrupper

Kulturnæringsstandarden, basert på ESSnett-Kultur, inkludert norske kategoriar (ESSnet-Culture 2012). Inndelt etter kulturelle domene.

##### Arkitektur

- 71.111 Plan- og reguleringsarbeid
- 71.112 Arkitektenester i samband med byggverk
- 71.113 Landskapsarkitektenester

<sup>4</sup> Eit domene, ikkje inkludert her, som er med i ESSnett-Kultur-diskusjonen om kultur i næring, blir kalla art craft. Det kan omsetjast til kulturhandverk i Noreg, da kunsthåndverk er ein etablert term for ei form for visuell kunst. Art craft kan ikkje identifiserast i næringssgrupperingar i Europa, og blir derfor ikkje med i kulturnæringsstandarden. Men domenet kan vere aktuelt for ein kulturyrkesstandard om yrkesutøvarar er mogelege å identifisere.

## Bøker og aviser

- 47.61 Butikkhandel med bøker. Omfattar alle typar bøker
- 47.62 Butikkhandel med aviser og papirvarer
- 58.11 Utgiving av bøker
- 58.13 Utgiving av aviser
- 58.14 Utgiving av blad og tidsskrift
- 63.91 Nyheitsbyrå
- 90.019 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemde ikkje nemnde annan stad
- 90.034 Sjølvstendig kunstnarleg verksemde innanfor litteratur
- 90.039 Sjølvstendig kunstnarleg verksemde ikkje nemnd annan stad

## Fleirdisiplinarbeid

- 74.30 Omsetjings- og tolkeverksemde

## Kulturarv, arkiv og bibliotek

- 91.011 Drift av folkebibliotek
- 91.012 Drift av fag- og forskingsbibliotek
- 91.013 Drift av arkiv
- 91.021 Drift av kunst- og kunstindustrimuseum
- 91.022 Drift av kulturhistoriske museum
- 91.023 Drift av naturhistoriske museum
- 91.029 Drift av museum ikkje nemnd annan stad
- 91.03 Drift av historiske stader og bygningar og liknande som er sjåverdige

## Media

- 47.63 Butikkhandel med innspelingar av musikk og video
- 58.21 Utgiving av programvare for dataspel
- 59.11 Produksjon av film, video og fjernsynsprogram
- 59.12 Etterarbeid i tilknyting til produksjon av film, video og fjernsynsprogram
- 59.13 Distribusjon av film, video og fjernsynsprogram
- 59.14 Filmframvising. Omfattar framvising av film eller videofilm i kinoar, i friluft eller andre stader for framvising. Omfattar også filmklubbverksemde
- 59.20 Produksjon og utgiving av musikk- og lydopptak
- 60.10 Radiokringkasting
- 60.20 Fjernsynskringkasting
- 77.22 Utleige av videofilm, DVD og liknande

## Reklame

- 73.11 Reklamebyrå

## Utøvande kulturformer

- 85.521 Kommunal kulturskoleundervisning
- 85.522 Undervisning i kunstfag
- 85.529 Anna undervisning innanfor kultur
- 90.011 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemde innanfor musikk
- 90.012 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemde innanfor scenekunst
- 90.02 Tenester i tilknyting til underhaldningsverksemde
- 90.032 Sjølvstendig kunstnarleg verksemde innanfor musikk
- 90.033 Sjølvstendig kunstnarleg verksemde innanfor scenekunst
- 90.04 Drift av lokale i tilknyting til kunstnarleg verksemde

## Visuelle kulturformer

- 74.101 Industridesign, produktdesign og annan teknisk designverksemد
- 74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign
- 74.103 Interiørarkitekt-, interiørdesign- og interiørkonsulentverksemد
- 74.20 Fotografverksemد
- 90.031 Sjølvstendig kunstnarleg verksemد innanfor visuell kunst

### Kjelder

- Burgess, S. L., Julia; Stevens, David (2000): «Job Flows, Worker Flows, and Churning», i *Journal of Labor Economics* **18**(3): 26.
- ESSnet-Culture (2012): «ESSnet -Culture Final Report 2012.» 556.
- ESSnet-Culture (2012): «ESSnet -Culture Final Report 2012 Task Force 3 Cultural Industries.» 98.
- European Commission (2012): «Promoting cultural and creative sectors for growth and jobs in the EU.» *Communication*: 14.
- Eurostat (2008): «NACE Rev. 2 Statistical classification of economic activities in the European Community.» *Methodologies and Working papers*: 369.
- Johansen, I. (2013): *Jobbskifter bland eldre arbeidstakere*, Rapporter 2013/60, Statistisk sentralbyrå.
- Menon (2011): «Kulturnæringens betydning for norsk økonomi.»
- Pratt, A. (2007): «An economic geography of the cultural industries.» *LSE Research Online*.
- Schrör, H. (2008): «Enterprise births survivals and deaths - employment effects.» *Eurostat Statistics in focus*(44).
- SSB (2008): «Standard for næringsgruppering.» NOS(D383).
- SSB (2014): «Føretak, 2012.»
- Stiglitz mfl. (2011): «Report by the Commission on the Measurement of Economic Performance and Social Progress.»
- UN Statistics Division (2008): International Standard Industrial Classification of All Economic Activities Revision 4. *Statistical Papers*. Eb, United Nations. **Series M**: 307.
- UNESCO (2009): «2009 UNESCO Framework for Cultural Statistics».

**Tabell 3.5. Sysselsette, årsverk i kulturnæring, etter kulturdomene<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>64 214</b>	<b>64 527</b>	<b>63 084</b>	<b>62 884</b>	<b>65 522</b>	<b>65 424</b>
Arkitektur .....	5 153	4 940	4 925	5 177	5 502	5 605
Bøker og aviser .....	19 274	18 294	17 340	17 266	17 182	16 401
Fleirdisplinarbeid .....	1 172	1 212	1 123	1 108	1 165	1 163
Kulturarv, arkiv og bibliotek .....	6 152	6 531	6 381	6 494	6 497	6 717
Media .....	10 375	10 247	10 307	10 392	10 670	10 566
Reklame .....	5 658	4 992	5 019	5 303	5 298	5 446
Utøvande kulturformer .....	9 592	11 102	11 191	10 615	11 764	11 897
Visuelle kulturformer .....	6 838	7 209	6 798	6 529	7 444	7 629

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakrar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.6. Sysselsette i kulturdomenet arkitektur<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>5 540</b>	<b>5 311</b>	<b>5 325</b>	<b>5 539</b>	<b>5 843</b>	<b>5 959</b>
Østfold .....	155	152	161	162	173	174
Akershus .....	279	283	263	273	294	310
Oslo .....	2 334	2 151	2 165	2 294	2 459	2 500
Hedmark .....	116	112	116	117	121	142
Oppland .....	93	90	86	101	103	103
Buskerud .....	174	166	166	170	179	185
Vestfold .....	154	158	160	162	177	178
Telemark .....	138	142	144	138	143	136
Aust-Agder .....	54	51	55	71	117	82
Vest-Agder .....	129	129	128	123	113	106
Rogaland .....	431	415	412	389	391	410
Hordaland .....	465	456	441	462	496	541
Sogn og Fjordane .....	87	89	93	87	87	88
Møre og Romsdal .....	169	173	189	204	206	206
Sør-Trøndelag .....	469	448	458	489	496	521
Nord-Trøndelag .....	68	74	78	78	75	80
Nordland .....	85	84	84	86	88	70
Troms Romsa .....	112	111	101	99	98	103
Finnmark Finnmark .....	27	26	25	32	25	22

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakrar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.7. Sysselsette i kulturdomenet bøker og aviser<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>23 303</b>	<b>21 851</b>	<b>21 089</b>	<b>21 105</b>	<b>20 714</b>	<b>19 953</b>
Østfold .....	865	772	762	766	700	646
Akershus .....	1 334	1 330	1 272	1 261	1 287	1 292
Oslo .....	9 365	8 776	8 486	8 747	8 700	8 490
Hedmark .....	688	622	576	566	558	545
Oppland .....	530	459	502	499	491	451
Buskerud .....	783	660	664	674	612	644
Vestfold .....	645	625	565	527	532	517
Telemark .....	568	504	489	453	454	444
Aust-Agder .....	338	314	303	320	293	274
Vest-Agder .....	592	576	568	538	525	497
Rogaland .....	1 518	1 368	1 319	1 283	1 226	1 115
Hordaland .....	1 984	1 952	1 900	1 647	1 602	1 505
Sogn og Fjordane .....	331	300	296	287	288	255
Møre og Romsdal .....	739	697	656	673	663	638
Sør-Trøndelag .....	951	959	858	885	896	835
Nord-Trøndelag .....	369	364	363	368	365	341
Nordland .....	732	666	629	696	643	621
Troms Romsa .....	514	498	481	479	487	488
Finnmark Finnmark .....	450	402	391	429	386	345

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakrar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.8. Sysselsette i kulturdomenet fleirdisiplinarbeid<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>1 366</b>	<b>1 461</b>	<b>1 427</b>	<b>1 422</b>	<b>1 398</b>	<b>1 441</b>
Østfold .....	35	63	59	68	64	67
Akershus .....	135	147	130	145	141	151
Oslo .....	544	535	534	556	569	562
Hedmark .....	10	13	13	9	12	11
Oppland .....	24	24	17	13	13	13
Buskerud .....	43	42	37	36	36	33
Vestfold .....	53	59	50	40	45	43
Telemark .....	27	35	27	13	13	11
Aust-Agder .....	11	13	13	10	9	13
Vest-Agder .....	67	67	91	78	63	80
Rogaland .....	66	79	88	86	83	88
Hordaland .....	157	143	124	134	126	125
Sogn og Fjordane .....	7	7	7	7	8	9
Møre og Romsdal .....	13	13	14	16	15	14
Sør-Trøndelag .....	77	82	59	61	56	58
Nord-Trøndelag .....	6	7	8	6	9	8
Nordland .....	63	95	120	108	98	113
Troms Romsa .....	19	27	26	27	26	27
Finnmark Finnmárku .....	9	10	10	8	11	14

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.9. Sysselsette i kulturdomenet kulturarv, arkiv og bibliotek<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>7 942</b>	<b>8 554</b>	<b>8 191</b>	<b>8 300</b>	<b>8 261</b>	<b>8 595</b>
Østfold .....	206	195	220	223	205	214
Akershus .....	411	459	449	465	481	516
Oslo .....	1 699	2 067	1 537	1 567	1 611	1 602
Hedmark .....	308	304	321	334	323	316
Oppland .....	356	353	387	388	377	403
Buskerud .....	316	307	303	311	309	307
Vestfold .....	248	217	224	241	242	243
Telemark .....	220	220	212	212	222	229
Aust-Agder .....	156	165	159	141	150	159
Vest-Agder .....	268	297	304	284	284	302
Rogaland .....	643	642	602	600	599	629
Hordaland .....	960	984	995	1 009	1 010	1 026
Sogn og Fjordane .....	151	175	167	165	156	224
Møre og Romsdal .....	280	298	289	292	282	291
Sør-Trøndelag .....	537	653	701	752	766	771
Nord-Trøndelag .....	162	171	195	176	181	204
Nordland .....	585	627	667	679	613	675
Troms Romsa .....	222	216	237	242	250	269
Finnmark Finnmárku .....	208	196	213	210	191	207

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.10. Sysselsette i kulturdomenet media<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>12 528</b>	<b>12 134</b>	<b>12 316</b>	<b>12 354</b>	<b>12 547</b>	<b>12 370</b>
Østfold .....	349	342	345	308	299	279
Akershus .....	627	514	542	510	510	484
Oslo .....	6 594	6 579	6 729	6 870	7 039	7 029
Hedmark .....	152	147	133	125	139	128
Oppland .....	229	220	211	199	205	214
Buskerud .....	315	284	287	305	305	295
Vestfold .....	217	187	225	212	206	188
Telemark .....	176	165	173	153	149	145
Aust-Agder .....	113	98	90	91	102	93
Vest-Agder .....	290	277	277	264	250	234
Rogaland .....	517	496	501	470	449	425
Hordaland .....	1 127	1 110	1 072	1 113	1 154	1 156
Sogn og Fjordane .....	110	105	111	102	105	104
Møre og Romsdal .....	249	237	220	210	221	192
Sør-Trøndelag .....	599	547	552	572	572	539
Nord-Trøndelag .....	127	120	118	111	93	105
Nordland .....	322	297	295	295	298	305
Troms Romsa .....	247	235	215	239	240	247
Finnmark Finnmárku .....	168	173	219	205	210	205

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.11. Sysselsette i kulturdomenet reklame<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>6 324</b>	<b>5 595</b>	<b>5 794</b>	<b>5 982</b>	<b>5 953</b>	<b>6 119</b>
Østfold .....	218	210	227	268	278	279
Akershus .....	829	545	525	587	633	653
Oslo .....	2 459	2 098	2 277	2 280	2 218	2 222
Hedmark .....	119	113	110	92	118	131
Oppland .....	75	77	77	52	70	73
Buskerud .....	196	187	189	191	199	304
Vestfold .....	212	223	233	260	260	258
Telemark .....	120	109	108	107	112	113
Aust-Agder .....	102	113	95	106	62	67
Vest-Agder .....	177	174	169	156	199	210
Rogaland .....	417	464	433	451	454	457
Hordaland .....	430	420	412	424	411	389
Sogn og Fjordane .....	31	39	34	34	37	40
Møre og Romsdal .....	172	160	183	188	192	193
Sør-Trøndelag .....	386	328	395	450	402	430
Nord-Trøndelag .....	70	67	74	84	83	89
Nordland .....	149	112	107	101	104	84
Troms Romsa .....	137	126	116	131	97	98
Finnmark Finnmárku .....	24	26	27	19	23	28

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.12. Sysselsette i kulturdomenet utøvande kulturformer<sup>1</sup>, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>11 634</b>	<b>13 312</b>	<b>13 686</b>	<b>13 769</b>	<b>15 079</b>	<b>15 487</b>
Østfold .....	324	362	365	393	418	405
Akershus .....	899	1 034	1 050	1 017	1 175	1 285
Oslo .....	3 997	4 693	4 704	4 515	5 103	5 186
Hedmark .....	259	285	294	294	334	350
Oppland .....	272	299	309	309	334	353
Buskerud .....	350	397	415	472	500	519
Vestfold .....	304	383	405	386	400	431
Telemark .....	280	354	354	354	380	379
Aust-Agder .....	129	175	189	193	176	179
Vest-Agder .....	341	366	380	440	521	539
Rogaland .....	886	943	1 009	1 071	1 109	1 119
Hordaland .....	1 211	1 343	1 382	1 417	1 536	1 547
Sogn og Fjordane .....	152	207	213	209	215	211
Møre og Romsdal .....	365	451	481	480	516	511
Sør-Trøndelag .....	866	934	956	968	1 002	1 030
Nord-Trøndelag .....	188	203	224	248	262	282
Nordland .....	358	379	391	416	452	465
Troms Romsa .....	329	370	398	435	468	498
Finnmark Finnmárku .....	124	134	164	148	172	195

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.13. Sysselsette i kulturdomenet visuelle kulturformer<sup>1</sup>, etter fylke, 15-74 år, registerbasert. Per 4. kvartal 2008-2013**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>7 487</b>	<b>7 947</b>	<b>7 533</b>	<b>7 512</b>	<b>8 762</b>	<b>9 111</b>
Østfold .....	263	313	306	291	359	392
Akershus .....	896	903	943	856	1 048	1 064
Oslo .....	2 792	2 915	2 737	2 750	3 130	3 288
Hedmark .....	146	148	151	167	199	199
Oppland .....	133	155	145	154	189	191
Buskerud .....	259	291	275	338	320	373
Vestfold .....	255	293	258	256	313	328
Telemark .....	119	145	143	130	185	198
Aust-Agder .....	90	84	74	78	99	99
Vest-Agder .....	164	177	200	206	248	263
Rogaland .....	446	463	442	480	559	596
Hordaland .....	671	730	667	649	751	746
Sogn og Fjordane .....	101	116	70	77	95	98
Møre og Romsdal .....	252	254	228	224	247	248
Sør-Trøndelag .....	455	542	504	459	541	537
Nord-Trøndelag .....	99	86	88	97	98	106
Nordland .....	150	153	128	144	171	174
Troms Romsa .....	141	130	117	97	145	139
Finnmark Finnmárku .....	53	48	54	56	64	71

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.14. Talet på sysselsette<sup>1</sup> i kulturdomene fordelt på kjønn. Per 4. kvartal 2008-2013

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Arkitektur</b>						
Menn .....	3 099	2 988	2 977	3 082	3 232	3 254
Kvinner .....	2 441	2 323	2 348	2 457	2 611	2 705
<b>Bøker og aviser</b>						
Menn .....	10 957	10 413	9 957	9 803	9 641	9 274
Kvinner .....	12 346	11 438	11 132	11 302	11 073	10 679
<b>Fleirdisiplinarbeid</b>						
Menn .....	505	542	515	494	518	525
Kvinner .....	861	919	912	928	880	916
<b>Kulturarv, arkiv og bibliotek</b>						
Menn .....	2 679	2 834	2 831	2 887	2 882	2 989
Kvinner .....	5 263	5 720	5 360	5 413	5 379	5 606
<b>Media</b>						
Menn .....	7 340	7 072	7 132	7 170	7 387	7 390
Kvinner .....	5 188	5 062	5 184	5 184	5 160	4 980
<b>Reklame</b>						
Menn .....	3 640	3 236	3 418	3 567	3 607	3 680
Kvinner .....	2 684	2 359	2 376	2 415	2 346	2 439
<b>Utøvande kulturformer</b>						
Menn .....	6 267	7 162	7 368	7 366	8 024	8 200
Kvinner .....	5 367	6 150	6 318	6 403	7 055	7 287
<b>Visuelle kulturformer</b>						
Menn .....	3 746	3 922	3 826	3 800	4 315	4 507
Kvinner .....	3 741	4 025	3 707	3 712	4 447	4 604

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakrar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.15. Sysselsette<sup>1</sup> i kulturdomene fordelt på kjønn, årsverk. Per 4. kvartal 2008-2013

	Årsverk					
	2008	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Arkitektur</b>						
Menn .....	2 971	2 874	2 829	2 963	3 113	3 131
Kvinner .....	2 182	2 066	2 097	2 215	2 389	2 474
<b>Bøker og aviser</b>						
Menn .....	9 698	9 297	8 716	8 513	8 460	8 173
Kvinner .....	9 576	8 998	8 624	8 753	8 722	8 228
<b>Fleirdisiplinarbeid</b>						
Menn .....	459	488	445	416	451	459
Kvinner .....	713	723	678	692	714	704
<b>Kulturarv, arkiv og bibliotek</b>						
Menn .....	2 204	2 305	2 310	2 365	2 376	2 456
Kvinner .....	3 947	4 225	4 071	4 129	4 121	4 260
<b>Media</b>						
Menn .....	6 333	6 207	6 184	6 233	6 476	6 491
Kvinner .....	4 042	4 040	4 123	4 159	4 194	4 075
<b>Reklame</b>						
Menn .....	3 350	2 992	3 067	3 271	3 293	3 350
Kvinner .....	2 308	2 001	1 952	2 032	2 004	2 096
<b>Utøvande kulturformer</b>						
Menn .....	5 669	6 537	6 627	6 209	6 761	6 960
Kvinner .....	3 923	4 565	4 564	4 406	5 003	4 937
<b>Visuelle kulturformer</b>						
Menn .....	3 669	3 858	3 719	3 609	3 987	4 211
Kvinner .....	3 169	3 351	3 079	2 920	3 456	3 418

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakrar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.16. Registerbasert sysselsetningsstatistikk. Ulike kulturnæringer. Arbeidstakarar<sup>1</sup>, etter innvandringsbakgrunn og kjønn. Per 4. kvartal 2013**

	Næringsgruppe 59.1. Verksemnd innanfor film, video og fjernsynsprogram			Næringsgruppe 60. Radio- og fjernsynskringkasting		
	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
	Absolutte tal					
I alt.....	<b>3 894</b>	<b>2 287</b>	<b>1 607</b>	<b>6 265</b>	<b>3 486</b>	<b>2 779</b>
Utan innvandringsbakgrunn.....	3 548	2 101	1 447	5 977	3 334	2 643
Innvandrarar frå landgruppe 1 <sup>2</sup> .....	183	97	86	156	82	74
Innvandrarar frå landgruppe 2 <sup>3</sup> .....	163	89	74	132	70	62
Prosent						
I alt	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
Utan innvandringsbakgrunn .....	91,1	91,9	90,0	95,4	95,6	95,1
Innvandrarar frå landgruppe 1 <sup>2</sup> .....	4,7	4,2	5,4	2,5	2,4	2,7
Innvandrarar frå landgruppe 2 <sup>3</sup> .....	4,2	3,9	4,6	2,1	2,0	2,2
Næring 90.03. Sjølvstendig kunstnarisk verksemnd						Næring 90.04. Drift av lokale knytte til kunstnarisk verksemnd
Absolutte tal						
I alt	<b>5 276</b>	<b>2 507</b>	<b>2 769</b>	<b>964</b>	<b>493</b>	<b>471</b>
Utan innvandringsbakgrunn	4 703	2 220	2 483	880	446	434
Innvandrarar frå landgruppe 1 <sup>2</sup>	454	217	237	58	31	27
Innvandrarar frå landgruppe 2 <sup>3</sup>	119	70	49	26	16	10
Prosent						
I alt	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
Utan innvandringsbakgrunn .....	89,1	88,6	89,7	91,3	90,5	92,1
Innvandrarar frå landgruppe 1 <sup>2</sup> .....	8,6	8,7	8,6	6,0	6,3	5,7
Innvandrarar frå landgruppe 2 <sup>3</sup> .....	2,3	2,8	1,8	2,7	3,3	2,1
Næring 91.01. Drift av bibliotek og arkiv						Næring 91.02. Drift av museum
Absolutte tal						
I alt	<b>4 009</b>	<b>1 051</b>	<b>2 958</b>	<b>3 797</b>	<b>1 571</b>	<b>2 226</b>
Utan innvandringsbakgrunn.....	3 682	957	2 725	3 402	1 423	1 979
Innvandrarar frå landgruppe 1 <sup>2</sup> .....	197	47	150	288	112	176
Innvandrarar frå landgruppe 2 <sup>3</sup> .....	130	47	83	107	36	71
Prosent						
I alt	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
Utan innvandringsbakgrunn .....	91,8	91,1	92,1	89,6	90,6	88,9
Innvandrarar frå landgruppe 1 <sup>2</sup> .....	4,9	4,5	5,1	7,6	7,1	7,9
Innvandrarar frå landgruppe 2 <sup>3</sup> .....	3,2	4,5	2,8	2,8	2,3	3,2

<sup>1</sup> Gjeld lønstadkarar. <sup>2</sup> Innvandrarar frå EU/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. <sup>3</sup> Innvandrarar frå Europa utanom EU/EFTA, Asia, (inkl. Tyrkia), Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Oseania utanom Australia og New Zealand.

Kjelde: Registerbasert sysselsetningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.17. Føretak, omsetnad og sysselsetjing. Kulturnæringerne. 2010-2012**

	2010			2011			2012		
	Føretak i alt	Omsetnad. 1 000 kroner	Sysselsetjing	Føretak i alt	Omsetnad. 1 000 kroner	Sysselsetjing	Føretak i alt	Omsetnad. 1 000 kroner	Sysselsetjing
I alt .....	<b>25 150</b>	<b>75 996 483</b>	<b>61 002</b>	<b>32 920</b>	<b>82 901 180</b>	<b>65 909</b>	<b>34 299</b>	<b>89 275 720</b>	<b>66 213</b>
Arkitektur .....	1 890	5 321 096	5 409	1 912	5 882 978	5 532	1 922	6 321 295	5 727
Bøker og aviser .....	3 720	32 076 545	19 412	4 922	32 573 135	19 817	5 155	32 097 179	19 699
Fleirdisplinarbeid .....	1 193	715 700	970	1 171	737 422	961	1 097	757 692	921
Kunstartar i samspel .....	74	1 481	85 459	57,7
Ikkje fordelt sjanger .....	8	78	5 032	64,5

<sup>1</sup>Frå og med 2013 er referanseperioden kalenderåret. Det kan vere noko underrapportering av tal.

Kjelde: Den kulturelle skolesekken, Norsk kulturråd.

**Tabell 4.16. Den kulturelle skolesekken i VGS. Fylkeskommunale tilbod. 2013<sup>1</sup>**

	Talet på produksjonar	Talet på enkelt-arrangement	Deltakarar totalt	Deltakarar per enkeltarrangement
<b>Totalt .....</b>	<b>395</b>	<b>3 697</b>	<b>321 413</b>	<b>86,9</b>
<b>Sjanger</b>				
Film .....	78	631	59 371	94,1
Litteratur .....	66	895	43 454	48,6
Kulturarv .....	40	375	15 773	42,1
Visuell kunst .....	57	630	27 127	43,1
Scenekunst .....	87	657	89 099	135,6
Musikk .....	47	362	69 519	192,0
Kunstartar i samspel .....	20	147	17 070	116,1
Ikkje fordelt sjanger .....	-	-	-	-

<sup>1</sup>Frå og med 2013 er referanseperioden kalenderåret. Det kan vere noko underrapportering av tal.

Kjelde: Den kulturelle skolesekken, Norsk kulturråd.


## 5. Scenekunst

### 5.1. Nokre resultat

Færre på teater-, opera- og danseframstillingar

Statistikk fra scenekunstinstitusjonane og det frie scenekunstfeltet for 2013 syner at det er ein nedgang på 11 prosent i besøkstala frå 2012. Til saman var det 2,3 millionar besøk. Samanlikna med toppåret 2010 er nedgangen på 360 000 besøk, heile 13 prosent. Desse tala inkluderer besøk på framstillingar gjennom Den kulturelle skolesekken (DKS).

**Figur 5.1.** Tilskodarar ved framstillingar ved teater og opera og frie grupper innanfor teater og dans. 2000-2013




Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening og Danse- og teatersentrums.

6,2 prosent færre  
teaterbesøk i  
institusjonsteatra

Dei fleste scenekunstinstitusjonane er medlemmer i Norsk teater- og orkesterforening (NTO). I 2013 var 32 teaterinstitusjonar medlem i NTO. I tillegg er Norsk scenekunstbruk blitt medlem i 2013, men desse rapporterer statistikk separat (sjå avsnitt under, og tabell 5.4). Desse 32 institusjonane hadde totalt 1,8 millionar besøk i 2013, inkludert tal frå DKS, som utgjer om lag 170 000 besøk. Etter ein oppgang i publikumsoppslutninga i 2012 ser det ut til at besøkstala har gått ned med 120 000 i 2013. Figur 5.2 syner besøkstala i einskilde scenekunstinstitusjonar i åra 2006-2013.

Figur 5.2. Tilskodarar ved teater og opera. 2006-2013



Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Dei totale tilskodartala inkluderer også publikumstalet på framsyningar retta mot barn og unge siste året. Nedgangen i besøkstala på produksjonar for barn og unge er på 13 prosent. Besøkstala på desse produksjonane seier ikkje noko om kor mange barn og unge eller vaksne som var tilskodarar (sjå tabell 5.1).

#### Fleire framsyningar

Tabell 5.1 syner også talet på framsyningar. I 2013 hadde teatra som er representert i denne tabellen (dei same teatra som i 2012), 10 400 framsyningar, 220 fleire enn året før, som utgjer 2 prosent auke. Om lag 3 900 av framsyningane var oppsetjingar for barn og unge, 115 framsyningar, 3 prosent, fleire enn førre året.

Etter ein auke i tilskodarar i gjennomsnitt per framsyning frå 2011 til 2012, til 189, syner tala for 2013 ein nedgang, til 174 tilskodarar i gjennomsnitt per framsyning. Nedgangen i tilskodarar per framsyning har blant anna si årsak både i fleire framsyningar og færre besøk. Det er på framsyningar for barn og unge at tilskodartalet per framsyning har gått mest ned, frå 181 til 152.


#### 12 prosent auke i statstilskota

Av de 32 scenekunstinstitusjonane som er medlemmer i NTO, var det eit teater som ikkje fekk tilskot frå staten, Oslo Nye Teater. Tabell 5.2 viser økonomiske nøkkeltal for dei 18 institusjonane som rapporterer til Kulturdepartementet (KKD). Totale tilskot frå KKD utgjorde 1 432 millionar kroner, ein auke på 152 millionar kroner, 12 prosent. Ein institusjon, Peer Gynt-stemnet, er ikkje medlem i NTO, og denne institusjonen blir rekna som knutepunktinstitusjon. Beaivvás Sámi Teáhter tek imot statstilskot gjennom Sametinget. Dei økonomiske nøkkeltala for desse 18

teatra syner at dei til saman hadde inntekter på drygt 2 milliardar kroner i 2013. 70 prosent av inntektene var tilskot frå staten, 10 prosent var regionale driftstilskot, og 20 prosent var andre inntekter. Det er om lag same fordelinga som året før. Samla driftsresultat for tilskotsinstitusjonane i 2013 var eit underskot på 3 millionar kroner, mot 21 millionar kroner i 2012.

I 2013 blei det utført 2 046 årsverk ved desse 18 tilskotsinstitusjonane. Dette er 135 årsverk fleire enn i 2012. Noko av auken kjem delvis av endra rapporteringsrutinar ved eit teater. Tilskotsinstitusjonane er både nasjonale-, knutepunkt- og regionale institusjonar. Figur 5.3 viser fordelinga av dei statlege, regionale og andre tilskota for desse institusjonane.

**Figur 5.3. Teater og opera. Inntekter for tilskotsteatra, etter type inntekt. 2004-2013. 1 000 kroner**



Kjelde: Kulturdepartementet.

#### Fri scenekunst – 526 000 tilskodarar

Tabell 5.3 syner tal for den frie scenekunsten rapportert gjennom Danse- og teatersentrums. 109 frie teater- og dansegrupper har rapportert tal for 2013, 15 færre enn i 2012 og 23 færre grupper enn i 2011. 67 av gruppene som har rapportert, var teatergrupper, og 42 var dansegrupper, Jamfør kapittel 5.2.

Besøkstala på dei 4 900 framsyningane som desse gruppene gjennomførte i 2013, var om lag 526 000. Det var i gjennomsnitt 107 besøk per framsyning. Dei fleste av framsyningane var retta mot barn, 72 prosent. Også tala for det frie scenekunstfeltet inkluderer tal for framsyningar i Noreg, inkludert framsyningar i DKS-ordninga og internasjonale framsyningar. Det er rapportert 638 internasjonale framsyningar med drygt 100 000 tilskodarar.

#### Norsk scenekunstbruk – færre tilskodarar

Norsk scenekunstbruk formidlar fri profesjonell scenekunst og er også den nasjonale aktøren i formidlinga av scenekunst i Den kulturelle skolesekken. Scenekunstbruket hadde 252 000 tilskodarar på produksjonane i speleplanen sin i 2013. Dette representerer ein nedgang på 21 000 tilskodarar, 8 prosent, samanlikna med 2012. Det blei formidla 56 produksjonar gjennom nettverket til Norsk scenekunstbruk, 12 færre enn i 2012. Desse 56 produksjonane hadde til saman 2 460 framsyningar. 1 750 av desse framsyningane var for barn og unge. Talet på framsyningar i 2013 representerer ein nedgang på 425. Sidan 2000 har talet på framsyningar likevel blitt nær firedobla, og tilskodarar på framsyningane til Norsk scenekunstbruk er meir enn tredobla (sjå tabell 5.4).

*60 prosent i alderen 9-15 år  
på teater, musical eller revy  
dei siste tolv månadene i  
2012*


Totalt var det 459 000 besøk av elevar frå grunnskole og vidaregåande skole på DKS i 2013, dette ifølgje statistikk publisert av Norsk scenekunstbruk på nettsidene deira.

Norsk kultubarometer 2012, viser at 45 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år hadde vore på teater, musical eller revy. Figur 5.4 syner at 60 prosent av ungdommen i aldersgruppa 9-15 år hadde vore på eit slikt arrangement, mens 39 prosent av dei mellom 67 og 79 år hadde vore på teater, musical eller revy. I 1997 var delen for denne aldersgruppa 23 prosent. Tilsvarande tal for 45-66-åringane er 49 prosent i 2012. Fleire kvinner enn menn går på teater, musical eller revy, i alle aldersgrupper.

8 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år hadde vore på opera eller opperette i 2012. Dei eldste, i aldersgruppa 67-79 år, nyttar desse tilboda mest, 14 prosent. Tilsvarande tal i 1997 var 4 prosent. Dei yngste går sjeldan på opera- eller operetteframstillingar.

14 prosent av befolkninga var på ballett eller danseframstilling dei siste tolv månadene i 2012. Også i denne aktiviteten har dei unge i alderen 9-15 år høgst besøksdel med 32 prosent. Interessa for ballett eller danseframstilling dalar med alderen. For fleire detaljar, sjå Kulturstatistikk 2012 og Norsk kultubarometer 2012.

**Figur 5.4. Personar som har vore på ballett eller danseframstilling, opera- eller operetteframstilling og teater, musical eller revy dei siste tolv månadene, etter alder. 1997-2012. Prosent**



Kjelde: Norsk kultubarometer, Statistisk sentralbyrå.

## 5.2. Om statistikken og dei ulike scenekunstorganisasjonane

<i>Norsk teater- og orkesterforening (NTO)</i>	NTO, jamfør avsnitt 6.2, er ein arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO har 44 medlemmer innanfor teater, dans, opera, kor og orkester- og folkemusikk. Medlemmene består av nasjonale og regionale institusjonar innanfor teater, opera, orkester og dans og offentleg støtta programmerande teater, produserande teater og scener, profesjonelle kor, ensemble og orkester. Som arbeidsgivarorganisasjon sluttar NTO avtaler med og/eller hjelper medlemmene sine i forhandlingar med ei rekke arbeidstakarorganisasjonar (NTO). Tala som blir presenterte i tabellar og figurar, kan ikkje heilt samanliknast frå år til år, men siste året har medlemstalet i NTO vore stabilt. Talet på framsyningar har vore utilfredsstillande rapportert for nokre teater åra før 2010, men seinare har alle dei 32 teatera rapportert både framsyningar og tilskodartal. Dei samla tala for framsyningar og tilskodartal 2011 og 2012 er justerte for gjestespel. Tala frå NTO inkluderer besök frå DKS.
<i>Danse- og teatersentrum (DTS)</i>	Danse- og teatersentrum (DTS) er eit kompetansesenter som fremjar profesjonell scenekunst nasjonalt og internasjonalt. DTS arbeider primært med fri scenekunst i Noreg. Organisasjonen blei etablert som interesseorganisasjon i 1977 på initiativ frå kunstnarar i det frie scenekunstfeltet. Hovudmålet var å få etablert ei støtteordning for scenekunstgrupper som arbeidde utanfor institusjonane. DTS er organisert som ein nettverksorganisasjon. I 2013 var 92 produksjonseiningar/samanslutningar medlemmer i DTS.
	Heller ikkje tala for det frie scenekunstfeltet kan heilt samanliknast da talet på medlemmer som sender rapportar til DTS, varierer noko frå år til år. Tala som er rapporterte i tabell 5.3, gjeld både medlemmer av DTS og ikkje-medlemmer. For 2013 er det færre grupper som har sendt inn tal. Ein går derfor ut frå at det reelle talet for framsyningar og besök er monaleg høgare. Statistikken omfattar likevel dei mest relevante scenekunstkompania i det frie feltet. Statistikken for 2013 har ikkje oversikt over besök i DKS-framsyningane. DTS innhentar også tal frå dei frie scenekunstgruppene i statistikken til Scenekunstbruket. Det er derfor ein del av utvalet som berre rapporterer dei framsyningane dei har hatt i DKS. Desse scenekunstgruppene kan også ha framsyningar for vaksne, framsyningar utanfor DKS og framsyningar internasjonalt, men det fangar ikkje statistikken frå DTS opp. Det betyr i praksis at talet på framsyningar og publikum kan vere høgare, og at forholdet mellom talet på framsyningar totalt og talet på framsyningar for barn ikkje uunngåeleg er så høgt som denne statistikken viser. Når det gjeld dei internasjonale framsyningane og publikum, er dette tal som er representative for feltet.
<i>Norsk scenekunstbruk</i>	Norsk scenekunstbruk er den største og viktigaste landsdekkjande formidlaren av scenekunst for aldersgruppa 0-20 år. Norsk scenekunstbruk er også den nasjonale aktøren i formidling av scenekunst i DKS. Norsk scenekunstbruk har eit medlemsnettverk av fylkeskommunar og deira lokale arrangørar. Det blir lagt stor vekt på aktive og medverkande arrangørar for å auke kompetansen og interessa for scenekunst lokalt. Nettverket omfatta i 2013 alle fylka og alle kommunane. Frå 2009 er forvaltinga av produksjonsmidlane til scenekunst for barn og unge innanfor DKS flytta frå Norsk kulturråd til Norsk scenekunstbruk AS. Nokre av gruppene rapporterer også tal på produksjonar og tilskodarar gjennom DTS (Norsk scenekunstbruk).
<i>Norsk teaterråd</i>	Norsk teaterråd er ein landsomfattande paraply- og interesseorganisasjon på det frivillige scenekunstfeltet. Organisasjonen har 17 medlemsorganisasjonar i 2012, enkelte er landsdekkjande, andre er regionale. Tala frå Norsk teaterråd er oppdaterte til og med 2012. Tabell 5.5 syner derfor tala til og med 2012. Nokre av medlemmene driv berre med amatørteater, andre arbeider på fleire kulturområde med for eksempel kursverksemrd. Norsk teaterråd har fylkesråd i fleire fylke (åtte

fylke). Norsk teaterråd forvaltar fleire offentlege tilskotsordningar, under dette Frifond teater, Scenetekstfondet og Spelfondet (Norsk teaterråd).

*Frifond teater* Frifond teater er ein del av Frifond, ei støtteordning oppretta av Stortinget for å betre dei økonomiske rammevilkåra for demokratisk og medlemsbasert aktivitet i lokalsamfunn. Frifond teater har som mål å gi støtte til amatørgrupper innanfor teater, levande rollespel og dans. Det blir også gitt tilskot til framsyningar og kurs i eigen regi, men også til større arrangement. Målsetjinga med ordninga Frifond teater er å medverke til at interessa for teater og dans på lokalt plan aukar (Frifond teater <http://www.frifond.no/teater>). Tabellen med data (søknader, framsyningar og aktørar) frå Frifond teater er ikkje blitt oppdatert for 2013. Sjå Kulturstatistikk 2012, tabell 5.6

*Kulturbuksundersøkingane* Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtildob. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2012.

### **Referansar**

DTS - Danse- og teatersentrum, om oss: (<http://www.danseogteatersentrum.no>)

Norsk scenekunstbruk, om oss: (<http://www.scenekunstbruket.no>)

NTO - Norsk teater- og orkesterforening, om oss: (<http://www.nto.no>)

Norsk teaterråd, om oss: (<http://www.teater.no>)

### **Meir informasjon**

Statistisk sentralbyrå (2014): *Kulturstatistikk 2012*, Statistiske analysar 139. (<http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kulturstatistikk-2012>)

Statistisk sentralbyrå (2013): *Norsk kulturbarometer 2012*, Statistiske analyser 135, (<http://www.ssb.no/kulturbar>)

Tabell 5.1. Framsyningar og tilskodarar ved teater<sup>1</sup> og opera. 2003-2013

	Framsyningar			Tilskodarar			Tilskodarar per framsyning		
	I alt	Av dette framsyningar retta mot barn og ungdom	Av dette turnéframsyningar <sup>2</sup>	I alt	Av dette på framsyningar retta mot barn og ungdom	Av dette tilskodarar på DKS-framsyningar	Av dette tilskodarar på turnéframsyningar <sup>2</sup>	I alt	Av dette på framsyningar retta mot barn og ungdom
2003 .....	7 522	3 304	2 339	1 549 064	663 119	..	414 486	206	201
2004 .....	8 149	3 455	2 668	1 621 290	670 996	..	448 377	198	194
2005 .....	8 677	4 065	2 901	1 561 253	687 328	..	421 860	180	169
2006 .....	9 624	3 884	3 346	1 781 755	651 160	..	461 115	185	168
2007 .....	9 268	3 664	3 119	1 792 395	663 901	..	459 295	193	181
2008 .....	9 803	4 198	3 125	1 858 855	717 027	..	452 732	190	171
2009 .....	9 721	4 254	3 277	1 785 255	646 920	..	432 205	184	152
2010 .....	9 683	3 408	2 890	1 820 370	584 779	..	388 533	188	172
2011 .....	710 676	4 264	3 951	7 1845 231	659 773	..	510 200	173	155
2012 .....	10 209	3 775	2 339	1 932 846	683 218	154 202	339 360	189	181
2013 .....	10 428	3 890	2 493	1 813 493	591 588	170 357	337 866	174	152
<b>2013</b>									
Agder Teater .....	245	5	27	59 214	170	3 119	2 163	242	34
Akershus teater .....	443	378	328	44 326	39 855	39 448	41 032	100	105
Avant Garden .....	158	98	-	10 731	8 571	7 775	-	68	87
BIT Teatergarasjen .....	204	15	-	8 065	294	192	-	40	20
Black Box Teater .....	146	45	-	12 664	4 332	-	-	87	96
Brageteatret .....	430	391	-	41 639	37 321	37 257	-	97	95
Carte Blanche Norges nasjonale kompani for samtidsdans .....	104	-	72	23 703	-	3 375	18 611	228	-
Dansens hus .....	152	55	7	19 648	6 142	2 924	466	129	112
Den Nationale Scene .....	787	346	2	141 236	49 357	5 076	259	179	143
Den Norske Opera & Ballett .....	563	158	27	300 915	69 719	2 291	10 534	534	441
Bergen Nasjonale Opera ...	30	10	-	14 580	-	2 051	-	486	-
Det Norske Teatret .....	1 194	224	151	211 426	52 580	3 796	39 308	177	235
Det samiske nasjonalteatret Beaivvás ...	81	4	62	5 818	363	-	4 070	72	91
Dramatikkens hus <sup>3</sup> .....	69	7	-	3 832	444	-	-	56	63
Haugesund Teater .....	189	144	23	20 557	16 278	3 366	140	109	113
Hordaland Teater .....	208	240	135	19 738	21 317	9 971	11 239	95	89
Hålogaland Teater .....	489	181	60	58 712	22 473	2 748	9 487	120	124
Nationaltheatret .....	795	97	59	209 873	48 333	1 800	11 836	264	498
Nordland Teater .....	175	37	112	27 916	3 104	2 777	13 810	160	84
Nord-Trøndelag Teater .....	271	50	88	20 579	6 786	2 887	4 010	76	136
Opera Sør .....	22	5	-	12 725	170	-	-	578	34
Oslo Nye Teater <sup>6</sup> .....	589	240	15	127 491	28 364	600	1 189	216	118
Riksteatret .....	455	169	437	118 486	47 165	0	106 191	260	279
Rogaland Teater .....	615	258	37	85 532	45 398	3 897	5 358	139	176
Sogn og Fjordane Teater ..	172	61	100	13 268	3 865	3 131	8 809	77	63
Teater Ibsen .....	225	86	163	21 851	7 373	771	13 453	97	86
Teater Innlandet <sup>4</sup> .....	566	262	393	31 172	22 725	8 872	17 108	55	87
Teater Manu - norsk tegnspråkteater .....	65	28	43	7 443	4 504	-	6 127	115	161
Teatret Vårt .....	358	134	93	32 432	16 434	7 858	9 086	91	123
Trøndelag Teater .....	444	52	15	91 478	17 215	2 005	595	206	331
Østfold teater .....	133	109	4	13 182	10 887	11 385	100	99	100
Åajelhsaemien Teatere <sup>5</sup> ....	51	1	40	3 261	49	985	2 885	64	49

<sup>1</sup> Gjeld dei teatra som er medlemmer i NTO. <sup>2</sup> Medrekna turnéar i utlandet. <sup>3</sup> Frå 1. januar 2010 inngår Det Åpne Teater i Dramatikkens Hus. <sup>4</sup> Endra namn frå Hedmark teater til Teater Innlandet i 2009. <sup>5</sup> Nytt teater frå 2011. <sup>6</sup> Tala er henta inn frå Oslo Nye Teater. <sup>7</sup> Tala er korrigerte for samarbeidsproduksjonar, i alt 27 produksjonar over 211 framsyningar med 37 401 tilskodarar. Vidare var det 185 936 besøk på framsyningar for den kulturelle skolesekkene.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening, dei enkelte teatra samt Kulturdepartementets Prop 1 S 2014-2015 side 110.

Tabell 5.2. Økonomiske nøkkeltal for tilskotsteatra. 2003-2013. 1 000 kroner

	Tilskot frå staten	Regionale driftstilskot	Andre inntekter	Drifts- kostnader	Årsverk
2003 .....	676 677	79 247	190 493	928 878	1 492
2004 .....	713 929	83 109	210 210	997 988	1 536
2005 .....	741 239	86 885	220 121	1 041 651	1 594
2006 .....	787 079	94 119	274 664	1 144 229	1 636
2007 .....	851 288	103 411	247 350	1 198 479	1 671
2008 .....	946 586	131 709	373 110	1 473 136	1 791
2009 .....	1 026 506	142 884	350 556	1 467 137	1 810
2010 .....	1 139 253	153 463	379 659	1 619 602	1 849
2011 .....	1 221 786	163 542	359 039	1 718 851	1 848
2012 .....	1 280 222	173 141	420 610	1 895 309	1 911
2013 .....	1 432 444	<sup>2</sup> 202 199	<sup>2</sup> 416 460	<sup>2</sup> 2 053 391	<sup>2</sup> 2 046
<b>2013</b>					
Kilden Teater- og Konserthus for Sørlandet <sup>1</sup> .....	104 121	53 819	57 284	247 653	108
Carte Blanche A/S .....	23 000	10 008	3 959	38 029	34
Den Nationale Scene <sup>3</sup> .....	106 095	-	28 106	129 692	144
Den Norske Opera og Ballett .....	557 458	-	141 232	681 503	626
Det Norske Teatret .....	154 796	-	39 652	193 518	<sup>4</sup> 332
Haugesund Teater .....	10 330	4 424	2 491	17 229	14
Hordaland Teater .....	10 862	5 195	1 610	16 958	37
Hålogaland Teater .....	45 828	19 640	7 798	71 069	67
Nationaltheatret .....	173 921	-	52 649	225 810	239
Nord-Trøndelag Teater .....	10 663	5 816	3 327	20 153	18
Nordland Teater .....	24 604	10 545	5 815	40 579	35
Peer Gynt-stemnet .....	3 856	2 037	13 029	17 625	7
Rogaland Teater .....	52 489	23 641	21 312	96 485	117
Sogn og Fjordane Teater .....	17 307	7 417	1 277	25 736	28
Teater Ibsen .....	23 910	10 247	5 247	39 116	29
Teater Innlandet .....	20 520	8 797	3 175	31 919	25
Teatret Vårt .....	28 123	12 944	8 591	49 167	40
Trøndelag Teater .....	64 561	27 669	19 906	111 150	147

<sup>1</sup> Kilden Teater- og Konserthus for Sørlandet er Agder Teater, Opera Sør og Kristiansand Symfoniorkester. Rekneskapstal for Kilden Teater- og Konserthus er samla for orkester, teater, opera og kulturhusdrifta. <sup>2</sup> Frå 2013 er ikkje Beaivvás Sámi Teeáther inkludert i desse tala, da dei får fast årleg driftstilskot frå Sametinget og Kautokeino kommune. <sup>3</sup> Den Nationale Scene fekk i 2013 eit ordinært driftstilskot på 106,1 millionar kroner. Av dette er 1 million kroner ikkje inntektsført, men avsett som kortsiktig gjeld i balansen til framtidige kostader knytta til lånefinansierde behov for utbetring. <sup>4</sup> Auke i årsverka 2012-2013 for Det Norske Teatret kjem delvis av endra rapporteringsrutinar.

Kjelde: Prop. 1 S, Kulturdepartementet.

Tabell 5.3. Frie teater- og dansegrupper. 1993-2013

	Grupper i alt	Teater- grupper	Danse- grupper	Medlem- mer i alt	Nye produk- sjonar i alt	Framsyningar			Besök			Besök per fram- syning
						I alt	Av dette for barn	Av dette internasjonal	I alt	Av dette, besök på DKS	Av dette besök internasjonal	
1993 .....	31	28	3	111	78	2 153	2 177	..	202 478	-	..	94
1994 .....	37	33	4	119	65	1 998	1 278	..	208 141	-	..	104
1995 .....	35	31	4	101	42	1 686	1 270	..	163 189	-	..	97
1996 .....	34	29	6	101	42	1 914	1 285	..	203 664	-	..	106
1997 .....	34	23	11	..	..	1 777	869	..	221 080	-	..	124
1998 .....	38	33	5	110	45	1 356	869	..	177 259	-	..	131
1999 .....	51	42	9	..	37	1 928	900	..	227 186	-	..	118
2000 .....	56	46	10	109	35	1 591	861	..	263 130	-	..	165
2001 .....	59	48	11	142	40	2 366	1 318	..	279 550	..	..	118
2002 .....	79	66	13	254	59	2 865	1 859	..	379 960	..	..	133
2003 <sup>2</sup> .....	81	64	17	227	40	3 167	2 482	..	348 658	..	..	110
2004 <sup>1</sup> .....	84	65	19	243	37	3 422	2 511	..	376 575	..	..	110
2005 <sup>3</sup> .....	72	55	17	199	75	3 862	2 781	..	496 070	..	..	128
2006 <sup>4</sup> .....	95	69	26	231	67	3 649	2 948	..	415 597	..	..	113
2007 <sup>5</sup> .....	98	74	24	247	52	3 938	3 202	..	481 990	..	..	122
2008 <sup>6</sup> .....	86	66	20	312	35	5 648	3 407	..	635 729	..	..	113
2009 .....	110	61	49	..	..	5 392	3 831	..	561 762	..	..	104
2010 <sup>7</sup> .....	106	82	24	..	..	6 057	4 012	..	878 002	..	..	145
2011 <sup>8</sup> .....	132	100	32	..	..	6 645	5 956	..	700 731	..	..	105
2012 <sup>9</sup> .....	124	75	49	..	..	5 947	4 585	696	686 960	339 986	101 121	116
2013 <sup>10</sup> .....	109	67	42	..	..	4 899	3 503	638	525 779	..	103 354	107

<sup>1</sup> Tala inkluderer rapport frå 65 av 65 medlemmer, dessutan rapport frå 18 ikkje-medlemmer. <sup>2</sup> Tala inkluderer rapport frå 70 av 70 medlemmer, dessutan rapport frå 11 ikkje-medlemmer gjennom talmateriale frå Norsk scenekunstbruk. <sup>3</sup> Tala inkluderer rapport frå 51 av 77 medlemmer, dessutan rapport frå 21 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>4</sup> Tala inkluderer rapport frå 82 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 13 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>5</sup> Tala inkluderer rapport frå 81 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 17 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>6</sup> Tala inkluderer rapport frå 60 av 88 medlemmer, dessutan rapport frå 26 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>7</sup> Tala inkluderer rapport frå 56 av 97 medlemmer, dessutan rapport frå 49 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>8</sup> Tala inkluderer rapport frå 41 av 88 medlemmer, dessutan rapport frå 91 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk og UD sin reisestøtteordning STIKK. <sup>9</sup> Tala inkluderer rapport frå 51 av 92 medlemmer, dessutan rapport frå 73 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk og UD sin reisestøtteordning STIKK. <sup>10</sup> Tala inkluderer rapport frå 51 av 92 medlemmer, dessutan rapport frå 44 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk og UD sin reisestøtteordning STIKK.

Kjelde: Danse- og teatersentrum.

**Tabell 5.4. Norsk scenekunstbruk. Produksjonar i deira speleplan. Framsyningar og tilskodarar, etter aldersgrupper. 2000-2013**

	Produksjonar	Framsyningar			Tilskodarar		
		I alt	Barn/unge 0-14 år	Ungdom/ vaksne 15 år og over	I alt	Barn/unge 0-14 år	Ungdom/ vaksne 15 år og over
2000 .....	..	695	430	265	76 443	47 056	29 387
2001 .....	..	983	795	188	103 774	85 223	18 551
2002 .....	..	902	727	175	87 258	66 818	20 440
2003 .....	..	1 384	1 280	104	135 834	119 980	15 854
2004 .....	53	1 946	1 782	164	190 519	175 471	15 048
2005 .....	53	2 148	2 088	60	222 834	213 502	9 332
2006 .....	57	2 350	2 223	127	228 383	212 637	15 746
2007 .....	68	2 191	1 960	231	211 434	190 028	21 406
2008 .....	65	2 649	2 213	436	243 159	197 869	45 290
2009 .....	56	2 556	2 382	174	239 214	217 803	21 411
2010 .....	64	2 911	2 533	378	269 518	222 582	46 936
2011 .....	62	2 636	2 154	482	263 898	201 766	62 132
2012 .....	68	2 887	2 330	557	272 202	206 582	65 620
2013 .....	56	2 462	1 752	710	251 623	179 700	71 923

Kjelde: Norsk scenekunstbruk.

**Tabell 5.5. Norsk teaterråd. Talet på produksjonar, framsyningar, aktørar og tilskodarar. 2010-2012**

	2010				2011				2012			
	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar
AOF Noreg .....	31	101	1 028	9 000	15	67	472	..	7	61	895	0
4H Norge .....	436	512	5 828	27 841	77	149	1 519	7 848	71	435	4 892	22 014
Frilynt Norge .....	143	485	10 194	110 153	138	555	8 513	113 083	138	706	9 723	127 478
HATS .....	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..
Juvente .....	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..
Nettverket Historiske spel <sup>1</sup> .....	..	..	..	..	..	..	..	..	24	122	1 721	30 050
Noregs ungdomslag .....	131	369	2 995	50 000	102	346	2 130	41 716	95	379	3 342	45 243
Norges bygdeungdomslag .....	12	42	590	3 188	9	15	117	1 075	11	44	440	3 920
Norges døveforbund .....	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..	..
Norges KFUK-KFUM .....	..	..	..	..	27	43	789	4 230	29	184	2 120	16 992
Norsk amatørteaterforbund .....	116	754	4 910	110 827	141	657	5 290	116 868	141	843	6 059	123 870
Ravn .....	25	52	508	2 500	20	52	508	..	14	64	455	..
Studieforbundet												
Solidaritet .....	4	10	50	150	16	2	105	40	25	31	179	772
Vestlandske Teatersenter .....	18	282	874	30 790	41	181	534	15 255	17	395	694	27 598

<sup>1</sup>Nytt medlem i 2012.

Kjelde: Norsk teaterråd.

## 6. Musikk

Til saman var om lag 511 000 til stades på konsertane til medlemmene i Norsk teater- og orkesterforening i 2013. Besøka var fordelt på nær 1 200 konsertar. I 2013 utgjorde dei statlige utgiftene til musikk litt over 1 milliard kroner. Dei kommunale kulturskolane hadde 108 000 elevar i 2013.

### 6.1. Nokre resultat

*511 000 besøk på konsertar haldne av NTO-medlemmer*

Norsk teater- og orkesterforenings medlemmer ga 1 189 konsertar i 2013 (tabell 6.3). Om lag kvar femte konsert var for barn og unge, og om lag kvar femte konsert blei gitt på turné. I talet på turnékonsertar er medrekna konsertar i utlandet. I gjennomsnitt heldt dei elleve medlemmene 108 konsertar kvar. Men rundt det talet er variasjonsbredda stor, frå Stavanger Symfoniorkester med 203 konsertar til BIT20 ensemblet med 23.

Det årlege talet på konsertar har auka kraftig dei elleve åra tabell 6.3 dekkjer, men så var det også tre fleire orkester i statistikken for 2013 samanlikna med den for 2003. Soleis heldt medlemmene av foreininga til saman gjennomsnittleg 689 konsertar i året i 2003-2007, og gjennomsnittleg 1 030 konsertar i året i 2008-2013, ein auke på 341 konsertar, eller 50 prosent. Talet på konsertar for barn og unge auka frå gjennomsnittleg 159 årleg i 2003-2007 til gjennomsnittleg 285 årleg i 2008-2013, opp 126 konsertar, eller heile 80 prosent. Sidan toppåret 2010 har likevel det årlege talet på barne- og ungdomskonsertar vore på veg nedover. Talet på turnékonsertar var også gjennomsnittleg 159 årleg i 2003-2007. Det auka til gjennomsnittleg 206 årleg i 2008-2013, opp 47 konsertar, eller 30 prosent.

I gjennomsnitt produserte dei elleve medlemmene av foreininga 23 konsertar for barn og unge i 2013. Variasjonsbredda var igjen stor, frå Det Norske Blåseensemble som heldt 63 konsertar, til Det Norske Solistkor som ikkje hadde nokon aktivitet retta mot barn og unge. Det Norske Blåseensemble heldt kvar fjerde av alle konsertar som medlemmane av foreininga ga til barn og unge.

I gjennomsnitt produserte medlemmene 24 turnékonsertar. Her er variasjonsbredda enda større, frå Stavanger Symfoniorkester med 112 konsertar til Riksscenen med ingen.

Relativt til deira samla tal på konsertar var det Det Norske Blåseensemble som var mest konsentrert om konsertar for barn og unge (64 prosent av konsertane deira). Ensemblet var også mest konsentrert om turnékonsertar (59 prosent av konsertane deira).

Det samla talet på tilhøyrarar var i 2013 over 511 000, og det høgaste dei elleve åra tabell 6.3 dekkjer. Det tidlegare toppåret, 2006, blei slege med 1 584 tilhøyrarar. I gjennomsnitt hadde dei elleve kora og orkestera 46 496 tilhøyrarar kvar, men her også var variasjonsbredda stor, frå Oslo-Filharmonien med over 124 000 tilhøyrarar til BIT20 ensemblet med 4 900.


*Talet på konsertar*

Skilnaden heng saman med fleire tilhøve, og eitt av dei er talet på konsertar. Soleis var det i alt gjennomsnittleg 430 tilhøyrarar på konsertane dei elleve kora og orkestera heldt i 2013. Her var variasjonsbredda frå gjennomsnittleg 843 tilhøyrarar på dei 107 konsertane til Stiftelsen Harmonien, til gjennomsnittleg 140 på dei 174 konsertane til Riksscenen. BIT20 ensemblet hadde gjennomsnittleg 214 tilhøyrarar på dei 23 konsertane sine.

Om 2013 var eit toppår for tilhøyrarar totalt, har talet på tilhøyrarar per konsert vore på veg nedover dei elleve åra tabell 6.3 dekkjer. I perioden 2003-2007 var det gjennomsnittleg 600 tilhøyrarar på kvar konsert, i perioden 2008-2013 har gjennomsnittet vore 447. Det er ein nedgang på 153 tilhøyrarar i gjennomsnitt, eller 25 prosent. Gjennomsnittet for barne- og ungdomskonsertar var 544 i 2003-2007

og 332 i 2008-2013, ned 212 tilhøyrarar eller 39 prosent. Gjennomsnittet for turnékonsertar lar seg ikkje rekne ut av tabellen.

**Figur 6.1. Orkester. Tilhøyrarar per konsert. 2007, 2010 og 2013**



<sup>1</sup> Talet på konsertar er ikkje rapportert for 2008.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

#### Konsertar for barn og unge

To tilhøve som også påverkar det totale tilhøyrartalet, er talet på konsertar produserte for barn og unge, og tilhøyrartalet på desse konsertane. Dei elleve medlemmene av foreininga hadde i 2013 gjennomsnittleg 7 726 tilhøyrarar på konsertane sine for barn og unge. Talet varierte frå over 21 000 på dei 38 konsertane til Stavanger Symfoniorkester, til 189 tilhøyrarar på dei tre konsertane til Det Norske Kammerorkester (og ingen for Det Norske Solistkor, som ikkje hadde slike konsertar). I gjennomsnitt var det 331 tilhøyrarar på konsertane for barn og unge. Flest var det i gjennomsnitt på dei 24 konsertane til Trondheim Symfoniorkester, med 717, færrast (om vi ser bort frå Det Norske Solistkor) på dei tre konsertane til Det Norske Kammerorkester, med 63. Tabell 6.3 viser elles at i takt med nedgangen i talet på barne- og ungdomskonsertar har det sidan toppåret 2011 vore nedgang i det totale talet på tilhøyrarar på slike konsertar, men ikkje så stor som nedgangen i besøk under Den kulturelle skolesekken. Den var på 50 prosent frå 2011 til 2013, medan nedgangen totalt i besøk på barne- og ungdomskonsertar berre var på 21 prosent. Fem av dei elleve kora og orkestera synest ikkje å ha teke del i Den kulturelle skolesekken i 2013.

#### Turnékonsertar

Eit fjerde tilhøve som påverkar det totale tilhøyrartalet, er turnékonsertane. Vel 93 000, eller 18 prosent, av det samla tilhøyrartalet i 2013 var turnépublikum. Det gir eit gjennomsnitt på 360 per konsert. Det gjennomsnittlege totale turnépublikummet var 8 465 tilhøyrarar. Variasjonsbreidda var her også stor, frå 45 500 på dei 18 turnékonsertane til Oslo-Filharmonien (2 528 per konsert), til 544 på dei tre konsertane til BIT20 ensemblet (181 per konsert) og ingen på konsertar til Riksscenen, som ikkje tykkjест ha slik aktivitet. For Oslo-Filharmonien var gjennomsnittet for turnékonsertane 3,4 gonger høgare enn gjennomsnittet for alle konsertane dei ga (744 per konsert). Orkesteret trekk soleis nesten fem gonger så stort publikum på «bortebane» som på «heimebane» (528 per konsert). Ein kan også nemne at medan vel 8 000 av dei vel 25 000 tilhøyrarane til Det Norske Blåseensemble var på turnékonsertane deira, var turnépublikummet deira berre 138 per konsert og publikummet på dei andre konsertane deira i gjennomsnitt 419 per konsert.

Tabell 6.4 syner orkestera sine inntekter og utgifter, og korleis inntektene er samansette. Av tala kan vi rekne ut at i 2013 var 74,5 prosent av inntektene

statstilskot og 14,7 prosent regionale tilskot, mens andre inntektskjelder bidrog med 10,7 prosent av dei samla inntektene. Samanliknar vi 2003-2007 med 2008-2013, ser vi at inntektene frå andre kjelder har blitt mindre viktige. Deira gjennomsnittlege bidrag til inntektene har minka med 3 prosentpoeng, frå 15,4 til 12,4 prosent.

*Over 1 milliard kroner frå staten til musikk*

Tabell 6.1 gir inntrykk av at dei statlege utgiftene til musikkformål gjekk ned med over 10 millionar kroner frå 2012 til 2013, og at dette særleg har si årsak i utgiftene til regions-/landsdelsinstitusjonar, som tilsynelatande gjekk ned over 40 millionar. Men dei to åra kan ikkje fullt ut samanliknast i tabellen, som Kulturdepartementet er kjelde til, da utgiftene til Kristiansand Symfoniorkester inngår i tala frå 2012, men ikkje i tala for 2013. For 2013 er det gitt eit statleg tilskot til Kilden Teater og Konserthus for Sørlandet, der Kristiansand Symfoniorkester inngår saman med Agder Teater og Opera Sør. Det statlege tilskotet til Kilden var på over 104 millionar kroner. Dette og andre økonomiske nøkkeltal er å finne i tabell 5.2 i kapittelet om scenekunst.

**Tabell 6.1. Statlege utgifter til musikkformål. Rekneskap. 2008-2013. 1 000 kroner**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	708 472	811 465	904 311	959 815	1 027 027	1 014 892
Driftsutgifter (Rikskonsertene) .....	137 465	161 337	161 926	163 450	166 525	159 729
Norsk kulturfond - eittårig prosjektilskot .....	93 743	114 969	126 277	133 192	144 490	156 117
Norsk kulturfond - fleirårig prosjektilskot .....	-	-	-	19 652	20 261	31 429
Nasjonale institusjonar .....	185 436	199 394	221 259	235 018	242 304	253 675
Region-/landsdelsinstitusjonar .....	156 790	174 992	219 154	231 311	257 203	216 684
Knutepunktinstitusjonar .....	52 120	60 795	64 409	66 906	72 344	76 917
Landsdelsmusikere i Nord-Noreg ..	14 163	16 163	17 163	17 695	18 244	18 846
Ymse faste tiltak .....	68 755	83 815	94 123	92 591	105 656	101 495

Kjelde: Kulturdepartementet.

*10 300 konserter i regi av Rikskonsertane*

Eit politisk vedtak i 2011 gjorde slutt på den offentlege verksemda til Rikskonsertane frå august 2012. Talet på konserter i 2013 gjekk likevel kraftig opp, og var det høgaste sidan år 2000 (tabell 6.5). Det samla tilhøyrartalet gjekk noko ned i 2013, og det same gjorde gjennomsnittet per konsert, frå 135 til 123 tilhøyrarar. Nå som før er skolekonserter Rikskonsertanes hovudaktivitet.

Fylkesoversikta viser at flest konserter blei haldne i Hordaland (967), og at det var flest tilhøyrarar i Akershus, med nær 155 000 i alt og 165 per konsert. Minst var aktiviteten i Finnmark, der 236 konserter trakk under 20 000 tilhøyrarar til saman, eller 83 per konsert, men enda færre tilhøyrarar per konsert var det i Sogn og Fjordane (81).


Tabell 6.5 syner også at nær 200 arbeidsplasskonserter i gjennomsnitt trakk 46 tilhøyrarar kvar. Av tabell 6.6 kan vi rekne ut at det samla tilhøyrartalet for «Den kulturelle nistepakka», som arbeidsplasskonserter blei kalla, auka med 63 prosent dei to åra dette prosjektet varte.

*138 000 medlemmer i norsk musikkråd*

Tabell 6.7 syner talet på medlemmer av organisasjonane som er medlemmer av Norsk musikkråd, samarbeidsnettverket og interesseorganisasjonen til musikklivet i Noreg. Tabellen gir eit inntrykk av kor mange som er aktive på dei ulike musikk-områda, og korleis det har utvikla seg frå 2004 til og med 2013. I 2013 hadde organisasjonane nær 138 000 medlemmer til saman. Medlemstala er musikkorganisasjonane sine oppgåver, og «medlemmer i alt» er summen av desse oppgåvene. Personar som er medlemmer av fleire organisasjonar, blir derfor talde fleire gonger. I det omfang dette har vore tilfellet, er talet på aktive personar i alt lågare enn talet på medlemmer i alt.

For alle år er medlemstala for Norsk kulturhus/Nettverk denne gongen tekne ut av tabell 6.7. Dette er grunngitt i Om statistikken nedanfor.

**Figur 6.2. Medlemmer i Norges Musikkorps Forbund. 1999-2013**



Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

#### Færre skolekorps/generasjonskorps

Talet på skolekorps har gått jamt og trutt nedover dei 15 åra denne statistikken dekkjer (tabell 6.8). I 2013 var det 106 færre skolekorps enn i 1999. Gjennomsnittleg for dei tre femårsperiodane var det 1 132 korps i 1999-2003, 1 117 korps i 2004-2008 og 1 057 korps i 2009-2013. Talet på utøvande medlemmer har gått ned med over 10 000 frå toppåret 2003 (nær 43 800) til botnåret 2013 (vel 33 000). I gjennomsnitt var talet på utøvande medlemmer 42 076 i 1999-2003, 41 008 i 2004-2008 og 35 427 i 2009-2013. Dei ti første åra av perioden var størrelsen på korpsa stabil, i gjennomsnitt 37 utøvarar, men 2009-2013 var dei krympa til gjennomsnittleg 34 utøvarar per korps.

Talet på andre medlemmer av skolekorpsa har derimot auka, frå gjennomsnittleg 6 533 i 1999-2003, til 6 768 i 2004-2008 og 6 984 i 2009-2013. Medan det fram til 2009 var seks utøvarar for kvart medlem som ikkje spelte, har det sidan i gjennomsnitt vore berre fem.

Tendensen er den same for amatørkorpsa, men den er ikkje fullt så eintydig. Flest korps var det i 1999 (613), men talet for 2013 (569) er ein oppgang på fire frå 2012, og flest medlemmer i alt hadde korpsa i 2007, 21 000. Talet på korps var gjennomsnittleg 595 i 1999-2003, 586 i 2004-2008, og 573 i 2009-2013. Talet på utøvande medlemmer var gjennomsnittleg 18 984 i 1999-2003, 19 514 i 2004-2008 og 19 178 i 2009-2013. Amatørkorpsa har altså så vidt auka i storleik, frå 32 til 33 utøvarar per korps i gjennomsnitt frå 2004. Talet på andre medlemmer har auka kraftig, frå 607 i botnåret 2004 til 1 308 i toppåret 2013.

#### Kommunale musikk- og kulturskular – 108 000 elevar

Det totale talet på elevar i kommunale musikk- og kulturskular hadde i 2013 gått ned med nesten 2 000 sidan 2011, da talet var det høgaste dei åra tabell 6.9 dekkjer (2005-2013). Medan 17,9 prosent av 6-15åringane i kommunane gjekk i kultur- og musikkskolen i 2011, var det 17,5 prosent som gjorde dette i 2013. På fylkesnivå var variasjonsbreidda rundt gjennomsnittet for 2013 stor, frå 28,3 prosent av elevane i Sogn og Fjordane til 10,5 prosent av elevane i Oslo.

Tabell 6.10 syner at jamvel talet på elevplassar var noko lågare skoleåret 2013/14 enn toppåret 2011/12, vel 124 500 mot 125 000 elevplassar. Tabellen syner elles ei forskning vekk frå musikkundervisning og over mot visuelle kunstfag (i nokon


mon) og især «andre kunst- og kulturuttrykk», medrekna «skapande skriving» (jamfør note 1), der talet på elevplassar har blitt meir enn fordobla sidan 2010-11. To av tre elevplassar var skoleåret 2013/14 framleis i musikkskolen, men skoleåret 2010/11 gjaldt det for over 70 prosent av elevplassane. I Finnmark, der meir enn kvar fjerde 6-15 åring gjekk i musikk- og kulturskolen, var under halvparten av elevplassane i musikkundervisning i 2013.

Deler vi elevplasstalet i tabell 6.10 på elevtalet i tabell 6.9, ser vi ein ørliten, men likevel klår, tendens til at dei same elevane okkuperer stadig fleire plassar. Kvar elev okkuperte skoleåret 2010/11: 1,120 plassar, skoleåret 2010/11: 1,133 plassar, skoleåret 2012/2013: 1,134 plassar og skoleåret 2013/14: 1,149 plassar. I skoleåret 2013/14 varierte konsentrasjonen frå 1,02 plassar i Østfold til 1,27 plassar i Telemark. Konsentrasjonen kan ha si årsak i endringar og skilnader i både tilbodet og etterspurnaden.

I tabell 6.11 er elevane i kulturskolen fordelt etter skolealder og kjønn. På alle nivå av skolealder dominerte jentene, men dominansen minka med alderen. Soleis var det i skoleåret 2013/14 på nivået under grunnskolealder 2,6 gonger så mange jenter som gutter i kulturskolen. På grunnskolenivå var det dobbelt så mange, og over grunnskolealder var skilnaden nede i 1,7.

Tabellen syner også ein kraftig nedgang i talet på kulturskoleelevar under grunnskolealder frå skoleåret 2011/12 til skoleåret 2013/14, 889 elevar, eller 16 prosent. For jenter var nedgangen berre på 7 prosent, men for gutter var den på heile 32 prosent. På dei to høgare aldersnivåa har det vore ein liten nedgang for gutter og ein liten oppgang for jenter.

**Figur 6.3. Elevar i kommunale musikk- og kulturskular, etter fylke. 2010-2012**



Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

## 6.2. Om statistikken – ulike organisasjoner i musikklivet

*Norsk teater- og orkesterforening (NTO)*

NTO, jamfør avsnitt 5.2, er ein arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO hadde 44 medlemmer innanfor teater, dans, opera og orkestermusikk.

I 2013 var det elleve medlemmer innanfor musikk. Medlemmene representerer nasjonale institusjonar, regions-/landsdelsinstitusjonar og produserande musikkensemble. Som arbeidsgivarorganisasjon sluttar NTO avtaler med og/eller hjelper medlemmene sine i forhandlingar med ei rekke arbeidstakarorganisasjonar.

Tala kan ikkje heilt samanliknast frå år til år da medlemstalet i NTO har auka over tid, og nokre institusjonar ikkje alltid har rapportert fullstendig. Til samanlikning med byrjinga på tidsserien i tabell 6.3, i 2003, har det kome til fleire institusjonar, Det Norske kammerorkester, Det Norske Solistkor og Riksscenen. I 2009 ble Nordnorsk Opera og Symfoniorkester til som ein samanslutning av Nordnorsk Opera og Symfoniorkester og den tidlegare NTO-medlemmen Tromsø Symfoniorkester og Bodø Sinfonietta, Opera Nord og Musikkteatret i Bodø.

*Rikskonsertane*

Rikskonsertane skal formidle konserter som er produserte internt eller eksternt i samarbeid med utøvarar og aktørar innanfor norsk og internasjonalt musikkliv. Rikskonsertane har eit spesielt ansvar for norske musikk- og utøvartradisjonar. Rikskonsertane har i samarbeid med fylkeskommunane ansvaret for skolekonsertordninga. Alle kommunane får tilbod om skolekonsertar for grunnskoleelevarane sine. Rikskonsertane er både produsent og leverandør av konserter innanfor alle musikkjangler til konsertarrangørar over heile landet, og samarbeider med Den kulturelle skolesekken, som også formidlar musikktilbod til elevar i grunnskolen og i den vidaregående skolen (Rikskonsertane).

*Norsk musikkråd (NMR)*

Norsk musikkråd er eit samarbeidsnettverk og ein interesseorganisasjon for norsk musikkliv. Norsk musikkråd blei oppretta i 1976 og har blant anna som oppgåve å koordinere og initiere fagleg og organisatorisk samarbeid innanfor musikklivet – lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt – og koordinere og initiere interessepolitisk samarbeid for musikklivet. I 2011 hadde organisasjonen 33 ulike landsomfattande musikkorganisasjonar (Norsk Musikkråd 2012). Tre av desse organisasjonane er assoserte medlemmer i Norsk musikkråd.

Norsk kulturhus/Nettverk er tekne ut av tabellen, da medlemmene deira er organisasjonar og ikkje personar. Medlemstalet varierte mellom 80 og 94 i perioden 2004-2012. Norsk kulturhus/Nettverk meldte seg ut av Norsk musikkråd i juni 2014.

Norsk Viseforum har revidert tala sine for 2010 og 2011. Tabell 6.7 inneholder diforende tal på «medlemmer i alt» for alle år frå 2004 til og med 2012. For 2012 har likevel endra rapportering av daverande Norsk Rockforbund, nå Norske Konsertarrangører, mykje større innverknad på det samla medlemstalet. Endringa er at tabellen igjen omfattar både medlemmer og frivillige, som forbundet også organiserte, medan førre utgåva av tabell 6.7 berre inneholdt talet på medlemmer, med dei frivillige i ei fotnote.

*Norges Musikkorps Forbund (NMF)*

Norges Musikkorps Forbund, NMF, blei stifta i 1918. NMF er ein landsomfattande, demokratisk musikkorganisasjon for musikantar og andre interesserte som er tekne opp som medlemmer gjennom musikk- og drillkorps. NMF er inndelt i regionar og krinsar. Denne inndelinga følgjer dei grensene som landsmøtet vedtek (NMF). I 2008 blei krinsane slegne saman til større regionar.

*Norges Korforbund*

Norges Korforbund er ein landsomfattande interesseorganisasjon for kor og kor-dirigentar med om lag 1 000 kor. Verksemda til Norges Korforbund er tufta på frivillig medverknad. Det overordna målet til Norges Korforbund er å gjere korsangen meir kjend og auke kvaliteten. Gjennom Norges Korforbund har kora

tilgang på ei rekke opplæringstilbod, både for koristar, dirigentar og tillitsvalde (Norges Korforbund). Tal for 2013 var ikkje tilgjengelige.

#### Musikk- og kulturskolar

Dei kommunale musikk- og kulturskolane er eit tenestetilbod innanfor kultursektoren som er fastsett ved lov. Kommunar som ikkje har eigen musikk- og kulturskole, tek del i interkommunale musikkskolar eller samarbeider med andre kommunar. Aktiviteten til musikk- og kulturskolane blir rapportert gjennom GSI (Grunnskolenes Informasjonssystem), og tala blir publiserte på ssb.no via KOSTRA.

#### Referansar

NTO - Norsk teater- og orkesterforening, om oss: (<http://www.nto.no>)  
Rikskonsertane: Årsrapport 2013. (<http://www.rikskonsertene.no>)

Norsk musikkråd 2013: (<http://www.musikk.no>)

NMF - Norges Musikkorps Forbund, om NMF og vedtekter: (<http://www.spilleledene.no/>)

Norges Korforbund: (<http://www.kor.no>)

Den kulturelle skolesekken: (<http://denkulturelleskolesekken.no/om/>)

Prop. 1 S (2013-2014), Kulturdepartementet: (<http://www.regjeringen.no>)

#### Meir informasjon

Statistisk sentralbyrå (2013): *Kulturstatistikk 2012*, Statistiske analysar 139 (<http://www.ssb.no/publikasjoner/>)

Vaage, Odd Frank: *Norsk kulturbarometer*, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.2. Statlege utgifter til orkester og musikkinstansjonar. Rekneskap. 2008-2013. 1 000 kroner

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	<b>394 346</b>	<b>446 974</b>	<b>504 822</b>	<b>533 235</b>	<b>571 851</b>	<b>547 276</b>
<b>Nasjonale institusjonar</b> .....	<b>185 436</b>	<b>199 394</b>	<b>221 259</b>	<b>235 018</b>	<b>242 304</b>	<b>253 675</b>
Oslo-Filharmonien .....	99 265	107 921	117 921	128 477	132 460	137 831
Stiftelsen Harmonien .....	86 171	91 473	103 338	106 541	109 844	115 844
<b>Region-/landsdelsinsitusjonar</b> .....	<b>144 394</b>	<b>176 477</b>	<b>219 154</b>	<b>231 311</b>	<b>257 203</b>	<b>216 684</b>
Trondheim Symfoniorkester <sup>1</sup> .....	48 447	57 961	65 250	67 273	70 358	73 479
Stavanger Symfoniorkester .....	45 898	53 199	59 815	61 669	67 081	74 081
Kristiansand Symfoniorkester .....	33 063	36 463	38 280	42 830	54 356	5
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester <sup>2</sup> .....	-	10 668	36 323	39 449	43 726	46 726
Det Norske Blåseensemble .....	16 986	18 186	19 486	20 090	21 682	22 398
<b>Knutepunktinstitusjonar</b> .....	<b>52 120</b>	<b>61 056</b>	<b>64 409</b>	<b>66 906</b>	<b>72 344</b>	<b>76 917</b>
Festspillene i Bergen .....	15 530	17 030	17 575	18 120	18 682	19 297
Festspillene i Nord-Norge .....	10 835	11 335	11 698	12 061	12 435	12 845
Molde International Jazz Festival .....	4 567	5 067	5 229	5 391	6 048	6 588
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival .....	3 228	4 000	4 128	4 756	4 903	5 465
Olavsfestdagene i Trondheim .....	6 309	7 809	8 309	8 567	9 167	9 470
Ultima - Oslo Contemporary Music Festival .....	3 789	4 289	4 789	4 937	5 090	5 258
Festspillene i Elverum .....	1 732	2 000	2 064	2 128	2 194	2 266
Notodden Blues Festival <sup>3</sup> .....	1 565	2 326	2 315	2 387	2 461	2 542
Øya festivalen .....	1 565	1 700	1 754	1 808	1 864	1 926
Stiftelsen Horisont/Mela <sup>4</sup> .....	3 000	4 000	5 000	5 155	6 655	7 475
Riddu Riddu Festivala .....	-	1 500	1 548	1 596	1 645	2 145
Norsk Country Treff .....	-	-	-	-	1 200	1 640

<sup>1</sup> Musikkteater i Trondheim og operasatsinga i Trondheim er nå ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemde. I 2009 fekk musikkteaterverksemda eit statleg tilskot på 4,2 millionar kroner. <sup>2</sup> Nordnorsk Opera og Symfoniorkester AS blei etablert i 2009 basert på at Tromsø Symfoniorkester, Bodø Sinfonietta, Opera Nord og Musikkteater i Bodø gjekk inn i selskapet. For Tromsø Symfoniorkester er det rapportert for perioden frå 1. januar til 30. september 2009. Statens tilskot til Tromsø Symfoniorkester for 2009 var 13,3 millionar kroner. For Nordnorsk Opera og Symfoniorkester er det rapportert for perioden frå 1. oktober til 31. desember 2009, inkludert symfoniorkesteret, einingane Bodø Sinfonietta og Tromsø Kammerorkester og operaverksemde. <sup>3</sup> Drifta av Notodden Bluesfestival var for 2008 fordelt på to selskap; Foreningen Notodden Blues Festival frå 1. januar til 31. oktober 2008 og Stiftelsen Notodden Blues Festival frå 1. november til 31. desember 2008. Rekneskapen for dei to siste månadene i 2008 er med i rekneskapen for Stiftelsen Notodden Blues festival for 2009. Statens tilskot til Notodden Blues Festival for 2009 var 2,1 millionar kroner. <sup>4</sup> 0,6 millionar kroner er knytt til grunnlovsjubileet. <sup>5</sup> Kristiansand Symfoniorkester, Agder Teater og Opera Sør er fusjonert til Kilden Teater- og Konserthus for Sørlandet. Denne eininga får tilskot samla frå kapittel 324 post 71.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 6.3. Kor og orkester. Konsertar, turnékonserter og tilhøyrarar. 2003-2013

Orkester	Konsertar			Tilhøyrarar				Tilhøyrarar per konsert	
	I alt	Av i alt, for barn og ungdom	Av i alt, turné- konsertar i alt <sup>1</sup>	I alt	Av i alt, på konsertar for barn og ungdom	Av i alt, den kulturelle skulesekk besök	Av i alt, tilhøyrarar på turné- konsertar <sup>1</sup>	I alt	Av dette på konsertar for barn og ungdom
2003 .....	568	134	103	333 103	71 197	..	57 269	586	531
2004 .....	696	179	192	368 159	96 099	..	67 727	529	537
2005 <sup>2</sup> .....	692	151	200	509 873	84 879	..	111 713	737	562
2006 .....	717	154	144	400 790	78 260	..	58 351	559	508
2007 .....	770	175	155	455 156	101 905	..	105 566	591	582
2008 .....	759	216	100	389 572	89 282	..	63 846	513	413
2009 .....	842	269	215	433 370	79 574	..	58 513	515	296
2010 .....	1 087	405	256	414 552	103 561	..	75 794	381	256
2011 .....	1 203	282	218	493 914	107 991	57 931	71 547	411	383
2012 .....	1 097	281	189	475 896	88 344	30 701	86 330	434	314
2013 .....	1 189	257	259	511 457	84 981	29 264	93 120	430	331
<b>2013</b>									
Bit20 ensemble .....	23	9	3	4 932	1 768	1 768	544	214	196
Det Norske Blåseensemble .....	99	63	58	25 195	8 361	7 000	8 035	254	133
Det Norske kammerorkester .....	29	3	5	15 074	189	-	2 800	520	63
Det Norske Solistkor .....	24	-	13	7 975	-	-	3 658	332	-
Kristiansand Symfoniorkester ..	99	10	11	40 379	3 173	-	6 682	408	317
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester <sup>4</sup> .....	157	14	18	26 598	2 474	-	3 673	169	177
Oslo-Filharmonien .....	167	51	18	124 200	11 000	7 000	45 500	744	216
Riksscenen <sup>3</sup> .....	174	15	-	24 278	1 065	-	-	140	71
Stavanger Symfoniorkester .....	203	38	112	87 315	21 080	2 965	7 159	430	555
Stiftelsen Harmonien .....	107	30	14	90 186	18 672	3 238	8 038	843	622
Trondheim Symfoniorkester <sup>5</sup> .....	107	24	7	65 325	17 199	7 293	7 031	611	717

<sup>1</sup> Medrekna konsertar i utlandet. <sup>2</sup> Publikum på billetterte arrangement i Oslo-Filharmonien var 87 275 i 2005. <sup>3</sup> Ny i statistikken frå og med 2008. <sup>4</sup> Ny i statistikken frå 2009. Frå 1. oktober 2009 er denne slått saman med Tromsø Symfoniorkester. <sup>5</sup> Musikkteater i Trondheim og operasatsinga i Trondheim inngår nå som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemde.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Tabell 6.4. Orkester. Inntekter og utgifter. 2003-2013. 1 000 kroner

Orkester	Inntekter i alt	Statstilskot	Regionale tilskot	Andre inntekter	Andre inntekter i prosent av inntekter i alt	Driftsutgifter
2003 .....	347 867	254 485	48 146	45 236	13,0	-
2004 .....	363 912	262 200	47 414	54 298	14,9	-
2005 .....	398 860	285 795	54 337	58 728	14,7	-
2006 <sup>1</sup> .....	429 999	302 088	59 063	68 848	16,0	-
2007 <sup>4</sup> .....	469 416	321 050	62 139	86 288	18,4	477 288
2008 <sup>4</sup> .....	494 418	347 665	67 588	79 165	16,0	493 438
2009 .....	544 294	385 918	80 904	77 472	14,2	541 707
2010 .....	595 835	440 413	93 923	61 499	10,3	560 318
2011 .....	636 896	466 329	100 126	70 441	11,1	631 379
2012 .....	691 040	499 507	110 280	81 253	11,8	693 441
2013 .....	631 027	470 359	92 865	67 803	10,7	633 700
<b>2013</b>						
Det norske Blåseensemble <sup>3</sup> .....	33 527	22 398	9 600	1 529	4,6	33 316
Kristiansand Symfoniorkester <sup>3,7</sup> .....	-	-	-	-	-	-
Oslo Filharmonien <sup>2</sup> .....	159 943	137 831	-	22 112	13,8	160 618
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester <sup>5</sup> .....	69 221	46 726	20 025	2 470	3,6	68 327
Stavanger Symfoniorkester .....	118 735	74 081	31 749	12 905	10,9	117 560
Stiftelsen Harmonien .....	134 567	115 844	-	18 723	13,9	138 241
Trondheim Symfoniorkester <sup>6</sup> .....	115 034	73 479	31 491	10 064	8,7	115 638

<sup>1</sup>To nye orkester. <sup>2</sup>Inkl. både Stiftelsen Oslo-Filharmonien og Støttefondet for Filharmonien. <sup>3</sup>Inkl. tilskot til drift fra Forsvarsdepartementet. <sup>4</sup>Eit orkester har ikkje levert tal og er ikkje med i oversikta. <sup>5</sup>Ny i statistikken fra 2009. Frå 1.10.2009 er denne slatt saman med Tromsø Symfoniorkester. <sup>6</sup>Musikkteater i Trondheim og operasatsingen i Trondheim inngår no som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemrd. <sup>7</sup>Frå 2013 er tilskotet til Kristiansand Symfoniorkester gitt som ein del av tilskotet til Kilden Teater- og Konserthus

Kjelde: Kulturdepartementet og dei enkelte orkestra.

Tabell 6.5. Rikskskonsertane. Talet på konsertar og tilhøyrarar, etter konserttype og fylke. 2000-2013

	Konsertar	Tilhøyrarar	Tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert
2000 .....	7 177	766 577	107
2001 .....	7 720	818 093	106
2002 .....	7 606	816 582	107
2003 .....	7 727	835 641	108
2004 .....	8 911	1 002 982	113
2005 .....	9 436	1 175 453	125
2006 .....	9 624	1 305 479	136
2007 .....	10 114	1 306 335	129
2008 <sup>1</sup> .....	10 209	1 291 561	127
2009 .....	10 011	1 298 824	130
2010 .....	10 131	1 294 282	128
2011 .....	9 619	1 297 143	135
2012 .....	9 635	1 297 201	135
2013 .....	10 307	1 265 180	123
<b>Konserttype</b>			
Skolekonsertar .....	8 782	1 186 830	135
Barnehagekonsertar .....	774	32 760	42
Offentlege konsertar .....	-	-	-
Arbeidsplasskonsertar <sup>2</sup> .....	199	9 154	46
Barnas- verdensdager <sup>2</sup> .....	552	36 436	66
Østfold .....	490	71 355	146
Akershus .....	942	154 963	165
Oslo .....	873	122 672	141
Hedmark .....	396	46 428	117
Oppland .....	583	51 799	89
Buskerud .....	593	70 349	119
Vestfold .....	404	58 998	146
Telemark .....	483	48 765	101
Aust-Agder .....	288	31 129	108
Vest-Agder .....	355	46 643	131
Rogaland .....	837	120 444	144
Hordaland .....	967	112 118	116
Sogn og Fjordane .....	410	33 045	81
Møre og Romsdal .....	544	66 581	122
Sør-Trøndelag .....	509	73 075	144
Nord-Trøndelag .....	359	39 083	109
Nordland .....	615	58 816	96
Troms Romsa .....	419	38 790	93
Finnmark Finnmark .....	236	19 671	83
Svalbard .....	4	456	114

<sup>1</sup>Retta tal sidan eldre utgåve. <sup>2</sup>Nye kategoriar inkluderte i 2012.

Kjelde: Rikskskonsertane.

Tabell 6.6. Rikskonsertane. Tilhøyrarar, etter konserttype og fylke. 2009-2013

	Tilhøyrarar i alt	Skolekonsertar	Barnehage-konsertar	Offentlege konsertar <sup>2</sup>	Arbeidsplass-konsertar	Barnas-verdens-dagar
<b>Heile landet</b>						
2009 .....	1 298 824	1 196 982	26 640	65 152	-	10 050
2010 .....	1 294 282	1 197 522	27 818	50 939	-	18 003
2011 .....	1 297 143	1 206 136	27 500	41 607	-	21 900
2012 <sup>1</sup> .....	1 297 201	1 202 164	28 457	25 636	5 625	35 319
2013 .....	1 265 180	1 186 830	32 760	-	9 154	36 436
<b>2013</b>						
Østfold .....	71 355	68 104	1 000	-	782	1 469
Akershus .....	154 963	147 258	0	-	920	6 785
Oslo .....	122 672	116 603	0	-	1 288	4 781
Hedmark .....	46 428	44 246	760	-	322	1 100
Oppland .....	51 799	41 001	8 000	-	1 380	1 418
Buskerud .....	70 349	65 470	2 950	-	414	1 515
Vestfold .....	58 998	57 118	0	-	322	1 558
Telemark .....	48 765	39 574	6 000	-	966	2 225
Aust-Agder .....	31 129	28 658	1 360	-	0	1 111
Vest-Agder .....	46 643	45 698	945	-	0	0
Rogaland .....	120 444	112 939	4 005	-	0	3 500
Hordaland .....	112 118	110 812	0	-	506	800
Sogn og Fjordane .....	33 045	28 047	2 400	-	0	2 598
Møre og Romsdal .....	66 581	63 159	2 640	-	782	0
Sør-Trøndelag .....	73 075	69 852	0	-	598	2 625
Nord-Trøndelag .....	39 083	34 139	2 400	-	874	1 670
Nordland .....	58 816	57 676	0	-	0	1 140
Troms/Romsdalsfjorden .....	38 790	37 686	300	-	0	804
Finnmark/Finnmark .....	19 671	18 334	0	-	0	1 337
Svalbard .....	456	456	0	-	0	0

<sup>1</sup> For offentlege konsertar er det ei endring i at Oslo World Music Festival i 2012 er skilt ut frå Rikskonsertane og etablert som eigen stiftelse <sup>2</sup> Frå august 2012 er den offentlege verksemda for Rikskonsertane avslutta, dette etter politisk vedtak frå 2011.

Kjelde: Rikskonsertane.

Tabell 6.7. Norsk musikkråd. Talet på medlemmer i dei ulike medlemsorganisasjonane. 2004-2013

	Talet på medlemmer <sup>8</sup>									
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Medlemmer i alt<sup>9</sup> .....</b>	<b>141 203</b>	<b>141 671</b>	<b>141 403</b>	<b>136 237</b>	<b>137 840</b>	<b>141 890</b>	<b>145 686</b>	<b>149 791</b>	<b>145 514</b>	<b>137 955</b>
AKKS Norge .....	798	628	803	833	822	807	839	740	737	746
BandORG <sup>3</sup> .....	-	-	-	927	1 602	1 751	2 934	4 063	5 395	4 940
De Unges Orkesterforbund <sup>2</sup> .....	3 817	3 923	3 793	3 705	3 818	3 885	4 031	4 149	4 492	4 465
Foreningen Musikk fra livets begynnelse .....	526	553	532	512	500	506	504	500	478	465
Foreningen Norske Kordirigenter .....	314	302	358	401	525	581	397	384	373	375
GramArt <sup>1</sup> .....	1 913	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Korpsnett Norge .....	2 031	1 994	2 123	2 212	2 264	2 148	2 649	2 379	2 400	2 360
Dissimilis Norge .....	746	825	825	726	770	738	807	860	728	623
Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen <sup>4</sup> .....	5 154	5 232	5 145	5 205	4 594	5 101	4 627	4 008	4 574	4 315
Musikk i Skolen .....	13 393	14 175	13 160	13 200	14 520	12 991	12 604	14 350	8 602	8 000
Klassisk <sup>6</sup> (tidl. Musikkens Venners Landsforbund) .....	4 497	4 442	4 332	3 924	3 921	4 061	4 227	4 151	4 091	2 374
Ung i Kor <sup>5</sup> .....	7 914	8 000	7 556	8 545	9 218	9 000	9 500	9 983	9 609	8 911
Norges Kirkesangforbund .....	3 700	3 700	3 700	3 800	3 350	3 250	3 300	3 400	3 300	3 390
Norsk Country-Musikk forbund .....	3 537	3 516	3 516	3 596	3 548	3 000	3 000	3 000	2 500	3 000
Norsk Festivalsangerforbund .....	1 044	1 003	920	930	854	787	767	741	701	683
Norsk forening for musikkterapi .....	256	278	285	291	301	325	349	350	392	384
Norsk jazzforum .....	10 550	11 300	11 690	11 910	12 025	12 050	13 040	13 060	13 000	13 100
Norsk Kammermusikkforbund .....	114	130	120	117	124	114	101	126	122	104
Norsk Mandolin- og Balalaikaorkesterforbund .....	92	100	84	79	71	83	83	82	76	62
Norsk Munnspillforum .....	63	68	71	76	77	79	80	85	100	103
Norsk musikkbibliotekforening .....	82	82	84	85	86	83	88	83	81	74
Norske konsertrangører Norsk Rockforbund <sup>7</sup> .....	51 500	51 500	51 500	43 085	43 085	49 342	50 000	50 000	49 500	52 802
Norsk Sangerforbund .....	1 850	1 640	1 779	1 670	1 651	1 515	1 415	1 297	1 400	1 300
Norsk sangerforum .....	6 166	6 544	6 632	7 525	7 439	8 046	8 106	8 163	8 015	8 163
Norsk Viseforum .....	1 400	1 500	1 820	2 500	2 235	1 500	1 500	1 500	1 500	1 581
Norsk Suzukiforbund .....	189	172	209	170	160	192	212	244	236	251
Norske Musikkklæreres Landsforbund .....	366	360	360	356	329	332	304	360	310	287
Norske Symfoni-Orkestres Landsforbund .....	2 300	2 300	2 200	2 200	2 200	2 300	2 300	2 300	2 300	2 300
Norske Trekkspilleres Landsforbund .....	3 270	3 154	3 215	3 258	3 163	3 102	3 049	2 817	2 559	2 734
Pascal Norge .....	-	-	-	-	-	-	-	803	2 096	2 101
Rytisk Musikkforum .....	116	120	120	110	110	-	-	-	-	-
Ung Kirkesang .....	6 527	6 975	7 084	7 026	6 985	6 953	7 500	8 300	8 007	8 031
<b>Assosierede medlemmer i Norsk musikkråd (NMR)</b>										
Kulturforbundet .....	335	449	449	363	383	250	244	247	244	245
Musikernes fellesorganisasjon .....	6 643	6 706	6 938	6 900	7 110	7 018	7 129	7 266	7 596	7 686

<sup>1</sup> Utmeld 2005. <sup>2</sup> Endra namn frå Norsk Skoleorkesterforbund til De Unges Orkesterforbund 2006. <sup>3</sup> BandORG blei medlem i Norsk musikkråd i mai 2007.<sup>4</sup> Nytt namn i 2009 etter at Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk- og Danselag slo seg saman til ein organisasjon. <sup>5</sup> Endra namn i 2011 frå Norges Barne- og Ungdomsorganisasjon til Ung i Kor. <sup>6</sup> Endra namn til Klassisk i 2012, tidlegare het det Musikkens Venners Landsforbund. <sup>7</sup> Tidlegare Norsk Rockforbund. Norske konsertrangører organiserer både medlemmer og frivillige. I 2012 var det 31 470 medlemmer. I 2013 var det 31 446 medlemmer i tala. Mange medlemmer er også frivillige. I 2013 var det 28 090 registrert som frivillige. <sup>8</sup> Medlemmer refererer til personar som er medlem, ikkje-organisasjonar. Ein person kan ha fleire medlemskap. <sup>9</sup> Tala er korrigerte frå tidlegare utgåver. Norsk kulturhusNettverk er ikkje lenger representert i tabellen, då deira medlemmer er organisasjonar, ikkje personar. Norsk Viseforum har justert tala sine for 2010 og 2011.

Kjelde: Norsk musikkråd, Norske konsertrangører, Norsk viseforum og Musikk i Skolen.

Tabell 6.8. Norges Musikkorps Forbund. Korps og medlemmer, etter region. 1999-2013

Region	Skolekorps/generasjonskorps				Amatørkorps			
	Talet på korps	Talet på medlemmer i alt	Utøvande medlemmer	Andre medlemmer	Talet på korps	Talet på medlemmer i alt	Utøvande medlemmer	Andre medlemmer
1999 .....	1 150	47 612	41 119	6 493	613	20 146	19 376	770
2000 .....	1 132	46 949	40 475	6 474	607	19 881	19 180	701
2001 .....	1 131	48 173	41 610	6 563	586	19 446	18 764	682
2002 .....	1 119	49 997	43 392	6 605	584	18 851	18 234	617
2003 .....	1 128	50 311	43 783	6 528	584	20 007	19 366	641
2004 .....	1 128	50 003	43 476	6 527	583	20 304	19 697	607
2005 .....	1 117	49 579	43 101	6 478	583	18 726	18 054	672
2006 .....	1 118	47 522	40 090	7 432	585	20 511	19 723	788
2007 .....	1 115	46 235	39 819	6 416	590	20 883	20 118	765
2008 .....	1 107	45 542	38 553	6 989	589	20 813	19 977	836
2009 .....	1 076	45 342	38 151	7 191	583	20 773	19 875	898
2010 .....	1 068	44 092	36 819	7 273	581	20 643	19 686	957
2011 .....	1 049	42 451	35 243	7 208	567	20 310	19 299	1 011
2012 .....	1 047	40 445	33 695	6 750	565	19 830	18 608	1 222
2013 .....	1 044	39 725	33 225	6 500	569	19 731	18 423	1 308
<b>2013</b>								
Aust (Østfold, Akershus, Oslo, Buskerud)	245	11 305	9 540	1 765	131	5 320	4 992	328
Hedmark/Oppland .....	80	2 873	2 357	516	80	2 637	2 456	181
Sør (Telemark, Agder, Vestfold) .....	114	4 622	3 824	798	57	2 056	1 915	141
Rogaland .....	101	3 854	3 198	656	40	1 365	1 252	113
Hordaland .....	152	4 123	3 482	641	66	2 300	2 162	138
Nordvest (Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal) .....	121	5 236	4 371	865	70	1 990	1 849	141
Trøndelag .....	104	4 033	3 324	709	69	2 406	2 273	133
Nord-Noreg(Nordland, Nordre Nordland, Sør-Troms, Troms, Finnmark) .....	127	3 679	3 129	550	56	1 657	1 524	133

Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

Tabell 6.9. Kommunale musikk- og kulturskolar. Elevar, etter fylke. 2005-2013

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Del elevar i musikk- og kulturskolar, av kommunen sine innbyggjarar 6-15 år. 2013
<b>Totalt .....</b>	<b>108 587</b>	<b>105 313</b>	<b>107 238</b>	<b>109 150</b>	<b>109 326</b>	<b>109 375</b>	<b>110 314</b>	<b>108 800</b>	<b>108 370</b>	<b>17,5</b>
Østfold .....	3 062	2 862	2 961	3 040	3 037	3 156	3 226	3 334	3 796	11,0
Akershus .....	10 819	10 563	10 813	10 838	11 106	11 071	11 310	11 795	11 739	15,1
Oslo .....	4 286	4 145	4 312	5 639	5 891	5 784	6 766	6 516	6 504	10,5
Hedmark .....	4 025	4 379	4 269	4 464	4 657	4 572	4 540	4 287	3 944	17,8
Oppland .....	5 043	5 061	5 254	5 009	5 037	5 076	4 624	4 735	4 681	21,5
Buskerud .....	3 881	4 032	4 010	3 985	4 002	4 282	4 128	4 620	4 912	14,9
Vestfold .....	6 020	4 614	4 209	4 376	4 512	3 804	4 010	3 608	4 503	15,4
Telemark .....	4 391	4 630	4 658	4 722	4 623	4 524	4 580	3 875	3 867	19,3
Aust-Agder .....	2 365	2 395	2 124	2 267	2 269	2 419	2 290	2 086	1 940	13,5
Vest-Agder .....	3 046	3 125	3 086	3 162	3 206	3 226	3 224	3 142	3 466	15,1
Rogaland .....	11 291	10 462	10 995	11 334	11 545	11 900	11 656	11 372	11 850	19,6
Hordaland .....	10 212	9 751	11 738	11 943	9 944	10 146	10 475	10 464	10 129	16,2
Sogn og Fjordane .....	3 600	4 056	4 129	3 715	4 200	4 198	4 186	4 031	3 997	28,3
Møre og Romsdal .....	8 039	8 174	8 354	8 502	8 786	8 678	9 118	8 407	8 461	25,8
Sør-Trøndelag .....	8 257	8 118	8 409	8 144	8 127	8 184	8 190	8 233	8 224	22,9
Nord-Trøndelag .....	4 938	4 671	4 840	4 649	4 739	4 840	4 994	4 979	4 445	25,8
Nordland .....	6 592	5 918	6 391	6 186	6 149	6 225	5 907	5 840	5 372	18,8
Troms Romsa .....	6 599	6 165	4 610	4 914	5 030	4 920	4 902	5 140	4 201	21,7
Finnmark Finnmark .....	2 121	2 192	2 076	2 125	2 339	2 259	2 188	2 336	2 339	25,5
Svalbard .....	..	..	..	136	127	111	..	..	..	..

Kjelde: KOASTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.10. Kommunale musikk- og kulturskolar. Elevplassar, etter fagområde og fylke. 2010/11 - 2013/14**

	Elevplassar i alt	Musikk- undervisning	Visuelle kunstfag	Teater	Dans	Andre kunst- og kulturuttrykk
2010-11 .....	122 501	86 443	7 367	7 571	17 077	4 043
2011-12 .....	125 031	85 621	7 444	7 981	17 688	6 297
2012-13 .....	123 441	83 126	7 545	8 201	18 355	6 214
2013-14 .....	124 542	82 947	7 675	7 700	17 999	8 221
Østfold .....	3 885	2 128	231	479	708	339
Akershus .....	14 683	9 665	704	740	1 140	2 434
Oslo .....	6 907	5 318	246	431	912	0
Hedmark .....	4 282	2 790	389	320	667	116
Oppland .....	5 368	3 736	374	430	690	138
Buskerud .....	5 601	3 617	313	327	738	606
Vestfold .....	5 277	3 010	632	304	294	1 037
Telemark .....	4 935	3 333	343	287	954	18
Aust-Agder .....	2 206	1 666	228	68	244	0
Vest-Agder .....	3 765	2 207	392	377	228	561
Rogaland .....	13 342	8 496	582	978	2 335	951
Hordaland .....	11 257	7 875	656	661	1 792	273
Sogn og Fjordane .....	4 409	3 309	380	44	645	31
Møre og Romsdal .....	10 043	6 515	514	442	2 416	156
Sør-Trøndelag .....	9 408	7 356	580	576	660	236
Nord-Trøndelag .....	5 117	3 311	183	171	1 275	177
Nordland .....	6 334	4 590	432	426	559	327
Troms/Romsdal .....	5 167	2 769	269	374	1 226	529
Finnmark/Finnmárku .....	2 556	1 256	227	265	516	292

<sup>1</sup> Frå 2012-13 er skapande skriving teke ut som eigen kategori, og tidlegare årgangar er derfor inkluderte her.

Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI).

**Tabell 6.11. Kommunale musikk- og kulturskolar. Elevar etter skolealder og kjønn. 2011/12-2013/14**

	Under grunnskolealder		Grunnskolealder		Over grunnskolealder	
	Gutter	Jenter	Gutter	Jenter	Gutter	Jenter
Skoleåret 2011/12 .....	1 930	3 660	32 836	60 176	4 521	7 309
Skoleåret 2012/13 .....	1 884	3 630	32 797	58 722	4 661	7 195
Skoleåret 2013/14 .....	1 307	3 394	30 255	61 837	4 287	7 393

Kjelde: GSI: gsi.udir.no/tallene

## 7. Festivalar

Nær 1,1 millionar besøkte ein festival i 2013 arrangert av medlemmer i Norske Festivaler. Festivaltilskotsordninga for musikkfestivalar var på til saman 46,9 millionar kroner dette året.

### 7.1. Nokre resultat

Festivalar er viktige arenaer for formidling og oppleving av kunst og kultur og set sitt preg på Kultur-Noreg. Dei representerer fleire ulike sjangrar. Særleg er musikkfestivalar ein stor og viktig arena for musikklivet i Noreg. Det er vanskeleg å talfeste festivalmangfaldet, både når det gjeld innhald, aktørar, tilslutning og økonomi. Mange festivalar er små lokale hendingar som i stor grad baserer seg på frivillig medverknad og lokalt initiativ. Det er derfor vanskeleg å få dei med i nokon statistikk. Tilskotsordninga som Norsk kulturråd forvaltar for musikkfestivalar, har gitt ei viss oversikt sidan ordninga starta i 2001. I tillegg gir organisasjonen Norske Festivaler nokre nøkkeltal for medlemmene sine.

*46,9 millionar til musikkfestivalar*

Festivaltilskotsordninga er ei viktig tilskotsordning for musikkfestivalar som blir arrangerte årleg eller annakvart år, og som varar minst to dagar. I 2013 fekk 103 musikkfestivalar tilskot frå denne ordninga. Festivalstøtta til desse 103 festivalane var på til saman 46,9 millionar kroner. Dette er 3,4 millionar kroner høgare enn året før. Sidan ordninga starta i 2001, har talet på musikkfestivalar som får støtte, auka.

Sjangeren populärmusikk er representert med flest festivalar innanfor tilskotsordninga. 42 slike festivalar fekk til saman 10 millionar kroner i støtte i 2013. Gjennomsnittleg støtte per populärmusikkfestival var 225 000 kroner i 2013, mot 200 000 kroner i 2012. 18 jazzfestivalar og 15 folkemusikkfestivalar fekk tilskot frå festivaltilskotsordninga, med til saman 16,3 millionar kroner. Dei 18 jazzmusikkfestivalane som fekk støtte i 2013, fekk i gjennomsnitt 600 000 kroner per festival, om lag 20 000 meir enn i det føregående året. Nokre av kategoriene er vanskelege å samanlikne da nokre festivalar skiftar kategori frå eit år til eit anna. I 2009 blei det skipa ein ny kategori for festspel utan klar tilknyting til sjanger. Sjå tabell 7.2.

Tildelingar etter sjanger er: festspel 7,1 millionar på 4 festivalar; klassisk eller kammermusikk 10 millionar på 15 festivalar; kyrkjemusikk 1,8 millionar på 2 festivalar; jazz eller impromusikk 10,7 millionar på 18 festivalar; samtidsmusikk 1,6 millionar på 3 festivalar; folkemusikk eller verdensmusikk 5,6 på 15 festivalar; populärmusikk 9,5 millionar på 42 festivalar; utan sjanger 0,6 millionar på 4 festivalar.

Tabell 7.1. Knutepunktfestivalar. Tal på arrangement og publikum på billetterte arrangement<sup>1</sup>. 2009-2013

	Arrangement					Tal på publikum på billetterte arrangement				
	2009	2010	2011	2012	2013	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	1 542	1 533	1 359	1 572	1 481	259 285	244 242	231 379	253 166	279 846
Festspillene i Bergen .....	266	130	166	148	194	33 813	35 559	32 770	32 153	38 384
Festspillene i Elverum .....	48	48	43	38	42	7 900	8 500	7 500	7 324	7 271
Festspillene i Nord-Norge .....	249	311	232	316	244	34 704	24 999	19 299	23 268	21 855
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival ..	97	86	81	101	108	14 000	14 000	13 980	14 600	14 600
Molde International Jazz Festival .....	74	75	66	77	90	34 132	27 812	29 743	25 653	22 195
Notodden Blues Festival .....	95	95	93	89	87	19 500	15 300	17 500	22 592	21 000
Olavsfestdagene i Trondheim .....	208	189	258	237	210	37 347	42 400	36 818	40 760	35 334
Riddu Riddu Festivala .....	82	97	73	65	51	4 385	1 478	1 246	2 100	2 668
Mela/Stiftelsen Horisont <sup>2</sup> .....	83	132	17	133	79	-	-	-	-	0
Ultima - Oslo Contemporary Music Festival.	64	78	62	65	72	8 240	5 268	3 999	6 407	11 215
Øyafestivalen .....	276	292	268	272	269	65 264	68 926	68 524	68 409	95 324
Norsk Country Treff .....	-	-	-	31	35	-	-	-	9 900	10 000

<sup>1</sup>For ein skilde institusjonar kan talet inkludere formidling i samarbeid med andre kulturaktørar. <sup>2</sup>Alle arrangementa under Melafestivalen var gratis for publikum. Totalt tal på publikum i 2008 var stipulert til om lag 350 000, i 2009 og 2010 var talet på publikum stipulert til om lag 300 000. I 2011 blei dei fleste arrangementa avlyste på grunn av terrorhandlingane 22. juli. Totalt publikum på den delen som blei gjennomført er stipulert til 80 000.

Kjelde: Kulturdepartementet.


**Norske Festivaler –  
1,1 millionar festivalbesøk**

Nøkkeltala frå Norske Festivaler dekkjer 44 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2013, og som har rapportert tal. Fleire av medlemsfestivalane får støtte av festivaltilskotsordninga i Norsk kulturråd, og nokre er også knutepunktfestivalar. Resultatet deira inngår derfor også i talmaterialet ovanfor. 75 ulike kulturfestivalar og festspel var medlemmer i Norske Festivaler i 2013. Tal for 2013 viser at dei 44 festivalane som har rapportert for 2013, hadde til saman nær 1,1 million besøk.

Mange kunstnarar og artistar medverka til at festivalane blei fine kulturopplevingar for mange menneske. Talet på artistar er på over 13 000 og vil innehalde mange av dei same artistane fleire gonger, men ein auke i denne summen av artistar indikerer ein auke i tilbodet av artistar til stades på festivalane. Nær 5 700 medarbeidarar gjorde ein frivillig innsats på desse 44 festivalane i 2013. Også frivillige kan delta fleire stader, og det reelle talet på frivillige personar vil vere litt lågare.

Bruttoomsetnaden i 2013 var på nær 290 millionar kroner, rundt 38 prosent av dette var statlege tilskot. Billettinntektene utgjorde 24 prosent, medan sponsormidlar utgjorde 18 prosent av inntektene. 24 prosent av inntektene var regionale og lokale tilskot. I tillegg har festivalane andre kommersielle inntekter, ikkje inkludert i tabell. Sjå tabell 7.3.


**Figur 7.1. Norske Festivaler. Talet på festivalar som er medlemmer, etter kategori. 2011-2013**



Kjelde: Norske Festivaler.

**Flest på pop- og  
rockfestivalar**

Den siste kulturuksundersøkinga er frå 2012. Figur 7.2 gir eit bilet av kor mange prosent som hadde vore på ulike sjangrar innanfor musikkfestivalar sist dei var på ein kulturfestival, i 2012.

**Figur 7.2. Prosent som var på ulike typar arrangement sist dei var på kulturfestival. 2012**

Kjelde: Norsk kultubarometer, Statistisk sentralbyrå.

## 7.2. Om statistikken – festivalar

### Tilskotsordninga for musikkfestivalar

Norsk kulturråd forvaltar gjennom tilskotsordninga midlar til musikkfestivalar. Tilskot blir gitt til musikkfestivalar som blir arrangerte årleg eller annakvart år, som går over minst to dagar, og som får offentleg tilskot frå eigen region. Tilskotsordninga har som formål å halde i gang og vidareutvikle festivalar på eit høgt kunstnarisk og profesjonelt nivå, gjere sitt til at musikk kan bli tilgjengeleg for eit breitt publikum, stimulere til kunstnarisk fornying, fremje bruken av samtidsmusikk og formidle musikk til barn og unge (Norsk kulturråd).

Oversikta over tildelingane for 2013 er henta frå Norsk kulturråd sine heimesider på Internett ([www.kulturradet.no](http://www.kulturradet.no)).

### Norske Festivaler

Norske Festivaler er ein sjangerovergripande paraply- og nettverksorganisasjon for norske kunst- og kulturfestivalar og festspel. Organisasjonen ønskjer å vere ei samlande eining for alle kulturfestivalane i Noreg, også for dei festivalane som ikkje har sin eigen sjangerspesifikke organisasjon. Norske Festivaler gjennomfører kvart år ei undersøking blant medlemsorganisasjonane sine. Av dei 75 medlemsorganisasjonane har 44 organisasjonar rapportert i 2013. Talet på medlemsorganisasjonar har minka med to frå 2012. Ein kan ikkje seie om det er dei same organisasjonane som rapporterer år for år. Ein bør derfor vere varsam med for bastante samanlikningar frå år til år.

### Kulturbuksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der personar i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtildod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kultubarometer 2012. Undersøkinga i 2004 var første gongen spørsmålet om deltaking på kulturfestival var med. Tal for 2012 ble publisert i 2013.

### Referansar

Norsk kulturråd: (<http://www.kulturradet.no>)

Norske Festivaler: (<http://www.norwayfestivals.com>)

### Meir informasjon

Statistisk sentralbyrå (2013): *Kulturstatistikk 2012*, Statistiske analysar 139. (<http://www.ssb.no/publikasjoner>)

Vaage, Odd Frank (2013): *Norsk kultubarometer 2012*, Statistiske analysar 135, Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/kultubar>)

Tabell 7.2. Utdelinger til musikkfestivalar, etter kategori. Talet på festivalar og tilskot. 2007-2013.

	2007		2009		2010		2011		2012		2013	
	Talet på festivalar	Tilskot, 1 000 kr										
I alt .....	80	28 650	98	30 012	103	31 550	99	32 750	98	43 540	103	46 924
Festspel .....	6	3 750	3	3 150	3	3 350	3	3 450	4	6 400	4	7 150
Folkemusikk .....	10	3 050	12	3 850	16	4 500	16	5 200	15	5 450	15	5 575
Jazz .....	16	7 350	18	9 300	17	9 450	20	9 900	17	9 850	18	10 750
Klassisk/ kammermusikk .....	11	5 125	10	2 300	9	2 300	8	2 450	13	9 790	15	9 999
Kyrkjemusikk .....	4	1 850	4	1 700	3	1 650	3	1 750	3	1 950	2	1 800
Populærmusikk .....	28	6 125	41	7 250	45	7 650	41	7 650	40	8 000	42	9 475
Samtidsmusikk .....	5	1 400	4	1 650	6	1 900	4	1 700	3	1 600	3	1 600
Festspel utan klar sjangertilknyting .....	-	-	6	812	4	750	4	650	3	500	4	575

Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 7.3. Hovudtal frå medlemmer av Norske Festivaler. Rapporterte tal<sup>1</sup>. 2005-2013

	2005 <sup>2</sup>	2006 <sup>3</sup>	2007 <sup>4</sup>	2008 <sup>5</sup>	2009 <sup>6</sup>	2010 <sup>8</sup>	2011 <sup>9</sup>	2012 <sup>10</sup>	2013 <sup>11</sup>
Omtrentlege besøkstal .....	1 058 737	1 065 729	1 192 823	1 454 687	951 443	1 366 453	1 004 971	1 166 079	1 104 025
Talet på artistar, kunstnarar .....	13 165	13 729	15 286	13 227	.	11 624	10 238	12 325	13 066
Talet på framsyningar .....	3 444	2 711	4 160	4 792	.	.	3 923	4 410	2 975
Talet på frivillige .....	9 560	9 800	9 979	9 461	8 920	7 320	8 870	7 156	5 718
Total omsetning, 1 000 kroner .	252 368	283 000	315 977	347 973	.	331 584	366 076	366 758	293 803
Tilskot frå EU, 1 000 kroner. ....	..	..	..	..	..	..	..	..	450
Statlege tilskot, 1 000 kroner ...	48 327	57 608	72 672	99 102	60 913	110 616	108 003	113 727	112 498
Kulturdepartementet .....	:	:	50 405	70 707	48 538	83 312	75 761	72 495	82 759
Norsk kulturråd .....	:	:	22 267	28 395	12 375	12 361	22 845	25 851	21 705
Andre nasjonale tilskot, 1 000 kroner .....	:	:	10 896	17 168	7 462	14 943	15 639	15 381	8 034
Andre tilskot <sup>1</sup> , 1 000 kroner .....	42 120	50 163	54 589	70 243	41 395	70 123	67 855	75 438	71 010
Sponsormidlar .....	:	:	63 315	71 044	45 080	68 416	60 860	63 415	51 908
Billettinntekter .....	:	:	89 747	84 094	76 500	82 429	79 914	73 603	71 143

<sup>1</sup> Førrebels tal. <sup>2</sup> Rapporterte tal frå 33 av medlemsfestivalane. <sup>3</sup> Rapporterte tal frå 56 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2006. <sup>4</sup> Rapporterte tal frå 60 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2007. <sup>5</sup> Rapporterte tal frå 62 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2008. <sup>6</sup> Rapporterte tal frå 55 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2009. <sup>7</sup> Regionale og lokale tilskot (regionråd, fylke, kommune etc.). <sup>8</sup> Rapporterte tal frå 55 av dei 84 festivalane som blei arrangerte i 2010. <sup>9</sup> Rapporterte tal frå 51 av dei 82 festivalane som blei arrangerte i 2011. <sup>10</sup> Rapporterte tal frå 53 av dei 77 festivalane som blei arrangerte i 2012.

<sup>11</sup> Rapporterte tal frå 44 av dei 75 festivalane som blei arrangerte i 2013.

Kjelde: Norske Festivaler.

## 8. Museum og samlingar


### 8.1. Nokre resultat

*10,9 millionar  
museumsbesøk*

I 2013 var det totalt 10,9 millionar besøk i musea i Noreg. Det er ein auke på nær 280 000 besøk, eller 2,6 prosent, siste året. Frå 2004 til 2013 har talet på museumsbesøk auka med 2,3 millionar, eller 28 prosent. Besøkstala har auka nesten kvart år i denne perioden.

I perioden 2004-2013 var det stadig fleire som kom på enkeltbesøk. Talet på enkeltbesøk auka med 45 prosent. I 2013 var det 8,2 millionar enkeltbesøk. Gruppebesøka har blitt noko færre over tid, og hadde ein nedgang på 5 prosent i same tidsrommet. Frå 2012 til 2013 auka likevel gruppebesøka med 62 000. Totalt var det 2,7 millionar besøk i grupper i 2013 (figur 8.1 og tabell 8.2).


**Figur 8.1 Besøk i norske museum. 2004-2013. Millionar**



Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Musea i Oslo hadde nær 4,4 millionar besøk. 18 prosent (23 museum) av alle musea ligg i Oslo, og Oslo-musea stod for 40 prosent av alle museumsbesøka i Noreg i 2013. Besøka i desse musea utgjer ein auke på 286 000, eller 7 prosent, siste året. Dette er ein litt større auke enn året før. Auken i besøk i Oslo-musea er såleis høgare enn den totale auken for alle musea. Figur 8.2 syner at fleire fylke hadde nedgang i museumsbesøka i 2013. Enda eit år hadde musea i Vestfold den største prosentvise auken det siste året, på 19 prosent, mot 10 prosent frå 2011 til 2012. Museumsbesøka i Vestfold utgjer berre 1,5 prosent av alle museumsbesøka i 2013. Dersom ein ser på perioden 2008-2013, auka museumsbesøka totalt med 7 prosent. Musea i Troms hadde den høgaste auken i prosent frå 2008 til 2013, med 78 prosent. Sør-Trøndelag og Rogaland hadde også ein høg auke i denne perioden, høvesvis 35 og 25 prosent. I same perioden gjekk besøkstala ved musea i Aust-Agder og Sogn og Fjordane ned med høvesvis 43 og 35 prosent. Musea i Sogn og Fjordane hadde ein svak auke siste året, på 1,2 prosent. Sjå tabell 8.2 og figur 8.2.

**Figur 8.2 Besøk i norske museum. Fylke, etter endringar i prosent i talet på besøk det siste året og dei siste fem åra**




Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Nær halvparten av besøka er betalte

Besøkjande som betalar for seg, auka med 18 prosent i perioden 2004-2013. Talet på betalande besøk var 5,4 millionar i 2013, men hadde likevel ein nedgang på 6 prosent frå 2012.

49 prosent av museumsbesøka var betalte besøk i 2013. Det er litt lågare del betalande besøk enn i 2012. Sidan 2002 har prosentdelen betalande variert mellom 46 og 54 prosent. Skilnadene mellom musea og mellom fylka er store når ein ser på delen av betalande besøk. Noko av dette kjem av at ikkje alle musea tek betaling. Musea på Svalbard og i Hedmark hadde størst prosentdel betalande i 2013, med høvesvis 84 og 80 prosent betalande av det totale besøket. Aust-Agder<sup>5</sup> var fylket med færrest betalande besøk i 2013, med 23 prosent. Sjå figur 8.3.


<sup>5</sup> Aust-Agder kulturhistoriske senter var stengt for publikum i 2013 på grunn av ombygging.

**Figur 8.3. Besøkjande, betalande og andre, etter fylke. 2013. Prosent**

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

51 millionar gjenstandar  
eller objekt i dei norske  
musea

Samlingane i dei norske musea er ein viktig dokumentasjon av den norske kulturarven. Talet på registrerte gjenstandar har auka jamt i heile det siste tiåret. Samlingane utgjorde totalt om lag 51 millionar gjenstandar eller objekt i 2013. Siste året var det ein svak nedgang i registrerte objekt på om lag 1 prosent. Det har i hovudsak si årsak i nedgang i talet på registrerte fotografi. Fleire museum melder om betra og endra registreringsmetodar for fotosamlingane sine. Generelt reknar ein med at det er auka presisjon i registreringa av samlingane. Dei andre kategoriene for samlingane, kunsthistoriske, kulturhistoriske, naturhistoriske og arkeologiske gjenstandar syner ein auke på mellom 0,3 og 5 prosent siste året. Sidan 2004 har talet på registrerte gjenstandar og objekt auka frå 32 til 51 millionar.

**Figur 8.4. Samlingar i norske museum<sup>1</sup>. 2007-2013. 1 000**


Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Det var nær 716 000 kunsthistoriske gjenstandar i musea i 2013. Talet auka med 24 000, eller 3 prosent, frå året før. Frå 2010 til 2011 var det ein stor auke i dei kunsthistoriske gjenstandane, men over halvparten av den auken kjem på grunn av betra rapportering frå Nasjonalmuseet for kunst. Dei naturhistoriske gjenstandane har auka med 0,4 prosent, og i 2013 var det over 10 millionar naturhistoriske gjenstandar. Desse gjenstandane utgjer 20 prosent av museumssamlingane, mens fotografia utgjer 61 prosent. I slutten på 2013 var det nær 31 millionar fotografi i musea. Det var drygt 5 millionar arkeologiske gjenstandar i musea i 2013, ein auke på 5 prosent frå 2012. Talet på kulturhistoriske gjenstandar har halde seg stabilt på rundt 3,6 millionar dei siste fire åra. Om lag 27 prosent av samlingane er elektronisk registrert. Sjå tabell 8.1 og figur 8.4.

#### *Stabilt tal på utstillingar*

Dei 10,9 millionane som var innom norske museum i 2013, kunne velje mellom til saman nær 2 900 utstillingar, det same talet som året før. Sidan 2004 har talet på utstillingar auka med 18 prosent, mens det dei to siste åra har vore ein svak nedgang i høve til 2011. Det har vore ein liten nedgang i talet på basisutstillingar siste året. Basisutstillingane utgjer over halvparten, 55 prosent, av alle utstillingane i musea i 2013. Talet på temporære utstillingar og eigenproduserte vandreutstillingar i drift har gått litt opp det siste året. Desse utstillingstypene utgjorde i 2013 høvesvis ein tredjedel og ein tiendedel av alle utstillingane. Figur 8.5 syner oversikt over talet på utstillingar frå 2002 til 2013. Nærare detaljar om dei ulike utstillingskategoriane fordelt på fylke finn ein i tabell 8.3.

**Figur 8.5. Utstillingar i norske museum. 2002-2013**



Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Musea i Noreg forvaltar omlag 4 900 kulturhistoriske bygningar, og nær 2 900 av desse var opne for publikum i 2013. Frå 2006 utgjer det ein auke på nær 32 kulturhistoriske bygningar, medan det er ein nedgang på 87 opne kulturhistoriske bygningar frå same år. Sjå tabell 8.4. I tillegg til gjenstandar og bygningar forvaltar musea også farkostar. I 2013 hadde musea nær 1 900 farkostar, 88 prosent av desse var farkostar på land.

#### *Andre aktivitetar i musea – nær 6 000 opne møte*

Musea har utstrekkt tilbod om ope møte, foredrag, seminar og liknande. Tabell 8.10 syner at i 2013 blei nær 6 000 slike arrangement haldne i musea. Det blei også halde drygt 1 600 konserter, 250 ulike teateroppsettingar, med til saman 3 100 framstyrningar.

#### *Universell utforming – 73 prosent tilrettelagt*


Sidan 2010 har musea svara på spørsmål om universell utforming når det gjeld lokala og formidlinga. I 2013 var 73 prosent av musea lagde til rette for

funksjonshemma, 65 prosent av musea hadde formidlinga si lagd til rette for funksjonshemma, og 47 prosent av musea sine heimesider følgjer WAI-standarden. Dette er ein standard for universelt tilgjengelege nettsteder. Sjå tabell 8.11.

#### Forbetra driftsresultat i 2013


Driftsresultatet totalt for musea i 2013 utgjorde 110 millionar kroner. Dette resultatet er ei dobling i høve til driftsresultatet i 2012. Dei totale driftsinntektene for musea i Noreg låg på 4,2 milliardar kroner i 2013. Dette er ein auke i driftsinntektene frå 2012 på 182 millionar kroner, eller 5 prosent. Dei offentlege løyvingane utgjorde drygt 3 milliardar kroner, eller 73 prosent av driftsinntektene. Veksten for dei offentlege løyvingane var 177 millionar kroner, eller drygt 6 prosent, litt høgare vekst enn frå 2011 til 2012 da veksten var på 4 prosent, (sjå Kulturstatistikk 2011 og 2012). Driftskostnadene for musea utgjorde 4,1 milliardar kroner. Løns- og pensjonskostnader utgjorde største delen av driftskostnadene, med 50 prosent. Sjå tabell 8.5 og figur 8.6 og 8.7.

**Figur 8.6. Driftsinntekter, etter inntektstype. 2008-2013. Prosent**



Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Figur 8.7. Driftsutgifter, etter kostnadstype. 2008-2013. Prosent**



Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Nær 4 100 årsverk

Det vart utført om lag 4 100 årsverk i musea i 2013, nær 100 fleire enn førre året. Frå 2004 til 2013 auka talet på årsverk totalt, med 9 prosent. Om lag 3 900 årsverk var lønte i 2013, og dette utgjer 95 prosent av dei totale årsverka.

Kvinnedelen i dei lønte årsverka var 54 prosent i 2013, det same som i 2012. Frå 2006 har delen kvinnelege årsverk variert lite, mellom 52 og 54 prosent. Sjå tabell 8.6.

59 prosent av leiarstillingane (dagleg leiar) var tilsett av menn, og i dei tekniske stillingane var 71 prosent tilsett av menn. I dei vitskapelige og administrative stillingane var det flest kvinnelege årsverk, med høvesvis 59 og 73 prosent. Det er små endringar i kjønnsfordelinga frå år til år i dei ulike stillingskategoriane, men tendensen har gått mot høgare kvinnedel for dagleg leiar og vitskapleg kunst- og kulturfagleg personale. Når det gjeld styreleiarar, gjekk delen kvinner ned i perioden 2006-2010, men har stige igjen dei tre siste åra, til 25 prosent i 2013. Kjønnsfordelinga blant styremedlemmer har også stige dei siste åra, men gjekk ned frå 46 prosent i 2012 til 45 prosent i 2013. Delen kvinnelege varamedlemmer har halde seg nokolunde stabil sidan 2006. Sjå tabellane 8.7 og 8.8.


#### *Stadig færre administrative einingar*

Talet på dei norske musea har gått ned frå 188 i 2005 til 127 administrative einingar i 2013. Nedgangen har si årsak i ein konsolideringsprosess der museum slår seg saman og dannar større organisasjonar (Norsk kulturråd 2013, Museumsstatistikk 2013). Samanlikna med 2012 var det ein nedgang på ein administrativ eining, året før var nedgangen seks. Med andre ord har samanslåingar under museumsreforma stabilisert seg.

#### *41 prosent på eit museum dei siste tolv månadene i 2012*

Tal frå Kultur- og mediebruksundersøkinga 2012 syner at 41 prosent av befolkninga hadde vore på eit museum dei siste tolv månadene. I 2008 var prosenten 43. Tabell 8.11 og figur 8.8 viser folks besøk på ulike typar museum. Folkemuseum er mest besøkt, 22 prosent svara at dei hadde vore på eit folkemuseum sist dei var på museum, i 2012. Til samanlikning var 45 prosent på besøk i et folkemuseum i 1994. Teknisk museum er stadig blitt meir populært å besøke, sist dei var på museum svara 16 prosent i 1994 at dei hadde vore på teknisk museum, mens i 2012 var delen 21 prosent. Menn var i større grad enn kvinner på eit teknisk museum, 23 prosent i 2012. Kvinner ser ut til å gå oftare på kunstmuseum enn menn, 19 prosent kvinner besøkte eit kunstmuseum sist dei var på museum i 2012. Ser ein bort frå folkemuseum, har forholdet mellom bruken av dei ulike museumstypane halde seg nokså konstant dei seinare åra.

**Figur 8.8. Personar som har vore på ulike typar museum sist dei var på eit museum. 2012. Prosent**



Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

## 8.2. Om museumsstatistikken

Museum og samlingar er ein årleg statistikk som vert publisert av Statistisk sentralbyrå (SSB). Formålet med museumsstatistikken er å gi ei årleg oversikt over aktiviteten på området. Statistikken gir også nødvendig informasjon for stat, fylke, kommune og andre som er involverte i drifta eller finansieringa av musea. SSB har publisert statistikken årleg sidan 1983, med unntak av åra 1984 og 1990.

Statistikken har vore publisert i samarbeid med Statens museumsråd, Norsk Museumsutvikling (NMU) og ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum og frå statistikkrapporteringa i 2011, i samarbeid med Norsk kulturråd.

### Omfang og publisering

Frå og med statistikkåret 2002 består museumsstatistikken i SSB av ein delpopulasjon av dei norske musea. I tillegg til at musea skal vere opne for publikum, har vi avgrensa populasjonen til å gjelde berre dei musea som har minst eitt fast lønt årsverk. Ein har slik fått ein meir stabil populasjon å halde seg til. Dei siste åra har museumssektoren vore gjennom ei stor reform. Museum over heile landet er gjennom regionale konsolideringsprosessar slegne saman til sterke faglege einingar. Dette har ført til at talet på einingar som rapporterer statistikk, er reduserte dei seinare åra. Likevel representerer desse einingane i hovudsak det same landskapet og populasjonen som tidlegare, i høve til gjenstandar, bygningar, utstillingar, tilsette, økonomi og så vidare.

Museumsstatistikken i SSB blir publisert her: <http://www.ssb.no/museer/>. Tal frå kultur- og mediebruksundersøkingane blir publiserte i Norsk kulturbarometer: <http://www.ssb.no/kulturbar/>.

### Datakjelder og datainnsamling

Norsk kulturråd har ansvaret for å samle inn data frå dei enkelte museumseiningane. Fram til 2004 blei data rapporterte på skjema. SSB stod for registrering, revidering, kvalitetssikring og publisering av data. Dei siste åra har datainnsamlinga gått føre seg elektronisk, og SSB får ei samla elektronisk datafil for heile populasjonen via Norsk kulturråd. Fila dannar grunnlaget for publisering frå SSB.

### Omgrep og definisjonar

*Museum* I hovudsak bygger definisjonen av museum seg på International Council of Museums' (ICOM) definisjon:

«*Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn, bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed.» (ICOMs statutter, artikkel 3, paragraf 1).*

Til og med 2001-statistikken var det slik at alle samlingar som var opne for publikum, kunne vere inkluderte i museumsstatistikken. Frå 2002 er museumsstatistikken i SSB avgrensa til ein delpopulasjon. Kravet til einingar i delpopulasjonen er at musea skal vere opne for publikum og ha minst eitt fast lønt årsverk. Populasjonen kan derfor i nokre år avvike frå populasjonen i museumsstatistikken til Norsk kulturråd.

*Type museum* Frå statistikkåret 2011 blir ikkje musea lenger delte inn i museumstypar. I statistikkane frå 2007 til 2010 vart musea delte inn i fem museumstypar: kunst- og kunstindustrimuseum, kulturhistorisk museum,

naturhistorisk museum, blanda kultur- og naturhistorisk museum og blanda kunst- og kulturhistorisk museum. Denne inndelinga er ikkje lenger formålstenleg på grunn av at fleire museum har slege seg saman og danna større organisasjonar.

*Besøk i museumsstatistikken*

Besøk er besøk av ein eller fleire personar som kjem til museet for å sjå på og bruke utstillingar og formidlingstenester i museet. Besøk på friluftsmuseum er besøk medan museet er ope for bruk av formidlingstenestene. Personar på museet i samband med arrangement blir ikkje rekna med. Besøk på nettsider blir heller ikkje rekna med.

*Universell utforming – nedsett funksjonsevne*

*Universell utforming* er tilrettelegging av lokale eller formidling for alle besøkande. Å leggje til rette kan vere merking med blindeskrift, teiknspråk, teleslynge, heis, rullestolrampe, storskrift og lettlest informasjon. For nettsider er det ein standard for universell utforming, WAI-standarden. Nærare informasjon om WAI på <http://www.w3.org/WAI/>. *Nedsett funksjonsevne* eller funksjonshemming blir av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon beskrive som ein konflikt mellom føresetnadene individet har, og krava som miljøet og samfunnet har til funksjon på område som er vesentlege for å etablere og halde oppe sjølvstendet og det sosiale tilveret til enkeltmennesket.

*Andre omgrep*

*Inntekter totalt* inkluderer offentlege løyvingar, billettinntekter, gåver og andre inntekter.

*Lønte årsverk i alt* omfattar faste stillingar, mellombels engasjerte (ikkje på arbeidsmarknadstiltak), engasjerte gjennom arbeidsmarknadstiltak, lærlingar og sivilarbeidarar.

*Utgifter i alt* inkluderer løn, sosiale utgifter, andre driftsutgifter og investeringar.

*Gjenstandar/objekt* kan vere kunsthistoriske, kulturhistoriske, naturhistoriske, arkeologiske og fotografi. Kategorien arkeologiske gjenstandar blei innført i statistikken 2007. Desse gjenstandane har hovudsakleg tidlegare vore rapporterte i kategorien kulturhistoriske gjenstandar (ABM-skrift, nr. 49).

*Basisutstilling* er fast utstilling som er ein del av det faste opplegget til museet når det gjeld formidling. Eit museum kan ha fleire basisutstillingar. Eit tun eller friluftsmuseum med fleire bygningar blir rekna som éi basisutstilling.

*Vandreutstilling* er utstilling som er laga for å kunne bli transportert og vist på fleire stader.

2011 .....	63	48	79	32	16	32
2012 .....	55	49	77	28	22	27
2013 .....	51	52	76	24	25	27
<b>2013</b>						
<b>Kjønn</b>						
Menn .....	49	57	76	19	27	30
Kvinner .....	52	47	76	29	24	23
<b>Alder</b>						
9-15 år .....	18	20	35	15	16	3
16-24 " .....	26	61	66	5	40	21
25-44 " .....	42	70	80	11	39	31
45-66 " .....	70	52	86	34	16	36
67-79 " .....	83	25	87	62	4	21

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.


## 13. Film og kino

I alt var det 11,8 millionar besök på kino i 2013. Det er ein liten nedgang i kinobesøket mot førre året da det var 320 000 fleire besökande på norske kinoar. Sett gjennom nokre år straumar folk til kinoane om lag som før. Norsk films del av kinobesøket har auka noko over tid. I 2013 var det 2,7 millionar besök på norske filmar, medan det i 1999 var registrert 1 millionar besök. I 1999 var det 10 nye norske filmar på kino, medan dette talet var auka til 26 i 2013. Dette viser tal frå Film & Kino. Sjå figur 13.1 for besøkstal.

I kapittel 13.1 og figur 13.1 blir tal på besök og aktivitetane til kinoverksemde presenterte. Mange endringar i kinoverksemde har vore gjennomført over fleire år. Over lang tid har det vore satsa på fleirsalskinoar ved utbygging, dette gir utslag i fleire salar per kinobygg. Kinoane har vore digitalisert dei siste åra, som gjer det mogleg å la same film få premiere på mange visingsstader samtidig. Kinoane har også over tid gått inn i større einingar i ein kjededanningsprosess. Snautt over halvparten av kinobesøk i 2013 var hos kinokjedene.

I dette kapittelet går vi også igjennom tal knytte til produksjon av film. Samstundes som det har vore aukande interesse for norsk film, har det også vore meir midlar tilgjengeleg frå Filmfondet til produksjon av film, TV-seriar, dokumentarar med vidare. I 2013 blei det utdelt 444,5 millionar kroner i dei ulike ordningane forvalta av Norsk filminstitutt. Tal om produksjon og filmarvforvaltning, sjå kapittel 13.2.

**Figur 13.1. Kinobesøk. Samla besök, utanlandske og norske filmar. 1999-2013. Millionar besök**



Kjelde: Film & Kino.

### 13.1. Kinobesøk og kinodrift

11,8 millionar kinobesøk  
i 2013

I 2013 var det 11,8 millionar kinobesøk, som er ein nedgang på 3 prosent samanlikna med året før. Besøkstala svarar til 2,3 kinobesøk per innbyggjar. Samstundes som det er fallande besøkstal på kino i 2013, er det aukande besøkstal på norsk film, som hadde 2,7 millionar besök same året, om lag ein halv million fleire enn i 2012. Billettinntektene på kinoane var på 1,1 milliardar kroner i 2013. Besök til norske filmar stod for 0,2 milliardar kroner av desse inntektene. Sjå figur 13.1, tabell 13.2 og Film & Kinos Årbok 2013.

Auke i besøkstal  
på norsk film

Framgangen i besøkstal for norske filmar har vore på 24 prosent i perioden 2012-2013. Dei utanlandske filmane hadde i 2013 ein nedgang i besök på 8,5 prosent frå året før. Besøkstala på norske filmar utgjer 23 prosent av samla kinobesøk. I perioden 2001-2007 var besök på norsk film på det høgaste 18,2 prosent av alle

besøk, og 7,4 prosent på det lågaste. I perioden 2008-2013 var besøksdelen på det lågaste 17,8 prosent, og 24,5 prosent på det høgaste. Det indikerer ei stabilisering av høgare besøkstal. Tendensen over tid har vore ei aukande interesse for norsk film samstundes som det har vore ei opptrapping av produksjonen av norsk film, sjå tabell 13.2. Meir om produksjon av norsk film i del 13.2.

*Tre norske filmar står for nesten halvparten av besøket på norsk film*

Nokre få av dei norske filmane står for store delar av besøket på norsk film. Dei tre største norske filmane i 2013 stod for 49 prosent av alle besøk på norsk film, litt over 1,3 millionar besøk. Sjå figur 13.1 og tabell 13.2, og Film & Kinos årskalk for 2013 for meir informasjon om dei norske filmane.

Det er eit kjenneteikn ved kulturprodukt at svært få nylanserte produkt står for store delar av salet. Det gjeld også for film. Fordelinga av besøk på alle filmane frå alle land er slik at nokre få av filmane står for store delar av kinobesøket, og svært mange filmar har mindre besøk, som ei beskriving av fordelinga. Derfor er det ikkje noko dramatisk i at dei tre største norske filmane står for 49 prosent av besøket på norsk film i 2013. Ei slik fordeling vil vere å forvente også andre år, for norsk og utanlandsk film.

Det var i 2013 i alt 344 000 framsyningar på norske kinoar, ein nedgang på 0,6 prosent mot førre året. Dei norske filmane hadde 69 000 framsyningar, 18 500 fleire enn i 2012. Besøk per framsyning har halde seg stabilt dei siste fire åra, med ein liten nedgang frå 35 til 34 personar i gjennomsnitt per framsyning. Talet på framsyningane dei ulike filmane får, varierer. Kinoane vurderer attraktiviteten filmane har etter besøkstala opningshelga, og gir visingsplass til dei populære filmane. Norske filmar med gode publikumstal ser ut til å ha fått mange visingar i 2013.

*Norske kinoar har lagt om kinodrifta for å lokke publikum til visingane*

Kinobesøk har dei siste ti åra lege mellom 11 og nesten 13 millionar. I denne perioden har det vore store endringar i filmbransjen. Digitalisering av film har hatt konsekvensar for videobutikkar. Sal av film i fysisk form, eksempelvis DVD, hadde i Noreg sin høgaste popularitet rundt 2007, og har dei siste åra vore mindre populært, og blir nå erstatta av film i digitale tenester, ofte frå globale tilbydarar. Samstundes har kinoane i Noreg digitalisert visingsforma. Dei norske kinoane digitaliserte da dei forventa å miste tilgangen til analog film, og valde ei tidleg tilpassing til digital distribusjon. Dei mindre kinoane har med digital distribusjon moglegheit til å ha tidleg premiere på attraktive filmar. Kinoen meiner at moglegheita dei har til å trekke publikum til film på kino, kviler på at dei får vise filmen før han er tilgjengeleg på andre plattformer (Rushprint.no 2014). I tillegg har kinoane i svært mange år hatt ein strategi om å kunne drive kinoar med fleire salar for å kunne vise fleire populære filmar samstundes.

Frå Film & Kinos årskalk kan vi sjå at det i 1995 var 1,4 salar per kinobygg, medan det i 2013 var 2,1 salar per bygg. Dette viser at kinobygga i 2013 inneheld fleire salar enn det som var vanleg før. Dette kjem av at nokre små kinoar med berre ein sal blei lagde ned medan nokre andre kinoar blir bygde om til fleirsalskinoar. Denne endringa har skjedd over lengre tid, fordi det tar år å planleggje og byggje nye kinobygg. Samstundes viser tabell 13.2 at det er færre besøkande per vising, eit resultat av fleirsalsutbygginga. I 2004 var det om lag 45 personar i gjennomsnitt på kvar vising, medan dette talet låg nærmere 34 personar per vising i 2013.

*Norske kinoar er digitale*

I 2013 er alle kinosalane i statistikken digitale. Sjå tabell 13.2. Norske kinoar er digitaliserte over nokre år. I 2008 var berre 49 salar digitaliserte, som eit forprosjekt til digitalisering. Gjennomføringa av digitaliseringa tok nokre få år, mykje blei gjort i 2011 da digitaliseringa var nær gjennomført. I 2013 er alle 422 salar i kinobygga digitale.

Digitaliseringa inkluderte også mindre kinoar, som har gjort digital distribusjon over heile landet mogleg. Nokre av dei minste kinoane avslutta drifta før overgang til digital løysing. I tillegg har nye mindre kinoar også kome til.


Digitaliseringa har også kome med digitalisering av reklamefilm og ny teknologi for lyd og bilet. Introduksjonen av 3-D film som ein vanleg del av film-repertoaret er eit resultat av digitaliseringsprosessen.

Filmar i 3-D stod for 2,7 millionar kinobesøk i 2013. I alt 167 kinoar har 281 salar som kan vise 3-D i Noreg i 2013. Norske filmar hadde ingen ordinær lansering av kinofilm for 3-D visingar i 2013. 3-D filmar står for 26 prosent av all billettinntekt i 2013 i Noreg. Sjå Film & Kinos Årbok 2013 for fleire opplysningar.

*Norske kinoar er i ein kjededanningsprosess*

Samstundes med digitaliseringa har det vore ei endring i organiseringa av kinodrift. Kinoverksemda ber preg av kjededanning. Det vil seie at mange kinoar som før var sjølvstendige, nå inngår i ei større eining. Slike kjeder kan vere kommunalt eigde, dei kan vere private eller dei kan vere eigde av både kommunar og private selskap. 6,9 millionar besøk er på kinoar i ulike kjeder, det utgjer 59 prosent av alle kinobesøka i Noreg i 2013. Kjeder utvidar verksemda gjennom oppkjøp av kinoar med høge publikumstal, derfor aukar besøkstala i kjedene brått ved innlemming av fleire kinoar. Dette er spesielt tydeleg i 2013 da fleire kinosalar blei innlemma i kjede. Sjå figur 13.2.

**Figur 13.2. Kinobesøk. Del besøk på kinokjeder og kinoar utanfor kjeder. 2010-2013. Prosent**



Kjelde: Film & Kino.

Dei kommunale kinoane blir eigde av kommunar aleine eller i felles eige med andre kommunar. Ved overgang til felles eige med private blir kinoen registrert som privat dersom dei private har eigarmajoritet. Sal av kommunale kinoar har gitt ein nedgang i besøkstala for kommunale kinoar da det blir færre av dei i statistikken. Nedgangen kjem ikkje av fallande popularitet. Besøka på dei kommunale kinoane utgjorde 59 prosent av dei totale kinobesøka i 2013, medan besøka på dei ikkje-kommunale utgjorde 41 prosent av totalen. Bygdekinoane, som er eit tilbod til dei mindre kommunane utan kino, har hatt ein tilbakegang i besøk på 3 prosent frå 2012. I 2013 var det 112 000 besøk på bygdekinovisingane. Sjå tabell 13.1 og 13.2.

*200 kinobygg i 2013*

Over lengre tid har det blitt færre kinobygg, totalt var det 200 kinobygg i 2013, medan det var 243 kinobygg i 2001. Det har vore ein auke på fire kinobygg frå 2012 til 2013.

I 2013 var det i alt 422 salar som fordele seg på 279 kommunale og 143 ikkje-kommunale kinosalar. Dei kommunale kinoane hadde 144 kinobygg i 2013, medan det var 56 ikkje-kommunale. Bygdekinoen hadde 177 framsyningssstader i 2013, 9 fleire enn året før.

Kombinasjonen av salar og visingsstader for bygdekinoen er framsyningssstader. Talet på framsyningssstader har vore minkande i tidlegare år, medan det frå 2012 til 2013 har vore ein auke frå 583 til 599 visingsstader.

Sidan 2001 har det samla vore ein nedgang på 43 kinobygg og ein auke på 32 salar på kinoane. Nokre kinoar med berre ein sal vil nok nå vere nedlagde, og nyare kinoar er fleirsalskinoar. Derfor kan talet på kinobygg minke, medan talet på salar kan auke.

I 2013 var det til saman 76 700 sitjeplassar ved kinoane. Dei kommunale kinoane hadde 52 200 sitjeplassar, medan dei ikkje-kommunale hadde over 24 500 sitjeplassar. Sjå tabell 13.2.

*Fleire norske premierefilmar  
på kino*

Det var totalt 201 langfilmpremierar ved kinoane i Noreg i 2013. I 2012 var det 196 langfilmpremierar. Sjå tabell 13.4. Over tid har talet på premierefilmar med Noreg som produksjonsland auka. I 2005 var det 21 filmar frå Noreg, medan det i 2013 var 26 filmar frå Noreg (Film & Kinos Årbok 2013). Samstundes med auken i talet på premierar på norsk film, har digitaliseringa gitt endra moglegheit til å spreie filmen over fleire visingsstader samstundes. Før digitaliseringa ville filmar bli distribuerte i eit begrensa tal kopiar som ofte blei vist på stader med størst publikum først, før filmen kom til mindre stader. I dag kan filmen bli vist alle stader, om distributør og kinodrivar blir samde. Også publikumssamsetjinga vil spele inn, fleire eldre er kinobesøkande i 2013, meir om publikum lenger ned i kapitlet.

*Stabilisering i vurderte  
spelefilmar*


Medietilsynet vurderte/registrerte 251 spelefilmar og 4 kortfilmar i 2013. Det er 1 spelefilm mindre og 1 kortfilm mindre enn førre året. Registrerte/vurderte filmar blir ikkje alltid viste på kino same året som dei er registrerte/vurderte. Sjå tabell 13.4 og punkt 13.2 om statistikken.

*Videosalet i Noreg har hatt  
tilbakegang sidan 2007*

Sal av DVD og andre former for film i Noreg i fysisk format har hatt ein jamn tilbakegang frå 2007 til 2013. Forbruk av film i heimen har flytta seg til digitale løysingar. Vi får eit innblikk i endringa ved å sjå på utviklinga til videofondavgifta sidan 2007. Videofondavgifta er ei avgift på sal av DVD og andre former for videofilm, avgifta er per eksemplar av videofilmen og gir derfor ikkje inntekt knytt til digital film på Internett. I tabell 13.9 om filmfondet viser vi også det bidraget som videofondavgifta gir til Norsk kino- og filmfond.

Omrekna til 2013-kroner (med KPI) stod video i 2007 for et bidrag på 86 millionar kroner med videofondavgifta, medan avgift på kinobillettar bidrog med nær 22 millionar i 2013-kroner med kinofondavgifta. I 2013 er bidraget frå videofondavgifta 34 millionar og frå kinofondavgifta 24 millionar kroner. For video vil det seie ein tilbakegang på 61 prosent frå 2007 til 2013, målt i videofondavgifta sett i høve til 2013-kroner. Videoaktivitet som gir lågare inntening, gir også mindre inntekt til Norsk video- og filmfond totalt per år. Tal om videoavgiftfondet og kinofondet er frå Film & Kino.

**Figur 13.3. Personar som har vore på kino dei siste tolv månadene, etter alder. 2000-2013.**  
**Prosent**



Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.


*Ein større prosentdel av dei eldre går på kino*

Sjølv om talet på biletterte besøk på kinoane er om lag stabilt, har publikumet endra seg noko. Dei yngre går framleis mest på kino også i 2013. Sett over tid har delen eldre som besøkte kino, auka, medan andelen yngre har vore ganske stabil. Dei yngre går litt mindre hyppig på kino nå enn før.

Ei endring dei siste tjue åra er at ein større del av dei vaksne går på kino. Dei vaksne går også hyppigare på kino nå enn før. I figur 13.3 kan vi sjå utviklinga dei siste åra fra 2000 til 2013. Prosentdelen i aldersgruppene 45-66 år og 67-79 år som går på kino, varierer litt år til år, men tendensen er over tid noko meir deltaking. Framgang og tilbakegang år til år er mest sannsynleg relatert til filmtilbodet for aldersgruppa og reflekterer neppe ei kortvarig sosial endring. I det lange løpet er dei eldre blitt meir involvert i kinokulturen.

Prosentdelen av dei yngre som går på kino, har variert lite år til år, medan dei går mindre hyppig på kino nå enn før. Dette viser tal frå Norsk mediebarometer 2013. At yngre går mindre hyppig på kino nå enn før, kan ha å gjere med at dei yngre har interesse av kultur i digital form, på mobil eller anna bruk. Kva gjeld dei eldre, er det ei mogleg samfunnsendring at dei eldre er meir aktive generelt og nyttar seg av mange kulturtildob inkludert kino.

**Figur 13.4. Personar som har vore på kino dei siste tolv månadene, etter kjønn. 1994-2013.**  
Prosent



Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

*Ein større prosentdel går på kino*

Med fleire vaksne på kino er tendensen generelt at befolkninga dei siste 20 åra har blitt meir delaktige i kinokulturen, dette blir illustrert i figur 13.4. Utviklinga gjeld både menn og kvinner. I 2013 var 71 prosent av alle menn og 74 prosent av alle kvinner på kino i løpet av tolv månadar. I 1994 var 62 prosent av alle menn og 61 prosent av alle kvinner på kino i løpet av eit års tid.

### 13.2. Produksjon og forvaltning av film

*Større produksjonstilskot frå Norsk filminstitutt*

Det har over tid vore ei opptrapping i produksjonstilskot frå Norsk filminstitutt (NFI). Det har vore ein auke i tilskot til produksjon av filmar, TV-seriar og dataspel frå 2009 til 2013 utbetalt av NFI. I 2009 blei om lag 361,7 millionar innvilga i stønadssordningar i filmfondet som er underlagt Norsk filminstitutt. I 2010 auka beløpet til 376,7 millionar, så til 434,4 millionar i 2011, til 423,7 millionar i 2012, medan det i 2013 blei utdelt 444,5 millionar kroner i dei ulike ordningane. Fordeling av tilskot til ulike typar ordningar er vist i tabell 13.7. Det kan vere noko avvik i totalt innvilga midlar og attgiving av tilskot i tabellen, det kjem hovudsakleg av at nokre mindre ordningar ikkje alltid har vore inkluderte i tabellen, og at nokre innvilga midlar blir utbetalte i ratar over tid.

Av dei 444,5 millionar kroner som ble innvilga i 2013, gjekk 304,5 millionar kroner til kinofilm, 25 millionar kroner gjekk til kortfilm, 43,5 millionar kroner gjekk til dokumentarfilm inkludert dokumentarseriar, 47,6 millionar kroner gjekk til TV-drama, medan 23,8 millionar kroner gjekk til dataspel.

Utbetalte midlar er som antyda ikkje det same som innvilga midlar i 2013. Ifølgje NFIs årsrapport for 2013 blei 470 millionar kroner innvilga i 2013. Dette året var 510,7 millionar kroner disponible på filmfondet, inkludert to millionar kroner til Sørfond, innvilga av Utanriksdepartementet. Etter utbetalingane var det 40,5 millionar ikkje-disponerte midlar i filmfondet i 2013. Delar av dei tildelte midla blir utbetalte i ratar over tid. Tildelte midlar går til utvikling, produksjon, lansering, og etterhandsstøtte til firmar som oppnår minst 10 000 besøk på kino.

*Store delar av film- og TV-bransjen er lokalisert til Oslo*

Eit innblikk i kor film og TV-bransjen er lokalisert, kan ein få ved å sjå på den geografiske fordelinga av tildelte produksjonsmidlar i årsrapporten til NFI. Av 247,3 millionar kroner av produksjonstilskot som blei tildelt produksjon av kinofilm, TV-produksjonar med vidare, gjekk 178,7 millionar til produksjons-verksemder med adresse i Oslo (Norsk Filminstitutt 2014). Det utgjer

72,3 prosent av alle tildelte midlar til produksjon. Produksjonen kan finne stad over heile landet, eller i utlandet.

Konsentrasjonen av film og TV-produksjonsverksemder i Oslo er i samsvar med den generelle lokaliseringssamlinga for kulturnæringer i Oslo. I Oslo har filmverksemdene tilgang til kvalifisert arbeidskraft, finansiering og kundar. Å vere sysselsett med film, TV eller spelproduksjon blir sett på som risikabelt og kortvarig, da dei fleste produserer i prosjekt. Dei som arbeider med dette, må vere innstilt på å bytte arbeid ofte. Derfor kan det vere enklare å bli buande i ein by med mange moglege arbeidsgivarar, i eller utanfor film, TV eller spelbransjen. I Oslo er det også mange andre kulturnæringsverksemder der ein kan finne anna arbeid ved behov. Kapittel 3 har ei oversikt over sysselsetjing i kulturnæringer fordelt på fylke, der ein kan sjå tendensen til konsentrasjon av sysselsette i kulturnæringerane i Oslo,

*Auka statleg støtte til regionale filmtiltak*

Regionale filmsenter og filmfond er etablerte av kommunar, fylkeskommunar og filmorganisasjonar for å byggje opp filmmiljøa i eigne regionar. Dei statlege tilskota til dei regionale filmsentra har meir enn fordobra seg sidan 2008. I 2013 vart nær 43 millionar kroner fordelte til regionale filmsenter, sjå tabell 13.8 for regionale tal. Dei regionale filmfonda har som formål å finansiere filmproduksjon med statlege og lokale midlar. Alle filmfond er eigde av kommunar og fylkeskommunar (Ryssevik og Vaage 2011). Dei statlege overføringane til regionale filmfond har vore på 10,5 millionar i heile perioden 2008-2013.

*Stadig auke i filmsamlingane*

Filmsamlingane ved Nasjonalbiblioteket aukar stadig. På slutten av 2013 inneholdt samlingane 25 800 registrerte filmtitlar, ein tilvekst på litt under 1 200 filmar, eller drygt 5 prosent auke frå 2012. Dei utanlandske spelefilmane utgjer framleis størstedelen av spelefilmsamlinga i Nasjonalbiblioteket, 89 prosent av alle spelefilmar i samlinga er utanlandske. Talet på videoar har auka med 934 frå 2012. Dei siste ti åra har filmsamlingane auka med nesten 6 300 filmtitlar, eller 32 prosent. Filmsamlinga auka med berre norske spelefilmar, medan talet på utanlandske spelefilmar har stagnert. Sjå tabell 13.5.

*Film & Kino*

### 13.3. Om statistikken og dei ulike organisasjonane

Film & Kino er etter vedtak i eige landsmøte 3. juni 2014 ein medlems- og bransjeorganisasjon for kommunale og private kinoar og videobransjen. Film & Kino vart stifta i 1917 under namnet Kommunale Kinematografers Landsforbund. I perioden fram til 2014 har Film & Kino vore ein kommunal medlemsorganisasjon. Etableringa av fleire store kinokjeder dei siste åra førte til eit ønskje om å endre organisasjonen til å inkludere også private kinoeigarar. Derfor blei Film & Kino omdefinert i landsmøtet 2014. Film & Kino driv Bygdekinoen, som er ein omreisande kino. Bygdekinoen blei oppretta i 1950. Bygdekinoen viser digitale filmar og tilbyr også 3D-filmar.

*Norsk kino- og filmfond*

Norsk kino- og filmfond er forvalta av Film & Kino, og er ønskt skilt ut som sjølvstendig fond med eige styre som nemnast opp av Kulturdepartementet. Ei slik endring er avhengig av lovendring og krev vedtak i Stortinget. Norsk kino- og filmfond blir finansiert av ei avgift på all omsetnad av kinobillettar og film på DVD og Blu-ray. Fondet er regulert i lov om film og videogram. Avgiftsendringar krev ei lovendring i Stortinget. Fondet blei oppretta av Kommunale Kinematografers Landsforbund i 1970.

*Norsk filminstitutt*

Norsk filminstitutt (NFI) er eit forvalningsorgan som staten har for filmpolitikken, og fungerer som rådgivar for staten i filmpolitiske spørsmål. NFI er underlagt Kulturdepartementet og forvaltar dei statlege verkemidla til utvikling, produksjon, distribusjon, lansering og filmkultur. NFI forvaltar midlane i filmfondet som blir løyvde over statsbudsjettet. NFI forvaltar tilskotsordningar for kinofilm, kortfilm, dokumentarfilm, fjernsynsseriar og dataspel på ulike plattformer. Frå og med 2014 overtok NFI ansvaret for regionale filmtiltak for barn og unge. Frå og med 2014 er

utbetaling og oversyn av tilskot til regionale filmsenter og regionale filmfond delegert til NFI.

*Nasjonalbiblioteket* Nasjonalbiblioteket har ansvaret for innsamlings- og bevaringsfunksjonane av film. Levering av film til Nasjonalbiblioteket er å sjå på som ein del av pliktavleveringa, sjá også kapittel 11.

*Medietilsynet* Nokre av oppgåvene til Medietilsynet (oppgåvene til tidlegare Statens filmtilsyn) er mellom anna gitt i lov om film og videogram (film- og videogramlova) av 15. mai 1987 nr. 21. Lova gav blant anna reglar om førehandskontroll og fastsetjing av aldersgrenser for film og video. Etter ei endring i § 100 i Grunnlova 30. september 2004 («*Ytringsfrihed bør finde Sted*») la Medietilsynet frå 2005 om praksisen da det ikkje lenger var obligatorisk med førehandskontroll av film i Noreg (forskrift om film og videogram, endra ved forskrift 11. januar 2005 nr. 16). Filmar som skal visast for personar under 18 år, skal framleis inn for aldersklassifisering. Filmar som berre blir registrerte, blir automatisk viste med 18-årsgrunne. Vidare gir film- og videogramlova reglar for merking og registrering av videogram som skal seljast i næring.

Tre forskrifter er gitt til film- og videogramlova. Desse omhandlar film og videogram, vilkår for løyve til å trykkje registreringsmerket til Medietilsynet på omslag og kassett, og reglar om merking ved elektronisk omsetnad av videogram.

*Mediebruksundersøkingane* Talet på kinobesøk for 2013 er henta frå Norsk mediebarometer 2013. Termen *kvartil* representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Det er nytta nokre kjennemerke knytte til yrkesstatus i tabell 13.7. Sjá kapittel 11.2 for definisjonar av desse kjennemerka. Utvalet i undersøkingane er personar i alderen 9-79 år.

### 13.4. Omfang, publisering og samanlikningar

Statistikken over kinoaktiviteten omfattar alle kinoane i Noreg. Statistikken blir publisert i Film & Kinos årboknummer og på internettsidene, [www.kino.no](http://www.kino.no). Delar av statistikken blir også publiserte i Statistisk årbok. Nokre tal for kinoane blir elles publiserte i KOSTRA.

Film- og kinostatistikken kan samanliknast over tid og med film- og kinostatistikken i andre land.

**Referansar**

Film & Kino (2014): Årbok 2013. *Alt om film og kino i Norge*. Eldre årbøker blir også nytta for å fylle tidsseriar.

Norsk filminstitutt (2014): *Årsrapport 2013*. Sjå tabell 15 for produksjonstilskottskot fordelt på fylke.

Rushprint.no (2014): (<http://rushprint.no/rushes/jakten-pa-berlusconi-trekkes-fra-tv-2-sumo-etter-boikott-trussel/>)

Ryssevik, Jostein og Vaage, Turid (2011): *For en neve dollar mer*. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond. Ideas2Evidence Rapport 9, 2011.

**Meir informasjon**

Bygdekinoen (<http://www.bygdekinoen.no/>)

Film & Kino: (<http://www.kino.no>)

Filmklubbar: <http://filmklubb.no>/Produsentforeningen  
<http://www.produsentforeningen.no> Film, TV og spelprodusentar er medlemmar.

Medietilsynet: (<http://www.medietilsynet.no>)

Norsk filminstitutt: (<http://www.nfi.no>)

NOU 2001:5: *Kino i en ny tid*. Kommers og kultur.

St.meld. nr. 14 (2007-2008): *Dataspill*

Tildelingsbrevet til Norsk filminstitutt 2013 frå Kulturdepartementet.

Veiviseren (2006-2007): St. meld. Nr. 22 *Veiviseren*. For det norske filmløftet.

Tabell 13.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke. 2001-2013

	Besøk i alt	Besøk	
		Ved bygdekinoar	Per innbyggjar1
2001 .....	12 477 164	148 993	2,8
2002 .....	12 041 422	130 637	2,7
2003 .....	13 049 067	133 891	2,9
2004 .....	11 966 254	145 791	2,6
2005 .....	11 314 081	134 524	2,4
2006 .....	12 012 493	148 058	2,6
2007 .....	10 815 700	127 683	2,3
2008 .....	11 869 449	129 816	2,5
2009 .....	12 701 912	139 081	2,6
2010 .....	11 020 954	120 079	2,3
2011 .....	11 655 050	126 232	2,4
2012 .....	12 124 008	115 908	2,4
2013 .....	11 802 662	112 254	2,3
<b>2013</b>			
Østfold .....	560 422	1 712	2,0
Akershus .....	1 228 626	5 577	2,2
Oslo .....	2 147 262	888	3,4
Hedmark .....	293 343	4 957	1,5
Oppland .....	295 441	8 761	1,6
Buskerud .....	544 340	4 351	2,0
Vestfold .....	530 635	-	2,2
Telemark .....	339 261	6 699	2,0
Aust-Agder .....	188 460	7 046	1,7
Vest-Agder .....	438 458	2 062	2,5
Rogaland .....	1 176 835	2 506	2,6
Hordaland .....	1 338 731	17 773	2,7
Sogn og Fjordane .....	184 859	8 522	1,7
Møre og Romsdal .....	438 438	14 915	1,7
Sør-Trøndelag .....	883 735	6 579	2,9
Nord-Trøndelag .....	240 014	6 126	1,8
Nordland .....	375 201	9 639	1,6
Troms/Romsdalsfjorden .....	450 354	3 795	2,8
Finnmark/Finnmárku .....	142 445	346	1,9
<b>Svalbard<sup>2</sup></b> .....	5 802	-	-

<sup>1</sup>Berekna tal. <sup>2</sup>Personar busette på Svalbard er som regel registrert busette i ein norsk kommune.

Kjelde: Film &amp; Kino.

Tabell 13.2. Verksemda ved kinoane, etter eigarform. 2001-2013

Kino- bygg i alt	Kino- salar/ fram- synings- stader	Salar med digital- kino <sup>1</sup>	Sitje- plassar	Framsyningar		Besøk				Billettinntekter, 1 000 kroner		
				I alt	Av dette norske	I alt	Av dette besøk på norske filmar	Besøk på norske filmar	Besøk per fram- syning	I alt	Av dette norske filmar	
				—1 000 personar—						Prosent		
2001 .....	243	596	-	84 610	244 353	27 277	12 477	1 865	14,9	51,1	689 857	99 881
2002 .....	249	600	-	85 913	250 062	22 899	12 041	897	7,4	48,2	706 618	47 681
2003 .....	242	603	-	83 990	258 727	41 374	13 049	2 378	18,2	50,4	815 305	133 781
2004 .....	240	625	-	85 047	267 269	34 629	11 967	1 777	14,8	44,8	782 127	107 122
2005 .....	232	656	-	84 457	292 014	37 548	11 314	1 380	12,2	38,7	783 550	98 310
2006 .....	227	649	-	82 630	303 251	47 365	12 013	1 928	16,0	39,6	852 005	130 095
2007 .....	219	651	-	79 677	297 188	52 246	10 816	1 779	16,4	36,4	791 190	115 462
2008 .....	218	661	49	79 177	307 249	56 722	11 870	2 657	22,4	38,6	917 659	202 456
2009 .....	212	652	65	78 716	307 962	57 377	12 702	2 613	20,6	41,2	1 042 145	195 330
2010 .....	210	651	250	79 238	316 073	68 021	11 021	2 564	23,3	34,9	954 034	198 195
2011 .....	206	630	415	78 921	343 611	77 676	11 655	2 857	24,5	33,9	1 039 662	234 760
2012 .....	196	583	415	76 195	346 009	50 674	12 124	2 164	17,8	35,0	1 110 123	184 480
2013 <sup>3</sup> .....	200	599	422	76 699	344 022	69 160	11 803	2 690	22,8	34,3	1 095 176	222 108
Kommunale kinoar i alt .....	144	279	279	52 215	203 610	40 839	6 946	1 633	23,5	34,1	629 046	130 915
Ikkje- kommunale kinoar i alt <sup>2</sup> .....	56	143	143	24 484	136 764	26 986	4 857	1 002	20,6	35,5	456 662	86 688
Bygdekinoar ...	-	177	-	-	3 732	1 335	112	55	49,1	30,0	9 468	4 505

<sup>1</sup>Gjeld berre kommunale og private kinoar. <sup>2</sup>Medrekna Svalbard. <sup>3</sup>For 2013: Tal kinobygg er rekna for kinoar, bygdekinoar haldne utanfor. Visningsstader og salar er summen av bygdekinoens visningsstader og salar i kinoar (177 + 422). Sitteplassar er berre i salar i kinoar unntatt bygdekino. Talet på kinofilmvisningar er summen av både kino- og bygdekinovisningar. Framsyningar av norsk film gjeld berre kinovisningar, tala for norske visningar på bygdekino er ikkje rapporterte.

Kjelde: Film &amp; Kino.

Tabell 13.3. Langfilmpremierar, etter produksjonsland. 2005-2013

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt .....	230	241	237	221	223	207	206	196	201
<b>Produksjonsland</b>									
Noreg .....	121	422	123	22	22	26	33	25	26
Sverige .....	16	10	9	9	12	7	4	8	8
Canada .....	-	-	3	3	-	4	2	2	2
Danmark .....	13	6	8	7	7	5	6	5	3
Finland .....	-	4	1	3	-	4	2	-	-
Storbritannia .....	11	12	19	16	11	12	16	15	13
Tyskland .....	5	4	5	4	1	6	2	5	8
Frankrike .....	4	212	8	10	22	11	11	18	13
Italia .....	4	3	4	4	3	3	2	1	1
Island .....	-	2	2	-	3	-	1	3	1
Spania .....	6	1	3	3	4	2	3	1	3
Russland .....	-	1	1	2	1	-	1	2	-
Sør-Korea .....	4	1	1	-	-	1	-	-	-
USA .....	3 119	2 122	5 113	117	108	103	98	90	111
Andre land .....	27	41	37	21	29	23	25	21	12

<sup>1</sup> Av dette ein samproduksjon. <sup>2</sup> Av dette ei nyutsending. <sup>3</sup> Av dette fem nyutsendingar. <sup>4</sup> Av dette to nyutsendingar. <sup>5</sup> Av dette fire nyutsendingar.

Kjelde: Film & Kino.

Tabell 13.4. Spelefilmar og kortfilmar vurderte/registrerte av Medietilsynet, etter aldersgrupper. 1995-2013

	1995	1997	1999	2001	2003	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Spelefilmar i alt .....	212	219	241	194	230	238	236	251	<sup>2</sup> 242	238	240	253	252	251
<b>Aldersgrupper</b>														
Tillatne for barn 7 år og over .....	30	47	34	31	29	36	20	28	36	34	30	34	30	21
Tillatne for barn 11 år og over .....	54	51	60	64	70	62	67	69	67	62	82	73	82	76
Tillatne for ungdom 15 år og over ..	91	85	89	61	81	79	78	84	68	71	67	64	70	80
Tillatne for voksne 18 år og over <sup>3</sup> ..	18	7	14	5	14	12	10	23	<sup>3</sup> 22	<sup>4</sup> 9	10	12	18	18
Tillatne for alle .....	19	29	44	33	36	49	61	47	49	62	51	70	52	56
Kortfilmar i alt .....	41	36	32	36	21	14	32	33	32	37	5	10	5	4
<b>Aldersgrupper</b>														
Tillatne for barn 7 år og over .....	6	4	10	9	2	-	1	1	2	3	1	1	2	1
Tillatne for barn 11 år og over .....	9	2	3	5	2	3	8	3	1	7	1	2	1	2
Tillatne for ungdom 15 år og over ..	1	3	2	1	1	3	3	-	-	1	-	-	1	-
Tillatne for voksne 18 år og over ....	-	1	-	-	-	-	-	<sup>1</sup> 28	<sup>1</sup> 24	21	-	-	-	-
Tillatne for alle .....	25	26	17	21	16	8	20	1	5	5	3	7	1	1

<sup>1</sup> Registrert hos Medietilsynet. <sup>2</sup> Det er berre registrert 21 filmar. <sup>3</sup> Ein film blei vurdert til 18-årsgrunse. <sup>4</sup> Ingen filmar blei i 2009 vurderte til å kunne få 15-årsgrunse eller lågare. Alle dei 9 filmane er registrerte utan førehandskontroll, det vil seie at dei må visast med 18-årsgrunse. <sup>5</sup> I 2013 er alle filmar tillatne for voksne 18 år og over registrert av distributør utan førehandskontroll.

Kjelde: Medietilsynet.

Tabell 13.5. Filmsamlingar ved Nasjonalbiblioteket<sup>1</sup>. 2004-2013

	Registrerte titlar per 31. desember												
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Tilvekst i 2012	2013	Tilvekst i 2013	
I alt .....	19 475	19 803	20 128	20 583	<sup>2</sup> 21 184	21 824	22 780	23 066	24 595	1 529	25 782	1 187	
Norske spelefilmar 35 mm .....	860	878	900	942	973	1 004	1 048	1 068	1 094	26	1 121	27	
Utanlandske spelefilmar 35 mm	6 961	7 191	7 443	7 759	7 956	8 155	8 339	8 603	8 658	55	8 658	-	
Norske kortfilmar 16/35 mm ....	8 884	8 949	8 995	9 080	9 154	9 204	9 322	9 455	9 556	101	9 782	226	
Utanlandske kortfilmar	16/35 mm .....	2 770	2 785	2 790	2 802	2 812	2 822	2 822	2 950	2 957	7	2 957	-
Videor .....	..	..	..	..	289	639	1 249	990	2 330	1 340	3 264	<sup>2</sup> 934	

<sup>1</sup> Nasjonalbiblioteket overtok etter Norsk Filminstitutt som mottaksinstitusjon for film i 2008. <sup>2</sup> Medrekna pliktavlevert video.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 13.6. Norsk filminstitutt<sup>1</sup>. Tilskot til audiovisuell produksjon, tal på filmar, type tilskotsordning og beløp. 2007-2013**

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Kortfilmar<sup>2</sup></b>							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	13	15	8	5	16	11	6
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	1 139 790	1 219 681	796 833	493 200	1 345 000	1 819 640	460 000
Produksjonstilskot, tal prosjekt .....	37	43	36	24	21	23	28
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner	14 675 287	25 182 303	<sup>7</sup> 21 861 806	20 354 800	18 065 000	16 085 000	24 185 360
<b>Kinofilmar<sup>3</sup>, fiksjon og dokumentar</b>							
Talet på filmpremièrar .....	22	24	<sup>8</sup> 23	25	33	23	24
Billettsøtte, talet på filmar <sup>4</sup> .....	31	31	44	37	46	34	47
Billettsøtte, samla utbetaling. Kroner ..	58 625 637	86 729 770	96 376 174	100 768 403	118 552 408	105 378 190	112 182 892
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	87	67	57	23	50	68	88
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	19 611 273	14 181 125	11 769 182	12 824 481	10 015 500	15 277 602	21 549 140
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	28	24	30	30	22	29	22
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner	145 741 650	126 647 217	156 795 790	152 419 530	135 661 323	146 292 433	132 629 985
Lanseringstilskot, talet på prosjekt .....	37	27	22	48	33	63	63
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner	35 100 000	24 269 804	23 686 797	31 895 584	38 764 796	32 295 699	38 091 222
<b>TV-produksjonar, enkeltståande<sup>5</sup></b>							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	26	38	36	25	34	33	38
Utviklingstilskot, samla tilskot <sup>5</sup> .Kroner ..	3 008 262	4 430 384	5 472 000	4 044 226	6 872 000	5 895 000	7 290 245
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	25	42	37	29	20	28	21
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner	7 432 000	17 497 385	16 030 000	12 372 476	17 215 000	21 712 408	19 885 000
<b>Dokumentarseriar for TV<sup>9</sup></b>							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	5	-	3	2	1	-	2
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	700 000	-	550 000	200 000	150 000	-	500 000
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	2	3	2	3	5	-	5
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner	1 825 000	1 900 000	1 395 000	2 650 000	4 415 000	-	3 444 000
<b>Drama, TV-seriar</b>							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	13	13	28	13	20	13	13
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	2 709 200	2 300 000	5 386 135	2 826 151	3 392 220	2 675 000	6 125 000
Produksjonstilskot, talet på prosjekt .....	5	5	5	4	7	8	8
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner	21 710 000	11 775 000	11 050 000	14 090 000	25 800 000	29 100 000	41 250 000
<b>Nye medium<sup>6</sup></b>							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt .....	9	11	18	16	20	23	31
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner ..	6 000 000	7 900 000	10 600 000	10 000 000	10 000 000	15 000 000	20 696 000

<sup>1</sup> Frå 1. april 2008 tok Norsk filminstitutt over som einaste nasjonale forvaltningseining for film. <sup>2</sup> Fullførte kortfilmar har sjeldan "premiere". <sup>3</sup> Spelefilm/kinofilm har minimum visingstid 72 minutt. Tala inkluderer også kortfilmar med kinodistribusjon, kinodokument og minoritets-/samproduksjonar med utlandet. <sup>4</sup> Høgare tal enn talet på premierar kjem av overheng og reprisar frå tidlegare år. <sup>5</sup> Frå 2007 berre enkeltståande dokumentarar. <sup>6</sup> I praksis dataspel. <sup>7</sup> I tillegg kr 9 906 948 i lanseringssøtte til 30 kortfilmar. <sup>8</sup> Inklusive ein film i novelleformat og ein kinofilm med berre regional distribusjon. <sup>9</sup> Ingen tilskot til dokumentarseriar for TV 2012. Men tilskot til dokumentar går også over TV-produksjonar, enkeltståande, slik at dokumentarar har fått tilskot 2012, berre ikkje seriar.

Kjelde: Norsk filmfond/Norsk filminstitutt.

**Tabell 13.7. Besøk på kino, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel. 2004-2013. Gjennomsnitt og prosent**

	Prosent								Besøk i gjennomsnitt							
	2004	2006	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2004	2006	2008	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Prosentdel, alle .....</b>	<b>68</b>	<b>67</b>	<b>70</b>	<b>73</b>	<b>70</b>	<b>68</b>	<b>67</b>	<b>73</b>	<b>4,1</b>	<b>3,7</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,5</b>	<b>3,3</b>	<b>3,0</b>	<b>3,4</b>
<b>Kjønn</b>																
Menn .....	68	66	70	72	66	67	67	71	4,4	3,7	3,7	3,7	3,3	3,5	3,1	3,4
Kvinner .....	68	69	71	73	73	68	66	74	3,8	3,6	3,5	3,5	3,7	3,1	2,9	3,3
<b>Alder</b>																
9-15 år .....	91	91	88	86	88	91	86	91	5,2	4,7	4,5	4,5	4,3	3,9	3,8	4,1
16-24 " .....	91	89	92	93	90	93	91	94	8,1	7,1	6,5	6,7	6,6	6,0	5,7	6,1
25-44 " .....	80	81	78	82	82	80	74	81	4,9	4,2	4,2	4,2	4,3	3,7	3,5	3,6
45-66 " .....	50	47	58	59	56	51	55	60	1,9	2,0	2,3	2,2	1,7	2,2	1,9	2,4
67-79 " .....	26	26	39	42	30	30	32	41	0,7	1,3	1,0	1,0	1,6	0,9	1,3	
<b>Utdanning</b>																
Ungdomsskole .....	44	46	53	57	49	52	52	61	3,3	2,5	2,7	2,7	2,7	2,5	2,6	2,9
Videregående skole .....	63	61	63	65	62	59	62	65	3,5	3,4	3,2	3,1	3,0	2,9	2,7	3,0
Universitet/høgskole, kort .....	79	76	76	83	80	75	72	81	4,7	3,9	4,5	4,0	4,2	3,4	3,3	3,4
Universitet/høgskole, lang .....	88	81	90	84	82	80	74	79	5,1	4,9	4,4	4,3	4,0	4,6	3,4	4,4
<b>Hushaldsinntekt</b>																
1. kvartil .....	56	56	62	64	53	55	61	63	3,5	3,8	3,4	3,4	3,3	3,3	3,1	3,1
2. kvartil .....	65	66	68	67	68	61	59	64	3,8	3,1	3,1	3,3	3,0	2,8	2,5	3,2
3. kvartil .....	71	72	81	68	73	72	73	80	4,0	3,5	4,4	2,8	3,2	2,9	3,0	3,1
4. kvartil .....	80	81	84	80	86	83	77	85	4,6	4,2	4,2	4,0	4,4	4,0	3,6	3,6
<b>Yrkesstatus (16-79 år)<sup>1</sup></b>																
Yrkesgruppe 1-2 .....	81	79	81	82	82	77	75	82	4,8	4,0	4,1	4,0	4,1	3,8	2,9	3,8
Yrkesgruppe 3 .....	79	78	80	83	78	78	75	82	4,9	4,3	4,5	4,1	3,6	3,5	3,7	3,6
Yrkesgruppe 4-5 .....	73	71	68	76	71	72	75	73	3,7	4,1	3,9	4,0	3,8	3,6	3,5	3,6
Yrkesgruppe 6-9 .....	61	59	66	61	59	61	62	66	4,6	3,2	3,4	2,6	2,6	2,7	2,9	2,9
Elevar/studentar .....	90	91	93	97	94	96	91	91	7,6	6,9	6,4	6,8	6,6	6,1	5,4	5,3
Trygd/pensjonistar .....	32	27	38	43	32	30	33	40	1,2	0,7	1,1	1,1	1,1	1,7	1,0	1,6
Heimearbeidande .....	45	58	:	:	75	71	59	63	1,6	1,7	:	2,7	2,9	1,9	3,7	
<b>Landsdel</b>																
Oslo/Akershus .....	78	77	79	80	78	78	71	81	5,1	4,6	4,3	4,3	4,2	4,3	3,8	4,0
Austlandet elles .....	66	64	67	71	65	63	63	67	4,1	3,0	3,5	3,2	3,0	3,2	2,6	3,2
Agder og Rogaland .....	66	68	74	75	70	69	71	73	3,8	3,5	3,9	3,7	3,6	3,0	3,3	3,2
Vestlandet .....	67	65	63	69	70	65	65	70	3,7	3,6	2,8	3,4	3,5	3,1	2,8	3,2
Trøndelag .....	66	68	72	71	68	67	67	75	3,6	4,1	3,5	3,4	4,2	3,0	2,7	3,4
Nord-Noreg .....	60	56	69	63	63	56	62	70	3,8	3,4	3,8	3,2	2,3	2,0	2,8	2,9

<sup>1</sup> For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjá kapittel 11.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 13.8. Statlege tilskot til regionale filmsenter og filmfond. 2008-2013. 1 000 kr

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Filmsenter</b>						
I alt .....	<b>16 796</b>	<b>26 796</b>	<b>26 796</b>	<b>31 796</b>	<b>41 243</b>	<b>42 951</b>
Nordnorsk filmsenter <sup>1</sup> .....	6 217	8 217	8 217	8 217	8 217	8 200
Av dette						
Produksjonstilskot .....	3 428	5 428	..	..	..	..
Driftstilskot <sup>2</sup> .....	2 789	2 789	..	..	..	..
Vestnorsk filmsenter .....	4 479	6 479	6 479	7 229	8 267	8 200
Midtnorsk filmsenter .....	2 500	4 000	4 000	4 750	4 750	5 000
Østnorsk filmsenter .....	1 000	2 000	2 000	2 000	3 872	4 000
Filmkraft Rogaland filmsenter .....	1 000	2 000	2 000	3 500	4 757	4 700
Sørnorsk filmsenter .....	1 000	2 000	2 000	3 000	4 517	4 500
Viken filmsenter <sup>3</sup> .....	-	-	-	-	4 100	5 300
Mediefabrikken i Akershus <sup>4</sup> .....	600	600	600	600	-	-
Internasjonalt samisk filmsenter (ISF) .....	-	1 500	1 500	2 500	2 763	3 051
<b>Filmfond</b>						
I alt .....	<b>10 500</b>					
Film3 .....	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500
FUZZ .....	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500
Filminvest Midt-Norge <sup>5</sup> .....	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Filmkraft Invest .....	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
FilmCamp .....	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	1 600
Ikkje fordelt .....	-	-	5 000	4 011	-	900

<sup>1</sup> Tilskotet for 2008 blei gitt i post 72. <sup>2</sup> Nordnorsk filmsenter fekk som einaste regionale filmverksemd støtte til drift fram til 2009, fordi filmsenteret hadde status som knutepunktinstitusjon. <sup>3</sup> Viken filmsenter blei etablert 2011 og skal dekke fylka Vestfold, Buskerud, Østfold og Akershus. <sup>4</sup> Tilskotet for 2008 er gitt under post 78. Akershus blir dekt av Viken filmsenter. <sup>5</sup> Filminvest Midt-Norge het Midtnorsk Invest til 2013.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 13.9. Avgiftsinntekt til Norsk kino- og filmfond. Fondsavgift fordelt på kino og video. 2000-2013<sup>1</sup>

	I alt	Fondsavgift	
		Kino	Video
2000 <sup>2</sup> .....	37 042 057	16 518 719	20 523 338
2001 .....	40 612 625	16 113 466	24 499 159
2002 .....	46 614 630	17 591 167	29 023 463
2003 .....	56 094 169	18 681 284	37 412 885
2004 .....	72 191 059	20 937 520	51 253 539
2005 .....	80 373 977	17 985 269	62 388 708
2006 .....	85 466 101	19 786 959	65 679 142
2007 .....	95 099 606	19 486 414	75 613 192
2008 .....	89 612 990	19 491 393	70 121 597
2009 .....	89 872 357	23 007 591	66 864 766
2010 .....	81 594 585	22 669 121	58 925 465
2011 .....	78 178 887	24 123 560	54 055 327
2012 .....	71 867 095	24 122 570	47 744 525
2013 .....	57 741 546	24 185 349	33 556 197

<sup>1</sup> Fondets serie går frå 1. juli 1970 innrapportert saman med 1971-tala. Tidsserien frå 1971 er publisert i Kulturstatistikk 2012, tabell 13.9. Fondet blei oppretta av Kommunale Kinematografers Landsforbund 1970. Fram til og med 1987 var fondet finansiert med ei frivillig avgift på 2,6 prosent av kinoane sine brutto billettinntekter. Lov om film og videogram tredde i kraft i 1988. Avgifta på kino blei lovregulert og det blei innført ei avgift på video. Kino- og videogramavgifta var frå 1988 på 2,5 prosent. <sup>2</sup> Frå år 2000 er avgifta for kinoframsyningar 2,5 prosent av brutto omsetning billettar, medan avgifta for video er på 3,50 kroner per selde eining. Dette ifølgje NOU 2001:5 Kino i en ny tid. Video til utleie har berre avgift ein gong.


Kjelde: Film & Kino.

## 14. Radio og TV

I dette kapittelet blir tal på radio- og fjernsynsvanane til befolkninga og aktivitetane til allmennkringkastarane presenterte. Allmennkringkastarar er radio- og TV-kanalar som er gitt konsesjon til kringkasting knytt til vilkår om innhald i sendeflata deira. I 2013 var det fire allmennkringkastarar som rapporterte aktivitet til Medietilsynet, NRK, TV2, Radio Norge og P4. Aktiviteten deira er vist i del 14.1.

Medievanane hos befolkninga er i endring. Radio har om lag like stor oppslutning i befolkninga som før, men delen som ser på TV, har vore på veg ned, viser tal frå Norsk mediebarometer. Delen radiolyttarar i befolkninga ligg på 59 prosent i 2013, medan delen TV-sjåarar ligg på 74 prosent. I 2004 høyrt 58 prosent på radio ein gjennomsnittsdag, medan 83 prosent såg på TV. Sjå figur 14.1 for ei oversikt dei siste ti åra. Radio- og fjernsynsvanane til befolkninga er omtalt i del 14.2.

**Figur 14.1. Personar som høyrer på radio og ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag. 2004-2013. Prosent**



Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

### 14.1. Allmennkringkastarar

Data som er presenterte i denne delen av kapittelet, er norske radio- og fjernsynskanalar som fell inn under prinsippa for allmennkringkasting. I Noreg var det fire riksdekkjande allmennkringkastarar i 2013: NRK, TV2, Radio Norge og P4.

Medietilsynet har gitt ulike kriterium for allmennkringkasting; kanalane skal blant anna kunne takast inn av heile befolkninga og sikre eit mangfaldig radio- og fjernsynstilbod, og allmennkringkastarane har blant anna forplikta seg til å ha eit breitt programtilbod, kome interessa både til breie og smale grupper imøte, og bidra til å styrke norsk språk, kultur og identitet. Sjå del 14.3.

Kringkastarar er som andre kulturaktørar i ein digitaliseringsovergang. Digitalt nett gir rom for eit større utval av kanalar. Med fleire kanalar blir det stilt mindre krav til programinnhaldet for kringkastarane. Medietilsynet melder allereie nå at dei etter nedlegging av konsesjonar i FM-nett for radio ikkje vil stille programkrav til Radio Norges og P4s innhald (Medietilsynet 2014).

Dei radiokanalane i Noreg som baserer seg på prinsippa for allmennkringkasting, er bortimot riksdekkjande og sender nesten 24 timer i døgnet. I alle kanalane, bortsett frå NRK P3 og Radio Norge, har dei fleste programtypanehatt ei

nokolunde stabil sendeflate dei siste åra. Radio Norge la om sendeflata midt i 2013 og fjerna det smalare programtilbodet.

#### *Omlegging av Radio Norge*

Radio Norge har for 2013 rapportert programleveransar for 2 900 sendetimar, slik det går fram av allmennkringkastingsrekneskapen for 2013. Dei største endringane er eit fall i sendetid for program for barn og unge, frå 600 timar i 2012 til under 200 timar i 2013. Endringane i sendetid har si årsak i ei omlegging av Radio Norge; ifølgje allmennkringkastingsrapporten var endringa implementert midt på året. Derfor fortel tala ikkje alt om kva ny profil er. Programtypane kultur og nyheter og aktualitet hadde begge i 2013 29 prosent av dei rapporterte timane, medan sport og idrett hadde 18 prosent av sendeflata. Barn og unge hadde 6 prosent av sendeflata. Sendetida gjekk ned for fleire av dei mindre eller smalare programtypane som samisk, fleirkulturelt, «dei nye eldre», vitskap og teknologi, og musikk for smale grupper. Sjå tabell 14.3.

#### *Musikk fyller 40 prosent av sendeflata til NRK P1, NRK P2 og NRK P3*

NRK har tre allmennkringkasta radiokanalar som har rapportert til Medietilsynet, NRK P1, NRK P2 og NRK P3. Slår ein saman alle tre kanalane, sendte dei radio i 26 300 timar, av det var i 2013 43 prosent musikk, om lag 11 300 timar.

NRK P1 har størst lyttaroppslutning i befolkninga, 25 prosent lyttar til kanalen ein gjennomsnittsdag, sjå tabell 14.10. Programtypen som hadde størst del av sendetida i NRK P1 i 2013, var underhaldning, med 31 prosent av sendetida. Musikkprogramma hadde 25 prosent av sendetida, og regionale sendingar inkludert Sàmi Radio hadde 15 prosent. For NRK P2 hadde musikkprogramma størst del av sendeflata, 40 prosent; forklaringa på den store delen musikk er at P2 sender musikk på nattetid. 24 prosent av sendingane var kunst/kultur/medium, og 20 prosent av sendetida var tildelt samfunnsspørsmål. NRK P3 har behalde sendetida i 2013 omtrent som førre året. Musikk har mest sendetid på P3, litt over 5 500 timar, som tilsvara 63 prosent av eit års kontinuerleg radiotid, 8 760 timar. Underhaldning utgjorde 27 prosent av sendetida i 2013. Sendetida til musikkprogram har vore redusert frå nivået for 2008 og 2009 da 5 900 og 6 900 timar var berre musikk. Samstundes har det vore ein auke i underhaldning, frå 1 100 og 900 timar i 2008 og 2009, til 2 300 timar underhaldning i 2013. Sjå tabellane 14.1 og 14.2.

P4 rapporterte litt over 7 100 timar med program i 2013. Dei programtypane som har størst del av sendeflata, er program retta mot trafikantar, med 22 prosent av sendetida, ungdomsprogram med 13 prosent og dagleg breitt kulturmagasin med 10 prosent. Sjå tabellane 14.3 og 14.4.

#### *Drama er største programtype på NRK fjernsyn*


NRK sende nær 22 700 timar TV i 2013. Den mest sende programtypen var drama, som ble send 8 200 timar over NRK1, NRK2, NRK3 og NRKSUPER. I alt 36 prosent av all sendetid var drama i desse kanalane samla. Drama var ikkje den største programtypen i NRK1 og NRK2, men på NRK3 og NRKSUPER.

I 2013 hadde NRK1 nær 8 200 sendetimar. Meir inn 2 200 timar, eller 27 prosent av sendetida, inneholdt informasjonsprogram, 1 800, eller 23 prosent av sendetida, inneholdt drama, og 1 500 timar, eller 18 prosent, inneholdt nyheter. I 2009 var det 1 100 timer informasjonsprogram, 1 500 timer drama og 1 400 timer nyheter på NRK1. Etter fallet i sendetid for barneprogram på NRK1 i 2011 har det vore rom for andre programpostar. Det har i 2013 gitt rom til meir sendetid til informasjonsprogram og drama på NRK1 (sjå tabell 14.5, og tidlegare utgåver av kulturstatistikk).

I 2013 hadde NRK2 6 500 sendetimar. Av dei var 35 prosent informasjonsprogram, nær 2 300 timar, dette var ein oppgang frå 30 prosent av sendeflata i 2012. 23 prosent var nyheter i 2013, nokre færre sendetimar frå 2012. NRK2 har om lag like mange timar med nyheter som NRK1, og nokre få fleire timar med informasjon. NRK3 har ein annan profil. I 2011 var det sendt musikk i 45 prosent av dei 3 700 timane til kanalen, viser tal frå Kulturstatistikk 2011. I 2012 var

musikkdelen berre 1 prosent, og i 2013 var den 2 prosent av i alt 3 300 sendetimar. I NRK3 tok drama 55 prosent av sendetida, 1 800 timer. Informasjonsprogram tok 22 prosent, om lag 700 timer, og underhaldning tok 18 prosent av sendetida, nær 600 timer. NRKSuper, som berre sender barneprogram, var på lufta nær 4 700 timer i 2013. Det meste av programtilbodet er i 2013 rekna som drama, 73 prosent, eller 3 400 timer. I tillegg gjekk 19 prosent av sendetida til underhaldning på NRKSuper. NRK har i tillegg til radio- og fjernsynssendingane også eit kontinuerleg oppdatert tilbod på nett.


**Figur 14.2. NRK1, NRK2 og NRK3/Super. Sendetid, etter programtype. 2011-2013. Prosent**



<sup>1</sup> Alle program på NRKSuper er barneprogram. Desse programma er fordelt på anna programtype enn barneprogram for å vise innhaldstype på NRKSuper. <sup>2</sup> Medrekna naturprogram, religion/livsfilosofi, utdanning og vitskap.  
Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2013 og Norsk riksringkasting AS.

Drama, underhaldning og informasjonsprogramma tar samla 79 prosent av sendetida på TV 2 i 2013, same mengd som i 2009. I løpet av desse åra har det vore noko mindre tid til drama og noko meir tid til informasjonsprogram. Sendetida totalt har gått noko ned frå totalt 7 200 timer i 2009 til nær 7 000 timer i 2013.


Drama hadde 35 prosent av total sendetid i 2013, litt mindre enn året før. Delen underhaldningsprogram er, med 28 prosent, nokså uendra frå 2012 til 2013. Det blei sendt litt under 600 timer med nyheter i 2013, som svarte til 8 prosent av total sendetid. Dette var på nivå som for 2011 og 2012. Sjå tabell 14.6. Tabell 14.6 er utarbeidd etter TV 2s eiga fordeling på programflata (TV 2 AS).

**Figur 14.3. TV 2. Sendetid, etter programtype. 2011-2013. Prosent**

<sup>1</sup> Medrekna naturprogram og religion/livsfilosofi.  
Kjelde: TV 2 AS.

**Målform**

NRK har eit spesielt krav på seg når det gjeld bruk av målformer i radio- og TV-kanalane sine. Kravet i NRKs vedtekter er at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. I 2013 var det berre NRKs radiokanal P1 og fjernsynskanalane NRK2 som oppnådde denne målsetjinga, sjå figur 14.3. Skil ein mellom tala på bokmål, nynorsk og dialekt, var 35 prosent av radiosendingane og 13 prosent av fjernsynssendingane på dialekt i 2013, sjå tabell 14.7.

**Figur 14.4. Prosentdel nynorsk i programtilbodet på NRKs TV- og radiokanalar. 2011-2013**

<sup>1</sup> Delen nynorsk på tv og radio inkluderer all normert nynorsk, og halvparten av dialektelen.  
Kjelde: Norsk riksringkasting AS.

Slik det går fram av Allmennkringkastingsrapporten 2013, er Radio Norge og P4 etter konsesjonsvilkåra pålagde å nytte begge dei offisielle norske målformene utan krav til fast nynorskdel, dessutan å arbeide for å få til ein brei samansetnad av dialektar frå heile landet. I tillegg skal 30 prosent av verbalinnslaga i P4 ikkje vere på bokmål. I 2013 mangla det meir enn i 2012 på å innfri det siste kravet, i 2012 var delen som ikkje var bokmål, 10,2 prosent, medan det i 2013 hadde minka til 4,7 prosent. Radio Norge har ikkje statistikk for målform (Medietilsynet 2013).

59 prosent høyrer på radio,  
og 74 prosent ser på  
fjernsyn ein  
gjennomsnittsdag


## 14.2. Radiolyttarar og fjernsynssjåarar

Radio har om lag like stor oppslutning i befolkninga som før, men andelen som ser på TV, har vore på veg ned gjennom lengre tid. Dette viser tal frå Norsk mediebarometer (Vaage 2014). Delen radiolyttarar i befolkninga ligg på 59 prosent i 2013, medan delen TV-sjåarar ligg på 74 prosent.

Delen TV-sjåarar har gått ned når ein ser over ein lengre periode. Den høgste delen TV-sjåarar dei siste ti åra var i 2005 da 85 prosent av befolkninga såg TV ein gjennomsnittsdag. I 2013 er delen TV-sjåarar i befolkninga 74 prosent. Mange av programma som er tilgjengelege på TV og strøyma TV, er også tilgjengelege digitalt på nett. Derfor tyder ikkje lågare del TV-sjåarar aleine på lågare interesse for program og TV-seriar, det indikerer derimot ei noko lågare nytting av TV som plattform.

I 2013 såg kvar nordmann i gjennomsnitt 132 minutt på fjernsyn og lytta 90 minutt på radio kvar dag. For fjernsyn er dette 10 minutt mindre enn i 2004, og det er 10 minutt meir lytting til radio enn i 2004 ein gjennomsnittsdag.


**Figur 14.5. Radiolytting blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Lyttardelar i prosent. 2004-2013**



Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Dei to klart største kanalane målt i sjåardel ein gjennomsnittsdag i 2013 var NRK1 og TV 2, med høvesvis 40 og 36 prosent sjåarar i aldersgruppa 9-79 år. Det har likevel vore ein nedgang dei siste åra, da begge desse kanalane låg på jamt over 50 prosent frå 2000 til 2005. Dei to klart største radiokanalane målt i lyttardel var NRK P1 og P4, med høvesvis 25 og 15 prosent lyttarar ein gjennomsnittsdag i 2013. Radiokanalane har ikkje hatt like stor nedgang som fjernsynskanalane, sjølv om NRK P1 i 2013 hadde 25 prosent lyttarar ein gjennomsnittsdag, mot 29 prosent i 2004. Sjå figurane 14.5 og 14.6 og tabell 14.10.

**Figur 14.6. Fjernsynssjåing blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Sjåardelar i prosent. 2004-2013**



<sup>1</sup> Gjeld frå september 2007.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Det er ikkje spesielt kostbart å lytte til radio eller sjå på fjernsyn. Derfor forventar ein ikkje at inntekt vil ha mykje å seie. Ved lav inntekt kan det sjølv sagt ha ei avgrensande effekt på tilgang til betalingskanalar. Dei med lågast hushaldsinntekt vil vere i 1. kvartil i tabell 14.11 og 14.12.

Delen radiolyttarar er om lag lik mellom inntektsgrupper, men lyttartida er ulik. Det er om lag like mange blant dei med låg hushaldsinntekt som høyrer på radio, som dei med høg inntekt, men det er likevel slik at dei med høg hushaldsinntekt høyrer på radio færre minutt på ein gjennomsnittsdag. Hushaldsinntekt ser ut til å ha lite å seie for om ein ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag eller ikkje, men det er ganske klart at dess høgare inntekt, dess færre minutt med fjernsynssjåing.

I 2013 var det slik at dei med høgast utdanning hadde ein noko høgare lyttardel på radio ein gjennomsnittsdag enn dei med lågast utdanning, men dei bruker likevel færre minutt til radiolytting. Dette kan tolkast slik at dei høgre utdanna held seg orientert og underhaldne gjennom radio, men å bli orientert og underheldt tek ikkje mykje tid. Når det gjeld fjernsyn, er det færre blant dei med den høgaste utdanninga som ser på fjernsyn, og dei ser færre minutt ein gjennomsnittsdag.


I 2013 var det flest i den eldste aldersgruppa (67-79 år) som såg på fjernsyn ein gjennomsnittsdag, 86 prosent. Dei andre aldersgruppene låg på mellom 82 og 60 prosent. Ser vi berre på dei vaksne, er det ei klar tendens til at mengda fjernsynssjåing aukar med alder, frå 92 minutt i den nest yngste aldersgruppa (16-24 år) til 212 minutt i den eldste aldersgruppa. Dei som høyrer til dei to yngste gruppene (9-15 år og 16-24 år), brukte minst tid på radio, høvesvis 20 og 55 minutt. Dei hadde også færrest radiolyttarar ein gjennomsnittsdag, høvesvis 31 og 40 prosent.

Det har vore slik at menn ser meir på fjernsyn ein gjennomsnittsdag enn kvinner. Unntaket var i 2012 da menn brukte 134 minutt på fjernsynssjåing, medan kvinner brukte 135 minutt. Men i 2013 er det igjen menn som ser mest, menn brukte 138 minutt, medan kvinner brukte 126 minutt.

Det var nesten like mange menn som kvinner som såg på fjernsyn ein gjennomsnittsdag i 2013, 76 prosent menn og 73 prosent kvinner. Menn høyrte mest på radio i 2013, 93 minutt på ein gjennomsnittsdag, mens kvinner høyrde 86 minutt.

Det var litt fleire menn enn kvinner som høyrd på radio ein gjennomsnittsdag, 60 prosent menn og 58 prosent kvinner. Sjå figur 14.7 og tabellane 14.11 og 14.12.

**Figur 14.7. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 2001-2013**



Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

### 14.3. Om radio- og TV-statistikken

Tala som er presenterte i figurane og tabellane, er delvis henta frå aktørane sjølv eller frå Allmennkringkastingsrapporten 2013. I rapporten evaluerer Medietilsynet programtilbodet til dei ulike allmennkringkastarane. I talmaterialet som ligg føre, må ein legge til grunn at dei ulike allmennkringkastarane har ei einsarta inndeling av programområda frå år til år, slik at det er mogeleg å gjere samanlikningar over tid. Det er vanskeleg å samanlikne programtilbodet i dei ulike radiokanalane da dei ikkje rapporterer etter same klassifiseringsverktøy, og heller ikkje rapporterer om heile sendeflata.

#### Allmennkringkasting

Nokre av prinsippa for allmennkringkastingskanalane som Medietilsynet følgjer:

- Sendingane skal kunne takast inn av heile befolkninga.
- Sendingane skal innehalde ein variert programmeny med program for så vel breie som smale lyttar- og sjåargrupper, under dette barn og unge, den samiske befolkningsgruppa, etniske minoritetar og andre minoritetar.
- Det skal vere daglege nyheitssendingar og solid, jamleg orientering om viktige samfunns- og kulturspørsmål, nasjonalt og internasjonalt.
- Allmennkringkastingsprogramma skal bidra til å styrke norsk språk, identitet og kultur.
- Allmennkringkastingskanalane skal ha redaksjonelt sjølvstende. (Medietilsynet 2014).

#### Medietilsynet

Etter kringkastingslova 8 § 2-13 er Medietilsynet pålagt å utarbeide ein årleg allmennkringkastingsrapport: «*Medietilsynet skal utarbeide en årlig rapport om kringkasteres oppfyllelse av allmennkringkastingsforpliktelser. Medietilsynet kan ikke instrueres av Kongen eller departementet ved utarbeidelsen av slik allmennkringkastingsrapport.*» (Medietilsynet 2012). Medietilsynet har dermed som oppdrag å føre tilsyn med i kva grad allmennkringkastarane oppfyller allmennkringkastingspliktene sine. Tilsynet baserer seg mellom anna på allmennkringkastingsrekneskapane til dei respektive aktørane.

Medietilsynet fører også tilsyn med andre område innanfor kringkasting (reklame og sponsing, vern av barn og unge, med meir) og er styresmakt når det gjeld konsesjonar og registreringar for lokalkringkasting og annan type kringkasting.

Medietilsynet fører i tillegg mellom anna tilsyn med marknads- og eigarforhold i dagspresse og kringkasting med heimel i medieeigarskapslova. Medietilsynet er også klageinstans for fjernsynslicenssaker.

*Endring i konsesjonane* Dei analoge konsesjonane til lokalfjernsyn blei avslutta i 2009, same året som sløkking av analoge fjernsynsnett blei gjennomført, og utrullinga av det digitale riksnettet for fjernsyn blei sluttført. Eit nytt regime for digitalt lokalfjernsyn var allereie etablert, og digitale lokalfjernsynskonsesjonar blei tildelte frå 2007. Til forskjell frå tidlegare ordning kan det bli gitt fleire konsesjonar i kvart område, konsesjonshavarane har ikkje tilgang til eigne, lokale sendenett, det blir ikkje stilt krav til innhald, og det er ikkje lenger formidlingsplikt i kabelnett for digitalt lokalfjernsyn.

Noreg er framleis inndelt i 29 konsesjonsområde for allment bakkesendt lokal-fjernsyn. Tidlegare var det sett av frekvensressursar til åtskilde analoge, lokale sendenett i alle områda. Talet på konsesjonar av denne typen var avgrensa til ein per område, som kvar var sikra retten til å sende i dei respektive lokale netta. Konsesjon omfatta plikt til å sende lokalt innhald, og det var formidlingsplikt i kabelnett for sendingane.

Norges Televisjon (NTV) har anleggskonsesjon for det digitale bakkenettet for fjernsyn. Som ein del av konsesjonsføresetnadene pliktar NTV å tilby lokalfjernsyn kapasitet i det digitale nettet, som også skal vere innretta med lokale deknings-område. Men nettet har avgrensa kapasitet til formidling av lokalfjernsyn. Ein del lokalfjernsynsaktørar har valt å sende berre i kabel- eller fibernet, eit alternativ som ikkje krev konsesjon frå Medietilsynet.

*Mediebruksundersøkingane* Tala som omhandlar bruk av radio og fjernsyn, er henta frå Norsk mediebarometer 2013. Termen *kvartil* representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Det er nytta nokre kjennemerke knytte til yrkesstatus i tabellane 14.11 og 14.12. Sjå kapittel 11.2 for definisjonar av desse kjennemerka.

## Referansar

Medietilsynet (2014): Allmenkringkastingsrapporten 2013.

NRK - Norsk riksringkasting AS: (<http://www.nrk.no/info>)  
TV 2 AS: (<http://www.tv2.no/omtv2>)

Vaage, Odd Frank: Norsk mediebarometer Statistisk sentralbyrå.  
(<http://www.ssb.no/marie>)

## Meir informasjon

Medienorge: (<http://www.medienorge.uib.no>)

Tabell 14.1. NRK P1 og P2. Sendetid, etter programtype og radiokanal. 2010-2013

	2010				2011				2012				2013			
	NRK P1 <sup>1</sup>		NRK P2 <sup>2</sup>		NRK P1 <sup>1</sup>		NRK P2 <sup>2</sup>		NRK P1 <sup>1</sup>		NRK P2 <sup>2</sup>		NRK P1 <sup>1</sup>		NRK P2 <sup>2</sup>	
	Timar	Prosent														
I alt .....	8 762	100,0	6 569	100,0	8 762	100,0	7 665	100,0	8 738	100,0	7 620	100,0	8 760	100,0	8 759	100,0
Drama .....	69	0,8	203	3,1	85	1,0	197	2,6	90	1,0	196	2,6	75	0,9	200	2,3
Musikk .....	2 513	28,7	2 234	34,0	2 532	28,9	2 871	37,5	2 327	26,6	2 456	32,2	2 215	25,3	3 519	40,2
Kunst/kultur/medium .....	32	0,4	1 437	21,9	1	0,0	1 677	21,9	-	-	2 056	27,0	-	-	2 078	23,7
Underholdning ...	2 061	23,5	44	0,7	2 213	25,3	66	0,9	2 664	30,5	73	1,0	2 739	31,3	22	0,3
Heim/fritid/hobby .....	77	0,9	-	-	35	0,4	2	0,0	9,0	0,1	-	-	-	-	-	-
Vitskap .....	103	1,2	572	8,7	104	1,2	290	3,8	81	0,9	169	2,2	89	1,0	189	2,2
Religion/livsfilosofi .....	218	2,5	100	1,5	207	2,4	98	1,3	163	1,9	97	1,3	171	2,0	97	1,1
Samfunnsspørsmål .....	769	8,8	1 186	18,1	745	8,5	1 636	21,3	887	10,2	1 724	22,6	898	10,3	1 710	19,5
Nyheter .....	870	9,9	570	8,7	856	9,8	587	7,7	742	8,5	631	8,3	710	8,1	623	7,1
Portrett .....	-	-	56	0,9	184	2,1	63	0,8	-	-	120	1,4	77	0,9	-	-
Barneprogram ....	180	2,1	-	-	172	2,0	-	-	163	1,9	-	-	146	1,7	-	-
Regionale sendingar inkl.																
Sami Radio .....	1 384	15,8	128	1,9	1 334	15,2	123	1,6	1 325	15,2	122	1,6	1 339	15,3	121	1,4
Sport .....	271	3,1	8	0,1	282	3,2	-	-	250	2,9	-	-	251	2,9	-	-
Andre program ...	215	2,5	31	0,5	12	0,1	55	0,7	37	0,4	96	1,3	5	0,1	123	1,4

<sup>1</sup>Talet på timer heile døgnet. 24 timer i 365 dagar gir 8 760 timer. <sup>2</sup>Timar berre på dagtid tidleg i serien til og med 2009, seinare er musikk på nattid inkludert i oversikta. Difor er ikkje auken i musikksendetid ei endring i profil, men ei endring i rapportering. Frå 2010 og fram til 2013 inkluderer NRK nattsendingane i statistikken, P2 Notturno, ei utveksling av konsertopptak mellom kringkastarar i Europa (EBU).

Kjelde: Medietilsynet, NRKs allmennkringkastarrekneskap 2013.

Tabell 14.2. NRK P3. Sendetid<sup>1</sup>, etter programtype. 2007-2013

	2007		2008		2009		2010		2011		2012		2013	
	Timar	Prosent												
I alt .....	6 571	100,0	8 782	100,0	8 771	100,0	8 760	100,0	8 761	100,0	8 646	100,0	8 760	100,0
Musikk .....	4 137	63,0	5 908	67,3	6 903	78,7	5 212	59,5	4 754	54,3	5 047	58,4	5 505	62,8
Kunst/kultur/media ....	839	12,8	814	9,3	322	3,7	265	3,0	158	1,8	202	2,3	195	2,2
Av dette														
Popkultur .....	63	1,0	79	0,9	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Om film .....	65	1,0	69	0,8	89	1,0	265	3,0	-	-	-	-	-	-
Musikkjournalistikk ...	711	10,8	666	7,6	233	2,7	-	-	-	-	-	-	-	-
Nyheter .....	467	7,1	549	6,3	310	3,5	241	2,8	208	2,4	183	2,1	178	2,0
Underholdning .....	782	11,9	1 130	12,9	869	9,9	1 988	22,7	2 648	30,2	2 590	30,0	2 321	26,5
Humor .....	423	6,4	629	7,2	289	3,3	-	-	-	-	-	-	-	-
Aktualitet/samfunn ....	346	5,3	361	4,1	367	4,2	-	-	374	4,3	521	6,0	542	6,2
Sex og samliv .....	31	0,5	37	0,4	76	0,9	425	4,9	-	-	-	-	-	-
Sport .....	-	-	-	-	-	-	-	-	2	0,0	4	-	-	-
Andre program .....	-	-	20	0,2	-	-	629	7,2	617	7,0	99	1,1	19	0,2

<sup>1</sup>P3 går i samsending med P1 om natta.

Kjelde: Medietilsynet, NRKs allmennkringkastarrekneskap 2013.

Tabell 14.3. Radio Norge<sup>1</sup>. Sendetid<sup>2</sup>, etter programtype. 2007-2013

	2007		2008		2009		2010		2011		2012		2013	
	Sendetid	Prosent												
Timar i alt .....	3 397	100,0	3 172	100,0	3 414	100,0	3 323	100,0	3 245	100,0	3 234	100,0	2 916	100,0
Nyheter og aktualitet .....	969	28,5	815	25,7	940	27,5	900	27,1	912	28,1	865	26,7	834	28,6
Kultur .....	674	19,8	639	20,1	626	18,3	628	18,9	624	19,2	622	19,2	849	29,1
Barn og unge .....	682	20,1	669	21,1	678	19,9	624	18,8	577	17,8	599	18,5	174	6,0
Samisk .....	11	0,3	22	0,7	32	0,9	32	1,0	30	0,9	30	0,9	20	0,7
Livssyn .....	87	2,6	86	2,7	98	2,9	100	3,0	98	3,0	96	3,0	40	1,4
Fleirkulturelt .....	57	1,7	96	3,0	78	2,3	101	3,0	80	2,5	88	2,7	32	1,1
"Dei nye eldre" .....	56	1,6	92	2,9	104	3,0	102	3,1	91	2,8	89	2,8	33	1,1
Vitskap og teknologi .....	80	2,4	87	2,7	104	3,0	95	2,9	92	2,8	92	2,8	42	1,4
Forbrukarstoff .....	110	3,2	55	1,7	78	2,3	64	1,9	50	1,5	50	1,5	54	1,9
Sport og idrett .....	361	10,6	299	9,4	364	10,7	359	10,8	363	11,2	352	10,9	514	17,6
Musikk for smale grupper ..	310	9,1	312	9,8	312	9,1	318	9,6	328	10,1	351	10,9	324	11,1

<sup>1</sup>Fra 21. april 2008 endra radiokanalen namn frå Kanal 24 til Radio Norge. <sup>2</sup>Rapportert sendetid til Medietilsynet.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsregnskap RN 2013.

Tabell 14.4. P4. Sendetid<sup>1</sup>, etter programtype. 2007-2013

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
	Sende-tid	Pro-sent	Sende-tid	Pro-sent	Sende-tid	Pro-sent	Sende-tid
<b>Timar i alt .....</b>	<b>7 236</b>	<b>100,0</b>	<b>7 392</b>	<b>100,0</b>	<b>7 483</b>	<b>100,0</b>	<b>7 416</b>
Nyheitssendingar .....	424	5,9	427	5,8	446	6,0	418
Nyheiter på samisk .....	23	0,3	23	0,3	20	0,3	26
Distriktsnyheiter .....	11	0,2	13	0,2	13	0,2	15
Sportsnyheiter .....	30	0,4	37	0,5	40	0,5	50
Program for nyheitsperspektiv, debatt og analyse, innanriks .....	327	4,5	358	4,8	379	5,1	421
Program for nyheitsperspektiv, debatt og analyse, utanriks .....	46	0,6	46	0,6	34	0,5	37
Daglege kultur- og nyheitssendingar .....	39	0,5	37	0,5	46	0,6	63
Dagleg breitt kulturmagasin	1 252	17,3	1 231	16,7	1 189	15,9	1 137
Kulturrinnslag (ikkje kulturnyheiter), i breie sendeflater .....	176	2,4	250	3,4	297	4,0	277
Program med smalt kulturfokus .....	448	6,2	446	6,0	509	6,8	520
Program for smale musikksgjengar .....	825	11,4	659	8,9	529	7,1	543
Barneprogram .....	254	3,5	260	3,5	235	3,1	236
Ungdomsprogram .....	880	12,2	949	12,8	639	8,5	651
Religion og livsfilosofi .....	112	1,5	138	1,9	254	3,4	121
Fleirkulturelle program .....	120	1,7	134	1,8	144	1,9	83
Program med sport og idrett .....	455	6,3	414	5,6	429	5,7	455
Program retta mot trafikantar .....	1 579	21,8	1 776	24,0	1 743	23,3	1 763
Program med smalt fokus, natur, vitskap, medisin, helse .....	20	0,3	-	-	-	-	23
Natur, vitskap, medisin, helse; innslag i breie program .....	22	0,3	22	0,3	24	0,3	74
Forbrukarstoff/innslag i breie program .....	27	0,4	29	0,4	34	0,5	35
Media, mediekritikk og satire .....	30	0,4	96	1,3	281	3,8	269
Program tilpassa "eldre" radiolyttarar .....	136	1,9	47	0,6	198	2,6	199

<sup>1</sup> Rapportert sendetid til Medietilsynet.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastarrekneskap P4 2013.

Tabell 14.5. NRK. Sendetid<sup>1</sup>, etter fjernsynskanal og programtype. 2012-2013

	NRK 1		NRK 2		NRK 3		NRKSuper <sup>2</sup>	
	2012		2013		2012		2013	
	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent
Riksprogram i alt .....	7 933	100,0	8 152	100,0	6 660	100,0	6 549	100,0
Barneprogram .....	15	0,2	16	0,2	-	-	-	-
Drama .....	1 313	16,6	1 848	22,7	939	14,1	1 156	17,7
Informasjonsprogram ...	1 813	22,9	2 236	27,4	2 005	30,1	2 269	34,6
Kunst/kultur/media .....	164	2,1	79	1,0	490	7,4	428	6,5
Musikk .....	218	2,7	215	2,6	223	3,3	272	4,2
Naturprogram .....	370	4,7	446	5,5	150	2,3	106	1,6
Nyheiter .....	1 815	22,9	1 503	18,4	1 667	25,0	1 483	22,6
Religion/livsfilosofi .....	22	0,3	24	0,3	57	0,9	71	1,1
Sport .....	1 074	13,5	816	10,0	720	10,8	284	4,3
Underhaldning .....	1 014	12,8	885	10,9	238	3,6	294	4,5
Undervisning .....	-	-	-	-	62	0,9	64	1,0
Vitskap .....	89	1,1	58	0,7	94	1,4	108	1,6
Andre program .....	26	0,3	27	0,3	15	0,2	13	0,2

<sup>1</sup> Dei regionale sendingane er ikkje med i sendetida. <sup>2</sup> Alle program på NRKSuper er barneprogram fordelt på programtype. Denne oversikta er basert på prosentanslag frå NRKs årsrapport.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2013 og Norsk riksringkasting AS.

Tabell 14.6. TV 2. Sendetid, etter programtype. 2007-2013

	2007		2008		2009		2010		2011		2012		2013	
	Timar	Prosent												
Program i alt <sup>1</sup>	6 020	100,0	6 341	100,0	7 233	100,0	7 056	100,0	7 023	100,0	6 958	100,0	6 957	100,0
Barneprogram	531	8,8	553	8,7	543	7,5	535	7,6	398	5,7	451	6,5	464	6,7
Drama	2 464	40,9	2 719	42,9	2 896	40,0	2 818	39,9	2 619	37,3	2 637	37,9	2 402	34,5
Informasjonsprogram	1 140	18,9	1 139	18,0	877	12,1	828	11,7	889	12,7	941	13,5	1 148	16,5
Kunst/kultur/medium	18	0,3	14	0,2	43	0,6	10	0,1	11	0,1	17	0,2	11	0,2
Musikk	10	0,2	5	0,1	5	0,1	5	0,1	43	0,6	8	0,1	6	0,1
Naturprogram	12	0,2	32	0,5	6	0,1	1	0,0	9	0,1	9	0,1	7	0,1
Nyheter	555	9,2	480	7,6	422	5,8	416	5,9	602	8,6	593	8,5	564	8,1
Religion/livsfilosofi	34	0,6	24	0,4	28	0,4	15	0,2	16	0,2	8	0,1	18	0,3
Sport	469	7,8	557	8,8	456	6,3	523	7,4	506	7,2	465	6,7	384	5,5
Underholdning	773	12,8	818	12,9	1 957	27,1	1 905	27,0	1 931	27,5	1 824	26,2	1 946	28,0
Undervisning	14	0,2	-	0,0	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Andre program	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	5	0,1	7	0,1

<sup>1</sup>Eigenannonsering ikkje medrekna frå og med 2008.

Kjelde: TV 2 AS. Allmennkringkastarrekneskap 2013.

Tabell 14.7. Norsk rikskringkasting. Sendetid i radio og fjernsyn, etter målform. 2003-2013. Prosent

	Radio				Fjernsyn			
	I alt	Bokmål	Nynorsk	Dialekt	I alt	Bokmål	Nynorsk	Dialekt
2003	100,0	61,5	8,3	30,2	100,0	76,6	13,0	10,4
2004 <sup>1</sup>	100,0	55,0	3,0	42,0	100,0	63,0	6,0	32,0
2005	100,0	55,7	4,0	41,7	100,0	74,0	7,0	23,0
2006	100,0	56,7	5,3	38,0	100,0	70,5	7,5	22,0
2007	100,0	61,0	4,0	35,0	100,0	69,0	7,0	24,0
2008	100,0	63,0	6,0	31,0	100,0	75,9	6,6	17,5
2009	100,0	56,2	4,4	39,4	100,0	71,9	9,1	19,0
2010	100,0	62,2	4,5	33,3	100,0	75,0	8,7	16,3
2011	100,0	60,2	5,4	34,4	100,0	69,1	11,9	19,0
2012	100,0	58,9	6,2	34,9	100,0	72,5	15,3	12,3
2013	100,0	57,9	6,9	35,1	100,0	70,3	16,6	13,1

<sup>1</sup>Ved overgangen til 2004 gjennomførte NRK følgjande praksis: Ein stile strengare krav til kva som blei rekna som bokmål og kva som blei rekna som nynorsk.

Dersom det som skulle registrerast ikkje var tydeleg nok, blei det plassert i dialektkategorien.

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS.

Tabell 14.8. Konsesjon for drift av lokalfjernsyn og lokalradio, etter fylke. 1990-2013

	Lokalfjernsyn allmenn	Lokalradio
1990 .....	106	442
2000 .....	26	274
2001 .....	27	259
2002 .....	26	272
2003 .....	23	267
2004 .....	25	256
2005 .....	26	248
2006 .....	26	248
2007 .....	25	246
2008 .....	25	241
2009 .....	19	237
2010 .....	7	251
2011 .....	14	253
2012 .....	17	251
2013 .....	15	250
<b>2013</b>		
Østfold .....	1	11
Akershus .....	3	11
Oslo .....	1	23
Hedmark .....	-	11
Oppland .....	1	6
Buskerud .....	-	16
Vestfold .....	1	10
Telemark .....	1	12
Aust-Agder .....	1	8
Vest-Agder .....	-	10
Rogaland .....	3	20
Hordaland .....	-	29
Sogn og Fjordane .....	-	5
Møre og Romsdal .....	2	14
Sør-Trøndelag .....	-	15
Nord-Trøndelag .....	-	4
Nordland .....	-	22
Troms Romsa .....	-	9
Finnmark Finnmark .....	1	14

<sup>1</sup> Landet er delt inn i 30 konsesjonsområder for lokalfjernsyn og 141 konsesjonsområder for lokalradio. <sup>2</sup> Frå og med 2008 telles konsesjonar i drift. <sup>3</sup> Tal kan ikkje samanliknas med tidlegare år på grunn av endringar i konsesjonar, sjå del 14.2. Det var 88 gyldige lokalfjernsynskonsesjonar i 2010, men berre sju var i drift. Ein av konsesjonane dekte to fylker. <sup>4</sup> Konsesjonsområde i det digitale bakkennettet for fjernsyn samsvarar ikkje alltid med fylkesgrenser. Ved utgangen av 2011 var det 87 gyldige lokalfjernsynskonsesjonar i det digitale bakkennettet for fjernsyn (DTT). Det var 14 av 87 konsesjonar for lokalfjernsyn som var i drift ved utgangen av 2011.

Kjelde: Medietilsynet.

Tabell 14.9. Registrerte fjernsynslisensar, etter fylke. 31. desember. 2001-2013

	2001	2003	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Heile landet .....</b>	<b>1 740 811</b>	<b>1 758 619</b>	<b>1 787 374</b>	<b>1 807 951</b>	<b>1 851 969</b>	<b>1 882 349</b>	<b>1 905 526</b>	<b>1 930 758</b>	<b>1 956 025</b>	<b>1 970 592</b>	<b>1 988 655</b>
Østfold .....	101 449	103 032	104 665	106 041	108 580	110 010	110 402	111 874	113 451	114 308	115 428
Akershus .....	177 444	181 945	185 853	189 293	193 520	197 678	201 141	204 923	208 417	211 522	214 852
Oslo .....	206 426	206 316	212 499	218 534	226 352	230 361	234 371	238 232	241 887	242 608	245 315
Hedmark .....	76 052	76 484	76 736	76 904	78 823	79 848	80 449	80 925	81 251	81 290	81 439
Oppland .....	72 749	72 235	73 415	72 922	73 906	75 054	75 327	75 642	76 362	76 308	76 302
Buskerud .....	92 818	94 367	96 308	97 964	100 233	101 216	102 313	103 741	104 884	105 420	105 911
Vestfold .....	83 911	86 552	87 706	88 396	89 939	91 693	92 186	93 549	94 831	95 624	96 773
Telemark .....	65 231	66 692	67 441	67 775	68 961	69 804	70 509	71 254	71 965	72 096	72 290
Aust-Agder .....	37 660	37 801	38 654	39 048	40 082	40 981	41 827	42 450	43 007	43 495	44 038
Vest-Agder .....	59 034	59 256	60 597	61 229	62 861	63 713	65 035	65 925	66 927	68 191	68 464
Rogaland .....	136 150	140 486	144 218	148 907	153 731	157 810	160 079	162 453	166 105	167 646	169 254
Hordaland .....	166 311	168 640	170 882	171 003	177 284	180 280	182 948	186 371	187 901	190 002	191 516
Sogn og Fjordane .....	39 111	38 873	39 092	38 904	39 438	39 970	40 003	40 328	40 911	40 929	41 257
Møre og Romsdal .....	93 212	92 855	93 569	93 732	95 542	97 093	97 685	98 289	99 531	100 468	101 973
Sør-Trøndelag .....	105 578	106 517	108 251	108 827	110 438	111 715	113 372	114 278	115 669	116 896	117 744
Nord-Trøndelag .....	47 919	48 377	48 435	48 791	49 874	50 318	50 866	51 363	52 006	52 376	52 843
Nordland .....	91 245	90 192	90 550	90 734	92 039	93 239	93 997	95 311	96 430	96 276	96 914
Troms Romsa .....	56 598	56 430	56 640	57 138	58 115	59 462	60 745	60 893	61 084	61 537	62 494
Finnmark Finnmark .....	25 759	25 523	25 897	25 721	26 295	26 182	26 375	27 046	27 412	27 543	27 781
Svalbard .....	343	337	332	342	359	368	370	372	393	408	401
Frilisensar .....	5 811	5 709	5 634	5 747	5 597	5 554	5 526	5 539	5 602	5 649	5 667

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS.

Tabell 14.10. Lyttar- og sjåardelar for ulike radio- og fjernsynskanalar ein gjennomsnittsdag. 1994-2013. Prosent

	1994	1996	1998	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Radio</b>																	
NRK P1 .....	31	27	29	27	28	26	28	29	26	24	25	26	23	23	24	26	25
NRK P2 .....	7	5	5	4	5	5	5	4	4	4	3	5	4	4	6	5	7
NRK P3 .....	11	10	8	8	7	6	7	5	5	6	5	7	6	7	7	9	10
Radio P4 .....	18	21	19	19	18	21	19	16	17	17	16	13	17	18	15	16	15
Radio Norge .....	.	.	.	.	.	.	.	6	5	5	5	3	8	8	8	8	9
Lokalradio .....	13	13	12	11	12	14	12	11	9	10	11	8	7	8	6	6	6
Andre kanalar .....	1	1	1	2	2	3	2	2	3	3	3	6	3	4	5	4	4
<b>Fjernsyn</b>																	
NRK1 .....	58	55	53	50	54	52	51	53	51	47	47	44	43	44	45	40	40
NRK2 .....	.	<sup>1</sup> 10	8	9	7	7	11	8	8	5	5	5	6	7	7	5	7
NRK3 Super .....	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	<sup>2</sup> 1	2	4	5	6	4	5
TV2 AS .....	42	50	50	51	53	56	51	52	50	51	49	44	41	40	40	37	36
TV2 nyhetskanalen .....	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	2	3	3	3	3	3	2
TVNorge .....	12	13	16	15	20	18	21	18	19	18	19	16	13	13	14	12	13
TV3 .....	7	12	12	14	14	13	12	14	13	11	12	11	11	12	11	8	8
Svensk TV <sup>3</sup> .....	3	2	2	1	1	2	1	1	1	1	1	1	1	..	..	..	..
Lokal TV <sup>4</sup> .....	1	1	1	1	1	1	1	1	0	1	1	0	1	..	..	..	..
TV 2 Zebra .....	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	2	2	1	1
TVN Fem .....	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	2	1	2	1
Viasat 4 .....	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	6	4	4	1
Andre kanalar .....	7	7	9	10	12	12	10	12	13	15	17	22	23	18	20	18	18

<sup>1</sup>Gjeld frå september 1996. <sup>2</sup>Gjeld frå september 2007. <sup>3</sup>SVT1 og SVT2. <sup>4</sup>Inkluderer lokal-tv som har fått konsesjon frå Medietilsynet, t.d. TV Follo AS og lokale sendingar på TV Norge.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.11. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og hushaldsinntekt. 2003-2013**

	Radio										Fjernsyn									
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2004	2005	2006	2007 <sup>1</sup>	2008 <sup>1</sup>	2009	2010	2011	2012	2013
<b>Minutt totalt .....</b>	<b>80</b>	<b>84</b>	<b>83</b>	<b>80</b>	<b>80</b>	<b>82</b>	<b>81</b>	<b>86</b>	<b>96</b>	<b>90</b>	<b>142</b>	<b>147</b>	<b>148</b>	<b>155</b>	<b>145</b>	<b>148</b>	<b>152</b>	<b>157</b>	<b>134</b>	<b>132</b>
<b>Kjønn</b>																				
Menn .....	81	83	85	84	91	79	85	90	101	93	147	149	149	161	151	151	152	150	134	138
Kvinner .....	80	85	80	76	69	86	78	82	90	86	137	146	147	149	140	145	151	165	135	126
<b>Alder</b>																				
9-15 år .....	20	17	17	13	12	10	16	15	18	20	123	132	123	126	126	115	105	114	95	103
16-24 " .....	70	65	64	53	50	49	55	65	60	55	132	134	152	144	136	128	133	135	105	92
25-44 " .....	82	83	84	81	72	85	83	82	100	87	133	141	142	141	133	143	143	142	119	117
45-66 " .....	100	106	107	109	112	113	110	109	119	116	145	156	146	168	154	155	165	170	154	145
67-79 " .....	99	126	104	101	125	106	97	121	143	132	193	180	188	204	190	201	206	221	192	212
<b>Utdanning</b>																				
Ungdomsskole .....	82	97	97	98	90	84	73	84	99	98	153	173	178	181	177	171	173	178	168	151
Vidaregående skole .....	102	102	102	99	104	106	102	114	122	114	159	154	162	167	164	164	174	177	146	150
Universitet/høgskole, kort .....	78	76	76	69	73	86	84	72	96	89	126	145	134	153	122	138	144	152	136	122
Universitet/høgskole, lang .....	54	73	73	71	73	69	77	80	81	70	102	114	112	110	110	121	121	126	102	110
<b>Hushaldsinntekt</b>																				
1. quartil .....	85	103	88	94	92	89	84	106	95	100	167	165	180	184	168	172	170	178	154	153
2. quartil .....	79	89	93	82	84	94	95	87	106	117	163	158	162	166	154	162	165	171	148	152
3. quartil .....	85	83	88	84	84	86	86	90	115	91	124	151	139	147	137	154	161	161	139	130
4. quartil .....	78	80	74	68	70	71	68	80	79	74	124	127	123	132	124	120	118	126	109	112
<b>Yrkesstatus (16-79 år)<sup>2</sup></b>																				
Yrkesgruppe 1-2 .....	75	73	72	77	75	73	85	85	91	80	113	132	116	125	117	125	130	131	114	111
Yrkesgruppe 3 .....	73	96	74	74	74	92	80	64	92	71	126	129	140	140	116	141	141	150	118	110
Yrkesgruppe 4-5 .....	94	85	83	89	85	82	72	96	85	86	135	141	153	150	154	150	149	160	148	135
Yrkesgruppe 6-9 ...	123	134	162	131	134	140	140	131	175	163	145	146	154	153	149	159	160	153	128	129
Elevar/studentar ....	38	37	42	38	29	27	28	39	25	31	124	125	136	126	140	100	122	137	93	107
Trygd/pensionistar ....	99	126	109	103	121	114	110	126	146	141	191	197	191	211	194	207	209	224	202	212
Heimearbeidande ..	97	97	75	:	:	:	109	63	86	69	168	177	180	:	:	217	141	129	98	
<b>Landsdel</b>																				
Oslo/Akershus ....	76	75	62	73	77	66	79	70	78	73	135	144	143	143	137	140	149	146	136	127
Austlandet elles .....	88	90	95	92	90	88	79	94	107	107	147	149	164	166	142	163	156	170	142	143
Agder og Rogaland ...	80	68	94	80	72	83	80	88	79	95	134	158	142	150	147	129	142	144	117	133
Vestlandet .....	75	93	76	84	65	91	71	83	98	82	140	135	138	157	141	146	149	157	140	136
Trøndelag ...	96	83	88	61	93	82	100	107	101	100	157	140	153	156	161	153	168	163	130	113
Nord-Noreg	68	96	90	77	86	86	96	89	131	75	147	164	141	158	164	152	153	163	129	122

<sup>1</sup>Tala blei retta i 2009-publikasjonen. <sup>2</sup>For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kap. 11.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.12. Personar som hører på radio og ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel. 2003-2013. Prosent**

	Radio												Fjernsyn											
	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013		
<b>Prosentandel totalt .....</b>	<b>58</b>	<b>58</b>	<b>55</b>	<b>54</b>	<b>53</b>	<b>54</b>	<b>53</b>	<b>56</b>	<b>55</b>	<b>60</b>	<b>59</b>	<b>84</b>	<b>83</b>	<b>85</b>	<b>83</b>	<b>82</b>	<b>80</b>	<b>80</b>	<b>82</b>	<b>81</b>	<b>77</b>	<b>74</b>		
<b>Kjønn</b>																								
Menn .....	58	57	54	55	55	56	52	56	57	60	60	84	82	85	83	83	81	80	83	81	76	76		
Kvinner .....	57	58	56	53	52	52	54	55	52	60	58	83	83	84	82	81	80	81	81	81	77	73		
<b>Alder</b>																								
9-15 år .....	37	31	30	26	27	27	22	33	31	36	31	93	86	91	90	87	88	86	82	89	83	82		
16-24 " .....	52	47	46	45	41	38	45	46	48	43	40	80	82	78	81	81	77	75	79	74	67	60		
25-44 " .....	59	60	57	60	58	56	58	59	57	64	61	81	79	82	81	77	76	78	80	76	71	70		
45-66 " .....	67	68	63	61	64	66	63	65	59	72	71	82	84	87	81	84	82	81	84	83	80	79		
67-79 " .....	60	64	64	54	53	60	52	55	64	66	72	92	86	89	86	88	85	86	90	91	88	86		
<b>Utdanning</b>																								
Ungdomsskole	58	54	51	52	52	48	46	46	50	55	56	84	78	83	85	84	80	81	86	82	81	78		
Vidaregående skole .....	59	60	59	56	58	58	57	59	56	62	61	83	85	85	80	82	80	80	85	82	74	74		
Universitet/ høgskole, kort .....	64	65	60	59	54	62	62	61	60	66	67	77	81	83	82	80	79	79	79	80	78	75		
Universitet/ høgskole, lang .....	64	68	62	64	66	63	62	64	65	72	66	82	79	84	83	78	77	76	75	77	75	71		
<b>Hushalds-inntekt</b>																								
1. kvartil .....	58	56	53	45	50	53	49	49	53	48	58	84	86	83	81	78	80	79	82	76	74	72		
2. kvartil .....	59	53	55	55	52	57	54	60	55	61	64	81	83	84	83	85	83	81	83	81	77	76		
3. kvartil .....	58	56	57	58	57	56	54	60	56	68	63	87	81	87	86	85	81	81	86	85	82	80		
4. kvartil .....	62	65	63	60	58	60	58	59	60	67	64	84	84	87	84	81	83	82	80	83	75	75		
<b>Yrkesstatus (16-79 år)<sup>1</sup></b>																								
Yrkesgruppe																								
1-2 .....	66	68	64	64	64	64	64	67	63	72	68	80	78	85	83	80	79	74	78	81	76	74		
Yrkesgruppe 3 .....	63	66	65	60	60	62	66	62	55	70	68	84	83	80	82	83	77	84	81	76	73	72		
Yrkesgruppe																								
4-5 .....	58	64	54	53	57	51	53	55	58	59	59	82	79	84	80	77	83	80	82	81	76	75		
Yrkesgruppe																								
6-9 .....	61	58	61	65	65	60	60	64	57	71	69	79	82	82	80	80	75	78	85	79	71	70		
Elevar/ studentar .....	47	44	39	42	37	41	42	45	50	35	34	73	84	79	78	77	73	79	75	67	62			
Trygd/ pensjonistar ....	62	60	62	55	52	60	53	53	61	67	69	91	87	89	86	87	84	87	88	90	88	86		
Heime-arbeidande .....	56	52	52	42	:	:	:	54	32	43	52	87	88	97	77	:	:	90	61	65	63			
<b>Landsdel</b>																								
Oslo/Akershus .....	64	60	55	51	54	55	50	55	51	56	57	78	80	84	81	80	78	78	80	76	76	71		
Austlandet .....	55	59	54	57	56	57	51	57	54	62	62	85	84	85	83	83	79	80	86	83	79	76		
Agder og Rogaland .....	54	58	54	58	56	50	59	58	54	58	58	88	81	86	83	82	82	77	80	82	73	76		
Vestlandet .....	59	53	57	50	50	49	55	53	56	61	61	86	85	83	81	82	78	82	82	84	79	78		
Trøndelag .....	61	57	57	55	51	57	55	59	58	62	60	84	86	82	85	84	87	85	84	82	78	68		
Nord-Noreg .....	54	57	51	50	50	52	50	51	58	63	55	83	81	88	83	83	82	83	83	83	72	75		

<sup>1</sup> For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjá kap. 11.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

## 15. Idrett og friluftsliv

### 15.1. Nokre resultat

*1,9 millionar ordinære medlemskapar i Norges idrettsforbund*

Etter ein sterk vekst i dei ordinære medlemskapstala i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) frå 2011 til 2012 på nær 73 000 medlemskapar, har veksttakta minka litt siste året. Ved utgangen av 2013 var det nær 1,9 millionar ordinære medlemskapar, ein auke på 4 800 frå året før. Dei kvinnelege medlemskapane auka med 5 300, mens dei mannlige medlemskapane gjekk ned med 500. Talet på ordinære idrettslag har auka noko og var på 7 967 lag ved utgangen av 2013. I tillegg til dei ordinære idrettslaga var også 3 600 bedrifts-idrettslag med over 300 000 medlemskapar organiserte i NIF.

Dei siste ti åra har dei ordinære medlemskapstala i NIF auka med om lag 220 000. I perioden 2004-2013 er det medlemskapane blant kvinner målt i tal som har gått mest opp, med 114 000 medlemskapar, tilsvarande 18 prosent auke. Medlemskapane blant menn har auka med 106 000 i same periode, eller 10 prosent. Frå 2012 til 2013 finn ein den største veksten, både for gutter og jenter, i den yngste aldersgruppa 0-12 år. I aldersgruppa 13-19 år viser tala nedgang for begge kjønn det siste året. Den største prosentvise auken frå 2004 til 2013 har vore for jenter 0-12 år, med 27 prosent auke i medlemskapane. Fordelinga mellom kjønna er framleis stabil, med 60 prosent menn og 40 prosent kvinner også i 2013. Sjå figur 15.1 og tabell 15.2.

**Figur 15.1. Medlemskap i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, etter alder. 2003-2013**



Kjelde: Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.

Dei fleste idrettskrinsane hadde auke i medlemskapstala det siste året, 2012-2013. Oslo idrettskrins hadde størst auke i medlemskapar, 9 800, tilsvarande 4 prosent auke frå 2012 til 2013. Finnmark hadde 3,2 prosent auke. Sju idrettskrinsar hadde nedgang i medlemskapane, ein nedgang på mellom 0,1 og 7 prosent.

*16 prosent av idrettsanlegga med universell utforming*

Tala i tabell 15.3 syner tal frå Idrettsanleggsregisteret. I alt var det 54 000 eksisterande anlegg som var i drift i 2013. Det er ein auke på drygt 600 anlegg totalt. 15 av anlegga er nasjonalanlegg, og Starum Ridebane i Oppland er ny som nasjonalanlegg. Tabellen viser også at det er 36 500 ordinære idrettsanlegg, og 16 800 nærmiljøanlegg. 750 anlegg høyrer inn under kategorien andre anlegg som inkluderer fylkesanlegg, interkommunale anlegg og riks'anlegg. I 2013 auka talet på ordinære idrettsanlegg med 250. Det blei 400 fleire nærmiljøanlegg siste året.

Nærmiljøanlegg omfattar blant anna balløkker/ballbingar, ulike typar aktivitetsanlegg og miljøkart.

I 2013 hadde 8 500, eller 16 prosent, av anlegga registrert i Idrettsanleggsregisteret at dei hadde universell utforming, sjå «*Veileder Universell Utforming*» (KUD 2012). Tre av nasjonalanlegga, 5 500 av dei ordinære anlegga og nær 3 000 av nærmiljøanlegga hadde universell utforming.


Tabell 15.4 viser tal på nokre idrettsanlegg i perioden 2006-2013. I denne perioden har talet på aktivitetsanlegg auka med 37 prosent, frå drygt 4 200 anlegg til 5 800 anlegg, siste året med 170 anlegg. Også turstiar innanfor kategorien friluftsliv har auka i perioden 2006-2013, med 380. Det har i dei seinare åra blitt færre hoppbakkar, færre fotballbanar og friidrettsanlegg med grusdekke. Friidrettsanlegg med fast dekke har auka med 21 i same periode. Talet på gymnastikksalar og symjhallar i drift går stadig nedover. Siste året var det ein nedgang i gymnastikksalar på 35, sidan 2006 er det blitt 323 færre slike anlegg. Tala for symjebasseng viser berre ein nedgang på 1 anlegg siste året, og 80 færre samanlikna med 2006. Sjå fleire tal i tabell 15.4.

*Friluftslivets  
fellesorganisasjon – 30  
prosent fleire  
medlemskapar dei siste fem  
åra*

Talet på medlemskapar i Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) fortset å auke. Dei siste fem åra har medlemskapane auka med 168 000, eller 30 prosent. På slutten av 2013 var det om lag 725 000 medlemskapar i FRIFO. Litt av auken kjem av at både i 2010 og 2011 kom det med to nye medlemskapsorganisasjonar. I 2010 blei Kristen Idrettskontakt medlem av FRIFO, og i 2011 blei Norsk Kennel Klub medlem, med sine 800 lokallag og nær 100 000 medlemskapar. Nokre medlemsorganisasjonar har hatt nedgang i medlemskapstala (til dømes Norsk Kennel Klub og Syklistenes landsforening). Dei fleste organisasjonane har likevel hatt oppgang i medlemstalet, til dømes Skiforeningen med nær 4 000 medlemskapar. Talet på medlemsorganisasjonar i FRIFO har halde seg stabilt på 15 det siste året, mens talet på lokallag har hatt ein svak nedgang.

Den Norske Turistforening (DNT) er framleis den største organisasjonen med sine 251 000 medlemskapar fordelt på 127 lokallag. Dei siste åra har det vore stor vekst i talet på medlemskapar i DNT, dei to siste åra har auken vore på om lag 10 000. Norges Jeger- og Fiskerforbund er den nest største organisasjonen, med nær 117 000 medlemskapar. Det kan verke som om interessa for denne organisasjonen er litt dalande da medlemstalet dei siste fem åra er redusert med nær 6 000. Tabell 15.5 viser meir detaljerte FRIFO-tal.

**Figur 15.2. Prosentdel personar som dei siste tolv månadene har drive med aktivitetar knytte til trening og mosjon. 1997-2013**




Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Åtte av ti trener minst ein gong i veka

Figur 15.2 viser tal frå levekårsundersøkingane 1997-2013 som har kartlagt nokre treningsaktivitetar i den norske befolkninga. I 2013 hadde 82 prosent av befolkninga 16 år og eldre vore på trening minst ein gong i veka. I 1997 var det tilsvarande talet berre 63 prosent. Det er blant dei eldste, dei over 67 år, at trenings- eller mosjonsaktiviteten har auka mest, frå 50 prosent i 1997 til 77 prosent i 2013 (SSB 2013).

Også styrketrening har blitt ein populær treningsform, og er den idrettsaktiviteten som har auka mest dei seinare åra. Prosentdelen som dreiv med denne typen aktivitet i 1997, var 19 prosent, i 2013 var han auka til 39 prosent. Blant dei over 67 år dreiv 12 prosent med styrketrening i 2013, ei dobling i høve til 1997.

**Figur 15.3. Prosentdel personar som dei siste tolv månadene har vore på eit idrettsarrangement. 1997-2012**



Kjelde: Norsk kultubarometer, Statistisk sentralbyrå.

*Halvparten av befolkninga  
på idrettsarrangement siste  
tolv månadar i 2012*

55 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år hadde vore tilskodar til idrettsarrangement dei siste tolv månadane i 2012. I 2008 var delen 56 prosent. Gjennomsnittleg tal på slike besøk var 5,8 per år i 2012. Ein større del menn enn kvinner går og ser på idrettsarrangement. Dette gjeld alle aldersgrupper. Ser ein berre på alder, er det store skilnader i kor mange som besøker eit idrettsarrangement, sjå figur 15.3. I aldersgruppa 9-15 år var 77 prosent til stades på eit idrettsarrangement. Denne delen har vore nokolunde stabil sidan 1997. Ser ein på den eldste aldersgruppa, dei mellom 67 og 79 år, har interessa for idrettsarrangement auka frå 19 prosent i 1997 til 38 prosent i 2012. Sjå også Kulturstatistikk 2012, tabell 16.6.

*Kommunane brukte 3,1  
milliardar kroner til  
idrettsformål*

KOSTRA-tala (KOSTRA, sjå kapittel 1.2 og 1.3) viser at fylkeskommunane til saman brukte 104 millionar kroner til idrett i 2013, og kommunane (medrekna Oslo) brukte 3,1 milliardar kroner i netto driftsutgifter til idrett. Dette er 31 prosent av utgiftene som kommunane bruker til kulturformål, den høgaste delen dersom ein ser på dei siste fem åra. Brutto investeringsutgifter for idretten har vore om lag 2,9 milliardar kroner i gjennomsnitt for åra 2011-2013. Jamfør tabell 15.6 og kapittel 1.3, tabell 1.3.4.

*Universell utforming av  
rekreasjons- og friområde i  
kommunane*

Forutan dei økonomiske tala gir også KOSTRA-tala blant anna oversikt over areal for friluftslivsområde i kommunane, og areal for leik og rekreasjon. Tabell 15.1 gir ei oversikt over areal og friluftslivsområde i kommunane i åra 2007-2013. Totalt for landet finst det nær 1,5 millionar dekar (mål) friluftslivsområde med kommunal råderett gjennom offentleg eige eller bruksavtale i 2013. Det kan sjå ut som areala til desse formåla gjekk ned i åra 2011 og 2012, men har ein svak auke på 1 prosent siste året. Tabell 15.1 gir også informasjon om tal på rekreasjons- og friområde med universell utforming som kommunane har ansvaret for. I 2013 var 2 200 område tilrettelagde med universell utforming.

## 15.2. Om statistikken og organisasjonane

*Idrettsregistreringa*

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité er det øvste organet i Noregs største interesseorganisasjon, med rundt 2,1 millionar medlemskapar fordelt på om lag 12 000 idrettslag (inkludert bedriftsidrettslag). NIF har som mål å vere den fremste bidragsytares for å oppnå idrett for alle.

Alle opplysningane og tala i statistikken baserer seg på elektroniske rapportar frå kvar enkelt klubb som er medlem av NIF, og frå kvar særidrettsgruppe i klubben.

Rapporteringa er per 31. desember i rapporteringsåret. Medlemskapane er summen av medlemmer i kvar enkelt klubb, og ikkje talet på personar som totalt er medlemmer i den organiserte idretten. Talet på personar er lågare fordi mange er medlemmer i fleire klubbar. Det har enno ikkje vore mogeleg å registrere eit totaltal på enkeltpersonar som er medlem (NIF 2012). Tala i denne publikasjonen omfattar berre statistikk over medlemskapar for dei ordinære idrettskrinsane (tal for bedriftsidretten og aktivitetstala er ikkje med i statistikken).

#### *Idrettsanlegg.no*

Idrettsanlegg.no (Kulturdepartementets register over idrettsanlegg og søknader om spelemedlar) er eit register over alle idrettsanlegga i Noreg. Anleggsregisteret omfattar anlegg og tiltak for friluftsliv, frå dei store anlegga bygde og utforma for internasjonale meisterskapar til små balløkker og skileikanlegg. Idrettsanlegg.no inneholder eit netbasert søknadssystem for spelemedlar til idrettsanlegg, eit register over alle idrettsanlegga i Noreg, og ein kartfunksjon som viser den grafiske plasseringa til anlegga i standart kart og flyfoto (Idrettsanlegg.no).

Anlegga for friluftsliv er også registrerte så langt det er funne formålstenleg. Alle anlegga og tiltaka for friluftsliv som har fått tilskot av spelemedlane, er registrerte. I 2011 var det drygt 65 000 anleggseiningar i registeret, men data brukt i tabell 15.3 og 15.4 baserer seg på status «eksisterande» i registeret. Anlegga er registrerte med desse dataa: anleggsnummer i registeret, namnet på anlegget, anleggsstad (idrettspark eller liknande), kva for ein kommune anlegget ligg i, anleggskategori (til dømes: fotballanlegg, kart, friluftsliv), anleggstype (til dømes: grasbane, orienteringskart, badeplass), karakteristiske mål, anleggsklasse (til dømes: nasjonalanlegg, kommuneanlegg/ordinære anlegg, nærmiljøanlegg), plassering (kartkoordinatar i økonomisk kartverk) og eventuelt ombyggingsår, eigar, tildelte spelemedlar og året for tildelinga.

Anleggsregisteret vart oppretta i 1992, og sidan har opplysninga om anlegg for idrett og friluftsliv blitt registrerte inn etter kvart. Oppdatering av registeret skjer normalt ein gong i året. I 2006 og 2009-2011 er det utført ei opprydding i registeret, noko som kan gjere direkte samanlikningar med tidlegare år vanskeleg (Idrettsanlegg.no). Særleg har variabelen anleggsklasse vore utilfredsstillande registrert. Opprettinga av anleggsklasse held framleis på, sjølv om kvaliteten er blitt vesentleg heva.

**Nærmiljøanlegg:** Nærmiljøanlegg er anlegg eller område som er lagde til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og gjerne ligg i tilknyting til bustad- og/eller oppholdsområde. Områda skal vere fritt allment tilgjengelege og laga for eigenorganisert fysisk aktivitet, framfor alt for barn og ungdom, men også for lokalbefolkinga elles. Nærmiljøanlegg skal ikkje dekkje behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinære konkurransar i idrett.

Nærmiljøanlegg kan plasserast i tilknyting til eit skoleanlegg og/eller eit idrettsanlegg (Kultur- og kyrkjedepartementet).

#### *Friluftslivets fellesorganisasjon*

Friluftslivets fellesorganisasjon, FRIFO, vart stifta i 1989 og er ein paraplyorganisasjon for dei 15 største friluftslivsorganisasjonane (i 2013) i landet, med til saman nær 725 000 medlemskapar og om lag 4 680 lokale lag og foreiningar. FRIFOs formål er å fremje det tradisjonelle, naturvennlege friluftslivet og allemannsretten (retten til fri ferdsel i norsk natur). (FRIFO).

#### *Levekårsundersøkingane*

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart tredje år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike fritidstilbod. Levekårsundersøkinga EU-SILC blir gjennomført årleg. Frå og med 2011 utgjer undersøkinga ein årleg fast kjerne av spørsmål og temabolkar med varierande tema. Temaa blir tekne oppatt med ein syklus på tre år. I 2011 var temaa friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltaking og sosialt nettverk. I 2012 var temaa bustad og buforhold og i 2013 er temaa kulturbruk, idrett og fysisk aktivitet.

I Levekårsundersøkinga 2011 er det tidsbrot i måling av friluftsliv. I 2011 er enkelte friluftsaktivitetar tekne bort, og nokre av spørsmåla er endra noko i høve til åra 1997-2007. Først og fremst er lengda på enkelte aktivitetar endra. Tidlegare gjorde ein skilnad mellom dagstur og tur med overnatting, nå skil ein mellom kort og lang tur (over/under tre timer). I tillegg til dette er innsamlingsmetoden endra. Tidlegare var dette temaet innhenta postalt, mens det i 2011-undersøkinga er samla inn via telefonintervju. Sjå Levekårsundersøkinga 2011 – friluftsliv.

#### Kulturbuksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtildelte. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2012. Figur 15.3 gir tal fra Norsk kulturbarometer. Sjå også Kulturstatistikk 2012.

#### Referansar

FRIFO - Friluftslivets fellesorganisasjon: (<http://www.frifo.no>)

Idrettsanlegg.no: (<http://www.idrettsanlegg.no>)

Kultur- og kyrkjedepartementet: «Spelemedialar til ordinære nærmiljøanlegg – 2005 (V-0795 B)»:

([http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kkd/bro/2006/0004/ddd/pdfv/253506-v-0795-n\\_2005\\_a4odin.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kkd/bro/2006/0004/ddd/pdfv/253506-v-0795-n_2005_a4odin.pdf))

NIF-Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité: Årsrapporter. (<http://www.idrett.no/>)

«Veileder Universell Utforming» (KUD 2012).

(SSB 2013): Statistisk sentralbyrå (9. desember 2013): «Åtte av ti trener minst én gang i uka». (<http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/fritid>)

#### Meir informasjon

Statistisk sentralbyrå (19.desember 2011): «Høyt utdannede går mest på ski». (<http://www.ssb.no/fritid/>)

Statistisk sentralbyrå (8. desember 2011): «4 av 10 utfører gratisarbeid». (<http://www.ssb.no/orgakt>)

Statistisk sentralbyrå (2013): *Kulturstatistikk 2013*, Statistiske analysar 139 (<http://www.ssb.no/publikasjoner/>)

Vaage, Odd Frank: *Norsk kulturbarometer*, Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/kulturbar>)

Kulturdepartementet: Idrett. (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/tema/idrett.html>)

**Tabell 15.1. Friluftslivsområde og leike- og rekreasjonsareal i kommunane. 2007-2013. Dekar**

	2007	2008 <sup>1</sup>	2009	2010	2011	2012	2013
Friluftslivsområde med kommunal råderett gjennom offentleg eige eller bruksavtale	2 330 068	1 957 149	1 330 250	1 616 901	1 451 554	1 449 530	1 457 089
Samla areal for leike- og rekreasjonsareal .....	201 248	115 615	157 076	159 741	153 567	225 216	302 136
Talet på rekreasjons-/friområde tilrettelagt med universell utforming <sup>2</sup> .....	-	2 588	1 823	2 068	2 259	2 120	2 219

<sup>1</sup> Frå 2008 estimerte tal for landet. <sup>2</sup> Gjeld område med kommunalt driftsansvar.

Kjelde: KOESTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 15.2. Talet på lag og medlemskap, etter idrettskrins. 2001-2013**

	Talet på lag	Medlemskap <sup>1</sup>								
		Menn			Kvinner					
		I alt	I alt	0-12 år	13-19 år	20- år	I alt	0-12 år	13-19 år	20- år
2001 .....	7 136	1 430 597	880 658	214 268	151 983	514 407	549 939	162 050	105 199	282 690
2002 .....	7 292	1 534 868	945 645	238 936	169 299	537 410	589 223	182 895	118 250	288 078
2003 .....	7 531	1 579 550	975 016	250 267	176 490	548 259	604 534	190 571	122 714	291 249
2004 .....	7 633	1 649 311	1 008 923	258 629	182 892	567 402	640 388	204 094	131 704	304 590
2005 .....	7 791	1 675 737	1 018 786	265 888	187 810	565 088	656 951	211 619	136 842	308 490
2006 .....	7 870	1 701 153	1 028 524	271 278	186 601	570 645	672 629	220 699	138 241	313 689
2007 .....	7 725	1 738 086	1 047 103	275 608	188 242	583 253	690 983	222 743	139 818	328 422
2008 .....	7 760	1 770 720	1 059 933	276 787	188 906	594 240	710 787	226 673	141 748	342 366
2009 .....	7 813	1 758 229	1 050 413	281 904	186 578	581 931	707 816	233 203	140 594	334 019
2010 .....	7 894	1 771 961	1 062 766	287 429	185 076	590 261	709 195	236 332	137 743	335 120
2011 .....	7 894	1 791 297	1 072 816	289 917	187 875	595 024	718 481	240 661	139 443	338 377
2012 .....	7 929	1 864 031	1 115 241	299 625	189 071	626 545	748 790	252 763	139 322	356 705
2013 .....	7 967	1 868 840	1 114 735	304 231	187 500	623 004	754 105	258 189	138 997	356 919
<b>Idrettskrins</b>										
Østfold .....	410	87 256	55 982	12 745	8 666	34 571	31 274	9 728	5 836	15 710
Akershus .....	666	232 201	139 948	41 289	24 801	73 858	92 253	34 367	17 602	40 284
Oslo .....	638	251 920	155 045	40 725	21 762	92 558	96 875	30 433	13 376	53 066
Hedmark .....	366	80 793	47 292	14 397	7 925	24 970	33 501	12 832	6 055	14 614
Oppland .....	404	79 104	45 270	12 264	7 861	25 145	33 834	11 121	5 924	16 789
Buskerud .....	372	92 669	57 180	14 352	9 909	32 919	35 489	11 677	6 670	17 142
Vestfold .....	309	77 033	48 617	11 308	7 963	29 346	28 416	8 693	5 289	14 434
Telemark .....	304	57 602	33 615	8 689	5 699	19 227	23 987	7 920	4 506	11 561
Aust-Agder .....	176	40 508	23 678	6 361	4 346	12 971	16 830	5 343	3 103	8 384
Vest-Agder .....	261	55 863	33 936	9 445	5 978	18 513	21 927	7 810	4 329	9 788
Rogaland .....	580	146 948	89 123	27 452	15 260	46 411	57 825	23 982	11 219	22 624
Hordaland .....	824	174 742	102 859	30 218	18 447	54 194	71 883	27 329	14 940	29 614
Sogn og Fjordane .....	189	43 487	23 944	5 816	4 465	13 663	19 543	5 291	3 738	10 514
Møre og Romsdal .....	495	92 932	54 188	14 267	9 226	30 695	38 744	13 048	7 372	18 324
Sør-Trøndelag .....	539	135 331	78 554	19 016	13 236	46 302	56 777	16 533	10 758	29 486
Nord-Trøndelag .....	303	60 758	34 219	8 656	6 169	19 394	26 539	7 671	5 488	13 380
Nordland .....	540	71 281	40 581	12 227	7 299	21 055	30 700	11 164	6 106	13 430
Troms Romssa .....	397	58 753	33 799	9 973	5 735	18 091	24 954	8 516	4 510	11 928
Finnmark .....	194	29 659	16 905	5 031	2 753	9 121	12 754	4 731	2 176	5 847

<sup>1</sup> Medlemskapoversikta viser summen av medlemmer i kvar enkelt klubb, ikkje talet på personar totalt som er medlem i den organiserte idretten. Dette talet vil vere mykje lågare fordi mange har medlemskap i fleire klubbar. Det er enno ikkje mogleg å registrere eit totalt tal på enkelpersonar som er medlem i den organiserte idretten.

Kjelde: Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.

Tabell 15.3. Talet på anlegg, etter klassifikasjon og fylke. 2004-2013

	I alt	Nasjonalanlegg	Ordinære idrettsanlegg	Nærmiljøanlegg	Andre anlegg <sup>1</sup>
2004 .....	40 122	5	28 489	11 628	..
2005 .....	42 526	5	30 146	12 375	..
2006 .....	43 718	5	30 479	13 234	..
2007 .....	43 911	5	30 343	13 563	..
2008 .....	44 168	5	30 417	13 746	..
2009 <sup>2</sup> .....	49 326	6	34 150	14 769	401
2010 <sup>3</sup> .....	50 990	6	35 616	15 027	341
2011 <sup>4</sup> .....	52 223	7	35 974	15 881	361
2012 <sup>5</sup> .....	53 429	<sup>6</sup> 14	36 202	16 434	779
2013 .....	54 057	15	36 452	16 838	752
Anlegg med universell utforming 2013 .....	8 435	3	5 480	2 841	108
Østfold .....	2 260	5	1 548	706	1
Akershus .....	4 115	0	2 735	1 354	26
Oslo .....	2 138	4	1 303	829	2
Hedmark .....	3 398	1	2 541	855	1
Oppland .....	3 211	2	2 368	835	6
Buskerud .....	3 454	2	2 537	912	3
Vestfold .....	2 159	0	1 480	670	9
Telemark .....	2 269	0	1 565	647	57
Aust-Agder .....	1 825	0	1 182	622	21
Vest-Agder .....	2 644	0	1 628	997	19
Rogaland .....	4 013	0	2 297	1 564	152
Hordaland .....	4 353	0	2 695	1 626	32
Sogn og Fjordane .....	2 361	1	1 514	821	25
Møre og Romsdal .....	4 267	0	2 884	1 157	226
Sør-Trøndelag .....	2 954	0	2 054	829	71
Nord-Trøndelag .....	2 375	0	1 626	685	64
Nordland .....	3 451	0	2 449	989	13
Troms Romsa .....	1 908	0	1 331	574	3
Finnmark Finnmark .....	893	0	707	165	21
Svalbard .....	9	0	8	1	0

<sup>1</sup> Inkluderer fylkesanlegg, riks anlegg, interkommunale anlegg og oppgitt anleggs klasse. <sup>2</sup> Tala er produserte per 31. oktober 2010 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. <sup>3</sup> Tala er produserte per februar 2011 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. <sup>4</sup> Tala er produserte per februar 2012 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. <sup>5</sup> Tala er produserte per februar 2013 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift og har gyldig anleggskode. <sup>6</sup> I Østfold omfattar dette Rudskolen Motorsenter som er fordelt på fire anleggsnummer, samt Rakkestad motorpark, depotområde. I Oslo omfattar dette Ullevål stadion, samt tre ulike anlegg i Holmenkollen. I Buskerud omfattar dette to anleggsnummer i samband med Vikersund hoppcenter. I Oppland er det Kvifjell alpinanlegg og Starum ridebane.

Kjelde: Idrettsanleggsregisteret.no, Kulturdepartementet.

Tabell 15.4. Tal på anlegg og innbyggjarar per anlegg for nokre utvalde anleggsrådar. 2009-2013

Type anlegg	2009		2010		2011		2012		2013	
	Einingar	Inn- byggjarar per anlegg	Einingar <sup>1</sup>	Inn- byggjarar per anlegg	Einingar <sup>2</sup>	Inn- byggjarar per anlegg	Einingar <sup>3</sup>	Inn- byggjarar per anlegg	Einingar <sup>4</sup>	Inn- byggjarar per anlegg
<b>Skianlegg i alt .....</b>	<b>3 943</b>	<b>1 232</b>	<b>3 878</b>	<b>1 269</b>	<b>3 793</b>	<b>1 314</b>	<b>3 747</b>	<b>1 348</b>	<b>3 735</b>	<b>1 368</b>
Alpinbakkar .....	564	8 614	564	8 724	555	8 984	555	9 101	570	8 963
Hoppbakkar .....	883	5 502	817	6 022	758	6 578	721	7 006	698	7 320
Skiløyper .....	2 496	1 946	2 497	1 970	2 480	2 010	2 471	2 044	2 467	2 071
<b>Friluftsliv i alt .....</b>	<b>3 038</b>	<b>1 599</b>	<b>3 244</b>	<b>1 517</b>	<b>3 174</b>	<b>1 571</b>	<b>3 257</b>	<b>1 551</b>	<b>3 332</b>	<b>1 533</b>
Tursti .....	2 776	1 750	2 974	1 654	2 885	1 728	2 957	1 708	3 017	1 693
Turkart .....	262	18 543	270	18 223	289	17 252	300	16 838	315	16 219
<b>Fotballanlegg i alt .....</b>	<b>4 676</b>	<b>1 039</b>	<b>4 690</b>	<b>1 049</b>	<b>4 630</b>	<b>1 077</b>	<b>4 593</b>	<b>1 100</b>	<b>4 591</b>	<b>1 113</b>
Fotballbaner .....	4 626	1 050	4 641	1 060	4 578	1 089	4 540	1 113	4 536	1 126
Fotballhallar .....	50	97 164	49	100 414	52	95 882	53	95 307	55	92 892
<b>Friidrettsanlegg i alt .....</b>	<b>976</b>	<b>4 978</b>	<b>992</b>	<b>4 960</b>	<b>953</b>	<b>5 232</b>	<b>909</b>	<b>5 557</b>	<b>902</b>	<b>5 664</b>
Fast dekke .....	129	37 660	129	38 142	129	38 650	144	35 078	143	35 728
Grusdekke .....	472	10 293	484	10 166	463	10 769	416	12 142	407	12 553
Delanlegg .....	375	12 955	379	12 982	361	13 811	349	14 474	352	14 514
<b>Hestesportanlegg .....</b>	<b>331</b>	<b>14 677</b>	<b>334</b>	<b>14 731</b>	<b>342</b>	<b>14 579</b>	<b>348</b>	<b>14 515</b>	<b>356</b>	<b>14 351</b>
Ridebaner .....	222	21 884	221	22 264	222	22 459	224	22 550	226	22 606
Ridehallar .....	109	44 571	113	43 543	120	41 549	124	40 736	130	39 300
<b>Isanlegg .....</b>	<b>64</b>	<b>75 909</b>	<b>65</b>	<b>75 697</b>	<b>68</b>	<b>73 322</b>	<b>68</b>	<b>74 283</b>	<b>69</b>	<b>74 044</b>
Ishallar .....	42	115 671	42	117 150	45	110 797	45	112 251	45	113 535
Hurtigløpsbaner (kunstis) .....	13	373 708	13	378 485	13	383 528	13	388 560	14	364 933
Bandybaner (kunstis) .....	9	539 800	10	492 031	10	498 587	10	505 128	10	510 906
<b>Idrettshallar .....</b>	<b>807</b>	<b>6 020</b>	<b>818</b>	<b>6 015</b>	<b>834</b>	<b>5 978</b>	<b>934</b>	<b>5 408</b>	<b>965</b>	<b>5 294</b>
Fleir brukshallar .....	807	6 020	818	6 015	834	5 978	934	5 408	965	5 294
<b>Skoleanlegg .....</b>	<b>2 891</b>	<b>1 680</b>	<b>2 875</b>	<b>1 711</b>	<b>2 764</b>	<b>1 804</b>	<b>2 713</b>	<b>1 862</b>	<b>2 678</b>	<b>1 908</b>
Gymnastikksalar .....	2 891	1 680	2 875	1 711	2 764	1 804	2 713	1 862	2 678	1 908
<b>Nær miljøanlegg .....</b>	<b>11 441</b>	<b>425</b>	<b>11 383</b>	<b>432</b>	<b>11 945</b>	<b>417</b>	<b>12 702</b>	<b>398</b>	<b>12 629</b>	<b>405</b>
Balløkker/ ballbingar .....	5 413	898	5 399	911	5 539	900	5 696	887	5 626	908
Aktivitetsanlegg .....	4 852	1 001	4 809	1 023	5 199	959	5 614	900	5 784	883
Skolekart/nær miljøkart .....	1 176	4 131	1 175	4 187	1 207	4 131	1 224	3 629	1 219	4 191
<b>Symjehallar .....</b>	<b>1 082</b>	<b>4 490</b>	<b>1 067</b>	<b>4 611</b>	<b>1 034</b>	<b>4 822</b>	<b>1 032</b>	<b>4 895</b>	<b>1 027</b>	<b>4 975</b>
Symjebasseng .....	1 015	4 786	1 000	4 920	969	5 145	967	5 224	966	5 289
Utandørs symjeanlegg .....	67	72 510	67	73 437	65	76 706	65	77 712	61	83 755
<b>Golfbaner .....</b>	<b>108</b>	<b>44 983</b>	<b>114</b>	<b>43 161</b>	<b>122</b>	<b>40 868</b>	<b>127</b>	<b>39 774</b>	<b>136</b>	<b>37 567</b>
18 hol .....	46	105 613	47	104 687	50	99 717	52	97 140	55	92 892
9 hol .....	56	86 754	59	83 395	62	80 417	65	77 712	71	71 959
6 hol .....	6	809 700	8	615 038	10	498 587	10	505 128	10	510 906
<b>Orientering .....</b>	<b>3 466</b>	<b>1 402</b>	<b>3 470</b>	<b>1 418</b>	<b>3 476</b>	<b>1 434</b>	<b>3 474</b>	<b>1 454</b>	<b>3 471</b>	<b>1 472</b>
Orienteringskart .....	3 438	1 413	3 442	1 429	3 448	1 446	3 446	1 466	3 444	1 483
Skiorienteringskart .....	28	173 507	28	175 725	28	178 067	28	180 403	27	189 224

<sup>1</sup> Gjeld eksisterande anlegg per 31. oktober 2010. <sup>2</sup> Gjeld eksisterande anlegg i drift per februar 2011. <sup>3</sup> Gjeld eksisterande anlegg i drift per februar 2012.<sup>4</sup> Gjeld eksisterande anlegg i drift per februar 2013.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 15.5. Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO). Lokallag og medlemskap. 2008-2013

	2008		2009		2010		2011		2012		2013	
	Lokallag	Medlemskap	Lokallag	Medlemskap	Lokallag	Medlemskap	Lokallag	Medlemskap	Lokallag	Medlemskap	Lokallag	Medlemskap
<b>Heile landet .....</b>	<b>3 494</b>	<b>539 151</b>	<b>3 432</b>	<b>556 711</b>	<b>3 623</b>	<b>587 682</b>	<b>4 312</b>	<b>694 616</b>	<b>4 685</b>	<b>722 578</b>	<b>4 682</b>	<b>724 586</b>
Den Norske												
Turistforening .....	56	222 291	56	231 783	56	241 520	57	241 620	110	246 011	127	250 965
Forbundet Kysten <sup>3</sup> .....	114	8 910	116	9 285	116	9 336	116	9 557	124	9 814	125	9 949
Skiforeningen .....	8	48 646	8	50 362	8	57 731	8	64 251	7	67 065	9	71 044
Norges Jeger- og												
Fiskerforbund .....	577	117 864	574	122 603	567	121 223	572	118 675	571	117 613	573	116 748
Norges												
folkesportforbund ..	268	20 000	243	20 000	236	20 000	221	20 000	498	41 600	506	43 200
KFUK-KFUM- speiderne .....	256	12 212	<sup>2</sup> 244	11 858	249	12 285	241	11 321	206	9 573	222	10 200
Norges												
Klatreforbund <sup>1</sup> .....	176	11 520	180	12 051	162	12 583	177	15 661	181	17 872	189	19 206
Norges												
orienteringsforbund	397	23 120	397	22 465	386	23 169	378	22 388	379	22 386	377	23 354
Norges												
Padleforbund .....	110	14 439	105	16 313	104	15 656	107	15 897	111	16 652	114	16 930
Norges Røde Kors												
Hjelpekorps .....	307	13 395	306	14 132	320	12 000	307	14 118	303	14 745	303	14 770
Norges												
speiderforbund.....	550	19 531	546	18 576	552	20 216	381	18 273	509	18 040	494	20 593
Norske 4H .....	659	16 314	647	16 683	635	16 663	626	16 622	625	16 288	617	15 627
Syklistenes												
landsforening .....	16	10 909	10	10 600	12	11 000	12	12 000	12	12 500	12	10 127
Kristen												
Idrettskontakt <sup>4</sup> .....	-	-	-	-	220	14 300	310	14 475	242	14 196	218	14 050
Norsk Kennel Klub <sup>5</sup>	-	-	-	-	-	-	799	99 758	807	98 223	796	87 823

<sup>1</sup> Ny medlem 2003. <sup>2</sup> Nedgangen i lokale lag kjem av samanslåinga av KFUK- og KFUM-speidarane. <sup>3</sup> Ny medlem 2006. <sup>4</sup> Ny medlem 2010. <sup>5</sup> Ny medlem 2011.

Kjelde: Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO).

Tabell 15.6. Netto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter for kommunekonsern til idrett, etter fylke. 2008-2013

	Netto driftsutgifter funksjon 380 Idrett	Netto driftsutgifter funksjon 381 Idrettsanlegg	Netto driftsutgifter funksjonen 380 og 381, idrett. Prosent av totale netto driftsutgifter til kulturformål	Brutto investeringsutgifter funksjon 380 Idrett	Brutto investeringsutgifter funksjon 381 Idrettanlegg
Millionar kroner					
2008 .....	1 316,9	718,8	27,3	1 020,3	1 503,2
2009 .....	945,5	1 210,1	28,0	703,1	2 605,6
2010 .....	801,8	1 796,3	30,5	357,4	3 077,9
2011 .....	823,9	1 837,1	29,9	315,2	2 809,4
2012 .....	937,4	1 926,6	30,5	357,8	2 536,4
2013 .....	944,8	2 137,0	31,4	243,5	2 428,3
<b>2013</b>					
Østfold.....	32,3	98,7	31,0	1,2	105,2
Akershus .....	78,7	303,5	37,3	4,0	370,6
Oslo .....	20,8	482,9	36,6	5,2	77,4
Hedmark .....	45,2	45,2	28,0	4,7	287,7
Oppland .....	74,1	44,8	32,0	1,9	45,1
Buskerud .....	46,4	72,3	26,5	13,9	21,4
Vestfold .....	38,9	64,7	29,3	10,1	39,2
Telemark .....	48,8	62,9	29,2	3,3	9,1
Aust-Agder .....	19,4	34,2	25,4	2,4	37,9
Vest-Agder .....	29,1	51,3	21,0	3,4	158,5
Rogaland .....	121,6	233,4	33,2	6,6	286,4
Hordaland .....	111,2	179,1	30,7	68,2	351,1
Sogn og Fjordane .....	24,0	31,7	26,7	6,5	46,2
Møre og Romsdal .....	37,1	83,9	27,7	42,5	157,1
Sør-Trøndelag .....	82,3	116,5	33,2	5,6	138,5
Nord-Trøndelag .....	25,7	42,2	27,1	18,5	36,9
Nordland .....	46,0	84,0	27,7	37,5	63,4
Troms Romsa .....	39,2	63,3	31,5	5,1	43,4
Finnmark Finnmark .....	24,1	42,5	31,6	3,1	153,0

Kjelde: KOASTRA, Statistisk sentralbyrå.

## 16. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

### 16.1. Nokre resultat

*550 000 medlemmer i trus- og livssynssamfunn*

Trus- og livssynssamfunn som er utanfor Den norske kyrkja (Dnk), og som får statstilskot, hadde 549 400 medlemmer per 1. januar 2013, eller 11 prosent av befolkninga på same tidspunkt. Dette er ein auke på 39 000 medlemmer, eller 8 prosent, frå året før.


Veksten i talet på medlemmer i trus- og livssynssamfunn med statstilskot er høgare i høve til førre året sjølv om ein korrigerer for dei samfunna som ikkje var representerte i statistikken i 2012. Nokre nye samfunn har kome til i statistikken for 2013, medan det er andre samfunn som har vore med tidlegare som ikkje er representerte i år. Dersom nokre samfunn ikkje har motteke tilskot enkelte år, vil medlemstalet gå ned i statistikken, noko som for enkelte kategoriar kan innebere store svingingar.

Sidan 2006 har talet på medlemmer i trus- og livssynssamfunn auka med 165 900 medlemmer. Dei kristne trussamfunna står for over halvparten av denne veksten dersom ein ser på heile perioden under eitt.

*Nær 313 000 er medlemmer i kristne trussamfunn*

Av alle medlemmene i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, og som får statstilskot, har framleis dei kristne trussamfunna flest, med 313 000 medlemmer (SSB 2013). Dette utgjer 57 prosent av alle medlemmer per 1. januar 2013. Dei kristne trussamfunna har hatt størst vekst i talet på medlemmer, med heile 24 000, eller om lag 8 prosent. Den romersk-katolske kyrkja er det største kristne trussamfunnet eller trusretninga, med over 121 000 medlemmer. Talet på medlemmer i Den romersk-katolske kyrkja har stige med nær 19 000, eller 18 prosent, sidan 2012 og talet er dobbelt så høgt som i 2008. Denne auken kan ein se i samanheng med auka innvandring frå andre land, spesielt har innvandringa frå romersk-katolske land i Aust-Europa vore høg dei siste åra. Sjå [statistikken for Innvandring og utvandring](#). Kyrkjelydar innanfor pinserørsla talde om lag 39 400 medlemmer i byrjinga på 2013. Ein ser her ein liten auke i medlemstalet etter fleire år med svak nedgang. Sjå tabell 16.3.

**Figur 16.1. Medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn. 2005-2013. Prosent**



<sup>1</sup> Omfattar berre medlemmer det blir motteke offentleg stønad for.

<sup>2</sup> Omfattar Bahàï, Hinduisme, Jødedom, Sikhisme og andre trusretningar. To samfunn er ikkje representerte i statistikk i 2012, eit under jødedom og eit under sikhisme.

Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

**120 900 er medlemmer i  
islamske trussamfunn**

Islamske trussamfunn hadde 120 900 medlemmer per 1. januar 2013. Dei utgjorde 22 prosent av alle medlemmene i trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk. Sjølv om talet på muslimar auka med 8 700 medlemmer det siste året, har prosentdelen halde seg stabil dei siste åra. Også nokre av dei andre religionane i statistikken har halde seg på om lag same nivå. Buddhisme utgjer 3 prosent, medan hinduisme og sikhisme utgjer høvesvis 1,2 og 0,6 prosent per 1. januar 2013. Trussamfunn som høyrer til hinduisme, hadde størst prosentvis auke i medlemstal, om lag 19 prosent frå 2012 til 2013, og desse samfunna har til saman 6 800 medlemmer.

**Fleire medlemmer i  
Human-Etisk Forbund**

84 300 var medlemmer i Human-Etisk Forbund per 1. januar 2013. Dette er ein auke på litt over 1 000 medlemmer frå året før. Andre livssynssamfunn hadde på det same tidspunktet 1 750 medlemmer. Det har også vore ein svak auke av medlemmer i livssynssamfunn utanom Human-Etisk Forbund.


**Framleis flest nye  
medlemmer i Oslo**

Fram til årsskiftet 2012/2013 har det vore ein vekst i talet på medlemmer i trus- og livssynssamfunna utanfor Den norske kyrkja i alle delar av landet. Oslo er framleis fylket der flest står i eit trus- eller livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja. I hovudstaden er 135 000, eller 22 prosent, av innbyggjarane medlemmer i eit trus- eller livssynssamfunn utanfor Dnk. Denne delen viser ein svak auke i høve til folkemengda per 1. januar 2013. Om lag ein fjerdedel av alle medlemmene i trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk er busette i hovudstaden.

Oslo hadde også den største auken i det absolutte talet på medlemmer frå 1. januar 2012, med 10 100. Oppgangen i hovudstaden utgjorde 8 prosent, men fleire fylke hadde ein høgare prosentvis vekst i talet på medlemmer, til dømes Sogn og Fjordane med 16, og Hordaland med 12 prosent auke.

Mellom dei som er busette i Oslo, har dei islamske samfunna nærare 53 000 medlemmer, og kristne trussamfunn drygt 56 000 medlemmer. Oslo har også største delen av medlemmene i livssynssamfunn, med 18 000. 37 prosent av alle medlemmene i trus- og livssynssamfunn bur i Oslo og Akershus, om lag det same talet som åra før. Sjå tabell 16.2.

**Figur 16.2. Medlemmer<sup>1</sup> i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter fylke. 2013. Prosent**




<sup>1</sup> Omfattar berre medlemmer det blir motteke offentleg stønad for.  
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

### *Under 6 millionar gudstenestebesök i Den norske kyrkja*

Deltaking i gudstenestene i Den norske kyrkja fortset å gå ned. I 2013 viste tala for fyrste gong under 6 millionar besøk. Det var ein nedgang på 64 000 besøk, eller 1,1 prosent, i høve til 2012. Denne nedgangen er ikkje så stor som frå 2011 til 2012 da nedgangen var 4 prosent. Dei to nordlegaste bispedøma hadde ein auke i gudstenestedeltakinga, dei andre bispedøma hadde nedgang. Størst var nedgangen i Oslo og Nidaros. Nær 80 prosent av alle besøka på gudstenester er besøk på gudstenester på søndagar og helgedagar, med 4,7 millionar besøk. På kvardags-gudstenestene var det 1,2 millionar besøk. Det er på desse gudstenestene nedgangen er størst, 1,3 prosent, mens nedgangen på gudstenester på søndagar og helgedagar var noko svakare, med 1 prosent. I 2013 blei det samstundes halde om lag 800 færre gudstenester enn førre året. I gjennomsnitt var det 93 personar på kvar gudsteneste i 2013, det same som 2012. Ser ein berre på søn- og helgedags-gudstenestene, var det 98 deltakarar i gjennomsnitt på kvar gudsteneste. Figur 16.3 gir eit bilet på deltakarar per gudsteneste søndagar/helgedagar i gjennomsnitt i dei ulike bispedøma.

**Figur 16.3. Den norske kyrkja. Talet på deltagarar per gudsteneste søndagar/helgedagar i gjennomsnitt, etter bispedøme. 2008-2013**



Kjelde: Kyrkje\_KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Også i 2013 vart det halde fleire gudstenester med tilbod om å delta i nattverda, som viser seg i stadig høgare tal på nattverdsgjester, 1,3 millionar i 2013. På dei 2 300 gudstenestene på julafatn var det i gjennomsnitt 247 deltagarar, det same talet som i 2012. Totalt deltok nær 560 000 på julafatngudstenestene jul 2013. I påsken, frå skjærtorsdag til og med 2. påskedag, var det nær 200 000 på besøk i kyrkjene.


**36 600 døypte i Den norske kyrkja**

Talet på døypte viser same tendens som åra før, med færre døypte i Den norske kyrkja. I 2013 blei det utført nær 36 600 dåpshandlingar. Dette utgjer ein nedgang på nær 1 800 frå året før. Prosentdelen døypte i forhold til talet på fødde var i fjar 62 prosent, mot 64 prosent i 2012. Denne delen har gått ned sjølv om fødselstala også har gått ned i denne perioden. Frå 2005 har prosentdelen døypte i Den norske kyrkja i forhold til talet på fødde gått ned frå 76 prosent til 62 prosent (SSB 2014 a).

**40 100 konfirmantar**

I 2012 var det for første gong på fleire år nedgang i talet på kyrkjelege konfirmasjonar. Denne tendensen har fortsett i 2013. Nær 40 100 blei konfirmerte i Den norske kyrkja i 2013. Det er 1 100 færre konfirmantar enn året før. Sjølv om talet på konfirmasjonar i kyrkja går litt ned, har likevel delen konfirmerte i høve til totalt tal 15-åringar halde seg stabil på 64 prosent av 15-åringane.

Biletet er noko meir variert dersom ein ser på dei ulike bispedøma. To bispedøme, Oslo og Tunsberg, hadde ein svak auke i talet på konfirmasjonar i 2012. Desse to bispedøma viser nedgang for 2013 med respektive 5 og 8 prosent. I Tunsberg bispedøme er delen konfirmerte av 15-åringane 58 prosent, medan delen i Oslo ligg på 38 prosent. I Møre bispedøme står kyrkjeleg konfirmasjon framleis sterkt, 82 prosent av alle 15-åringane i dette bispedømet blei konfirmerte i Den norske kyrkja i 2013, det same som året før.

**Figur 16.4. Den norske kyrkja. Talet på døpte og konfirmerte. 2005-2013**

Kjelde: Kyrke\_KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

#### 75 prosent medlem i Dnk

Ved årsskiftet 2013/2014 var 75,2 prosent av Noregs befolkning medlemmer i Den norske kyrkja. Sjå tabell 16.2. Denne prosentdelen er 0,3 prosentpoeng høgare enn nøkkeltala i KOSTRA-publiseringa. Årsaka til at medlemstalet som kjem fram i tabell 16.2 er høgare, er at dei medlemmene som har ukjend bustad eller adresse, er med. Desse får ikkje utdelt noko kommunenummer og er derfor ikkje med i KOSTRA-tala. Totalt var det 3 843 721 medlemmer i Dnk 31.desember 2013. Sett i høve til befolkninga i dei ulike fylka, har delen medlemmer gått ned i alle fylka, det vil seie at talet på medlemmer i Dnk veks mindre enn befolkninga. Men dersom ein ser på dei absolutte tala, aukar talet på medlemmer i fleire fylke.

I årsstatistikken for Dnk blei det rapportert at 5 500 personar meldte seg ut av Dnk 2013, og 1 060 meldte seg inn. Det er ein auke på 200 utmelde samanlikna med talet for 2012. Talet på innmelde gjekk ned med 100 personar siste året.

Nøkkeltala for Dnk viser også kor mange gravferder som blir gjennomførte kvart år. Det blei rapportert 37 200 kyrkjelege gravferder i 2013, ein svak nedgang frå det føregåande året. Dette svarer til om lag 90 prosent av talet på dei som døydde i 2013, den same delen som i 2012. I 2011 hadde 92 prosent av talet på dei som døydde, kyrkjeleg gravferd. Fleire detaljar om kyrkjelege handlingar finn ein i tabell 16.4.

#### 8 900 kyrkjelege vigslar

I alt blei 23 400 ekteskap inngått i 2013, om lag 1 000 færre enn året før. Denne nedgangen viser seg også i nedgang på kyrkjelege vigslar, 680 færre kyrkje-bryllaup. Totalt 8 200 par blei vigde i Dnk (SSB 2014 a). Prosentdelen kyrkjelege vigslar sett i høve til alle vigslar var 37 prosent i 2013 (folkeregisteropplysningar), 2 prosentpoeng lågare enn året før (SSB 2014 c). I 2009 og 2010 var delen kyrkjelege vigslar respektive 43 og 42 prosent av det totale talet vigslar. Tala på vigslar rapporterte gjennom årsstatistikken frå dei geografiske sokna ligg litt lågare enn folkeregisteropplysningane da handlingar utanfor sokna (til dømes vigslar ved institusjonar, feltprestkorps og anna som har eiga kyrkjebokføring) ikkje er rekna med i årsstatistikken. Vigslar utførte i utlandet er heller ikkje rekna med i tala.

#### Sysselsette i Dnk – fleire kvinner

Sysselsetningsstatistikken viser at det var drygt 8 700 sysselsette i Den norske kyrkja per 4. kvartal 2013, ein svak auke på 58 sysselsette i høve til året før. 53 prosent av dei tilsette i Dnk var kvinner. Det viser tala frå den registerbaserte sysselsetningsstatistikken for Dnk. Sidan 2005 har delen kvinnelege tilsette variert mellom 50 og 53 prosent. Talet på dei sysselsette i 2013 ligg på same nivå som i

2005. Tala i tabell 16.6 gir ei oversikt over sysselsette etter verksemd og kjønn, sjå kapittel 3.3 og avsnitt 16.2.

I tabell 06932 i Statistikkbanken (ssb.no) kan ein også finne sysselsette personar og avtala årsverk i Dnk etter yrke, kjønn, alder og bispedøme. I 2013 var det 1 600 sysselsette innanfor geistlege yrke, det same talet som i 2012. 35 prosent av desse var kvinner i 2013, ein auke frå 28 prosent i 2006.

*Statlege og kommunale  
utgifter til  
Dnk og trus- og  
livssynssamfunn*

Til og med 2013 hørte Den norske kyrkja (Dnk) til under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, men frå 2014 hører Dnk igjen under Kulturdepartementet. Dei statlege utgiftene til Dnk utgjorde 1 714,1 millionar kroner i 2013. Rekneskapen for 2013 frå Kulturdepartementet viser at dei statlege utgiftene til «tilskot til trussamfunn med meir.» utgjorde 245,8 millionar kroner. Sjå. kapittel 1 og tabellane 1.1.1 og 16.7.

Utgiftene kommunane har til Dnk og andre religiøse formål for 2013, finn ein i tabell 16.8 som er basert på KOSTRA-rapporteringa. Totalt var netto driftsutgifter i kommunane til Dnk (rekneskapsfunksjon 390 og rekneskapsfunksjon 393 kyrkje-gardar, gravlundar og krematorium) på nær 2,7 milliardar kroner til saman. Dette svarer til 1,0 prosent av totale netto driftsutgifter i kommunane. Fordi det er få kommunar som har forvalningsansvaret for gravplassar og krematorium, må ein sjå desse to funksjonane under eitt. Til «andre religiøse formål», til dømes tilskot til trus- og livssynssamfunn, var netto driftsutgifter 293 millionar kroner, ein auke på 20 prosent frå 2012. Sjå tabell 16.8.


*Driftsresultat på 265  
millionar kroner for  
kyrkjelege fellesråd*

Etter ein nedgang i brutto driftsresultat for dei kyrkjelege fellesråda frå 2011 til 2012, viste dei siste tala ein auke på 92 millionar kroner, eller 53 prosent, frå 2012 til 2013. Brutto driftsresultat blei i 2013 på 265 millionar kroner. Driftsinntektene for fellesråda var om lag 4,5 milliardar kroner i 2013, mot knapt 4,2 milliardar året før. Dette er ein auke på 7 prosent. Driftsutgiftene var drygt 4,1 milliardar kroner, mot 4 milliardar kroner i 2012. 58 prosent av driftsinntektene til fellesråda blir dekt av kommunale tilskot, om lag 2,6 milliardar kroner. Statlege tilskot til dei kyrkjelege fellesråda var om lag 285 millionar kroner i 2013 (SSB 2014 c).

*14 prosent av befolkninga  
ikkje medlem i trus- eller  
livssynsforeining*

Tal frå Kulturbruksundersøkinga 2012 blant personar 9-79 år viser at 14 prosent av befolkninga gav opp at dei ikkje var medlem i noka trus- eller livssynsforeining, 75 prosent var medlem i statskyrkja og 9 prosent medlemmer av ei anna religiøs foreining eller livssynsforeining. I 1994, 18 år tidlegare, svarte 8 prosent at dei ikkje var medlem i noko foreining og 85 prosent var medlem i statskyrkja. Kvinner var i noko større grad enn menn medlemmer av statskyrkja, 79 prosent kvinner og 71 prosent menn. Det er særleg dei unge som ikkje er medlem i noka trus- eller livssynsforeining, sjå figur 16.4. Dei som bor i Oslo/Akershus, er i mindre grad medlemmer i noka trus- eller livssynsforeining enn ein person som er busett i andre landsdelar (Vaage 2013). Fleire resultat frå undersøkinga finn ein i tabell 16.10 og i Norsk kultubarometer 2012.

**Figur 16.5. Personar som har ulik tilknyting til trus- eller livssynsforeining, etter alder. Alder 16-79 år. 2012. Prosent**



Kjelde: Norsk kultubarometer, Statistisk sentralbyrå.

## 16.2. Om statistikken – trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

### Trus- og livssynssamfunn

Hovudformålet med denne statistikken er å synleggjere talet på medlemmer i dei trussamfunna og livssynssamfunna utanfor Dnk som søker om statsstøtte. Statistikken over trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk byggjer på oppgåver frå fylkesmennene over dei samfunna som har fått statstilskot. Frå 2005 blir medlemslistene til trus- og livssynssamfunna som søker om statstilskot via fylkesmennene, sende til Brønnøysundregistra (BR) for kontroll. Medlemslistene blir kontrollerte for dobbeltmedlemskap mellom dei ulike trus- og livssynssamfunna og for dobbeltmedlemskap mellom Dnk og trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk. SSB får oppgåve over talet på medlemmer frå BR.

Alle trus- og livssynssamfunna som er godkjende hos fylkesmannen, og som får statstilskot for rapporterte tal på medlemmer i samfunnet, er med i statistikken. Eininga i statistikken er det enkelte samfunn. Nokre nye samfunn kjem til i statistikken kvart år, mens andre samfunn som har vore med tidlegare/andre år, ikkje alltid er representerte året etter. Statistikken inneheld ikkje opplysningar om talet på menigheter.

### Dnk – årsstatistikk

Frå og med statistikkåret 2005 skjer rapporteringa av årsstatistikk for Dnk på elektronisk skjema til SSB. Innhentinga av statistikken var til og med 2011 eit samarbeid mellom SSB og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. Frå 2012 er ansvaret for kyrkjestatistikken overført til Kyrkjelerådet. Formålet med statistikken er å gi informasjon om verksemda i kyrkjelydane.

Statistikken omfattar alle geografiske sokna i Den norske kyrkja, med unntak av Svalbard. Statistikken for 2013 inneheld 1 235 sokn. Kvart år har det blitt færre einingar i populasjonen. Dette kjem av samanslåingar av sokn, anten som forsøksordning eller permanent samanslåing. Det blir samla opplysningar om innmeldingar, utmeldingar, kyrkjelege handlingar<sup>7</sup>, gudstenester, opplæring og diakoni, barnehage- og skolekontakt, kyrkjemusikk og kulturarbeid, frivillig arbeid og ofringar. I hovudsak skal det rapporterast om verksemder som er i soknet, og

<sup>7</sup> Talet på kyrkjelege vigslar i denne statistikken avvik noko frå talet på kyrkjelege vigslar som byggjer på folkeregisteropplysningar i 'befolkningsstatistikk, ekteskap og skilsmisser'.

som presten, soknerådet og dei tilsette har ansvaret for. Aktivitetar som andre kristelege organisasjonar driv, er ikkje med i denne statistikken.

*Rekneskapane frå Dnk – fellesråda*

Dei kommunale løyvingane til kyrkja, sjå tabell 16.9, blir i hovudsak forvalta av dei kyrklege fellesråda. Rekneskapsstatistikk for dei kyrklege fellesråda blei første gong innhenta for rekneskapsåret 1997. Heimel for denne statistikken er kyrkjelova av 7. juni 1996, og forskrift om økonomiforvaltninga for kyrklege fellesråd og kyrkjelydar i Dnk av 25. september 2003. I 2004 gjekk fellesråda og sokna over til å føre rekneskapane etter ny kontoplan. Statistikken blir publisert årleg på nasjonalt nivå på [www.ssb.no](http://www.ssb.no). I tabell 16.9 følgjer oversikt over utgifter og inntekter for fellesråda fordelt på ulike formål.

*Dnk – verksemد*

Etter Standard for næringsgruppering (SN2002) omfattar tala for religiøs verksemد til og med 2008: næring 91310 religiøse organisasjonar; næring 93030 gravferdsverksemد og drift av kyrkjegardar og krematorium.

Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar næringane: 85339 andre sosialtenester utanfor institusjon; 85333 aktivitetssentra for eldre og funksjonshemma; 85313 omsorgsinstitusjonar for eldre og funksjonshemma og 85118 somatiske sjukeheimar. Barnehagar og skolefritidsordningar omfattar tilsvarende næringar (85331 og 85327). Offentleg administrasjon knytt til kyrkje med meir omfattar tilsvarende næring (75120). Andre verksemder omfattar næringane 93020 frisering og anna venleikspiele; 70202 utelege av eigen fast eigedom elles og 55301 restaurant- og kafédrift.

Religiøs verksemد omfattar etter ny Standard for næringsgruppering (SN2007): næring 94.910 religiøse organisasjonar og næring 96.030 gravferdsverksemد og drift av kyrkjegardar og krematorium.

Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar næringane 87.102 somatiske sjukeheimar; 87.301 aldersheimar; 87.304 avlastningsheimar/-institusjonar; 87.305 bustader for barn; 88.102 dagsenter/aktivitetssenter for eldre og funksjonshemma; 88.103 eldresenter og 88.999 andre sosiale tenester utan tilbod om bustad. Barnehagar og skolefritidsordningar omfattar næringane 88.911 og 88.913. Offentleg administrasjon knytt til kyrkje med meir omfattar næring 84.120. Andre verksemder omfattar næringane 56.101 drift av restaurantar og kaféar; 56.210 cateringverksemد; 68.209 utelege av eigen eller leigd fast eigedom elles og 96.020 frisering og anna venleikspiele. Sjå også kap. 3.3.

*Rekneskapsfunksjonar til kyrkje og andre religiøse formål – kommunar*

I KOSTRA-rapporteringa av rekneskapane til kommunane omfattar kyrkje og andre religiøse formål desse rekneskapsfunksjonane:

- 390 Den norske kyrkja
- 392 Andre religiøse formål
- 393 Gravplassar og krematorium

For rekneskapsomgrep nytta i KOSTRA, sjå kap. 1.3. omgrep og definisjonar.

*Kulturbruksundersøkingane*

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år kulturbruksundersøkingar. Dataa i tabell 16.10 er henta frå desse undersøkingane, publiserte i Norsk kultubarometer 2012. I denne undersøkinga blei det blant anna spurt: «*Er du medlem av statskyrkja eller noko anna trussamfunn?*».

### Referansar

(SSB 2013) Statistisk sentralbyrå (4.12.2013): «8 prosent auke for trus- og livssynssamfunna». (<http://www.ssb.no/trosamf/>)

(SSB 2014 a) Statistisk sentralbyrå (6.5.2014): «Halv million på juluftengudstjeneste». ([http://www.ssb.no/kirke\\_kostra](http://www.ssb.no/kirke_kostra))

(SSB 2014 b) Statistisk sentralbyrå (21.8.2014): «Færre skil og separerer seg». (<http://www.ssb.no/ekteskap/>)

(SSB 2014 c) Statistisk sentralbyrå (26.6.2014): «Betra driftsresultat for kyrkjelege fellesråd». (<http://www.ssb.no/offentlig-sektor/statistikker/kirkeregn>)

Vaage, Odd Frank (2013): *Norsk kulturbarometer 2012*, Statistiske analysar 135, Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/kulturbart>)

### **Meir informasjon**

Den norske kyrkja: (<http://www.kirken.no>)

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD): (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/tema/kirke.html>)

Kulturdepartementet (KUD): ([http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/tema/tros\\_og\\_livssynssamfunn.html](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/tema/tros_og_livssynssamfunn.html))<http://>

Kyrkjelege fellesråd, rekneskapsstatistikk: (<http://www.ssb.no/kirkeregn/>)

Levekårsundersøkingane: (<http://www.ssb.no/emner/07/02/10/orgakt>)

Taule, Liv (red. 2012): *Kulturstatistikk 2011*, Statistiske analysar 131, Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/publikasjoner/>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapporter 2009/29, Statistisk sentralbyrå. ([http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929))

**Tabell 16.1. Medlemmer<sup>1</sup> i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn. 1. januar. 2008-2013.**  
**Absolutte tal og prosent**

	2008		2009		2010		2011		2012		2013	
	Absolu- lutte tal	Prosent av alle										
<b>Medlemmer, i alt .....</b>	<b>411 790</b>	<b>100,0</b>	<b>431 287</b>	<b>100,0</b>	<b>449 875</b>	<b>100,0</b>	<b>484 534</b>	<b>100,0</b>	<b>510 684</b>	<b>100,0</b>	<b>549 400</b>	<b>100,0</b>
Baha'i .....	1 024	0,2	1 023	0,2	1 012	0,2	1 064	0,2	1 088	0,2	1 122	0,2
Buddhisme .....	11 038	2,7	12 252	2,8	13 376	3,0	14 580	3,0	15 426	3,0	16 001	2,9
Hinduisme .....	4 566	1,1	5 238	1,2	5 175	1,2	5 858	1,2	5 690	1,1	6 797	1,2
Islam .....	83 684	20,3	92 744	21,5	98 953	22,0	106 735	22,0	112 236	22,0	120 882	22,0
Jødedom .....	850	0,2	803	0,2	818	0,2	819	0,2	153	0,0	788	0,1
Kristendom .....	226 969	55,1	234 772	54,4	245 664	54,6	266 834	55,1	289 018	56,6	312 925	57,0
Sikhisme .....	2 537	0,6	2 713	0,6	<sup>2</sup> 1 037	0,2	2 975	0,6	<sup>2</sup> 1 133	0,2	3 323	0,6
Livssynssamfunn .....	80 659	19,6	81 124	18,8	82 890	18,4	84 481	17,4	84 722	16,6	86 061	15,7
Andre trus- og livssynssamfunn .....	463	0,1	618	0,1	950	0,2	1 188	0,2	1 218	0,2	1 501	0,3

